

Ein alminneleg mann
sine minne

Petter J. Bringsvor d.e.

Utgjevar:
Karsten Sande, 2023

Forfatter:
Petter J. Bringsvor d.e.

Initiativtakar og tilretteleggjar:
Karsten Sande

Foto:
Bilde frå familie, slekt, Storegjerdesamlinga,
postkort, OUS og andre.

Layout/fotobehandling:
Karsten Sande

Omslag:
Aarflot Media AS

Skrifttype:
Times New Roman

Papir:
Gallerie Art 115 g. matt

Trykk og innbinding:
Aarflot Media AS

ISBN 978-82-303-5937-2

Petter J. Bringsvor d. e.



Petter og Olianna Bringsvor

Innleiing

Petter J. Bringsvor d. e., som er fødd i 1881 og døde i 1960, etterlet seg mykje skrifteleg materiale, som var litt vanskeleg tilgjengeleg, på grunn av hans litt vanskelege handskrift og gamalmodige rettskriving. Originalane eksisterer for spesielt interesserte.

Petters dotter, Aslaug, skreiv på 90 talet alt saman på nytt, med si handskrift, og retta berre litt på rettskrivinga. Alt vart kopiert opp, og fordelt ut til familien.

Mot slutten av hennar liv snakka vi om dette, og eg sa då at når eg blir pensjonist, så kan eg skrive alt saman på PC og få det trykt opp i bokform, slik at det blir lettare tilgjengeleg for ettertida. Det er årsaka til at dette er gjennomført no.

Ein kan sjølvsagt berre sjå på dette som Petter J. Bringsvor d.e. sin interessante livshistorie, men like viktig syns eg det er at det beskriver korleis folk flest levde frå slutten av 1800 talet, og fram mot etter midten av 1900 talet.

Livshistoria og reiseskildringane går mange gongar veldig i detalj, spesielt i samband med beskriving av fiskeria og reiser. Mykje av dette er kanskje ikkje like aktuelt for mange i dag, men har likevel teke med alt, for å ikkje utelate noko. Ein kan no betrakte dette også som eit oppslagsverk, der ein les det som interesserer mest.

Eg har laga ei innholdsliste som i hovudsak er basert på dei tre dokumentsamlingane etter Aslaug, som er utgangspunktet for alt saman. Sjå side 5.

Utdrag frå nokre av «*Reiseskildringane*» er også medteke i bolken «*Ein alminneleg mann sine minner*», noko som kanskje kunne vore teke bort, men har valt å la det vera slik han skreiv dette, sjølv om det vert litt dobbelt opp.

Nokre komplette prologar var også teke med i bolken «*Ein alminneleg mann sine minner*». Disse har eg tatt ut der, men har i staden skreve ein visning i teksta til kvar disse kan finnast i bolken «*Prologar*».

Mykje av stoffet bør lesast i nær samanheng med Sandesoga. Har derfor skreve inn visningar (*Info*) til Sandesoga i sjølve tekstene, slik at nemnde personar lett kan sporast og lesast meir om i Sandesoga. For dei som ikkje har Sandesoga, så ligg den fritt tilgjengeleg på nettsidene til Nasjonalbiblioteket.

Vidare har eg skreve forklaringar til tekstene, der det trengs meir informasjon om enkeltsaker. For å unngå oppstyking av tekstene har eg plassert informasjonen under dei aktuelle avsnitta og nummerert infoen. Alt som er skreve inn i teksta er merka (*Info*) for å tydeleggjere kva som er tilføyningar og kva som er Petter J. Bringsvor d.e. sin opphavslege tekst.

Bilde med kommentarar er lagt inn i teksta der det passar, og i ein eigen bolk.

På dei to neste sidene er lagt inn kart over Sandsøya og Sunnmøre.

Karsten Sande



Kart over Sandsøya



Kart over Sunnmøre.

Innholdsliste:

- Innleiing og kart: Side 2
- Innholdsliste: Side 5

- **Ein alminneleg mann sine minner:**
 - Forord: Side 6
 - Garden og slekta: Side 6
 - Skuletid og ungdomsår: Side 17
 - Med fiskebåtar i Ålesund: Side 37
 - Ålesundsbrannen: Side 44
 - Med motorbåtar: Side 51
 - I kommunale uriaspostar: Side 69
 - Fiskarlaga og Sunnmøre Fiskarlag: Side 91
 - Nokre familiebilde (Som vi har lagt til): Side 113

- **Reiseskildringar:**
 - Til Sortland i 1943: Side 116
 - Ute på eventyr. (Våren 1944): Side 132
 - På langtur - Fiskarlandsmøtet i Svolve 1944: Side 137
 - Kart over Nord-Noreg: Side 146
 - Bønder på sommarferie (1946): Side 149

- **Prologar og «dikt»:**
 - Prolog slutningsfestane for navigasjonskurs i Haugsbygda 1943, Bringsinghaug 1944 og Sandshamn 1947: Side 155
 - Ein fest i Bondekvinnelaget 1946: Side 158
 - Til 40 årsfesten i Fiskarheimen 1949: Side 161
 - Eit dikt frå losje Idretts studiering. Mange år gammalt: Side 163
 - Prolog på slutningsfesten i Fiskarheimen stoppåret 1950: Side 163
 - Prolog 17. mai festen på Dollstun 1950: Side 166
 - Prolog til slutningsfesten i Fiskarheimen mars 1951: Side 168
 - Prolog opplese ved bryllaupsbordet i Jon-Martins bryllaup i Dravlausbygda i juni 1952: Side 171
 - Prolog til Steinar og Solveig bryllaupsdagen 13.12.1952: Side 172
 - Prolog på festen for arbeidarane ved vatnverket i 1952: Side 174
 - Prolog slutningsfesten i Fiskarheimen, mars 1952: Side 176
 - Prolog på årsfesten i Sandsøy Samyrkelag 1952: Side 178
 - Prolog på distriktslosjefest på Sandsøya 1953: Side 180
 - Til minne om mannskapet på M/K «Stavenes» S.F 56. S: Side 182
 - Prolog på års festen i Sande og Rovde Helselag 22.mai 1955: Side 184
 - Framgang: Side 186
 - Til Johan Bringsvor sin 70 års dag: Side 188
 - Til gullbrudeparet Johan og Hanna Bringsvor 2. juli 1955: Side 190
 - Til betjeninga på «værelse» 301. Sjukehuset i Volda februar 1953: Side 191

- **Etterord:** (Kjelder, Info om Tater-Ingebrikt, Info om Ansgar Fiskaa, Referat frå årsmøtet i Sunnmøre Fiskarlag, Polyppslynga og Sluttord.) Side 193

Ein alminneleg mann sine minner

Petter J. Bringsvor d.e.

(Info: Bringsvor 3. Fødd 29.11.1881.)

Forord

Det er jamnast berre store menn som skriv attersyn, og fortel om sine opplevingar gjennom eit langt og skiftande liv. Men eg som berre er, og har vore, ein ganske vanleg slitar på sjø og land, kan vel ikkje ha stort å fortelje.

Men likevel vil eg no når livskvelden nærmar seg, prøve å fortelje det eg hugsar frå livet. For det er no ikkje så reint lite eg har opplevd likevel, sjølv om eg berre er ein ulærd mann, som ikkje fekk gå stort på skule, utanom folkeskulen.

Dei sa at eg hadde gode evner, men om eg ville aldri så gjerne gått skulevegen, så hadde ikkje foreldra mine råd til slikt. Det kom bere så inderleg vel med, då eg var såpass stor, at eg kunne fø og kle meg sjølv, og støtte oppunder i heimen både med arbeid og pengar.

Garden og slekta

I Sande og Rovde soga hans Bjørlykke står at Bringsvor er eit yngre bruk. Der står at i 1666 brukte ein Oluf Jetmundson heile Bringsvor.

Men så gammalt er det no i alle fall at på haugen oppfor den gamle løa, var det i min fars ungdomstid mange gravrøyser (*Info 1*). No er dei borte, og vart bukt til fyllstein i grøftene på garden.


(Info 1: Eittersom kjelda til opplysinga er Petter J. Bringsvor d.e. sin far Johannes, som voks opp på Bringsvor 4, vil eg tru at gravrøysene var på haugen bak løa til «Bolla» som er reve for mange år sidan, men som syns på bilde side 18.)

I sogeboka står det at ein ikkje veit kva namnet Bringsvor kjem av. Men då det var utskifting for 30-40 år sidan (*Info 1*), synte det seg at garden som opphavleg var eit bruk, no hadde vorte opp i ni bruk. Dei fire gardane på Haugen eller Bringsvorhaug, var lagt inn under garden no, gardsnummer 69. Og skulle såleis ha utmark av det som Bringsvor fekk. Dette tykte vi var urett. Vi var temmeleg viss på at Haugen- bruka var lagd inn av sams utmark.

(Info 1: Siste utskiftinga var ca. i 1915. Sjå elles den generelle teksta om gard nr.69 Bringsvor i Sandesoga.)

Ditlef Bringsvor (*Info: Bringsvor 2. Fødd 01.12.1880.*) og eg ville våge ein prosess på å få saka greidd, men dei andre var i mot, og det vart så at vi laut take i mot det vesle som var etla oss.

Eit gode var det i alle fall. Alle på Haugen og Bringsvor fekk utmarka si att åt bøen sin og kunne såleis dyrke det opp. Medan dei som budde lenger ut i bygda, ikkje ville få den nytte av utmarka si.



(Info: Kartet over viser nokre av bruka på gard nr.69, Bringsvor. Bruk 69/3 er Bakken – Vegen, som er der Petter J. Bringsvor d.e. kom frå. Det blå bygget til venstre på bildet er gamleskulen som vart bygd i 1896, og som no er museum. Det blå bygget til høgre på bildet er den nye skulen som var ferdig i 1962, og som då vart felles skule for heile Sandsøya.)

Medan utskiftinga på gjeck skreiv Ditlef Bringsvor og eg til Arkivar Just Bing (Info 1) i Bergen, om et spørsmål som vedkom utskiftinga og nytta då høvet å spørje kva namnet Bringsvor kjem av. Han svara, at det kjem av ordet Brink, ei høgde i terrenget. Dette er sikkert rett, Bringsvor ligg høgt på vegen frå Haugen til Skare.

(Info1: Arkivar Just Bing var Stifsarkivar seinare Statsarkivar i Bergen.)

Vår slekt på Bringsvor er ikkje særleg gamal. Svært mange av mennene kom bort på sjøen og enkjene sat att. Og var dei ikkje alt for gamle, så var der nok av tenestegutar og ungarar, som såg seg om etter ei enkje med gard, sjølv om garden var bygslegods (Info 1), så gav den då meir utbytte enn å tene for ei stakkars drengeløn. For lønene var ikkje mange kronene den tida.

(Info 1: Bygslegods betyr at ein godseigar eigde garden, og så vart den bygsle/leigd av nokon. Det vanlege var å betale ein sum ved bygsling og i tillegg ein årleg leige.)

Garden Reidet eller Fjelltun som den kallast no, er bruk nr. 2 (Info: Bringsvor 2) og ikkje så lite gammalt. Ingulf Askjellson Bringsvor er gift første juledag 1759 med Brita Knutsdotter Seljeset. Og Knut Rasmusson Bjørlykke (Info: Bjørlykka 1. Fødd 1812.) trur at det var dei to som rydde Fjelltun. Sonen deira, Mons Ingulfson kom bort på sjøen 16 år gammal.

Så har der vore ein Ole Jonson Bringsvor, og etter han Ole Hallsteinson frå Sætrevik (Info: Bringsvor 2. Fødd 28.03.1764.). Sonen hans, Hallstein Olsen er fødd 1804.

Han hadde to døtrer og ein son Martin som bygsla Jøtten på Skare, og vart heitande «Jøtta Martin» (*Info: Jøtta Martin. Skare uplassert. Fødd 02.11.1830.*) så lenge han levde.

Så kom då Jakob Ivarson frå Ristesund og bygsla Fjelltun/Reidet. (*Info: Bringsvor 2. Fødd 13.08.1850.*) Han var gift med Larine Sundnes frå Rovde. Broren henna var lærar Severin Sundnes i Leinebygda.

Første gong Bringsvor har vorte to bruk, ser ut til å vere etter 1732, då Peder Andersen Bringsvor brukte bruk nr. 4 (*Info: Bringsvor 4.*). Sonen hans Andreas Pedersen har hatt åtte born. Og sonen Knut tok garden etter han. Men han døde tidleg og hadde ikkje born. Enkja Margrete var frå Våge.

Så kom Amund Olsen Rønnestad til Bringsvor og gifte seg med Margrete. Dei hadde tre born: Ane-Karina, Kanutta og Helge. Helge Amundson Bringsvor kom bort på sjøen med heile sitt båtlag. Han var då 34 år.

Dei andre i båten var: Ivar Jakobson Vorren, Ole Hallseinson Bringsvor, Karl Hansen Bringsvorhaug og Ivar Knutson Bringsvor. Anne kona hans Helge Bringsvor var frå Hauge i Gursken. De hadde ei dotter, Margrete, som vart gift på Støylen på Kvamsøy. Margrete vart mor til Biskop Bernt Støylen (*Info: Støylen 3. Fødd 17.02.1858*). Mor henna, enka etter Helge gifte seg oppatt på Arsæt, og det var der Margrete voks opp.

Som ein ser var sjøen tunghendt med mennene. Og det såg ut som namnet Helge var uheldig. Så då Margrete Støylen skulle døype eldste sonen sin, så nekta ho å bruke namnet Helge, men kalla guten Hans. Dette fortalde sokneprest Ristesund eingong vi var i lag i eit bryllaup.

No kom det ei ny slekt til Bringsvor. Det var Ola Olsen frå Aurvoll på Gurskedalen. Kona var frå Kvalbø i Gursken. Ola var ei tid lærar i bygdene kring i Sande. Son hans er Lars Olsen Bringsvor (*Info: Bringsvor 1. Fødd 21.08.1828.*). Store Lars vart han kalla, fordi han hadde ein son som vart heitande litle Lars. Denne døde tidleg. Dei andre sønene: Isak Gotten, Andreas Storegjerde og Ola som tok over garden. Ola hadde ikkje barn, og garden gjekk endå ein gong over til ei ny ætt. Johan Petterson frå Vorren (*Info: Bringsvor 1. Fødd 13.06.1883.*).

Store Lars hadde mangt å fortelje når han var i godlag. Der var eit par ski under stabburet hans. Ein dag spurte eg om å få kjøpe dei. Og endeleg fekk eg dei for 12 skilling eller 40 øre som det no kallast. Skiene hadde sjølvsagt si soge. Guttorm Abelson Bringsvor (*Info: Bringsvor 4. Fødd 1760.*), skulle ettersom Lars sa, vera frå Nordfjord og hadde skiene med seg derifrå. Dei var saga ut or ein tjukk kjepp, og ein var ikkje utsett for at dei beinka (*Info 1*) seg, som skiene gjer no. Den eine skia var minst ein fot lenger enn den andre, men gode var dei.

(Info 1: Beinka seg/beinke seg betyr i denne samanhengen at skiene kunne rette seg ut. Altså tuppene på disse skiene hadde ikkje det same problemet som vanlege treski hadde før i tida, med at tuppene retta seg ut, og ein måtte gjere tiltak for å få tuppene opp igjen kvar haust.)

Det var ikkje underleg om folk frå fjordane tok til å flytte ut i øyane for 140-150 år sidan. Skogen tok til å minka vekk langs strendene. Og når skogen var borte var det lite å leva av. Men her ute med havet var det flust med fisk, og her kunne vera bra korngardar også.

Fyrste kona hans Guttorm (*Info: Bringsvor 4. Fødd 1760.*) var frå Hide. Ho døde tidleg og han gifta seg oppatt med Synnøve Askjellsdotter Bringsvor (*Info 1*). Dei hadde ei dotter Alet Askjelina, fødd 1790. Etter som store Lars fortalte skulle Synnøve være ei svær kjerring.

(Info 1: Om Synnøve Askjellsdotter Bringsvor. Uttrykket «svære kjerring» betyr nok ikkje det same i dag som då. I dag ville vi nok sagt at dama var flink og ressursrik.)

Dette var i Tater-Ingebrikt si tid, dette her. Og denne Ingebrikt kunne trolle. Han budde i ei hytte på Voranaset. Og Lars Bringsvor fortalde om kor han trolle og drog brosmen (*Info 1*) julaftan att med omnen sin, for sjøvær var det ikkje.

Lars fortalte også, at ein kveld kom Ingebrikt opp til Synnøve (*Info 2*) på Bringsvor (*Info: Bringsvor 4. 1648 - 1678.*), og spurde etter om han kunne få litt lær, så han fekk bøte skorne sine. «*Nei, eg har ikkje noko lær åt deg*» sa Synnøve. «*Å du kan kanskje få lær snart*» sa Ingebrikt. Og så gjekk han. No ana Synnøve uråd, og gjekk åt fjøset. Der låg beste kua og sparka, og var daudeferdig. Synnøve kasta trelappane (*Info 3*) og sprang etter, og ho nådde Ingebrikt att nede i Oshaugane. Og ho tvinga han til å vera med oppatt, og gjera kua god att. Og Tater- Ingebrikt måtte gjera det, og kua kom seg.

Såleis fortalde han Lars (*Info: Bringsvor 1. Fødd 21.08.1828.*). Etter segna vart Tater-Ingebrikt brent på Rovdeskjeret (*Info 4*). Hekseprosessane er eit mørkt kapittel i Noreg si søge.

(Info 1: Brosme er ein type fisk.)

(Info 2: Det har ifølge Sandesoga vore fleire Synnøve på Bringsvor 4, og ettersom Tater-Ingebrikt døde i 1680 så må dette være den Synnøve som det står om i Sandesoga, som var der mellom 1648 - 1678. Truleg har ikkje dette alltid vore like klart for alle som har fortalt saga om Tater-Ingebrikt vidare i den munnlege tradisjonen.)

(Info 3: Trelappar er det same som treskor.)

(Info 4: Tater- Ingebrikt (Størkersson) var fødd på byrjinga av 1600-talet og vart brent på bålet i 1680. Det er altså ein historisk person vi snakkar om her, og som faktisk budde på Sandsøya i ei periode. Eg har side 193 limt inn ein artikkel frå eit leksikon som beskriver livet til Tater- Ingebrikt generelt, men spesielt hans tragiske skjebne på bålet i 1680.)

Men nok om dette. Lars Olson Bringsvor (*Info: Bringsvor 1. Fødd 21.08.1828.*) var gift med Kristi Ingebriktsdotter Hide. Ingebrikt Hide var ein dugande fiskar.

Ein gong var han med sin åttring (*Info 1*) og ein åttring frå Gurskebotn ute på sommarfiske. De fekk på seg eit uvær, så hardt som der nokon gong har vore. Ingebrikt hálkestøyte (*Info 2*) mastra og drog henne etter seg, så sjøane braut seg sund på mastra, og så bar det mot kysten. Båtane kom frå kvarandre.

Søndag bad presten for dei to båtlaga frå preikestolen i Sandskyrkja. Eg har bra god tru om båten frå Gursken (Dei hadde ein ny og god båt dei), men det spørst kor det gjekk med den gamle båten hans Ingebrikt Hide. Det gjekk ikkje som presten trudde. Båten frå Gursken kom bort med alle mann, medan Ingebrikt og laget hans kom inn til Bremnes (*Info 3*) sør om Stad, og søndag kom dei roande inn på Gjerdsvika. Den søndagen då presten meinte dei var borte for alltid.

Dette er det eg veit om brukarane på bruk nr.1 (*Info: Bringsvor 1.*)

(Info 1: Åttring er ein type båt som har fire par årar.)

(Info 2: Hálkestøyte betyr å ta ned mastra i ei fart på grunn av uver.)

(Info 3: Bremnes ligg i Bremanger kommune, helt på syd spissen av Bremangerlandet i Nordfjord. Vi har målt at det er ca. 80 km frå Bremnes til Gjerdsvika, så dette var nok ein lang tur å ro tilbake til Gjerdsvika.)

Også på bruk nr. 4 (*Info: Bringsvor 4.*) har sjøen vore tunghendt med brukarane. Far hans Helge Bringsvor kom også bort på sjøen. Etter Guttorm Bringsvor kom Askjell Pedersen Skare. Han var gift med Kristi Olsdotter Bringsvor og hadde tre barn. Serine døde ugift, Gjertrud og Askjell som gifte seg med Ragnhild Nystøyl, og budde der. Men han dreiv fiske på Bringsvor så lenge han vart gammal. No vart Gjertud gardjente, sjølv om det var bygselgard. Og no er det at min bestefar kjem inn i biletet. Det er ikkje langt vi veit om for fedrane våre.

Den første eg veit om er Jon Helland, sonen hans er Jon Nøresande. Og sønene hans for alle vindar. Jon fekk seg gard i Våge. (Dei fire sønene hans: Rasmus Våge, Severin Helland, Andreas Tarberg og Bern Moltu var alle høvedsmenn.) Andreas Nøresande budde i Toftesund.

Og Petter Daniel Bernt Jonson (*Info: Nøresande 2. Fødd 22.02.1821.*) vart gift med Gjertrud (*Info: Bringsvor 4. Fødd 03.03.1831.*) på Bringsvor.



(Info: Bildet viser Petter Daniel Bernt Jonson. Han kom frå Nøresande 2. Fødd 22.02.1821 og døde 17.02.1907. Dette var altså bestefar til vår bestefar Petter J. Bringsvor d.e. Han vart også kalla «Gamle Petter», kanskje mest fordi han hadde to barne barn som også heitte Petter. Han flytte altså til Bringsvor 4 og vart gift med Gjertrud, som var gardjente der.)

Dei fire barna deira er: Johannes (*Info: Bringsvor 3. Fødd 10.04.1851*), Karl Olai (*Info: Bringsvor 4. Fødd 15.08.1853.*) som fekk garden, Berte Oline Andrine (*Info: Sande N 1. Fødd 12.06.1865.*) som vart gift med Severin Sørensen Støle og Gerhard Andreas (*Info: Bringsvor 4. Fødd 19.11.1868.*) som var redaksjonssekretær i Stavanger og døde under krigen. De hadde ikkje born. Men ei fosterdotter Lilly gift Haukeland. (*Info: Sjå bilde side 31.*)

Bruk nr. 3 (*Info: Bringsvor 3.*) Bringsvorbakke eller «Vegen» som det vart kalla. Namnet «Vegen» skreiv seg frå den tid her ikkje var nokon veg. Det var den eine gangstigen etter den andre gjennom bakkane. Vart den eine sørpete å gå så tok dei ein annan, så i alt skulle her være 12-13 vegar over denne bøen.

Det var Barstad i Ålesund som eigde heile bygda, frå og med Støyle, til og med Vorren, Toftesund, Haugen og Strømsnes. Opphavleg var det Rønneberg familiane i Ålesund som åtte dette jordegodset, men ved giftarmål og skifte gjord at det kom i Barstad familien. Og alle disse gardane var kjøpt i pengekrisa etter 1800, då ein dalarsetel kunne kjøpast for ein sylv toskilling.

Ein gong lærar Sæter var her og skulle halde foredrag, kom eg i prat med han. Eg spurte då korleis det hadde gått med Barstad familien. Disse gardane var vel ikkje så dyre, men det vart no temmeleg mange tusen for dei likevel. Men Sæter sa, at der er ingenting att av pengane, og frøken Karla Barstad som var lærarinne, måtte ta seg ein småskulepost så ho kunne leve, sidan foreldra døde.


Den som rydde denne vesle garden (*Info: Bringsvor 3.*) som eg bur på var: Martin Madssen Vorren fødd 1822 (*Info: Voren 1/Bringsvor 3. Fødd 13.02.1822.*). Han var son til Mads Vorren (*Info: Voren 1. Fødd 20.02.1780.*).

«Litle Mads» som var i krigen 1809-1814 og som også sat i «prison» (fengsel) i England (*Info 1*). Lærer Bjørlykke skreiv ein gong om han Mads, og om korleis han og andre gutar flokkast om han Mads preikesundagane på Sande. Det var om å gjere å få han på glid å fortelja. Men det var ikkje alltid han var villig.

(Info 1: Dette var under Napoleons krigane, der Danmark/Noreg var alliert med Napoleon og altså var i krig med England. Norske båtar vart arrestert og mannskapet satt i arrest i England. Les meir om Mads Voren sin utrullege historie under Voren 1 i Sandesoga.)

Martin var som faren svært liten, men han var sterk likevel. Stova var lita, og sperrene låg ned på rafta. Ein bileggaromn (*Info 1*) av kleberstein gjorde stova varm. Når dei hadde kokt maten ute i grua, rota dei elden inn i omnen, og så varma dei godt frå seg dei to tommars tjukke sidene i omnen. Men tung på veden var denne omnen, så då Martin døde i 1898 måtte dottera Ester Marie (*Info 2*) få seg ein omn som var meir sparsam med veden.

(Info 2: Bringsvor 3. Fødd 14.01.1856. Ester Marie var gift med Kristian Nygaard i Ålesund, men er tydelegvis tilbake og budde her når faren Martin døde i 1898.)



(Info 1: Til venstre her ser vi ei teikning av funksjonsprinsippet til ein bileggaromn, som kanskje var lik den Martin Madssen Vorren hadde.

Omnene vart fyrst frå et tilstøytane rom til der omnen er montert. Vanlegvis fyrst bileggaromnen frå ei luke i muren i eit ope eldstad for matlaging, vanlegvis ei grue.)

Bordet hans Martin var over ein meter breidt og fire tommar tjukt. Det var av ei einaste fjøl, og Martin sa at det var hogge i Noramyrane, før skogen vart snøydd der. Om hausten då dei hadde litt å slakte, og noko som skulle saksast (hoggast smått) så snudde dei bordet og saksa på undersida. Men enno er mykje att av det tjukke bordet.

Martin var ikkje svær til å dyrka jorda, og det var lite han fekk føde der. Men han var ute, tidleg og seint etter kokefisk, så det gjekk no. Ester sydde og Martin batt garn. Så svalt gjorde dei ikkje.

Martin (*Info: Bringsvor 3. Fødd 13.02.1822*) hadde fem born: Ester, Olina Marta (*Info: Saude I 6. Fødd 14.03.1848*) og Johanna, og Andreas og Sevrin. Johanna døde ugift. Olina og Ester gifte seg med kvar sin enkemann.

Andreas Martinus (*Info: Skare 4. Fødd 15.11.1842.*) gifte seg med gardjente på Skare 4, og Sevrin Benjamin levde mesteparten av si tid i Vardø. Men då Finnmark måtte evakuere, flytte han hit (*Info 1*), og seinare til Askøy utfor Bergen der han døde.

(Info 1: Evakueringa frå Finnmark var under 2. verdskrig i 1944.)

Martin var ringjar og kyrkjetenar i Sande kyrkje. Løna var lita. Det var litt havre frå kvar gardbrukar, han laut sjølv hente det, og mange gav meir enn han skulle ha.

Han ringde juledagen, men måtte gå før preika vart slutt, og ut på natta døde han. Doktor vart ikkje henta. Det var kuling, og då var det ikkje greitt å ro etter doktor i dei dagar.

(Info: Martin døde 25.12.1898, kona Berte Marie Andersdotter Teige døde allereie 10.09.1876. Johannes Petterson Bringsvor overtok bruket alt i 1878. Martin med familie og Johannes med familie budde altså begge på bruket i ca. 20 år etter at Johannes overtok i 1878.)



(Info: Bildet viser Johannes Petterson Bringsvor. Bringsvor 4 / Bringsvor 3. Fødd 10.04.1851. Døde 21.08.1908) og kona Marie Martinsdotter Sande. Kyrkjесande 3 / Bringsvor 3. Fødd 09.09.1852. Døde 15.09.1929).

Dette er forelderen til Petter J. Bringsvor d. e, Marta Ingeborg Severine Bringsvor, Gerhard Ingmund Bringsvor (Sande N 20) og Alfred Mathias Bringsvor (Sande N 12).)

Min far, Johannes Petterson Bringsvor (*Info: Bringsvor 4 / Bringsvor 3. Fødd 10.04.1851*) var eldste son hans Gamle Petter (*Info: Bringsvor 4. Fødd 22.02.1821*), og skulle såleis vore den som skulle ha garden.

Men Gamle Petter var streng. Og då far hadde ein «uekte» son, så skulle den nest eldste Karl ha garden, og far fekk bygsle (*Info 1*) Vegaplassen etter Martin (*Info: Voren 1/ Bringsvor 3. Fødd 13.02.1822.*).

Gamle Petter var rådgjevar. Og her på «Vegen» var alt godt nok. Min far grov veiter og braut jord, og dessutan slo han på Vokseholmane. Han fekk att kyrkjevaktarposten etter Martin. Og sjølv om det var lite om både mat og klede, så leid vi inga naud. Men levemåten var ikkje som no for tida.

(Info 1: Bygsle betyr å leige ein gard. Det vanlege var å betale ein forholdsvis stor sum til godseigaren når ein bygsla garden, og så betale ein årleg leige.)

Då somme tok til å koste seg møringsbåtar (*Info 1*) i staden for dei tungføre åttringane, så ville ikkje bestefar høyre tale om ein ny båt type. Han reiste og tinga ein ny åttring. Då mange andre åttringar låg å kjempa i Sandsfjorden mot sydvest og motstraum, og var sydvesten skikkeleg galen. Så greidde dei ikkje å krysse (*Info 2*) seg opp til Sandshamn, men laut halde fram og segle seg til Flåvær, Eggesbønes eller Fosnavåg.

(Info 1: Møringsbåt er ein båttype som vart vanlig etter at åttringen gjekk ut tidig i 1890 åra.)

(Info 2: Krysse er å styre segla på ein slik måte at seglbåten går i sikksakk mot vinden.)

Så brukte bestefar å leggja mastra, når han kom inn i rokgarden (*Info 1*) nord om Sandsøy, og så kom dei slitande syd med Steinane, rodde Korsnessundet (*Info 2*), og kom seg heim på den måten. Grunnen til at han kunne greie det og ikkje dei andre, var at han hadde seks kraftige karar med seg. Men det som gjorde mest var at bestefar sin båt var mindre enn dei andre, og dertil lettrodd. Det var nok største grunnen.

(Info 1: Rokgarden er områder der roket ofte står. Vindbelasta område. Raket er sjø som blir piska opp av vinden.)

(Info 2: Steinane ligg ved Honnhammaren nord for Kvia og Korsnessundet eksisterer ikkje lenger, ettersom moloen på Sandshamn går her no.)

Men utviklinga med den nye båt typen let seg ikkje stogge. Den tungvinte måten å ta seglet ned, og skifte det på andre sida av båten medan dei rodde båten om vinden (*Info 1*). Så skulle ein av dei sterke mennene taka «krabben» (*Info 2*) som var tung av stein og skifta den over på andre sida. Den hang alltid på luv sida, og høyrde med til ballasten. Å, flytte «krabben» var eit krafttak som ikkje alle greidde.

(Info 1: Omgrepet «om vinden» betyr å legge båten til andre sida av vinden for å sette seglet.)



(Info 2: Krabbe er ein avlang stein som er bygd inn i ei ramme av tre og med fire «klør» i enden. Den fungerte då som ein dregg. Sjå bilde til venstre her.)

Men medan alt dette gjekk føre seg, rak båten unna vinden og straumen, og det var ikkje rart at det vart liten framgang av båtene. Her kunne möringsbåten greie seg, utan å bruka årane. Det var berre å bakke «fokka» (*Info 1*), så lenge båten var komen så pass unna, at storseglet tok til å drage fram.

(Info 1: Fokka er eit segl.)

Så åtringen vart ikkje åtring meir enn tre år, då for dei til Straumshamn med den for å få den bygd om til möring. Eg var i tolv års alderen (*Info 1*), og fekk vera med å prøve sigle den inne i fjordane. Vende gjorde den godt. Den var lettsigld og lettrodd også. Men våtsam var den all sin dag. Bestefar var med å prøve den, men no gjekk han i land for godt, og Karl (*Info: Bringsvor 4. Fødd 15.08.1853.*) tok styrevolen (*Info 2*).

(Info 1: Dette er altså ca. i 1893, ettersom Petter då var 12 år.)

(Info 2: Styrevolen er det same rorpinnen. Karl vart altså høvedsmann på båten.)

Gamle Petter (*Info: Bringsvor 4. Fødd 22.02.1821*) var ein dugande høvedsmann. Han hadde ei reint usvikeleg tru på «Skjerkalvhammaren», og meda (*Info 1*) Steinen på kalven, og Flø opp under «Krylen» (*Info 2*). Og kom der så nokon å sette han nede (*Info 3*), kunne han bruke kjeft.

(Info 1: Meda/fiskemedas betyr identifisering av ein fiskeplass basert på fleire faste punkt i land.)

(Info 2: Krylen er ein fjellformasjon.)

(Info 3: Å sette nede nokon under fisking betyr at ein båt først set garna sine, og etterpå kjem ein annan båt og set sine garn over. Då kan det være tungt og vanskeleg å få opp garna, særleg om den som sette garna sine først, skal drage først.)

Visstnok fiska han godt, mang ein gong der ute. Men fisken trakte mot land, då som seinare. Då kunne dei ofte få større fangstar inne i Godøygrunnen og Skagrunnane. Dessutan var veret ikkje så hardt, og straumen mindre innanfor Svinøya enn ute på djupet der karane frå Bringsvor støtt heldt seg.

Eg hugsar ein vinter. Det var mykje torsk. Alle båtene som heldt til på Straumsholmen (*Info 1*), selde då fisken til Årsæter, som eigde buda (*Info 2*). Det var vanskeleg om folk til å verka unna fisken, og så fekk dei han bestefar til å salta, og eg og Petter Karlsen (*Info: Bringsvor 4. Fødd 05.05.1882.*) vi sløgde. Dessutan var der nokre faste menn frå Syvde som arbeidde med fisken.

(Info 1: Straumsholmen er det same som Mikkolholmen som ligg ved innseglinga til Vågen på Sandsøya.)

(Info 2: Buda med u er ein dialektform for boda. Har valt å behalde skrivemåten med u.)

Så ein dag var sydvesten så strid at dei laut snu. Då Gurskingane hadde fått seg middag, så fann nokre av høvedsmennene på at dei skulle ned på bua og halde leven med Gamle Petter *(Info: Bringsvor 4. Fødd 22.02.1821)*. Dei kjende godt hans innstilling til den nye båt typen. Men kunsten var å få gamlingen på glid. Men han bad dei berre velkomne frå sjøen, og så passa han arbeidet sitt han. Men han Anton Hauge greidde å få Gamle Petter oppglødd.

«Eg forstår meg ikkje på det, før var det ofte at dei laut sigle nord i øyane, men no høyrer ein ikkje gjete det.» Men då retta bestefar ryggen, og log den velkjente låtten sin *«Jau, det veit eg godt, kva det kjem av. Før reiste vi på sjøen både i godever, og om han bles litt, men no, om det er ei kjøle (Info 1), såpass at ein kan kjenne det i håret, då ligg dei heime»*, sa Gamle Petter.

Det var kraftige ord, men dei kjende så godt den gamle konservative mannen, at dei vart ikkje sinte likevel.

(Info 1: Kjøle er ein relativ svak vind.)

Det gjekk såpass godt med han bestefar den tida han var på sjøen, at både han og Lars Bringsvor *(Info: Bringsvor 4. Fødd 21.08.1828)* greidde å kjøpe gardane sine av Barstad i Ålesund. Like før hadde Jon *(Info: Støyle 1.)* og Gamle Anders *(Info: Støyle 4.)* på Støyle kjøpt sine gardar. Men resten av bygda var bygslegods i mange år enno.

Ætta mi på morsida, stammar frå Ørsta. Mor og dei tre syskena hennar, var fødde på Sande *(Info: Kyrkjesande 3)*. Olava vart gift med Ola Riste og budde på Riste. Johanne med Olai Hatlebrekke, og Sivert vart gift med Oline Riste, og bygsla *(Info 1)* Storvikplassen *(Info 2)* i Voren.

Faren deira var Martin Olsen Øy frå Ørsta. Kona heitte Sevrine født Havåg frå Herøy. Ho døde tidleg og Martin gifte seg oppatt med Martoline. Ho var ei god mor for steborna sine. Martin fekk tæring og døde tidleg. Martoline flytte attende til Ørsta, og gifte seg med Ola Lions.

(Info 1: Bygsle betyr å leige ein gard. Ein stor sum ved bygsling og så årleg leige.)

(Info 2: Storvikplassen er Voren 4, som Sivert bygsla. Sivert var altså onkelen til Petter J. Bringsvor d. e. og dei andre søskena hans.)

Borna måtte tidleg ut og syrgja for seg sjølv på ymse stadar, i Ørsta og Sande. Garden på Sande vart så kjøpt av Petter Sande *(Info: Kyrkjesande 3. Fødd 03.05.1836.)*. Han var bror til Hans Pedersen Voksa. Men ein dag i fiskja kom han bort med heile sitt lag, ute med Marøyfludane, mellom Sandsøya og Riste. Tobias og Knut Skare var for unge då til å vera med i fiskja. Dei låg ute i bakkane og såg på båten, som kom siglande innover. Men så kom ei snøbye som skygde for synet. Når bya letta var båten borte.

No vart det ny eigar på Sande. Lensmann Follestad på Leikong (Gurskøy) kjøpte garden åt sonen Ole Follestad *(Info: Kyrkjesande 3. Fødd 17.07.1849.)*. Garden vart sidan delt i to, og på kvar av disse bruka, avlar dei no meir enn Ole Follestad fekk på heile garden. Her på «Vegen» *(Info: Bringsvor 3.)* kjøpte far ei gamal stove nord i Herøy, og flytte den hit. Billig var det sjølv sagt, men så var det å reparere på huset støtt, ettersom far såg seg

råd til det, så huset vart nok langt dyrare enn om det var bygd av nytt. Far måtte også bygge løe, for Martin si løe var både lita og dårleg.



(Info: Bilde er stova til Johannes Petterson Bringsvor. Bringsvor 3. Fødd 10.04.1851. Bilde er måla i 1943, men huset var reve mange år tidlegare. Det seies at bilde er måla av frå et eldre bilde som viste området. Gudbjørg (Sande) Våge. (Sande N 34.) fekk bilde for mange år sidan av Øyolf Bringsvor (Sande N 20), som også ættar her i frå.)

Far fostra opp her den «uekte» sonen sin, Andreas Hermann (*Info: Sandvik G 7. Fødd 17.12.1872.*) som budde her til han vart vaksen, og tok seg teneste rundt om i bygdene.

(Info: Mor til Andreas Hermann var dotter til Martin Madsson Vorren og heitte Oline Marta. Fødd 14.03.1848 og voks opp på Bringsvor 3.)

Forutan meg (Petter), Gerhard (*Info: Sande N 20.*) og Alfred (*Info: Sande N 12.*) hadde vi ei syster Martha som vart gift i Rusten i Vanylven, og døde der.



Petter (Bringsvor 3)

Martha

Gerhard (Sande N 20) Alfred (Sande N 12)

Mor hadde endå ei jente som døde tre dagar gamal. Ho vart døypt Magda. Denne fødselen tok hardt på mor. Ho vart liggande lenge. Der var ofte doktor på garden, og det var tungt for far å greie seg. Eg hugsar ein gong han ikkje hadde pengar til å betale med, men laut spørje fattigforstandaren om hjelp. Hjelp fekk han, men denne hjelpa låg tungt på han, og ut på våren vart det ikkje verre enn at han betalte fattigvesenet det han hadde fått. Våre forferdar, så langt vi kan sjå attende, har vore småfolk, jamne, strevsame folk, som har gjort rett og skjel for seg, og det er ein større arv å ta med seg enn mange vil tru.

Og som Vinje seier det «*Stor arv det er for mannen, av godtfolk vera fødd*».

Skuletid og ungdomsår

Eg er fødd 29. november 1881. Foreldra mine hadde då vore gifte i tre år. Sjølv sagt skulle bestefar Gamle Petter (*Info: Bringsvor 4. Fødd 22.02.1821.*) kallast oppatt.

Då eg var seks månader, fekk Ingeborg, kona hans farbror Karl (*Info: Bringsvor 4. Fødd 15.08.1853.*), også ein gut, og han også vart kalla Petter (*Info: Bringsvor 4. Fødd 05.05.1882.*).

Då vi vaks til vart han større enn eg. Og det vart difor: Gamle Petter, Store Petter og eg som var minst vart kalla Lille Petter.

Ingeborg døde tidleg og Karl gifte seg oppatt nokre år seinare med Oluffa Bernsdotter frå Kvalsund. Og med henne fekk han døtrene Leonora (*Info 1*) og Ingeborg (*Info 2*).

(*Info 1: Bringsvor 4. Fødd 07.08.1890. Leonora vart kalla Nora.*)

(*Info 2: Bringsvor 4. Fødd 21.05.1893. Ingeborg vart kalla Bolla.*)

I seksårsalderen vart det byrja å lære meg bokstavane. Det gjekk temmeleg lett. Då det var leseøvingar var det ei svær konkurranse, mellom meg og Petter Karlsen. (*Info: Bringsvor 4. Fødd 05.05.1882.*) Og vi fyldes åt, ganske godt.

Skulestova då stod ovanfor Støyle garden. Det var røykstove med ein bete (*Info 1*) tvers gjennom rommet. Kjellar var der ikkje. Det var sjølv sagt ei simpel stove, samanlikna med skulane no. Men det var likevel ein føremon, mot dei krinsar som berre hadde omgangsskule. Der var fire lange pultar, med plass på kvar benk for fire elevar. Dessutan var der fire små pultar av nyare dato som der kunne sitje to elevar på kvar.

(*Info 1: Bete er vel nesten det vi no kallar ein hems. Uttrykket bete vart vel mest brukt i forbindelse med låvar, og var då berebjelkane på tvers av rommet. Opp på berebjelkane kunne der være «golv».*)

Den første læraren i denne skulen var gamle klokkaren (Bjørlykke) far til Jakob Bjørlykke i Gursken og professor Bjørlykke. Då han slutta kom Per Riste her. Det var i hans tid at Solbakken vart kjøpt som lærarbustad. Stove og ei lita løy vart oppsett. Kven som døypte garden Solbakken er ikkje sikkert, men eg har høyrte at det var kona hans Riste. Synnøve frå Volda. No vart det då Synnøve Solbakken som i boka hans Bjørnson. Men Riste var ikkje her mange år. Han fekk post i Volda, der kona var frå, og vart buande der alltid.

Søren Berge (*Info: Støyle 8 / Solbakken. Søren Berge var lærar mellom 1887 - 1902*) som no fekk posten, var frå Berge i Selje, men hadde hatt lærarpost attmed Sandefjord i Vestfold. Han hadde då fem born: Gutane Anton og Julius, og jentene Anna, Oline og Ragna. Dessutan var svigerforeldra hans Berge med hit: Anne og Anders Drage. Anders var og hadde vore ein dugande fiskar, og det var det gildaste eg visste når han om kveldane tok ein tur hit til han Martin, og dei to gamlingane sat og fortalde gamle segner og opplevingar. Anders fortalde litt om kor dei baska (*Info 1*) med androren (*Info 2*) inn Sildegapet (*Info 3*).

(*Info 1: Baske betyr å kave eller slite.*)

(*Info 2: Androren har noko med «roing mot vinden» å gjere.*)

(*Info 3: Sildegapet ligg like syd om Stad.*)

Han sa ein gong. «*Ein skal ikkje gramme seg for at det går for seint, før det vert sju varar på ei geiteøyra.*» Altså, og ta fram i sju gongar frå ein ser heile geiteøyra under ein hammar, og til spissen av øyra forsvinn (*Info 1*).

(*Info 1: Dette var litt vanskeleg å tyde slik at det gir meining i notida. Leif Skorpen som er frå Skorpa, har komme med dette forslaget til tolking:*

Slik eg les dette, vil han fortelje kor tungt og seint det kunne gå når dei kom inn frå havet og skulle ro inn Sildegapet (sør for Stad). I denne tida gjekk geitene fritt ute, og i dårleg ver søkte dei ofte ly under/bak ein hammar (berg).

Her er det bokstavelig meint at frå heile geiteøyret er synleg (bak berget) til spissen på øyret forsvinn (bak berget) når dei ror forbi, må dei ta sju åretak (ta fram i).

Det kan sjå ut som varar kan bety åretak. Dette har eg ikkje høyrte før.)

Ein skal altså ikkje gramme seg for at det går for seint før det vert sju åretak på ei geiteøyre! Kanskje eg kan kalle dette kvalifisert gjetting?)

Kona hans Anders ligg gravlagd på Sande. Men Anders døde på Nordfjordeid lang tid etter. Berge hadde alltid for lite pengar. Han sa ein gong: Eg fekk 40 kroner i går, men der er 42 håler å putte dei i. Men så var det også mykje sjukdom i familien hans. Sonen Anton var på skule. Han døde av tæring. Og ikkje lenge etter for Oline same vegen. Julius var snekkar og Anna lærarinne. Julius og Ragna for til Amerika og døde der.



(Info: Sjå bildet framfor her. Det var medan Søren Berge var lærar på søre Sandsøy at det i 1896 vart vedteke å bygge nytt skulehus i utmarka like ved Bringsvor 69/3, Vegen. Skulen er det kvite huset i forgrunnen på bildet. Bildet er frå ein 17. mai feiring.

Ettersom stovehuset til Petter J. Bringsvor d.e. som er bygd i 1916 vises på bildet, og det nye stovehus på Bringsvor 69/1 ikkje vises på bilde, og som i fylje Sandesoga vart bygd i 1924-25, så kan vi datere dette bilde til ein stad mellom dei to årstala. Altså mellom 1916 og 1924.)

Så kom Dyrkoren hit og vart her i 29 år. Så vart det Ole Åkre og Kåre Svanheim som var her nokre år kvar. *(Info: Støyle 8. Solbakken.)*



(Info: Bildet viser Ole Kristian Dyrkoren og kona Oline.

Dyrkoren var lærar og klokkar frå 1903 til 1932. Han var varaordførar i Sande 1916-19 og 1923-31 og ordførar 1920-22.)

Det vart Berge som var min lærar den tida eg gjekk i skule. *(Info: Støyle 8 / Solbakken. Søren Berge var lærar mellom 1887 - 1902).* Berge hadde lite utdanning, men han var klok, og lærde mykje ved sjølvstudium, så han viste mykje. Men han var best lærar for dei som følgde best med. Når vi hadde gjort noko gale, og det vart forhøyr i skulen, så vart det oftast: «*Det var ikkje eg*». Og då sa han Berge: «*Nei eg veit det før, det var sjølv sagt ikkje nokon*».

Medan eg voks opp, var eg litt sjukeleg. Eg fekk feber, og låg ein dag eller to, då kom det seg. Det var såkalla «*kjertel sykje*».

Tæringa *(Info 1)* herja stygt i bygdene her då, og fekk nokon den, då var ein dømd. Og her gjekk eg og kjende på sting i brystet.

(Info 1: Tæring er det same som tuberkulose.)

Og då eg var i 13 års alderen, tok mor meg med til Ålesund for å søkje spesialist. Doktor Einar Randers var ein dugande barnelækjar. Han undersøkte meg grundig, og så sa han: «*Det er ikkje noko i vegen med brystet til guten, men her er noko anna i vegen. Nasa er heilt tett. Og når ein skal puste berre gjennom munnen, dreg ein i seg luft som er alt anna enn rein. Så her må operasjon til, og den vil ta 14 dagar*».

Ho mor for heimatt, og eg vart overlata til ei kone som mor kjende. Andre dagen skulle ho då fylje meg til doktoren. Ho fekk vera inne medan han arbeidet med meg. Når han rota oppi nasen, så ville eg nyse, og så kom eg til å riste meg litt. Doktoren stakk hol, og eg blødde som ein gris. Kona som var med meg «*besvimte*», og doktoren laut la meg blø medan han tok seg av henne, og fekk henne ut.

Han brukte ikkje bedøving. Det vill verta så dyrt, og vi hadde lite pengar. På denne måten sleit han ut av nasa to vokstrar i kvar nasekanal. Han fekk ein tynn ring rundt voksteren, og sleit den ut. Det var ein hestekur. Men eg trøysta meg med orda åt doktoren, at han aldri hadde behandla ein så nervesterk gutunge som meg (*Info 1*).

(Info 1: Eg har hatt kontakt overlege Rolf Høy fra Rikshospitalet om den behandlingen som bestefar fekk 1894 for den såkalla «kjertel sykja».

Overlege Høy tilbakemeldar som følger: «Slik din bestefar beskriver at det var en slynge, passer godt med polypper, hvor slynge var vanlig behandling til for noen år siden. Å fjerne vanlige polypper i nesen skjer med slynge, men det medfører ikke så mye blødning, noe som gjør diagnosen litt usikker, ettersom din bestefar beskriver en sterk blødning. Vanlige polypper utgår fra de mindre bihulene fra begge sider. Uansett må det ha vært veldig ubehagelig for ham». Sjå bilde og beskriving av slynga som vart brukt side 197.)

Då far kom å henta meg, hadde han for lite pengar for å betale doktorrekninga. Far fekk ein attest med kjøpmann Simones, at han sikkert ville få restbeløpet, og med det reiste vi heimatt. Då far seinare sende resten til doktoren, fekk vi eit pent brev frå doktoren, og under stod det «*Hils gutten*». Det var eg svært glad for. (*Info: Dette skjedde altså i 1894.*)

Då eg kom heim var barnelosje «*Gimle*» skipa, og eg vart den første sekretæren i barnelosjen. Referatet mitt fall nok ynkeleg mot kva eg og andre har fått til sidan, men det var no første steget i godtemplarordenen, som gjennom livet har vore meg til så stor hjelp, i både skriving og å halde foredrag.

Då eg kom i storskulen (*Info 1*) vart det med dei moderne faga som er no. Geografi, Noregs søge, Kyrkjesøge og Naturkunne. Før hadde dei berre undervisning i religion, og i desse faga som eg nemnde fekk dei berre eit lite utdrag som stod i Jansens lesebok. Denne boka var ei god bok, med mange fine og lærerike dikt og prosastykke. Men det kan ikkje nektast at ho egna seg best for vidarekomne.

(Info 1: Med storskulen meinast 5, 6 og 7 årskulla i ein todelt skule.)

Det året eg vart konfirmert (1895) og året før, vart konfirmantane oppropa etter kunnskapen. Omlag som Bjørnson skildra det i «*En glad gut*». Eg har trudd at det var klokkaren Berge sitt verk. At det var han som hadde fått presten Hamnsund til å føra inn denne regelen. Året føre meg var Ragna Berge (*Info 1*) konfirmert, og ho var flink, og vart nr. ein, og då eg skulle fram så trudde han vel kanskje eg også kom på første plassen. Noko som også vart. I grunnen var dette ein uvis (*Info 2*) som skapte missnøye rundt i heimane, og det vart slutt med det, og har ikkje vore prøvd sidan.

(Info 1: Ragna Berge er nok dotter til lærar Søren Berge.)

(Info 2: Trur at uvis i denne sammenhengen betyr uskikk.)

Presten og klokkaren var ikkje venner. Hamnsund var noko distré. Og han gav meg eit spørsmål som var noko uventa. Eg svara rett, men eg var klar over, at det var ikkje slik presten ville ha det. Folk nede i stolane høyrde at presten ikkje var nøgd med svaret, og kritiserte etterpå at den som stod på første plassen, svara gale. Men om kvelden kom Berge og takka meg for at eg svara som eg gjorde. Han skjøna sammenhengen.

Når eg tenkjer på forskjellen på klede og sko på konfirmasjonsdagen, då og no, så er skilnaden umåteleg stor. Omlag alle då laut møte på kyrkjegolvet i heimeverka klede og sko. Side, staute, grå vadmålsbukser på gutane. Trøya var også av vademel, men var svart eller blå. Regnkapper hadde vi ikkje, men summe hadde paraply. Eit utstyr til ein konfirmant kosta ikkje stort i pengar, men desto meir i arbeid for far og mor. Kort brukte ein nesten ikkje. Eg fekk berre eit lite kort, det var alt. Heller ikkje var det store og kostesame selskap, konfirmasjonsdagen og kveldane etter. Ikkje var skikken så og ikkje hadde alminnelege folk råd til det heller.

Det var syrgjeleg lite å tene då, og skulda med handelsmannen ville gjerne auke. Der var litt torsk om vinteren, men med fire -fem kroner vekta, slo det lite fram. Litt sommarfisk var det også, men den var endå billigare. Men så var tarebrenninga ei god hjelp, for dei som budde så nær havet, og tarefjóra, at dei kunne køyre med hest, var det bra fortенeste. I sær i Ristesund på Kvamsøya. Her ute i fjóra på vestsida av øya, var det berre i to veker ein fekk køyra. Alle andre stadar laut ein bere den i såkalla kaser, som var laga av trespiler og streng. Og var ein heldig med tørken, så kunne det av og til verta bra dagløner, for den tid å vera. Men taren i fjóra tok slutt, og då var det mange som skar taren ute i sjøen. Ein godt lasta storfæring med tare skoren i Håskjera (*Info 1*) kunne gje 60 kilo oske.

(Info 1: Håskjera ligg like utanfor dagens Vokseveg.)

Eg og Petter Karlsen (*Info: Bringsvor 4. Fødd 05.05.1882.*) var ofte i lag og skar tare. Når det var flod rodde vi fram på sanden, så lenge vi flaut, og moka taren frå sjøen, og når fjóra vart, køyrde vi den fram på marka og breidde den.

Det vart ikkje meir enn ein famn (*Info 1*) i døgnet på denne måten. Men så skulle den brennast, oska samlast opp, så vi vann ikkje stort meir. Vi var no berre 12-13 år i den tida. Den beste prisen vi fekk for oska (*Info 2*) var 1,50 kr for vekt eller sju øre pr. kilo. Men så var også utgiftene små. Kringler, kavring eller fem øres-kaker kunne ein greie å mette seg med for ti øre. Kva kostar eit mat mål no?

(Info 1: Famn er eit eldre lengdemål som var definert som 6 fot. Ein fot var ca. 31cm. Ein famn var altså ca. 1,85m.)

(Info 2: Oska frå tang og tare vart på denne tida brukt til framstilling av jod.)

På nordsida av øya var det mange som låg ute i Vågsdjupet med snøre etter langa, og også i andre «lange næme» (*Info 1*). Ut etter hausten var det regn, då som no, og det var vanskeleg å få langa tørr på berga. Då bar dei langa heim i stova, og spikra ein spikar i sporen. Og på denne måten vart mang ei langevekt tørka av omnsvarmen. Eg hugsar godt at Knut og Lars Haugen, hadde mange langer på veggane i dei vesle stovene sine. Kva ville kvinnene i dag ha sagt til slike veggdekorasjonar.

(Info 1: Uttrykket «lange næme» betyr truleg andre fiskeplassar for fisketypen lange.)

Visst var her litt handelsskuld på den tid på Sandsøya også, men ikkje så mykje som i Gursken. Der var i 1896 mange av bøndene i Gursken som var skuldige opptil 800 kr. pr. mann på Foreiningsbua med han Petter Saure og Isak O. Våge. Det vart åt og gjekk så vidt, at handelsmannen truga med å driva inn skulda. Då ville mange vorte heimlause. Også i Haugsholmen var mykje kredit sal, og mykje skuld. På Sandshamn var Ditlef Olsen (*Info: Sande N 13. Fødd 14.11.1867.*) nyst byrja å handla då. All fisk vart salta og tørka, og det var Haugsholmen, Sandshamn og Foreininga i Gursken som kjøpte fisk i mellomrekning. Møller på Flatøya dreiv mest kommisjonsforretning (*Info 1*), men han

kjøpte ein god grand (*Info 2*) i sær sumarfisk, han også. Men åra 1895-1896 var dårlige år begge.

(*Info 1: Kommisjonsforretning betyr at han tok imot fisk på vegne av andre.*)

(*Info 2: Ein god grand betyr ein heil del.*)

Inne i Haugsbygda skulle der hausten 1896 vera eit Framhaldskule kurs. Og etter samråd med far, så søkte eg om plass der. Og ein av første dagane i oktober skyssa far meg dit. Eg fekk bu på loftet hans Lars Hauge. Då vi kom på land der trefte vi presten. Han hadde vore der og liksom opna skulen. Då han såg meg, sa han. Lat meg no sjå at du vert nr. ein her også.

Skulen vart halden i skulestova, medan lærar Hatlebrekke skula ungane i ei privat stove. Læraren på framhaldskulen var Cand. Philos Enok Sjørdal. Han hadde hatt tuberkulose, og laut slutte med studiane, men tok no slike postar for å tene til opphaldet.

Sidan skulen var i Haugsbygda var sjølvsagt mange av elevane derifrå: Karl J. Saure, Per og Gustav Hauge, Adolf Hauge, Karl Joh. Grønvoll, Johan J. Sætre.

Frå andre bygder var: Knut Breivik, Emil Indresøvd, Sara Indresøvd (som vart gift på Færøyane), Oluffa Seljeset, Anne Leanger, Lars Bjørlykke (som vart lærar i Grimstad), Tomas Lillevold, Rasmus Rønnestad, Anton Håberg (som vart kaptein i den Norske Amerikalinje), Elling Ljaså (som bur i Sør Afrika), Fredrik O. Våge (*Info: Våge 3. Fødd 05.12.1880.*), Tora Follestad (*Info: Kyrkjesande 8. Fødd 11.03.1882.*) og eg.

Eg fekk låne bøker med Einar Saure som gjekk ein slik skule året før. Bøkene kosta nokre kroner, og det var ikkje betre med pengar enn at det kom vel med, det som kunne sparast. Eg lika meg svært godt på skulen. Om kveldane fekk vi Lars Hauge til å synge og spele gitar for oss. Han var dårleg i ryggen då, og måtte bruke jern vest. Når vesten skulle av, laut han henge med eit taug under kvar arm. At han kom seg, og vart såpass arbeidsdyktig på sine eldre dagar, er reint eit under.

Ein laurdagskveld lånte eg ein båt, og rodde ut att åleine. Det vart kolande mørkt. Ute i fjorden såg eg at rutebåten «*Geiranger*» (*Info 1*) kom frå Sandshamn. Eg rodde godt sørover, for å koma framom han, men han bøygde også sørover, og endeleg såg eg at eg klarer ikkje å koma framom han. Så fekk eg «*færingen*» lagt på same kurs som dampen, som gjekk med full fart. Eg var så nær, at eg nådde borti sida med handa. Eg fekk litt inn i båten, og fekk nokre svære overhalingar av båra frå dampen, men det gjorde ikkje noko. Til å være redd, hadde eg ikkje tid til. Men etterpå, når eg tenkte attende skjønna eg kor nær det hadde gått gale.



(*Info 1: DS «Geiranger» var i perioden 1885-1955 eit lokalruteskip i fart på Sunnmøre. Båten vart forlengt i 1928 og bilde er frå då. Petter J. Bringsvor d.e. sitt møte med «Geiranger» må ha vore i 1897 og var såleis ein noko kortare utgåve enn den som vises på bilde her.*)

Som eg har skreve før, var det smått med økonomien i bygdene denne hausten, og mange såg på jula og vinteren med triste augo. Kreditten truga med å ta slutt, og eg trur det sjeldan har sett så mørkt ut som då. Men når nanda er størst er hjelpen nærmast. Folk nytta godeværet til å prøve etter kokefisken, men der var lite fisk å få. Men skulle du ha sett slikt for sildeutsikter. Måse og Havsula og Stor-Kvalen bles, så det var nifst. Her var ikkje anna å gjere enn å ro på spreng heimatt og ruske med seg alt som heitte sildegarn. Dette vart gjort, og siste dagane i oktober og først i november, vart Sandsfjorden forvandla til ein by med lys frå hundrevis små og store båtar.

Eg sat oppe på loftet og las og rekna. Då kom han Tomas Lillerovde opp, og han hadde sildereist (*Info 1*) på støvlane. Han hadde vore med ein trerøring (*Info 2*) nord med Eikenesskjera med nokre få garn, og med dei garna fekk dei full last i trerøringen. Silda var kome, og det på ei tid som folk ikkje hadde venta å få sild. Og at dette snudde opp ned på alt som var tilvandt, seier seg sjølv. No var det om å gjera å være om seg. Kven veit kor lenge silda vert her.

(Info 1: Sildereist eller sildereisl er skjell frå silda som ofte smitter over på støvlane.)

(Info 2: Trerøring er ein liten båt med tre par årar.)

Når eg såg ut til Sandshamn, så var der ei mengde lys der ute. Og så for det i meg, at dette går ikkje ann, å gå her på skule når alt anna folk tente pengar. Og kunne eg tena det som opphaldet i Haugsbygda kosta, så slapp foreldra mine den tyngsla. Og så reiste eg heimatt, og tok til å høyra etter arbeid på «buene», og om bord i dei mange jektene som var komme til Sandshamn. Far åtte part i ei gamal sildenot. Den fylte og tømde dei tre gongar, så det vart litt på far også. Eg trur det var kr. 300 for luten dei hadde, og 300 kr, var ikkje lite pengar då.

Dei som kjøpte sild her var Ditlef Olsen og O. B. Fiskaa (*Info 1*). Han kjøpte på Fiskåbuda som seinare brann opp. Men her kom også ei mengd med saltejekter, så avtaket var bra, sjølv om det vanta kjøparar første dagane. Prisen var for det meste kr. tre for målet (ca.150 L). Her vart gjort nokre steng også, men så straumhardt som her er, vart det ikkje så svært mange. Men her var mykje garnfiske. Folk hadde ikkje anna enn strikavla (*Info 2*) vårsildgarna, men noko fekk ein i alle garn. Alt fiske gjekk føre seg på drev (*Info 3*), med kuletrælar (*Info 4*) og linekaggar (*Info 5*) til vak (*Info 6*). Kabel (*Info 7*) trengtest ikkje.

(Info 1: O. B. Fiskaa er Olai B. Fiskaa og han er halvbror til Ansgar Fiskaa. Dei dreiv buda i Toftesundet før den brann, flytta så nord på Sandshamna og kjøpte Rosenlund. Sjå eige stykke om Ansgar Fiskaa under bolken Etterord side 194.)

(Info 2: Vi har ikkje klart å finne ut kva strikavla eigentleg betyr, men vi forstår av samanhengen at det går på kvaliteten på oppdriftsmaterialet som er montert øvst på garnet og kanskje også lodda som er montert nedst på garna. Poenget var at garna skulle stå stramme i sjøen.)

(Info 3: Om omgrepet drev: Sildefiske var som regel med drivgarn, dvs. at garna ikkje var faste til botnen, dei dreiv fritt. Medan garna fiska, kunne båten vere fast i eine enden av garnlenka. Sjå teikninga side 29.)

(Info 4: Kuletrælar betyr ei samling av glaskuler.)

(Info 5: Kagge er flytebøye forma som ei lita tretønne. Brukt som bøye under fiske og andre formål.)

(Info 6: Vak tyder i dette tilfelle oppdrift.)

(Info 7: Kabel var eit tjukt, langt tau som alle garna kunne vere festa til (under). Nødvendig for å halde garnlenka saman i dårleg ver.)

Men silda seig innover og snart var det i Gursken at beste fisket vart. Der stod nót i nót frå Rødset til Hauge, og noko bortunder Sandvik også. Eg kan ikkje hugse at dei fekk sild innom Sandvikskjera. Å, ligge og drive i open båt i denne kulda var ei hard påkjenning. Potetkakene i nisteøskja fraus, og då gav det seg med matlysta også. Dei fleste dreiv ei stund utom avdaginga (*Info 1*) rodde så til Sandshamn og tina og leverte silda, og greidde garna (*Info 2*). Så var det å gå heim, og få seg noko skikkeleg mat, og så stupe seg i senga. Ein låg ikkje lenge før søvnen kom. Klokka tre - fire var det i båten att, og ro til feltet, og så drive to - tre timar til det lysna. Kanskje kunne dei som ikkje hadde for lang veg, få seg ein lur midt på dagen også. Slitsamt var det, men kva gjer ein ikkje for pengar.

(Info 1: Avdaging betyr at det mørkna eller skymast.)

(Info 2: Greida eller greide garnlenka betyr at ein ordnar garna til ny setting. Garna er ofte samantulla når dei blir dratt opp av sjøen pga. fisk og andre ting som er kome i garna når dei har stått i sjøen.)

Eg vart ikkje med på sjøen, eg var for ung og liten og veik. Det vart kverking (*Info 1*) eller rundsalting eg dreiv med. Kverking og salting vart betalt med kr. 0.30 for tønna. Rundsalting frå 15 til 20 øre pr. tynne. Dette mona ikkje fort, men det gav då litt det og, og vi stod i opptil 15-16 timar døgnet. Godeveret holt seg i månadsvis. Men kaldt var det. Og så sårneva var eg mang ein gong, at eg var mest på gråten om morgonen då vi byrja arbeidet.



(Info 1: Bildet her viser ei kverkesaks / ganesaks som vart brukt til kverking / ganing av sild.

Kverking / ganing er å ta bort ein større eller mindre del av sildas gjellar, svelgdeler og innvolar. Ved «Googeling» finner ein meir detaljer om denne prosessen.)

Fram mot jul vart det slutt med garnfisket her, og nøtene tok til å tømmeast. Men inne i Gursken var enno mange lås, så det vart arbeid langt inn i januar 1897. Men var her bra forteneeste, så var her nok av snyltararar som ville hjelpe folk av med pengane. Eg har aldri sett så mange «klokkejødar» som då. Summe selde klede også, og mange vart grundig lurt av dei smarte jøidane.

Ein dag mellom jul og nyttår, lånte eg litle færingen hans bestefar, og rodde til Hauge åleine. Eg ville sjå om eg fann att sakene mine opp på loftet hans Lars Hauge. Jau, dei var der. Eg trefte læraren vår også. Han fortalde at flokken vart heilt nede i fem. Alle dei andre hadde slege seg på jobbing. Ingen hadde vel sett Gursken slik som no. Den var i sanning «Ein skog av master, av skrog en mur». Der var svenske og norske isarar (*Info 1*). Ei mengde saltfartøy, og så alle «nattlosjimenta» (*Info 2*) då. Der var alle slags dialekter å høyra. Men svenskane var svære å påkalla sine «sjutton tusan» (*Info 3*).

(Info 1: Isarar betyr truleg båtar som hadde med is, og som kjøpte opp fersk sild og la den på is. Dette veit vi var vanlig med laks og sikkert med sild også. Eksporten av isa fisk vart vanleg på slutten av 1800 talet.)

(Info 2: «Nattlosjimenta» er vel det same som overnattingsfasilitetar.)

(Info 3: «Sjutton tusan» er eit kraftuttrykk/bannord som kanskje var meir vanlig på svensk då. Det står ein del på nettet om dette.)

Når ein notbåt, lasta med sild, la til sida, og skulle levere, så fekk dei oftast ein pose kringler og ei flaske brennevin ned i båten. Og di meir benevinen steig dei til hovudet, di sværare vart dei å måle, så det rann godt over kvart mål. Der var så mykje å sjå at eg gav meg god tid, og så kom nordvesten. Ikkje storm nettopp, men meir enn nok til at eg, ein gutunge, ville klare å ro til Sandshamn i det veret. Medan eg stod der og «såg i veret» kom det to jødar og spurde kvar eg var i frå. Eg sa som sant var at eg var frå Sandshamn. «*Skal du dit ut, no då*» sa dei. «*Nei eg skal berre over på andre sida eg*» sa eg. Men dersom de ville hjelpe meg å ro, og betale meg kvar sine to kroner, så kunne eg skysse dei til Sandshamn.

Karane tok meg på ordet, og det bar av garde. Dei kunne ikkje ro i takt, men dei tok i det dei vann. Eg kom meg heimatt, og tente fire kroner. Og det er eit minne eg seint gløymer, at eg ein bondegut kunne greie å lure jødane som var så slu.

Notlutane (*Info 1*) åt Gurskingane vart store. Dei hadde mange og store nøter der, og dei beste hadde 800 kr. på lut. Sume betalte seg heilt ut med handelsmannen, summe delvis. Men noko betalte alle som var skuldig. Det skapte meir tryggleik og betra trua på framtida. Så feit og stor sild har ikkje eg sett, anna enn på Island. Og no, når vitskapsmennene har funne ut, ved merking av silda her, og silda på Island, at det er same stamma. Såleis er det sikkert, at denne haustsilda som var her i 1896-1897 var islandssild, som hadde forvilla seg inn til Norskekysten for ein gongs skuld.

(Info 1: Notlut er fortenesta per mann når ein fiska med nót.)

Etter nyttår 1897 var der ikkje meir å gjere med sild på Sandshamn, og eg reiste inn att i Gursken, og var med i 14 dagar til slutt, og så på eksamen. Medan eg var borte var det to slags rekning dei hadde vore borte i, som eg såleis ikkje kunne. Det var alminneleg brøk og så kvadratraden (*Info 1*). På eksamen slapp eg desse rekningane, elles så greidde eg meg om lag som dei andre.

(Info 1: Kva kvadratraden betyr har vi ikkje funnet ut av, men kvadratrøter har vorte nemnd.)

Å, vera med på møringen (*Info 1*) i torskefiskja var eg forliten og veik til, men eg var med nokre dagar for å drage torsk, og fekk meg nokre også. Eg selde dei nord med han Ditlef, og fekk 0,25 for stk. Det gjekk ikkje fort å verta rik, med slike fiskeprisar.

Møringen hadde to master i førstninga. Både fram og bakskuten var store, og der var ikkje lasterom. Somme hadde både mesan (*Info 2*) og storsegel som latinarsegl (*Info 3*), som måtte halast. Men dei fleste hadde gaffel på storseglet, og rå (*Info 4*) på mesanen. Det var den fordelen med råseglet, at det kunne flyttast ut til bords (*Info 5*) under roing, medan gaffelseglet laut vera midt i båten støtt, og var ofte i veggen, dersom årane var lange. Gaffelsegl var langt lettare å handtere. For å halse (*Info 6*) eit møringsstorsegel var eit bra tak.

(Info 1: Møringen er ein type båt.)

(Info 2: Mesan er ein type segl.)

(Info 3: Latinarsegl er et trekanta segl, festa horisontalt langs ein rå som er montert i vinkel på i langskips retning.)

(Info 4: Rå er stonga på tvers av masta for feste av «åverlikje på råsegla».)

(Info 5: Flyttast ut bords, betyr å flytte seglet ut til sida av båten.)

(Info 6: Halse betyr å vende med vinden.)

No tok det til å koma ein ny mote. Framtofta var framanfor mastra medan mastretofta før var den fremste. Bakrommet vart flytt attover, og så vart der då eit lasterom på tre spanterom, der ein greidde garn opp på fisken, eller sette line frå. Mesanen var ikkje noko godt segl. For rome sjø var den bra, men elles så berre krenkte den båten. Fleire og fleire kasta derfor mesanen og mastra på land. Og fekk så Karl Haugen eller han Sivert Petter på Voksa (som båe var gamle «sailars») *(Info 1)* til å gjera storseglet ein vev breiare. Eg hugsar han Knut B. Haugen frå den tid. Han hadde støtt eit ordtak: «*Det er som eg seier det. Hadde storseglet vore ein vev, og mesanen vore vekk, så hadde det vore eit bra segl.*» Det var ein vev breiare han meinte.

Vinteren 1897 var ikkje noko stort torskeår. Og vårsilda vart det ikkje. Men storsild fisket var ei god hjelp, og alle hadde tent såpass at dei greidde seg.

(Info 1: Sailars er truleg et dialektord for «utesiglarar», altså utanriksfart.)

Ut etter våren vart tarebrenninga drive hardt, og tarerøyken låg tjukk som skodde langs strendene. Mange var også ute på botnane med trerøringsbåtane, med line etter sommarfisk. Havet var ikkje utpint i dei dagar. Det året kjøpte han Møller på Flatøya ei mengd rå eller tørka brosme og lange. Han kjøpte åt firmaet Vallert Krnov i Bergen. Når det var eit slikt sildefiske året før, så kunne det ikkje vera tvil om at silda kom att også vinteren 1897-1898. Og kom gjorde den. Også då kom ein snev av den inn Sandsfjorden, men i Gursken kom den ikkje. Noko sild kom inn mellom Sandsøya og Riste. Og vi fekk ein ordentleg last der. Det var nesten uråd å få garna inn i båten. Vi prøvde å tange *(Info 1)* silda framunder kyrkjebryggja på Sande, men det var så tungt at vi laut lata det vere. Vi kasta ut nokre sild, og fekk med oss 12 mål *(Info 2)*, og då var storfæringen grundig lasta. Silda trekte heilt inn i Rovdefjorden, men ho tok til å gå nokså djupt. Nede på 20 famnar *(Info 3)*, så det var tungt å få garna opp når dei var fulle av sild. No tok det til å verta mange som ikkje fekk noko.

(Info 1: Tange betyr i denne samanheng drage eller flytte.)

(Info 2: Eit mål er 150 liter.)

(Info 3: Famn er eit eldre lengdemål som var definert som 6 fot. Ein fot var ca. 31cm. Ein famn var altså ca. 1,85m.)

Ein godeversbolk dreiv vi tre gutungane frå Bringsvoren med seks gamle garn på ein færing *(Info 1)*. Ein gong for sju blåkvalar tett forbi båten, den næraste var om lag ei åre lengde frå oss. Sjøen skalv då desse kolossale dyra for forbi og det lukta stygt råta sild ut or blåsten når dei pusta ut. Slike kvalar kan då vera 80-100 fot lange, så dei trengde rom. Den gongen var ingen byrja å skyta kvalen. Men no ser ein ikkje mange langs Norskekysten.

(Info 1: Færing er ein type liten robåt.)

Tyngste fisket i 1897 var på Vanylvsgapet. Silda trekte inn i Vanylven, og snart stod nót mot nót frå Fluevåg og inn langs Nordsida. Men innom Fiskå kom den ikkje, men bort under Vik og Slagnes fekk dei visst noko. Lenge bortetter vinteren kunne ein få pene garnfangstar ute på Vanylvsgapet, frå Kvitnes til innom Revjehornet.

Petter Skorpen hadde då kjøpt ein liten båt, som han la dekk i. Den var berre 24 fot, men han var drektig (*Info 1*). Denne båten dreiv vi vi tre gutane, han Skorpen og han Jakob. Der var ein liten omn i båten så vi fekk koke kaffikjelen. Når vi skulle sove fekk vi ikkje ha luka tett over oss, for då vart det for lite luft. Så låg vi der andføttes tvers over båten. Han Jakob nådde frå dekket og langt opp i andre sida. Så var det han Petter andre vegen, og så i rekkefylje, Skorpen, eg og Ragnvald Skorpen som var minst.

(Info 1: Drektig båt betyr nok i denne samanhengen ein brei båt.)

Ein kveld drog vi garna og leverte silda i Borgundvåg. Så tørna vi opp under Eltvik for å sove ei stund. Han Skorpen hadde ei svær songstemme. Og den kvelden song han Eltvikvisa, så det ljoma, og eg er viss på at dei høyrde han opp i gardane. Eltvikfolk var alt anna enn glade i denne visa. Den handla mest om han «Bryllupsjysop», og var ikkje noko særst godt diktverk.

Dette året var folk betre rusta med garn, enn året før. Så det vart då litt det året også. Etter jul vart det ikkje meir sild å få på garn. Det hadde vore ein hard sesong. Losjihusa i Haugsholmen var overfylte. Handelen gjekk livleg, og Sam Frimannslund tente pengar. Men inne i Vanylven trengtest lang tid å få tømme alle nøtene som stod stengde. Etter jul tok eg og Andreas Støyle ein færing, og rodde til Breidvika i Vanylven for å høyre oss etter arbeid. Jau, sildesalting til 20 øre tynna for rundsalting var ikkje vanskeleg å få. Vi fekk arbeid om bord i ein barklekter, saman med mange andre saltarlag frå Kvamsøya og Hakallestranda. Vi salta silda godt, men tok det ikkje så nøye med flo-legginga (*Info 1*). Men når den sinte båtsmannen (*Info 2*) kom forbi, gjorde eg det minst like pent som andre. Dei andre laga såg at det gjekk fortare med oss enn med dei. Og no tok dei også til å fuske med legginga.

(Info 1: Ved flo-legging skal hovudet på silda vende ut mot tønne-staven. Silda skal leggest i tønna med ryggen ned (skrålagt). Sist lag (øvt) i tønna skal ha ryggen opp.)

(Info 2: Båtsmann er i dette tilfelle ein arbeidsformann.)

Den som det var verst for var han Daniel Kvamme som var døv, og ikkje høyrde når båtsmannen kom trampande i sine trelappstøvlar (*Info 1*). Og når båtsmannen stod og banna og lyste alle slags fæle velsigningar over han Daniel, stod han så blid og såg han opp i augo og sa «Hæææ».

(Info 1: Trelappstøvlar er treskostøvlar.)

Om natta låg vi på eit loft i Breidevik. Nesten all golvplassen var oppteken av sovande folk og utpå natta kunne ein skjære lufta med kniv, så tjukk var ho. Mat var det ikkje meir enn det vi hadde med. Vi heldt ut i tre dagar, men då rodde vi heimatt, for dette var det verste hundelivet eg har vore med på.

Vinteren 1898 var eg for første gong med Bringsvor møringen. Eigarane var Jakob, (*Info: Bringsvor 2. Fødd 13.08.1850.*) Karl (*Info: Bringsvor 4. Fødd 15.08.1853.*) og far. Og no

hadde dei tre kvar sin son med på båten. Det var noko torsk det året, mest på line og snøre. Så det vart no ein grand. Vi drog ein dag 18 liner inn og sør for om Svinøya. Han bles godt sydvesten, men fem mann å andøve (*Info 1*) og to å draga og kleppe. Vi fekk 500 torsk på disse linene. Så båten vart tung. Vi skulle fyrst stå ein baut (*Info 2*) vestover, men då tok han ho, samfengt (*Info 3*) som dei seier. Vi greidde lite å halda han med pumpa, så vi laut vende. Det var betre å ta ein vestbas (*Info 4*) lenger inne der det var smulare. Det tyngste var når eg skulle ro i regn og stille. Den massive skinnstakken (dåtidens oljeklede) var tung å arbeide i. Og åra eg fekk var den tyngste i båten. Den var så tungt lasta i inste enden for å balansere den betre. Å, ro med var dei bra, men å få dei i stilling var eit tungt tak.

(Info 1: Andøve betyr å ro sakte for å halde båten på plass.)

(Info 2: Baute er det same som å krysse. Gå i sikksakk mot vinden.)

(Info 3: Samfengt betyr i følgje boka til Per Sandanger: Blanding, til dømes av ulike storleikar eller kvalitetar. Vi tolkar dette i denne samanhengen som at då tok vinden varierende retningar.)

(Info 4: Kva vestbas betyr i denne samanheng har vi ikkje funne ut av, men kanskje å snu båten opp mot vest, er foreslått.)

Når silda no hadde vore inne i fjordane to år på rad, så kunne det sjølvstakt tenkjast at den kom att neste år også. No tok folk til å verta forholdsvis bra utstyrt med garn, mest av dei var 150 maskar djupe, men eit og anna var på 200 maskar djupe. No skulle Møringane brukast.

Dei hadde også lært å bruke kabel (*Info 1*) og stjertar (*Info 2*).

(Info 1: Kabel var eit tjukt, langt tau som alle garna kunne vere festa til (under).

Nødvendig for å halde garnlenka saman i dårleg ver. Sjå teikning nedanfor her.)


(Info 2: Stjertar er taua som går frå kabelen og ned til garna. For å regulere kor djupt i sjøen garna skal stå. Sjå teikning side 29.)

Kvifor då ikkje bruke Møringane, så ein kunne leve som folk. Det vart no bygd eit bordtak over framskuten, og innsett ein liten omn. Og sjølv om dei var primitive disse lugarane, så var det då eit framsteg. Det skulle berre ha vore dei to føregåande åra. Så snart den tida kom då silda hadde ovra (*Info 1*) seg åra før, vart Møringane flota, og prøvt vart det, både i fjordane og utanfor land, men inga sild. Ute på havet kunne ein få litt til steikesild, men det vart ingenting til sal, korkje denne vinteren eller året etter.

Så 1898 vart bomtur på sild. Men lenger ute på Svinøyhavet kunne ein av og til sjå sildeutsikter. Og dette var det som fekk Ålesundskipprane, Bunsen, Jangård og Brusdal til å prøve silde driving (*Info 2*) på opne havet, med ei småskøyte. Ein freistnad som skulle få så store fylgjer for sildefiske heilt opp til våre dagar.

(Info 1: Ovre eller ovra betyr å vise seg eller vist seg.)

(Info 2: Om omgrepet silde driving: Sildefiske var som regel med drivgarn. Dvs. at garna ikkje var faste til botnen, dei dreiv fritt. Medan garna fiska, kunne båten vere fast i eine enden av garnlenka. Sjå teikninga side 29.)



(Info: Bildet over viser prinsippet for drivgarnsfiske. Namna på dei ulike delane kan variere litt lokalt. Del 5 og 6 er på bildet kalla telne, men det er vel på Sunnmøre meir vanleg å bruke omgrepet skot/skotet.)

Eg var med denne møringen i fem vintrar, men no tok vi til å lengte ut, til større forhold. Sildefisket langt ute haldt seg, men der var vêrhardt der. Og skotingen (Info 1) var tung der ute. Summe tok til å leige båtar med dekk i frå Nordøyane til dette fisket. Og av og til kunne ein slumpe til å få full båten av sild, men ujamt var det, og mange ei natt vart det lite og inkje.

(Info 1: Skoting er når det var kraftig vind utfor land som ikkje nådde fullt inn.)

Den første båten eg var med på drivving av var «Haien» av Ålesund, og litt seinare ein liten som heitte «Glimt», som Karl Støle leigde. Noko stort utbytte vart det ikkje, men vi tykte det var romantisk likevel.

Summe gutar her i frå dreiv «Egga» (Info 1) om sommaren med storskøyter, som låg for varp (Info 2) ute på «Egga». Og med dei hardføre svenske rallarane med to splittsegl (Info 3), hadde dei mange ein stri tørn å krysse seg oppatt åt skøyta. Heller ikkje dette fisket hadde lag å gi stort utbytte. Prisen var syrgjeleg låg. Kvaliteten på fisken var dårleg, og mykje øldriking når dei kom i land gjorde at det likså tidt vart skuld som netto, for dei som prøvde dette. Dette fisket kom eg ikkje til å prøve.»

(Info 1: Egga er skråninga frå kontinentalsokkelen ned i Norskehavet.)

(Info 2: Varp betyr å ligge for anker og fiske med småbåtar.)



(Info 3: Bildet viser prinsippet for splittsegl som er nemnt over her. Det er dei to segla som går frå bommen forut og opp i mastra. Eit lavt segl og eit som henge høgare i mastra. Vart brukt på seglbåtar over ein viss størrelse. Namnet splittsegl kjem av at det på avstand kan sjå ut som eit segl, som er splitta opp i to. Men det er to separate og delvis overlappende segl.)

Eg trur det var i 1901, at eg var med Jakob Bringsvor til Rovde for å leige ein dekksbåt der for sommarbruk. Og eg hugsar at vi fekk 80 lange (*Info 1*) på første stubben (*Info 2*) vi drog ute på Gamlen. Men vi hadde for lite vet å følgja med fisken, så vi kom frå det. Prisen var då 50 øre stk. for langa og 10-15 øre stk. for brosma (*Info 3*). Jakob, Petter Karlsen Bringsvor og Petter Sande kjøpte denne båten, og brukte den i mange år.

(*Info 1: Lange er ein type fisk.*)

(*Info 2: Ein stubb er ei mengde garn som heng saman.*)

(*Info 3: Brosme er ein type fisk.*)

Bringsvor møringen vart no ståande i naustet avdanka.

Ut på sommaren reiste eg til Ålesund, og tok til å høyre meg etter rom på makrellfiske i Nordsjøen. Eg fekk rom med han Bastian Håbakk frå Hareid. Så treffe eg Sivert Nystøyl i Ålesund. Han var eg i slekt med. Han kom då frå Ballenestur, nord for Færøyenne. Eg spurte om han ville være med, då vi mangla ein mann, og han vart med. Vi var tre vakter. Skipperen og Johan Snips, Edvard Hellebust og Hans Roppen, og Sivert og eg. Kokken slapp vakt. Så siglde vi då, og det siste vi såg av landet var Alden. Vi byrja dorge borte på revkanten (*Info 1*) 58° N.B og heilt fram sørretter til kanten av Doggerbanken på 55° og 20° min.

Vi hadde der 40 mil til England og Danmark, og 50 mil til Jæren i Noreg. Det vart ein godvêrshaust. På seks veker hadde vi ikkje trengt om å berge toppseglet. Klar luft, med ein liten S.V. bris og passeleg dorgefart. Men det vart lite makrell, både med oss og dei fleste andre skutene frå Ålesund og Sunnmøre.

Som vanleg bakka vi vestover om natta, og drog så austetter om dagen. Men ei skute «Pallander» av Ålesund, snudde ikkje austetter att, men let det stå til vest, og han treffe makrellen. Der vest var djupare medan vi helst var på 18 fn. (*Info 2*).

(*Info 1: Revkanten er ein høgdeforskjell i det undersjøiske terrenget.*)

(*Info 2: Fn betyr i denne samanheng famnar.*)

På åtte veker hadde vi berre ein uvêrsdag. Men han var ikkje verre enn at vi kunne gå turrskodd på dekk når vi låg brakk med to rev i storseglet. Men sjøen var krapp og stygg. Ein lastebåt full av trelast, for forbi med sakte fart til lovart. Han fekk nokre stygge sjøar, og famn etter famn med plankar gjekk over rekka. Så dagen etter kunne ein nært sagt gå på plankar. Vi tok om bord nokre, men dei var berre i vegen. Så plankane fekk reke. Det synt seg i alle fall, at ei ballasta fiskeskøyte med gode segl, klarar seg betre i storm enn lastebåtar med stor dekkslast.

Ein dag for 21 stk. Barkar, Briggar og Skonnertar forbi, med kurs for kanalen. Vinden var nordleg, så dei hadde alle segl i drag. Eit stolt syn, som no for all tid er borte. Sjøfolk no, har mange fordelar mot før. Men det kan ikkje nektast, at der var romantikk over seglskutetida, ein romantikk som no er borte. På turen inn til Stavanger fekk vi nordkuling, men skuta var god, og vi greidde oss fint.

I Stavanger var eg opp og vitja Gerhard Pettersen, onkelen min (*Info: Bringsvor 4. Fødd 19.11.1868 og døde i 1942.*). Eg hadde det gildt der oppe.



(Info: Bildet over viser Gerhard Pettersen, kona Anna, svigersonen Arnold Haukeland og adoptivdottera Lill Pettersen Haukland. Merk at Gerhard Pettersen ikkje brukar etternamnet Bringsvor, men Pettersen.

Bilde viser besøk i Stølegarden. Dette betyr vel då Sande N 1, der søster til Gerhard Pettersen, Berte Oline Andrine budde.

Gerhard Pettersen var redaktør for avhaldsbladet «Rogaland» og reiste lenge rundt på distriktslosjemøter og storlosjemøter.

Gerhard Pettersen var også redaksjonssekretær i Stavanger. Gerhard var altså yngste bror til Johannes og Karl Bringsvor. Sjå Bringsvor 4.)

Det synt seg at turen vart berre stopptur (*Info 1*). Det vart ingen netto av det. Då eg kom heim sa han far «Du har vel hatt ein rusken haust, midt ute i Nordsjøen». «Her heime har vore berre uver. Kuling frå S.V. og V nesten heile tida.»

Eg fortalde om for eit glimrande sjøvær vi hadde der nede ved Doggarkanten. Den tida trudde vi, at sørvesten kom langt sønnanifrå. No veit vi at den kjem frå N.V. over Grønland, Island, Jan Main og Færøyane.

(Info 1: Stopptur er nok det same som bomtur.)

Før eg kom heim hadde far vore med Karl og Sivet Vorren til Alnes og leigd ein dekksbåt som heitte «Glimt». Den var vel 38 fot. Far var plaga av sjøverk, så det var eg som skulle ha rommet. Det vart litt sild den vinteren, likevel vi var alt anna enn heldige. Ein godvêrskveld vi låg ved garna, og der var inga utsikt til at vi ville få noko, kom tre av båtane sigande forbi innover, og dei var alle lasta, så mykje dei kunne ta. Karl Vorren tørna oss ut, vi skulle draga. «Ja men her er inga sild,» sa vi. «Nei vi skal visst ikkje ha sild, vi, så lat oss berre få garna i land og sigle heimatt». Eg var lite huga på det. Det ville ta lang tid å krysse i land, i ei slik plankjøle (*Info 1*) av S.O.

Vi samrårde oss då om at sidan det var svarte garn (*Info 2*), skulle vi greidde garna etter kvart og så sigle litt vestover og setje på nytt. Karl likte det ikkje, men då alle andre var samde laut han gje seg. Vi hadde ikkje sigla lenge før vi trefte den første båten lasta. Og han ropte om vi kunne ta frå han garn. Vi fekk åtte garn frå denne båten som var frå

Kristiansund. Og vi fekk 30 mål (*Info 3*) i dei, så no lysna humøret med alle saman.

(Info 1: Kjøle er vel relativt svak vind. Kva plan står for her, veit vi ikkje. Dette er no seglbåt og då går det ikkje fort med lite vind.)

(Info 2: Svarte garn betyr i denne samanheng at garna var tomme for fisk.)

(Info 3: Eit mål er 150 liter.)

Ein annan godvêrskveld, kom vi til å drive noko nær «Lisa» frå Hareid. Og eg tok doryen og rodde om bord. Han Bastian hadde nemleg tinga på om eg ville vera med på Finnmarka om våren. Det leid no så langt at eg laut svara. Eg hadde lyst på Finnmarkstur. Det smakte litt av langtur og eventyr. Og det vart så at eg lova å vera med.

I fyrstninga av februar, var vi i Ålesund og leverte desse leigde båtane. Vi var mange gutar som skulle reisa heim med «Storfjord» om natta. Der var ei jente på Sandsøy då som heitte Oluffa. Ho var ven og livleg, og alle gutar var galne etter henne. Då eg kom om bord sa dei andre til meg, «No sit ho Oluffa åleine inne i damelugaren. No må du gå inn og snakke med henne». Oluffa var i byen då, og eg trudde ho var på tur heim. Eg gjekk inn, og tok det for god fisk. «God kveld Oluffa» sa eg. Der var mørkt der inne, men då eg høyrde røysta var eg straks klar over at dei andre haldt meg for narr. Men heldigvis så heitte jenta Oluffa. Og eg vart sitjande der å prate, til dei andre gutane vart utolmodige og kom inn alle saman.

Den vinteren vart Bringsvoråttringen ståande i naustet. Petter O. Sande gjekk saman med Jakob og Petter K. Bringsvor med den oppbygde båten som dei kjøpte på Rovdestranda, og så vart både far og eg romlause (*Info 1*). Far fekk seg rom med Ola Sande (Midtgards Ola) og eg vart med han Per Vorren på ein såkalla Sprit eller Søringsbåt med firkanta storsegl. Det var eit godt lag, og eg likte meg godt. Var det mykje fisk, tok vi ikkje fast i Hundebåten (*Info 2*), men la fram under berget, og fekk fisken på land. Då visste ho Ane kva ho hadde å gjera, og snart var ho der med ein tre ambar med heit graut og mjølk, eller ball var det summe tider. Du kan tru det var godt, att på ein stri dag.

(Info 1: Romlause betyr ledige eller at dei ikkje hadde plass som mannskap på nokon båt.)

(Info 2: Hundebåten var ein liten båt som låg for anker på «hunden». «Hunden» er fortøyingsplassen for den store båten.)

Før vi slutta fiskja var vi ein tur ut på Sildestøbotnen (*Info 1*) med torskeliner. Det vart lite fisk, men vi fekk noko brosme, og så fekk vi ein sjeldan fisk på så grunt vatn. Ei velvakse håkjerring. Ho hadde rulla på minst ei line. Vi fekk ho langs sida, sprette ho opp og tok til å få om bord lever, stykke for stykke. Vi fekk om bord vel ein hl, men leverhovudet, der dei to leverhalvene går i hop til eit fekk vi ikkje. «Rapp» var ein bra båt, og langt lettventare enn møringen, som eg var med før.

(Info 1: Sildestøbotnen ligg rett ut for Stad.)

Påskedag reiste eg då til Hareid, saman med Sivert Helland for å gå om bord i «Lisa». Vi fekk ikkje fult mannskap i Ålesund, så vi skulle prøve å få to mann i Tromsø. Turen nordover gjekk fint. Vi siglde ytre, og fekk ein galen syd aust på oss. Og med to reva storsegl (*Info 1*) + fokke og småklyver, så vart det jamt åtte - ni mil i vakta. Det var «Gunnhilde» og «Grei» frå Brandal som var saman med oss. Ut på natta kom skipperen og purra meg. Jibben (*Info 2*) hadde slite seg laus, og for og jaga opp og ned over

toppseglet. Eg sprang opp, men tok for lite klede på meg. Og oppe i landvinden var det gnistrande kaldt. Jibben heldt eit svært leven, eg gjorde kva den kunne for å hive meg ut. Men eg fekk då endeleg binda han såpass at den heldt til om morgonen. Då landvinden spakna var vi oppe i Vestfjorden. No vart det stille og plan kjøle (*Info 3*) om ein annan.

Somme tider laut vi ut i doryen (ein liten båt) og taue. Men så snart vi kom framfor eit nes og fekk landvinden ut ein fjord. Var han så strid, at skuta låg godt over, men berre over fjorden. Når den var passert laut vi i båten att til neste fjordgap. Vi låg eit par dagar i Tromsø. Og skipperen drakk seg full. Men endeleg for vi då siglande nordover. Det vart ikkje mange stopp på turen. Vi låg ein søndag i Berlevåg. Hamna var dårleg og veret utrygt, så vi tok laust søndag etter middag, og siglde til Båtsfjord. Der var der sunnmøringane heldt seg.

(Info 1: Reva storsegl betyr at seglet har noko redusert seglføring.)

(Info 2: Jibben er truleg ei stang som går på tvers over toppseglet, og som toppseglet er festa til.)

(Info 3: Kjøle er vel relativt svak vind. Kva plan står for her, veit vi ikkje. Dette er no seglbåt og då går det ikkje fort med lite vind.)

Indre hamn var blokkert av daude og rotnande kvalskrottar. Og så laut der vera open råk åt kvalbåtane, når dei skulle til og frå kvalstasjonen i land. Denne og Mehamn fabrikk var grunnlagt av Sven Fogn frå Tønsberg. Når vinden stod ut hamna var der ei gjennomtrengande lukt. Eg var inne på fabrikk ein dag og kjøpte noko gamal kval line som eg rekte opp og brukte til å laga golvmatter av. Samanlikna med no, var Båtsfjord reine heidninglandet. Lite folk var der, og mange av folka budde i torvgamme. Visstnok var der treverk inne i dei, men rart skal det vera om dei ikkje var fuktige om vinteren. Bra tette var dei.

Storkjøpmannen i Båtsfjord heitte Isaksen. Han var mykje halt. Og når han og Jon Erikson, som også var halt, for ruslande saman utetter den vesle vegstubben ute på neset, så slo dei nesten hovudet saman, når dei for utover, men når dei snudde seg, såg det mest ut som dei skydde kvarandre.

Der var jenter over 20 år, som endå hadde fått lausungar, men dei var ikkje konfirmert. Dette var kanskje ikkje så rart. Båtsfjord hørde til Vardø landsokn, og til Vardø var åtte mil med Austhavet innpå heile tida. Vestover var Berlevåg nærmaste kyrkja. Den var fire mil borte. No held Båtsfjord på å verta ein industristad, med fryseri og stor fiske omsetnad. Så vidt eg veit er der no fleirdelt skule, og kapellkyrkje.

Det året eller den sommaren eg var der vart eit reint uår for fiskarane frå Sunnmøre. Berre ei veke var der godt om agn, og då var arbeidet så hardt at vi lite kunne stå i det. Tre turar på sjøen på ei veke, er ikkje lite, og så å drage lina med nevane på 120 famnar vatn, og med noko straum. Ikkje underlag om huda mellom fingrane ville forsvinne, og at det vart berre raude kjøttet. For utan den veka var her kronisk agn mangel. Å gå inn til Båtsfjord er ein omveg. Den er på same lengd som Syvden. Og agnbåtane gjekk til Vardø med dei agnkassene som ikkje gjekk unna i Mehamn, Gamvik og Berlevåg. Med all respekt for dugleiken åt skipperane frå Brandal og Hareide, så snytes eg det var dårleg gjort å legge seg føre, og vente på agn i Båtsfjord, når det var bra med agn, og bra fiske både vestanfor og austanfor. Før vi reiste fabla skipperen om å take noko sild, og så sigle til Bjørnøya og salte fisken. Kvifor vart det ikkje? Eg er viss på at der var fisk. Og salt hadde vi med oss.

Siste gongen vi var ute for Båtsfjord var torsken borte, men ei mengd aure. Der var veldig straum, og då Anton Jensen frå Tromsø som eg skulle ha til dorgkamerat, såg kor straumen var, gjekk han til køys og sa at han var så og så dårleg. Og eg måtte få med kokken i båten, Men å drage den stubben mot straumen, er noko av det verste eg har vore med på. No tok dei andre skipperane til å få heimlengt. Og då vinden kasta nordaustleg siglde dei. Då kunne ikkje han Bastian heller halde seg lenger.

Ute på bankane hadde dei merka storkobben, russekobben som dei kallast. Og når den var i store mengder såg det ut for at torsken fordufta. I alle fall trudde dei det, men det høyrst utruleg ut at kobben kan gå ned på over 100 famnar (*Info 1*), og ete og jage fisken. Mellom andre fartøy som var i Finnmark då var også dampen «*Slogen*». Og skipper Johan Kjørem var ein dag om bord til oss. Han let ille over karta over Finnmarkskysten. Der han kasta line ein dag skulle etter kartet være 100 famnar, men det synt seg å vere 200. Bastian var godt kjend på kysten, og likte å fara der nord. Han hadde også fiska godt før, men no såg det ut som han hadde tapt seg. Og så var han umogleg når han kom bort i brennevin, og kvinner, og dei var laus på tråden i Nord- Noreg då.

(Info 1: Famn er eit eldre lengdemål som var definert som 6 fot. Ein fot var ca. 31cm. Ein famn var altså ca. 1,85m.)

Heimturen gjekk seint. Austhavet gjekk bra, men det vart spakt i Magerøysundet. Oppe i bakkane på Magerøya beita ein reinflokk på 5-600 rein. Eir pent syn å sjå. I Tromsø rann skipperen full, og det hadde vel gutane også om dei hadde pengar. Då vi siglde sørover frå Tromsø var det berre ei plankjøle (*Info 1*).

Skipperen var fyllesjuk, og det var bestmannen også. Så det var eg som laut få skuta syd gjennom den kokande Rystraumen. Visst bar straumen med, men han for fleire gonger rundt med skuta. Vestfjorden gjekk vi ut frå Lødingen og inn Støtt. Elles så var det berre kryssing søretter Helgelandskysten. Frå Rørvik og sørover Folla/Folda fekk vi god vind, men laut tørne for stille i Børøysund, inst og nørst på Hitra. Når vi endeleg fekk skuta ankra på Hareide hadde heimturen vara i fire veker og ein dag.

(Info 1: Kjøle er vel relativt svak vind. Kva plan står for her, veit vi ikkje. Dette er no seglbåt og då går det ikkje fort med lite vind.)

Resultatet av turen var at vi var skuldige på linebruket vårt, som vi hadde med heim. Lina var like god, men så var vi skuldige 40 kr på mannen. Ut på hausten betalte Sivert og eg kvar sine 20 kr. Resten vart aldri betalt.

Den hausten skulle eg også vera med Karl Vorren (*Info: Voren 1. Dette er truleg Karl Eliasson Vorren. Fødd 22.03.1870.*) etter silda. Dei leigde då ein dekkbåt på Rørvik på Vigra som heitte «*Kruger*». Det var mykje uver denne vinteren, og utbytte vart der etter. Med den båten var vi ute den velkjente «*Solon natta*». Vi fekk lite sild, vi hadde alt i rommet. Vi reva storseglet og reva fokka, og med det stod vi innover. Å koma sørom Skorpa var ikkje å tenkje på. Men i den tjukke kaven og rasande storm, var det ikkje greitt å ta seg inn. Men Kvalsvika fann vi, om gamlingane var litt usamde om vi skulle vera sørom eller nordom Kattaskjeret, syd om Skotholmen. Dei spekulerte i kartet, og fann ut at vi skulle vera nordom skjeret. Det var storflod, så vi flaut merkeleg nok over, men gale var det. Når eg sidan har gått leia her, har eg undra meg på at vi ikkje vart hengande der den natta. Det var då reine «*hoselesta sjø*» (*Info 1*) vi for over. I innlaupet til Vågen såg vi stanga for seint. Karl skreik at vi skulle falle. Eg såg ho då på le baug, og ropte at han

Sivert skulle luffe (*Info 2*) opp. Hadde vi falle av, så ville vi ha treft stanga, og gjort stor skade på båten, men då vi luffa opp fekk vi stanga på babord side, og stødde oss pent bort i ho. Båten drog seg lett opp på berget, men den var lett å få av, og vi fekk varpe (*Info 3*) den inne på Vågen. Det var eit under at ikkje fleire gjekk ned den natta enn «Solon» med sine ni mann (*Info 4*). «*Dei spurdest ei meir, var ei meir å finne*». Korleis «Solon» som var ei av dei gildaste skutene, som då var på feltet kom av dage vil vera eit av havet sine tragediar. Eit spørsmål som aldri vert svart på.

(Info 1: Hoselesta sjø betyr at ein kunne vasse over i hoselestane. Altså at det var særst grunt.)

(Info 2: Luffe betyr å svinge opp mot vinden med seglbåt.)

(Info 3: Varpe betyr å fortøye.)

(Info 4: Solon-natta var 17. desember i 1901, og fekk namnet etter båten «Solon», frå Borgund som gjekk ned med 9 mann. Det var også fleire andre båtar frå området som miste folk den natta.)

Då vi leverte frå oss «Kruger» i kyndelsmess tida (*Info 1*) gjekk eg om bord til Jakob Bringsvor, på den vesle dekksbåten. Det var lite driving (*Info 2*) og lite sild, men vi fekk noko torsk på line, og det vart litt vårsild også. Mellom anna fekk vi full båten på dag set (*Info 3*) ein laurdag på Ristesundet.

(Info 1: Kyndelsmesse er 2. februar.)

(Info 2: Om omgrepet driving: Sildefiske var som regel med drivgarn, dvs. at garna ikkje var faste til botnen, dei dreiv fritt. Medan garna fiska, kunne båten vere fast i eine enden av garnlenka. Sjå bilde side 29.)

(Info 3: Dag set tyder i denne samanheng at seta vart set om morgonen og dratt om kvelden.)

No hadde eg fått nok av bomturar og turar med lite utbytte. No ville eg prøve om eg fekk noko fast, sjølv om løna var lita. Om bord i fiskedamppane tente dei noko, men dreiv hardt, og der var syrgjeleg lite kviletid. Og det var dessutan svært vanskeleg å få plass på disse båtane. Eg fekk så høyra at ein liten dampbåt som Oluf Holm eigde skulle til Finnmark og dampe tran. Der fekk eg plass. Eg skulle lære å fyre, og passe maskina på turen, men når vi låg i hamn skulle eg koke. Eg var ikkje særst huga på denne kokninga, men å få lære maskinstell hadde eg stor hug til, og så gjekk eg med. Vi var berre fem mann i alt. Vi gjekk mest berre om dagen. Løna var syrgjeleg lita. Eg hadde kr.10. Gamle Benjamin hadde kr.13, og bestmannen Schevik, ein gamal nordlandsskipper hadde kr.14 veka. Frå Ålesund til Bodø gjekk vi i ein trøyt (*Info 1*), men vi brukte tre døgn dit, så farta var lita. Då vi stille passerte Brønnøysund ein søndag morgon, skulle eg slagge fyren. Og det gjekk ikkje betre enn at fyren slokna. Eg tømde mykje parafin inn i fyren, og litt ved, og fekk det til å brenne godt, men farta på båten var veldig lita, til eg fekk oppatt dampen. Vi låg litt i Bodø, og i Tromsø stoppa vi ei natt. I Honningsvåg låg vi tre døgn, for ein galen nordaust og kulde. Så kom vi oss då forbi Norkyn og inn i Mehamn, der vi førebels skulle stasjonere.

(Info 1: Trøyt betyr i denne samanheng at dei gjekk utan stopp.)

Til å byrje med var fisket bra, og vi hadde nokre kjelar lever kvar dag. Men også det året kom kobben. Og det vart svart for fisk ei stund. Då så vinden slo seg på nordvest tok dei til å sigla heimatt, så snart var den store Mehamn nesten tom. Om lag 300 båt var reist.

Då dei siste båtane var ute av syne tok det til med storfiske. Fangstar på fem tonn på to halingar var vanleg. Ti båtar leigde slepebåt i Tromsø, og kom attende. Eg høyrde på ein av dei oppe hos handelsmannen Ås. Sonen hans Ås, sa med denne skipperen. «*De tabba dykk godt, som reiste så tidleg heimover*». «*Nei, svara skipperen. Vi tente på det. Når vi no har vore heime hos kjerringane, så kan vi halde ut kor lenge det skal være*».

Dette storfisket varte i vel to veker, då vart det om lag svart. Og vi fekk ordre om å gå til Harstad, og sende tran og grakse (*Info 1*) med rutebåt. Så skulle vi gå ut til Andenes og dampe torsk og langelever.

(Info 1: Grakse betyr i dette tilfelle rester av fiskelever som vart brukt til dyrefor.)

Andenes er ein liten by no. Men sjølv den gang var der ca. 1500 menneskje. Ingen stad på Norskekysten ligg Storegga så nær og er så bratt som der. På berre ein mils veg skrånar egga frå 80 famnar (*Info 1*) til 584 famnar utan botn. Der var veldig fiskerikt, og all auren og småkveita. Mange russiske skonnertar låg og lasta der, flekte og salta storaure og svartkveite. Det var snodig å sjå dei flekte kveita. Dei skar ein snitt rundt etter ryggen, og flakte ut på den eine sida. Dei kjøpte også lange, men det kjøpte norske kjøparar også. Men russefisken: Blåkveite, svartkveite og blålange, også storaure tok berre russarane. Og betalinga var fem øre kilo. Torsk og lange vart betalt med ti øre kg. Alminneleg aure var ikkje salsvare. Han Benjamin salta seg to tønner gratis og eg ei. Det var gode greier å ha med heimatt. Forutan 150 tønner tran, salta vi der eit par hundre tønner feitsild også på Andenes. Skipperen vår : Ivar Lundemo frå Gauldalen var tung på brennevin. Han fekk nokre kaggar brennevin av reiarlaget åt fiskarane. Men dette var ikkje han rette mannen til å styre. Når han vart full, så skjenkte han kven det var. Og det hende at heile mannskapet kom om bord for å få oppgjer for nokre få liter lever, det var når det lukta brennevin. Det hende når ein 20 liters kagge var tom, at ein 20 - 30 mann låg og sov rundt dekket. Eg var såleis einaste mann som var edru.

(Info 1: Famn er eit eldre lengdemål som var definert som 6 fot. Ein fot var ca. 31cm. Ein famn var altså ca. 1,85m.)

Han gamle Benjamin var mellom 60 og 70 år. Han var halvblods finne, og kunne ikkje lese og skrive. Første i turen kom han ein dag og spurte om eg ville skrive brev til kjerringen hans. Ja kva skal eg skrive då, sa eg. «*Skriv kva du vil*» svara han. Og såleis vart eg sitjande og skrive eit brev for veka åt fru Karoline Skutvik, og like så titt lesa hennar brev åt han. Eit snodig arbeid. Langt ut i oktober bar det endeleg heimover. Vi låg ei natt i Harstad, for vi hadde med mange passasjerar frå Andenes.

Båtane dei brukte der då var mest nordlandsåttringar med 14 mann på kvar. Men nokre få mindre møringsbåtar var der også. Og det tykte dei var flotte båtar, som hadde store føremonar under kryssinga (*Info 1*). Det var mange Andenesværingar som hadde 8-900 kr. på mannslut, så det seier seg sjølv at der var godt fiske.

Vi stoppa ei natt i Andklakken, tett nedfor fjellet Hestmannen, og så skulle vi «*kole*» (*Info 2*) i Rørvik. Der høyrde eg ei kjend dialekt. Det var ein noko gamal mann. Og eg grunda på om han var frå ei av dei synst Sunnmørs kommunane, men han var frå ei av dei nørdeste i Sogn og Fjordane. Eg laut stad og helsa på han. Det synte seg at han var frå Ytre Fure på Stad. Han hadde budd der oppe i 35 år.

(Info 1: Krysse er å styre segla på ein slik måte at seglbåten går i sikksakk mot vinden.)

(Info 2: Kole betyr å laste koll til fyring av dampmaskina i båten.)

Medan vi lossa i Ålesund kom ho Karoline om bord, og takka meg fordi eg hadde skrive brev for han Benjamin, og bad meg heim på sildegryn (*Info 1*) til middag. «*Av alle dei som har skreve for han Benjamin er du den flinkaste å skrive*» sa ho. Det var då noko til smiger. Turen var slutt. Den hadde vart i 27 veker. Vi levde billeg, og eg kom heim med 150 sparte kroner.

(Info 1: Sildegryn er ein tradisjonell gryterett der spekesild er ein av ingrediensane.)

Eg skulle vera med «*Vikingen*» på silda også som fyrbøtar, men medan båten reparerte var eg heime i seks veker, og då var eg med Karl Støle to netter på silda, og tente litt også. Men så snart båten var ferdig barst det til Ålesund att.

Med fiskebåtar i Ålesund

(Info: Dette må være i 1902.)

Då eg kom til Ålesund var «*Vikingen*» mest klar å gå ut. Mannskapet var mange steder i frå. Ivar Lundemo, som var skipper på Nord-Norges turen, var ikkje fiskar, og arbeidde no på bryggja.

Den nye skipperen heitte Kristian Sørensen og var frå Sør-Reisa i Troms. Kjekkk kar i grunnen. Stakkars «*Vikingen*» ruvde ikkje stort ute på havet, der så mange båtar var større. Den var knapt 60 fot, og laut greida lenka (*Info 1*) på eine sida. Etter forholda no, så var det stor lenke (50 garn). Derav tredjeparten 300 maskar, resten 250 maskar. Gjekk silda så tungt, som vi er vande med i seinare tid, så ville lenka vera mykje for stor. Men silda var tynn over alt den gongen. Så snart det kom sild på dekk var det å få ut seisnøre. Maskinisten var like gamal som eg og vi drog sei saman, og var ivrige begge to. Under draging stod ein av oss og håva sild. Fisket var berre så middels. Fekk ein 50 mål (*Info 2*) for natta, var det rekna for å vera bra fiske. Silda var billeg då. fem kroner målet, og der i kring. Seien var 25 -30 øre pr. stk. Ei natt sette straumen på land, og vi hadde nær drive på land på Tjuen, ut for Stad. Mannskapet greidde å få inn lenka på 1 ½ time. Og ikkje meir sild enn vi brukte til agn. Men seien var grådig der inne. Den kom så høgt, at vi såg kor den beit på. Og på denne stunda bala (*Info 3*) vi to om bord 150 storseiar. Karane vart gretne og ville sove. Og eg som skulle vera oppe likevel lova å ta vakta for dei på dekk også. Så gjekk eg utover, så eg var klar land, og så rigga eg opp fem snøre. Her skulle verta sei nok. Men seien ville ikkje, no når ikkje morelden (*Info 4*) frå garna lokka. Så på dei seks timane eg var oppe fekk eg berre ein sei.

(Info 1: Greida eller greide garnlenka betyr at ein ordnar garna til ny setting. Garna er ofte samantulla når dei blir dratt opp av sjøen pga. fisk og andre ting som er kome i garna når dei har stått i sjøen.)

(Info 2: Eit mål er 150 liter.)

(Info 3: Bala betyr noko lunde det same som slite eller kave.)

(Info 4: Morelden er lysning i sjøen. Flimrande lysgneistar i sjøen. Havet sitt svar på nordlyset.)

Seinare på vinteren vart det mindre og mindre nattfangstar. Men om dagen var det åter. Springaren (*Info 1*) gjekk i store flokkar. Der vart sett «*åter stubbar*» (*Info 2*), utan kabel, på ti garn med to kaggar (*Info 3*) på kvar stjert (*Info 4*). Kvar båt hadde tre slike stubbar ute. Alle køyrde med full fart, og det var eit under at det ikkje vart meir kollisjon.

Dei fleste av stubbane vart å drage svart (*Info 5*). Men trefte ein silda, så var ho tjukk. Ein kveld i mørkninga fekk vi fullslått ei slik ti garns lenke. For å få det inn laut vi stytte fram i med maskina. Ein nordlending skulle passe på, at det var passeleg framover. Men han stod berre og heldt leven med dei andre gutane. Og enden på det vart at vi fekk garna i propellen, og der låg vi. Skipperen skjente. «*Ein skulle stikke ut augo på dykk og sett inn att koparnaglar*», sa han. Det vart så at «*Ullabrand*» tok oss på slep til byen. Siste natta vi dreiv vart det storkuling. Det var mykje uvande folk, så eg laut fram i baugen og skar av. Mykje av garna låg på kabelen (*Info 6*). Og garna fekk ei stygg medfart. Men all den torsk der var. Mesteparten miste vi, men vi fekk om bord 150 stk. i sildegarna.

(*Info 1: Springar er ein kval-art.*)

(*Info 2: «Åter stubbar» er ei samling av garn som vart sett der åta var.*)

(*Info 3: Kagge er flytebøye forma som ei lita tretønne. Brukt som bøye under fiske.*)

(*Info 4: Stjertar er taua som går frå kabelen og ned til garna. For å regulere kor djupt i sjøen garna skal stå. Sjå teikninga side 29.*)

(*Info 5: «Drage svart» betyr her at garna var tomme når dei vart drage opp.*)

(*Info 6: Kabel er eit tjukt, langt tau som alle garna kunne være fest til (under). Nødvendig for å halde garnlenka saman i dårleg ver.*)

Eg fylgde med kor det gjekk med torskefiskja. Men likevel, dette var ein bra førekomst så vart det ikkje noko storfiske. Det vart bra på line på Nordøyane, men her sør på våre kantar var det helst smått.

No skulle vi ikkje fiske torsk, men no kom han Lundemo om bord att, og bestmannen og kokk frå Steinkjær kanten. Og så skulle vi gå til Titran (*Info 1*) og dampe tran i torskefiskja. Vi låg ei natt i Kristiansund. Neste dag bøygde vi for Sæbuodden på Hitra, og sette kurs for Titran. Titran er ikkje høg over havflata. Det første vi såg var fartøya på hamna. Så såg vi husa, og landet såg vi til slutt. Der var ei mengd linebåtar der, og bra fiske, men levra i fisken var nesten svart, og det var nesten ikkje fett i ho. Ein kjel på 250 liter kunne utbringe tre liter tran. Så alt vi greidde på sju veker var 5 ½ tynne. Likevel, vi dampa nokre kjelar kvar dag når det var sjøvær.

(*Info 1: Titran ligg på sydspissen av Frøya, som ligg utanfor Hitra i Trøndelag.*)

Vi låg der i påska, og ein kveld var Lundemo og eg på land ein tur. Der var ein vegstubbe på om lag 500 meter mellom bae handelsmennene. Son til eine handelsmannen var på skule på Agdenes, og skulle verta underoffiser. Han hadde med seg ein kamerat også. Lundemo var «*fint i farten*» som vanleg, og då vi trefte dei to «*rødfiskane*» kunne han ikkje lata vera og rakke ned på landsoldatane. «*Nei takke meg til marina då*», sa han. Så tok han til å fortelja om kor mange marinefartøy han hadde vore om bord i. Eg stod og tenkte, «*skal tru han ikkje snart snakkar seg fast?*», «*så dei forstår at han berre lyg*». Men han fortalde så truverdig, at dei trudde han. Han hadde aldri vore i marinen, anna enn i sin eigen fantasi.

Då ordren kom om heimreis fekk vi veta at «*Vikingen*» skulle drive Storegga om sommaren 1903. Med same skipper som vi hadde på sildefisket. Og så for vi då til Ålesund og skifta tur. Oluf Holm hadde ein større båt også «*Bjørn*» som var kjøpt i Oslo, der den hadde vore isbrytar, og taubåt. I den båten var to fyrgangar (*Info 1*), og ei svær maskin av gamle sorten.

Den var så høg at eg kunne stå bein under sylindrane, når eg stod på botnrama. Den var på 160 HK. med 80 punds trykk. Kva ville den ha vorte om trykket var 160, som ikkje er uvanleg.

(Info 1: Fyrgangar er kanalar i fyrkjelen der kolet brenn og varmar opp vatn til damp i ein dampmaskin.)

Så snart vesle «Vikingen» hadde fått inn ballast, og elles, det som høyrde til, vart det å gå etter agn, og så til havs. Dampspel var ein enno ikkje byrja med, men dei kom snart etter. Det var handspel som brukets både det året, og året etter. Til endane brukte vi vinsjar og kasteblokk. Mannskapet om bord var noko samanskrap frå alle kantar. I sær var det mykje frå Nordland og Troms. Folk derifrå kom i flokkar sørover. Å, få rom på nye, og store båtar var ikkje alltid så greitt. Og for då å koma bort i litt forteneste, så tok dei rom kvar som helst. Men så snart eit betre rom var å få, så for dei. Så kvar veke var der ein eller fleire mann som gjekk frå. Dei vi fekk att var ikkje alltid, «mors beste born». Lugaren var trong for så mange folk. Så vi hadde berre køya å gøyme våre saker i.

Vi heldt oss mest ute i Bukta og Sørmannsneset, for dit er stuttaste vegen. Ein ser land der i siktbart ver, og ekspertar skal kunne «mede» (*Info 1*) der også.

Det var bra med lange. Brosma var så billeg at det lønte seg ikkje å fiska ho. 15 øre for ei brosmme, om ho var aldri så stor. Men langa var kr. 0,50 pr. stk.

Ut på ettersommaren vart det byrja med sal på vekt, og då vart også fisket etter brosmme lønsamt.

(Info 1: Mede/fiskemeda betyr identifisering av fiskeplass basert på fleire faste punkt i land.)

Ein og annan snodig kar, fekk vi om bord den sommaren. Mellom andre kom der ein gamal kar frå Vardø som heitte Vessel. I køya si hadde han ei religiøs bok «*Den kommande konge*». Men noko stor innverknad hadde ikkje boka, for han Vessel var minst like svær å banne som nokon annan om bord.

Litt seinare kom ein Sunnfjording som hette Andreas Vefring. Han vart seinare gift i Vanylven. Vefring var ein dugande kar, men var ein stor spillopmakar. Ei natt vi for utover mot Sørmannsneset, var det han Vessel som hadde første timen med roret. Då så han Vefring kom og skulle løyse han av, gav Vessel opp kursen. «*Kursen er N.N.T.N*», sa han Vessel. «Å, er det det», svara han Vefring. Er det dette litlestreket, som er attmed det store, det? spurde han Vefring.

«*Nei, men kva i alle verda. Kan du ikkje kompasset*». «*Du får halde roret så eg får purre skipperen*». Han gjekk, og skipperen var ikkje lett å få vaken. «*Kva for slags mann er det du har fått tak i no att?*». «*Eg kan ikkje levera frå meg rattet til nokon som ikkje kan kompassen*». «*Kven er det då? spurte skipperen*». «*Jau, det er denne nye mannen, han Vefring*». Men då lo skipperen. «*Å, lat han berre få roret, du. Eg skal ta ansvaret*». Vefring hadde vore nokre år i utanriksfart, og han og Kristian Sørensen (skipperen) hadde vore ilag på andre fiskebåtar.

Mange år etter trefte eg han om bord i rutebåten, og minte han på denne hendinga. «*Ja, men eg var borte i noko eingong på ein snurpar, som var endå snodigare*» sa han.

«*Vi leverte i Haugesund, og der kom vi bort i ein kar som alltid skulle masa og krangle på målet. Då eg så kom og skulle ta vinsja i tørnen, så instruerte eg han som gjekk på, og eg*

sa til denne kranglefantan: Denne karen som tek vinsjen, er flink vinsje mann, men han er døvstum, så det nyttar ikkje anna enn med teikn til han, men det forstår han utmerkt». «Og det vart så stilt og fredeleg, at den kom vel med den lygna», sa han Vefring.

Ei helg fekk eg reise heim og fekk med meg litt delikatesser. Mellom anna to sider med godt spekekjøtt.

Måndag reiste vi ut att, fekk godt ver, og der var godt om lange (*Info 1*) nord i Bukta. Så båten var tung då agnet var slutt, og vi for innover. Det var litt regntjukt og skymt om natta. Fyret på Synes på Vigra var under reparasjon då. Så tok dei feil, og bøygde til babord utanfor Synes, i staden for innafør. Vi skulle gå Staursundet. Nok om det, vi vart ståande på eit flo grunt skjer utanfor Synes, og sjøen fall. Båten slo tunge daskar i berget, men når sjøen fall ut vart det stilt. To mann fekk ordre om å gå til Synes, stele seg ein færing, og ro til Ålesund og gje rapport til reieren. Og alle andre skulle føre fiskereiskapane, og sine eigne ting opp på eit anna skjer, der det var flodfritt. Eg pakka kleda mine i køyeteppet mitt så det vart som ein sekk, og det siste eg kasta ned i båten var spekekjøttet. Båten låg godt skjerma, men det gjorde ikkje noko. Då sjøen flødde vart det same kakkinga (*Info 2*), men ein trebåt kan vera sterk, den. Då det nærma seg flod var skuta flot. Det vart hyljande regn, og kleda våre på skjeret vart grundig blaute. No tok vi om bord alt saman, og gjekk innover. Skuta var tett. Inne ved Olsskjeret møtte vi ein av Flatmark båtane med ei førsleskute og færingen på slep, og så gjekk vi i lag til byen.

(Info 1: Lange er ein type fisk.)

(Info 2: Kakking betyr banking.)

Det var ikkje noko stygt forlis dette. Men vi stod på ein utsett plass, så hadde det vore bære, så ville nok skuta vorte liggande der, for båra kan sine ting, på vestsida av Vigra. Men spekekjøttet mitt, måtte eg finne meg i å misse. Skuta fekk ikkje anna skade, enn at ein mole av stråkjølen laut skiftast.

Ut på sommaren kom far til byen. Eg skulle då kjøpe heimen på Bringsvor der far sat som bygselmann. Far åtte husa, og for plassen betalte han kr. 400 i bygsel, ein gong for alle, og kr.18 i landskyld for året.

Vinteren før var Severin Martinsen (*Info: Bringsvor 3. Fødd 31.05.1863.*) komen flyttande frå Vardø med kone og ei dotter, og tok inn i den gamle stova der faren hadde budd, og der syster hans Severin budde då (*Info 1*).

Severin fekk seg fiskjerom med Karl Støle på ein leigd dekksbåt, og fekk ein grand og (*Info 2*).

Kona hans Severin var halvblods kven (*Info 3*). Og som andre finnmarkingar hadde ho den visa, at ho brukte mykje når mannen tente mykje, og elles ikkje ottast for dagen i morgon. No hadde ein bygselmann i grunnen ikkje lov til å ta inn losjerande, men far trudde ikkje det var så farleg.

(Info 1: Dette må ha vore ca. i 1902.)

(Info 2: Ein grand betyr i denne samanheng at dei fekk noko eller litt fisk.)

(Info 3: «Kven» er et menneske med finsk bakgrunn i Nord-Noreg.)

Men nokon i bygda hadde klaga til eigaren C. A. Barstad i Ålesund. Så ein dag kom der eit hardt brev frå Barstad om at Severin Martinsen og hans huslyd laut vera ute av

eigedommen innan ein månad frå dato. Sjølv sagt kunne vi finne oss i at Vardøfolket reiste, «for geita gnagar der ho står» som ordtaket seier.

Men at ein skulle ha så lite fridom, at ein ikkje skulle ha lov å hyse ein mann eller ein huslyd for ein bolck, utan å få slike trugselbrev, var nok tungt å svelgja.

Garden skulle koste kr.1200 utan hus. Av dette hadde eg kr. 600, resten lånte eg i banken mot pant i eigedomen. Og far sin bygselrett skulle gjelda framleis.

Vi fekk gardhandelen i orden den laurdagen. Barstad skreiv skøyte, og skipperen, og kjøpmannen som eg provianterte med, Olav Knutsen, skreiv under som «vitterlighetsvitne». Så var eg då eigar av ein liten plass av mor Noregs jord, eg og.

Ut på hausten, var det kveite og ligge etter. Å, gå vest om Aktivneset eller nordover til Sklinna og Haltenbankane var vesle «Vikingen» for liten. Og dertil var kolbaksarane (*Info 1*) for små. Og i storm måtte vi bruka den fart vi hadde for å andøve (*Info 2*). Det var ei lita 60 HK maskin med høgtrykken oppå lav trykken, og berre ei veiv. Kjelen var oppståande, og skal ha vore dampkjel om bord i Amerikabåten «Tingvalla». Maskinist Nybø fekk seg no ein annan plass. Og Ole Ulvestad frå Vatne kom om bord. Svigerfaren hans, Halvorsen frå Bergen vart maskinist på «Bjørn». Dei låg då inne for reparasjon. Og Halvorsen fann på, at der var så mykje skit og ustell om bord i «Vikingen», at vi måtte ta ei veke å pusse og oversjå maskina, om ho skulle verta brukbar. Såleis vart vi liggande den veka, berre å grave skit.

«Turisten» ein liten båt med god fart, kom bort med mann og mus. «Lyren» kom også nordfrå. Den fekk slege av ein tjukk jerndavit (*Info 3*), og båten i to delar (lettbåten altså). Men den kom seg då i land.

(*Info 1: Kolbaksar er rom for lagring av kol på dampskip.*)

(*Info 2: Andøve betyr å køyre sakte for å halde båten på plass.*)

(*Info 3: Jerndavit er oppheng for lettbåten.*)

Eit par gongar den hausten fekk vi noko kveite i «Sykkylvsdjupet» om lag N.V. av Runde. Så ein måndag, kjem maskinisten og sa frå, at no fekk eg pakke sakene mine og flytte for no skulle eg om bord i «Bjørn». Fyrbøtaren der laut slutte for sjukdom, og Halvorsen hadde forlanga å få meg i staden. Daniel Jonson som var kokk på «Titron» turen skulle ha min plass. Ja, Ja, ordre var ordre. Der var mykje meir å gjera om bord i «Bjørn». Stor maskin, meir å pusse og halde reint, og dobbelt så stort kollforbruk. Men så vart løna noko høgare også. Så flytte eg då. Eg var opp i byen og provianterte, og så bar det til havs. Det var dugande karar om bord i «Bjørn». Og skipperen Ågne Valderhaug, var så kjend på den så kalla «Bota» vest om Aktivneset, at det var ikkje mange som var så kjend der.

Kveitebruka på den tida gjekk seint. Ikkje ekkolodd, ikkje elektrisk lys, ja sjølv karbidlys var ikkje teke i bruk. Å, drage kveiteline i mørke var nesten uråd, ein såg ingenting ned i sjøen. Og det vart såleis berre to-tre stubbar i døgnet. Vi kom ut om natta og tok til å lodde, og kasta to stubbar før det vart lyst. Men det var november dette her, og då er han ikkje alltid fin ute på Aktivneset. Det vart storkuling av S.V, og det vart å drage, og kome oss innover att. Stubbane fekk vi tak i, merkeleg nok, og 1000 kg kveite. Godt fiska på to stubbar. Så låg vi i land til natt til fredag. Då gjekk vi uttatt, og sette to stubbar på nytt. Vi tok til å drage i lysinga, og kveita var der, om lag som sist.

Men no vart det nordaustkuling, og då vi drog på andre stubben auka den til storm. Straumen bar oppunder vinden, så det vart ein sjø som eg knapt har sett maken til.

Det er ikkje så fort gjort å verte kjend med alle kraner og anna i ein framand maskin. Det kan vera innvikla nok. Men eg laut gå mine vakter. Maskindørene vart stengd, og vindfangarane oppe på keisinga (*Info 1*), vart snudd unna vinden, og det vart kvelande heitt der nede. Eg hadde slagga ein av fyrane, men kven ville heise slagga i dette veret. Det var å ligge på veret, bere når det gav seg litt kunne ein legge båten på kursen. I maskina kunne vi sjeldan sleppe dråtten (*Info 2*).

(Info 1: Keisinga på ein stimbåt av denne årgang, var truleg utforma som eit kasseforma overbygg på skipsdekk, der ein hadde tilkomst til dampmaskina.)

(Info 2 : Dråtten er reguleringa av maskinkrafta «gassen».)

Det var ustanselig ropt gjennom talerøyet «litt saktare». «Litt meir fart» osv, medan telegrafan (*Info 1*) stod på sakte framover. På fyrdørken flaut koll og slagga om einannan, så slagget for nok inn att i fyrgangane (*Info 2*) att. Å, så tørst eg var. Skipperen kom ned nokre gongar, og ville sjå kor eg greidde meg. Eg bad han skaffe meg noko vatn, men eg fekk ikkje. Sist på laut eg drikke av spillvatnet frå dankepumpa (*Info 3*), men så ekkel smak.

(Info 1: Telegrafan her ein mekanisk overføring frå brua til maskina for informasjon om ynskt fart osv.)

(Info 2: Fyrgangane er der ein fyrer dampmaskina.)

(Info 3: Dankepumpa er truleg ei pumpe i dampmaskina for å regulere overflødig vatn (spillvatn.)

Då eg endeleg vart avløyst av maskinisten fekk eg først ei ordentleg bløyte, før eg kom fram i lugaren. Å, koke kaffi var uråd. Eg laut stå på dørken og halde brød i eine handa, og eit smørstykke i den andre, og bite noko av kvart, medan eg med kunst laut møte matskuffa, så ho ikkje ramla ut. Så var det og få av seg det som var altfor vått, prøva kjelen etter litt kald kaffi, og så til køys.

Men kven kunne få sove i denne slingringa. Stormen og sjøen ville grave oss ned, dersom vi brukte noko fart. Og fart kunne båten gjere, men her trengtest det å passe seg om vi skulle greia å koma til lands. Vi brukte 24 timer inn under Runde, som vi i bra vær fint ville greidd på sju timer. Først når vi kom innunder Grasøyane fekk vi bruke farta. De var lange vakter, men så var det då også sjø som ein heldigvis sjeldan ser noko til. Det var mange som hadde vore ille ute dette døgnet, mellom anna ein dekksbåt heiman frå som hadde vore på sildefiske, men dei kom seg i land før det vart skikkeleg storm. Vi hadde 1000 kg kveite då også.

No leid det så langt at silda skulle vera ventande. Det var noko sildeutsikter, og det vart ikkje reist på fleire kveiteturar. Det vart å skifta reiskap, og ta om bord sildegarnsutstyret. I førstninga var silda tynn, og der var lite å få. Berre dei som trefte åter fekk gode fangstar. Fram mot jul tok silda til å gå meir i åter (*Info 1*). Det var så lite å få om natta at vi gjekk inn om kveldane, og var så på feltet att når dagen grydde, og ein kunne sjå åtene. Fekk ein så ein åtestubb på ti garn framfor åta, og passeleg djupt, så vart det storfiske. Men svært ujamnt var det. Ein dag såg eg to dekksbåtar som eg kjende heimanfrå, som sette i ei åte, men snart var 60 dampar og køyrde som galningar, så dekksbåtane var glad dei kom seg der i frå.

(Info 1: Åtefiske er fiske etter sild som følger åta.)

Ein dag utanfor Stad var det verst. Det var nesten stilt, men det var noko dønning. Det var slik ei voldsom manøvrering, at ein lite fekk sleppa dråtten (*Info 1*) og rattet for, framover og akterover.

Vi var derfor baa to i maskina, så ein kunne passe fyren, medan den andre manøvrerte. Best det var, låg vi oppå kvarandre, medan maskina gjekk for full fart akterover. Det var Joakim Brusdal med «Luna» som gav oss ein kilevink. Han fekk ikkje maskina til å bakke tidsnok. Då både vi og «Luna» bakka, kom vi for langt frå kvarandre til at skipperen kunne høyre kjeftbruken åt kvarandre, men han Ågne gjekk nærare for å få seie han Brustad nokre velmeinte «Pauli ord» for samanstøyten. Eg kunne ikkje la vera, eg måtte opp i døra, og høyre på dei «velsigningane» dei lyste over kvarandre. Medan dette sto på kom «Hugin» langs sida, strykande så det knaka i skroga, og vi datt i koll på nytt. Eg var komen opp på dekk, og ville sjå om vi hadde fått noko skade, eg såg då vestover sjøen. Då såg eg «Larvik» frå Kristiansund køyre rett på sida åt «Ariel» hans Jonas Fjørtoft, og eg såg når «Ariel» sokk. Folka vart berga. Dette var verste dagen under åtefisket (*Info 2*). Når så mange båtar skal fare og renne med full fart i alle retningar, og på eit lite område, var det ikkje rart at det vart gale.

(*Info 1: Dråtten er reguleringa av maskinkraft «gassen».*)

(*Info 2: Åtefiske er fiske etter sild som følger åta.*)

Ein dag vart Ågne Valderhaug sjuk, og måtte gå i land, og så kom Ole Nybø om bord som skipper. Vi skulle gå om natta, og bekande mørkt var det. Han kom då først ned i maskina til oss og ville vite kor telegrafan virka, og det fekk han vita. Så gjekk vi og det vart vendereis.

No var jula komen, og eg fekk reise heim, men det var ikkje lett å kome seg heim. Båten gjekk berre til Larsnes. Eg vart i lag med ein frå Nordland som var gift med dotter til fyrvaktaren på Frekøya, og budde der førebels. Så fekk vi to låne ein færing med Rønneberg i Larsnes. Vi rodde, og han sette meg i land på Flatøya. Medan han baska seg sør Haugsfjorden åleine. Eg kom opp i Flatøystova kl. sju julaftan. Eg laut først til bords og ete, og så fylgde dei meg åt sjøen og sette ut ein færing. Denne skulle dei sjølve ro inn att juledag då dei skulle til kyrkje. Eg rodde til Varholmen, fortøygde båten godt, og kom oppatt i ni tida julekvelden. Dei heime hadde då slutta å vente på meg til jul.

Mor hadde laga til mykje klede åt meg. Og denne gongen fekk eg ei kiste og ha kleda i. Om bord i «Bjørn» var der ikkje plass for kista, men ho fekk stå på bua åt reieren. Og slik som forholda var i dette åtefisket, så var det snart føre (*Info 1*), at ein hadde nok med seg. Vart ein ned rend, så kunne det vera von om å berge seg om bord i ein annan båt, men ein ville aldri få tid å ta noko med seg. Aldri har eg vore så godt forsynt med klede som då, men då gjekk det verst, med både kleda mine, og med mykje anna som var meir verdfullt.

(*Info 1: Føre betyr i denne samanhengen slik.*)

Eg kom attende til Ålesund når juledagane var over. Vi gjekk ut frå byen. I Ålesund er ikkje godt å sjå når det er sjøvær især i syd vestleg vær. Det vart såleis å gå ut frå byen, og sjå utover sjøen, og var det då ikkje ver å gjera noko på sjøen, så var det å gå til Teigebugen, Fosnavåg eller Haugsholmen, og så ligge der å vente på sjøvær. Medan dekkfolka i slike uvers periodar har lite å gjera, anna enn å sove, lese, spele kort, eller ta ein tur i land av og til. Så har maskinfolka alltid noko å stille med. Å, skrue sundt noko

vart sjeldan gjort, då ein aldri veit om det kan verte å gå på stutt varsel, men ein kan vaske, pusse på maskinen og anna.

Så låg vi då sør i Herøy heile bunten av stimbåtar (*Info 1*) nesten heile veka. Men då helga nærma seg tok fleire og fleire til å gå til byen (Ålesund). Vi var ein av dei siste. Då vi kom til byen, var heile rekka frå Brunholmen til Moloen fullsett, og så laut vi, og fleire av dei som kom sist tørna utanfor rekkja, med akterenden inn åt baugen på dei som låg innerst. Kvar dag var det kuling og storm, med springflod, så moloen var nesten nede. For ikkje å reka i land sette alle tamp ut i Moloen, og for å ikkje øydeleggja kablane, var det mange som batt kaggar (*Info 2*) på kablane (*Info 3*). Såleis låg vi då, kvelden før den 17. januar 1904. To mann frå «*Vikingen*» satt om bord med oss til det var snart midnatt. Då bad dei «*god natt*» og gjekk om bord til seg, medan eg og to nordlendingar gjekk til køys og sovna.

(Info 1: Stimbåt er det same som dampbåt/dampskip.)

(Info 2: Kagge er flytebøye forma som ei lita tretønne. Brukt som bøye under fiske.)

(Info 3: Kabel var eit tjukt, langt tau som alle garna kunne vere festa til (under).

Nødvendig for å halde garnlenka saman i dårleg ver. Sjå teikning side 29.)

Ålesundsbrannen (1904)



(Info: Bildet viser Ålesund før bybrannen i 1904.)

Eg vakna av trønderdialekten, hans Daniel Jonsen. Byen brann! Ha deg opp og stikk fyr, så vi kjem oss ut av hamna før vi brenner opp. «Å, reis og ryk!» sa eg. «*Fare her og halde folk til narr*». Men han Daniel var alt langt utanfor rekkevidde. Kanskje det var noko i det likevel. Så gjekk eg opp leideren. Å, jau. Kor stor skrønemakar han Daniel var, så hende det at han snakka sant også. Eg fekk på meg i ei fart, og att i maskina. Vi brukte fire timar og fyre opp på kaldt vatn, men denne gongen greidde eg det på to timar. Gjeng kjelen lek,

så skulle den snart skiftast ut likevel. Maskinisten kom ikkje om bord. Han visste han kunne lite på meg. Så kom skipperen. Det byrja nettopp å brenne i huset vårt då eg gjekk sa han. Eg spurte om å få reise opp på bua og berge kista mi. «*Du har å stå, eller så skal du verta ansvarleg*», sa skipperen. «*Her går langt større verdier til spille i natt, enn klekista di*» sa han. Ja så får ho berre brenne då. Eg hadde no såpass trykk på kjelen at eg kunne «*move*» maskina.

Eg bad dei to nordlendingane kjenne vel etter om der var noko i vegen rundt propellen. Skipperen skulle også sjå etter. Det var lyst som dagen, då varmen kom så langt som til der Nytorget er no. Men å sjå noko nede i sjøen var uråd. Når eg såg dit var alt svart. Eg kasta augo bort i innløpet. Den eine skøyta og dekksbåtar etter den andre for ut mologapet med tre reva storsegl og småklyver (*Info 1*). Og ute på fjorden låg mange og bakka med små segl. Eg var så snarast ned i maskina, og så opp att i leideren og hørte etter om alt var klart. «*Her er ingen ting i vegen*», sa nordlendingen. «*Du kan berre la gå*». Eg så gjorde, men fekk maskina berre to tørn, så stod alt saman. Vi hadde fått ein tjukk manillakabel (*Info 2*) rundt propellen. Så hivde vi opp ankeret, og hivde oss etter kabelen, kloss opp under lykta på moloen, så ein kunne til nød kome i land. Der låg vi då medan tjukkaste Skansen vart eit eldhav. Eg gjekk attpå hekken, og skulle sjå om det var greie på kor det såg ut rundt propellen. Eg la hendene på jernrekka, og bøygde meg godt utover for å sjå. Men au! Kor eg brende meg, så heit var rekka, så langt frå brannen, og mot ein slik rasande storm.

Då det dagast slepte «*Basken*» oss ut om Molja (*Info 3*), og der låg vi og slingra til mørkninga. Då slepte «*Røst*» oss ut i Steinvågen.

(Info 1: Klyver er et trekanta stagesegl som føres framfor fokken.)

(Info 2: Manillakabel er en kabel laga av manila som er naturfiber.)

(Info 3: Molja er moloen i Ålesund.)

No er eg gamal, men det fæle skodespelet, då tjukkaste byen brann på det verste, hugsar eg, som om det hende i går. Den rasande vinden gjorde sitt, så det gjekk ikkje over ti min frå den første, vesle logen fatna i dei store sjøbodene, og til heile buda var oske. Søndag morgon var eg i land i Steinvågen, fann meg ein god slipestein, og fekk kvesse godt propellkniven. Men tre tonns manillataug (*Info 1*) var ikkje lett å få av. Etter tre timars hardt arbeid var endeleg propellen klar, og vi kunne gå for eiga maskin.

(Info 1: Manillataug er taug laga av manila som er naturfiber.)

Måndag var vi til Vedde (*Info 1*) etter ein last møblar, som var ført dit. På veg opp til Buholmen (*Info 2*), brotna stanga for luftpumpa. På maskinverkstaden hans Liåen stod verkstaden, men kjêlhusets var brent. Vi måtte då drage den tunge dreiebenken med handemakt, så vi fekk dreie og snitte den 2 ½ tonns stanga. Eit tungt og slitsamt arbeid, og vi trengde heile natta til det. I fem tida gjekk maskinisten til køys, han var så utkøyrd, at han klarte ikkje meir. Og eg skulle skrue saman dei fire pumpene. Eg fekk alle mutterane på, men så laut maskina tørnast opp for å få skrue skikkeleg til. Tørnespettet var to meter langt og av to toms stål. Og hola i tørneskiva var runde og sletne. Eg sat på skrustikka, med spennetak mot vinkelen på skottet og akterste kolanderen (*Info 3*), og sleit det eg vann. Der glapp spettet, eg datt att på benken med det tunge spettet over meg. Eg låg lenge og stunde før eg fekk pusten i gang att. Og no laut eg få maskinisten oppatt, og få gjera det som mangla.

(Info 1: Vedde ligg ved Langevågen på Sula.)

(Info 2: Buholmen ligg ved Ålesund.)


(Info 3: Ordet kolanderen har vi ikkje klart tyde, men vi trur det har noko med kollagerane i dampbåten å gjera.)

Ut på ettermiddagen gjekk vi til bua hans Holm som stod att utanfor moloen. Dit hadde dei berga mykje av tinga sine før våningshuset brann. No skulle dette og Holm familien til Molde. Dit kom vi seint om kvelden, men det hadde frettast (*Info 1*), at vi var der. Og klokka elleve om kvelden vart vi bedne til middag på Reknes Sanatorium. Sjølve overlegen holt oss med selskap medan vi åt. Det var godt med ein skikkeleg middag. Maskinisten ville vera att i Molde og høyra etter hus åt familien, og eg skulle ha maskina åleine til Ålesund. Holm kom og la seg på maskinbenken, og låg og såg på arbeidet mitt. Eg var like glad om å ha han der, han kunne finne seg ei betre køy enn der. Men jage han kunne eg ikkje. «*Men eg skal skremme han opp*», tenkte eg. Lensepumpa ville sjeldan ta vatnet, utan vi skrua loket av «plunsen» (*Info 2*) og slo vatn i. Men då haldt ventilane i pumpa ei svær skramling. Då såg eg dei lange beina hans Holm fare opp leideren. Då eg kom rundt maskina stod han der oppe, og spurde kva som var i vegen. Eg svara at alt var i orden. Men då for han fram i skipperlugaren, og eg såg ikkje meir til han.

(Info 1: Frettas betyr at det hadde gått rykte om at vi var der.)

(Info 2: Plunsen er truleg eit deksel på lensepumpa. Vatn hjelper for å få i gang ei lensepumpe med slitne ventilar.)

Det var trist å gå gjennom gatene i byen då. Enno rauk det frå kollager, og ymse andre større bygg. Daude kattar låg mange stadar i gatene, men arbeidet med dei første brakkene var alt i gang.



Info: Ser at det i teksta til Petter så er skrivemåten «Fønisia» brukt, men det er nok feil. Andre skriftelege kjelder tyder på at det er skrivemåten «Phoenicia» som er rett. Sjå teksta nedanfor her.

Scientific Research: After Wilhelm II heard about the fire in Ålesund, he reacted immediately. He contacted all seafarers and dockers in Hamburg and Kiel that were at home on the weekend. On Sunday, the day after the fire began, three ships headed at speed to the north. The armored cruiser, "Prinz Heinrich", was dispatched from Hamburg with emergency help. This 9.800-ton ship was accompanied by two other ships, "Phönicia" and "Weimar", which arrived in Ålesund harbor three days later. Aid distribution was organized with precision. A large quantity of food and medicines were made available to the people affected by the fire, and 2.500 people were accommodated on board the "Phönicia".)

No var tyskarane komne. Om bord i 13000 tonnaren «Fønisia» fekk 4000 menneskje om dagen gratis mat. Det vart no organisert så at nokre små fiskebåtar skulle gå i rute med folk, frå Prestebryggja til fallreipa på «Fønisia». Og så var det berre å setja seg til bords. Lapskaus, brennsnut og ertesuppe, og noko kveitebrød og tygge attåt. Daniel og eg var om bord kvar sin gong. Eg var nemleg kommandert om bord i «Vikingen» for anledninga, då maskinisten på «Vikingen» var borte. Men skipperen hadde ingen å byte, og også han ville ha mat. Så bad han meg om å gå om bord, og prøve å få noko mat åt oss som var om bord i fiskebåten. Vi var fem mann. Det var ikkje greitt å gjera meg forståeleg, men ein danske skulle tolke. Vanskeleg var det å få låne ein stor «terrinen», og bere maten ned på båten i, og etter mykje forhandling for eg då ned på «Vikingen» med nok mat til både middag og kveld. Men eg forstod det på dei, at dei aldri venta å sjå terrinen (*Info 1*) meir. Den som for om bord i «das transportskip». Vi tømde terrinen opp i ei gryte, skylte den bra, og så for eg ombord med den att. Det var snodig å sjå kor betjeninga melde frå til høgare og høgare sjefar, at terrinen, merkeleg nok, var komen til rette, og at det nok ikkje var berre kjeltringar i Noreg.

(*Info 1: Terrin er ein stor bolle med lokk og hankar som blir brukt til servering av varm og flytande mat.*)



(*Info: Bildet viser Ålesund etter bybrannen i 1904. Bildet er henta frå Ålesund museum sin nettside, og der står det at bildet er frå 1904-1905. Mykje tyder på at noko igjenoppbygging er kome i gong når bilde vart teke.*)

Det var ei underleg tid dette her. Gåvene strøymde inn. Det var lite pengar, men der var ingenting å bruke pengar til. Ingenting å kjøpe (i Ålesund altså). Eg såg ein av dei rikaste menn i byen, stå ute på kaia, og ete risgraut med trepinnar. Grauten var kokt i Bergen. Men hadde ein berre tid å passe måla om bord i «Fønisia», så levde ein godt. Og mange nytta seg også av denne situasjonen, då fattige og rike, for ein gongs skyld var vortne like.

Butikken hans Talberg stod att. Talberg var svigerfar hans Oluf Holm. Talberg hadde tre båtar, «*Reform*», «*Røst*» og «*Rapid*». Vi fyrbøtarane var mykje i lag, og der var lite å gjera. Ein dag kom eg og dei tre fyrbøtarane på Talbergbåtane i lag inn på butikken hans. Vi trong margarin og tobakk. Brød var å eta leivningar frå matskuffene. Gamle Talberg var blid med oss. Kjem her så mange «illgjerningsmenn» på ein gong? sa han.

Laurdag, ei veke etter brannen skulle vi til Trondheim, og skifte kjel og overhale maskina. Skipperen, og vi to i maskina skulle vera der heile tida, medan han gamle Jakob skulle vera med berre på nord turen, og koma att med rutebåten. «*No, får du Petter gå i land og proviantere*», sa skipperen. Ja eg fekk gå, men ei så underleg provianteiring har eg aldri vore med på. Der var fult av allting der ute på Aspøy skule, men eg kunne ikkje få noko, før dei hadde pakka ut og katalogført behaldningane. Eg svara at båten ligg og ventar på meg og eg forlangar å få så mykje mat at vi fire mann har nok til Trondheim. Jau, dei vart litt rimelegare etter kvart. «*Du kan få noko ost, sa dei, og eg fekk ein halv «slipestein».* (Det var minst åtte kilo.) Så baud dei meg ei stor røykt skinke, og glad var eg. Smør fekk eg ikkje, men så var det brød. Nei ikkje tale om. Eit lite knippe knekkebrød var det heile. Og med det laut vi reise. Vi leita opp gamle harde skalkar, og bløytt og steikte, og så åt vi ost attåt, så vi svalt ikkje. Vi stoppa så snarast på Hildre, og så gjekk vi til Trondheim utan å stoppe. Vi kom dit søndag ettermiddag.

Alle netter vi låg i Ålesund var der losjerande om bord, også damer. Slik var det på alle båtar, for det fanst ikkje hotell i byen. Det var ingen som skjemdest over denne losjeringa. Om bord i «*Bjørn*» var det ingen som misbrukte tiltrua, som dei losjerande kvinnene syntte oss, og eg trur at på dei andre båtane var det sameleis.

Det var ei veldig forskjell på klimaet i Ålesund og i Trondheim. Heime var det S.V. kuling og regn, og eg arbeidde då i varmen. Eg hadde berre dei klede eg stod og gjekk i, og oppe i elva, attmed Bakke bru var det ei iskald snø frå Gauldalen. Eg har aldri frose slik i mitt liv. Dag etter dag kunne vi ikkje sjå Munkholmen ute i fjorden for frostrøyk. Termometeret var sume dagar ned i 30 grader minus. Bakklandet mekk verkstad var tett ned for Bakke bru. Båten vart slipp sett i Ila. Det var såleis å fylje trikken frå Ila til Lademoen, der vi fekk leige eit rom. På trikken hørde dei på dialekta at vi var frå Ålesund, og så grov og spurde dei, om vi såg om Trondhjemsbåtane hadde hjulpt til under dei vanskelege dagane tett etter branden. Men så hørde eg ein som sa. «*Døm var visst lei, åt dem, ja*». Jau, sjølvbevisst kan trøndarane vera. Skipperen såg så lenge på post og telegrafbod, korleis dei entra trikken og hoppa av under fart. Ein gong ville han gjera likeins, og prøva hoppa av før den var stoppa. Det fall ikkje heldig ut. Medan dei som var øvd sprang frametter med god fart, så sprang han beint ut. Han datt i gata, og slo forderva hofta, så han laut slutte sjøen for godt.

Ein dag kom det bod om at ein av oss skulle kome opp til ei doktor frue (Elisabeth Jahn). Eg gjekk, og der var laga til to par underklede, og strømpar, ei overskjorte, ein islendar (*Info 1*), og noko tobakk til kvar av oss. Han Jakob prøvde å tigge litt, og klede fekk han. Han kom att med to «*knipetangsfrakkar*» (*Info 2*) som ikkje nådde meir enn halvvegs rundt den tjukke mannen. Men noko av det han fekk var brukbart. Aldri har klede eg har fått eller kjøpt vore så verdifullt, som disse eg fekk av denne doktorfrua. Eg skulle bringe tomsekken oppatt, og då laga eg eit takkeskriv som vi alle skreiv under på. I Trondheim kunne reieren skaffe pengar. Eg hadde noko pengar til gode, og eg kjøpte ein ganske god blå dress til kr. 35. Ein pjekert (*Info 3*) til kr. 25. Eit par låge, plugga sko kosta kr.7. Ein

brukbar middag på Dampkjøkenet fekk ein for kr. 0,30. For ei forskjell mot prisane no. Om kveldane var vi av og til ute i «Hjorten» Trondheims tivoli. Ein kunne sitte der og sjå revy og anna underhaldning for kr. 0,50 for kvelden. Men den som ville ha der øl eller vin fekk betala ganske annleis.

(Info 1: Islendar er i denne samanheng ein type arbeidsgenser.)

(Info 2: «Knipetangsfrakkar» er vinterfrakkar.)

(Info 3: Pjekkert er ei vinterjakke.)

Kjelen var laga på Hamar, og kom med jernbana til Trondheim. Det synt seg at det var dårleg trekk i den, så det vart mykje forandringar med eldbrygga (*Info 1*), og ymse anna før den vart brukbar. Vi var i Trondheim i sju veker, og gjekk så inn til Hommelvik, der vi skulle slepe ein barklekter til Ålesund. Skipperen var no såpass at han sat på ein stol i rorhuset (*Info 2*). Så vart vi liggande på Bukholmsundet i tre veker, og eksperimentere med å få betre trekk i kjelen.

(Info 1: Eldbrygga er mura opp av eldfaste materialar i kjelens bakkant. Den tenar til å redusere gjennomstrøymingsarealet for flammen, slik at flammen heldes noko tilbake i fyrgangen.)

(Info 2: Rorhuset på ein båt er det same som styrehuset.)

Før eg for frå Trondheim fekk eg brev frå Ole Ullvestad om at han og Marie Halvorsen skulle gifte seg, straks vi kom heim, og at eg måtte kjøpe to fl. brennevin som han skulle ha i bryllaupet. Han skreiv ikkje til svigerfaren, då han truleg var redd for svinn. Så gjekk dei på prestekontoret, dei og båe farane. Og så låg dei brudenatta i overkøya oppover meg. Sjølv om mangt hadde retta seg alt, så var det om lag like gale med losji.

No kom Ole Elias Fjørtoft om bord som skipper. Det er han som stod i Fiskerisoga i oljehyre attmed rattet. Ein dugande mann, men litt tung når han kom bort i brennevin.

Eg var med to turar på Egga (*Info 1*), men måtte så slutte for å reise på «eksis» (*Info 2*) til Nordfjordeid. Og no trudde eg å vera ferdig med «Bjørn», men det går somme tider annleis enn ein trur. Om eksersisen i 1904 er lite å fortelje om.

(Info 1: Egga er skråninga frå kontinentalsokkelen ned i Norskehavet.)

(Info 2: Eksis er det same som militærteneste.)

Så kom eg heim, og rekna med at no vart det vanskeleg å få noko å gjera. Men så ein dag kom det bod om at eg skulle kome i telefon. Det var Oluf Holm. Fyrbøtaren på «Bjørn» hadde halde på og brenne ned kjelen. Dei var på veg nordover, og så var det for lite vatn på kjelen, så øvste røra var tomme. Då maskinisten kom tok han og pumpa kaldt vatn inn i kjelen, og då byrja røra som var turre å leka. Dei laut då blåse av kjelen, og presse røra som lak. Fyrbøtaren hadde drukke noko i Kristiansund, og meir skulle ikkje til. Eg var såleis velkomen att. Vi tok agn i Hellandshamn og gjekk på Haltenbanken. Der var berre brosmme, men eit svært fiske. Det vart 16000 kg på åtte stampar agn. Klokka tolv laurdags kveld hadde han Fjørtoft vaska, og barbert seg, og til den tid skulle siste stubb (*Info 1*) vera om bord. Det skulle ikkje vera helgebruk. Men han tenkte ikkje på oss som hadde 21 timar på heimvegen. Om vi sveitta, fekk ikkje hjelpa.

(Info 1: Stubb er ei mengde fiskegarn som hang saman.)

Neste veke var vi også på Haltenbanken. Då var han Fjørtoft heime. Han Blindheim skulle ha båten, men i hans plass var eg på dekket. Det var ei hard veke, men så hadde vi ein lut til deling attåt hyra. No var vi oppe i Namsen etter agn, og skulle ha med nokre mann frå Rørvik. Men nett då byrja marknaden i Rørvik, og medan den varde var det ikkje råd å få folk på sjøen. Folk bar seg åt som ungar. Dei kørde karusell og hadde alle slags moro. Mykje dans var der også. Og leven natt og dag. Eg såg ikkje stort til omsetning av varer, men litt var det sjølvsagt. Først når marknaden var slutt, bar det på fiskebanken, men no tok det til å haustast. Eg var med «*Bjørn*» nokre turar på kveite, og så i sildefiska, men så skulle «*Bjørn*» gå i agnfarta i torskefiskja og så tok eg og reiste heim, og var med Jakob den vinteren også. Eg viste eg laut på «*eksis*» (*Info 1*) i jonsoktida, og eg tok meg difor sommars rom med han Abraham. Han leigde «*Tordenskjold*» frå Giske, den likaste dekksbåten eg hadde vore med.

(Info 1: Eksis er det same som militærteneste.)

Dette var det kjende året 1905. Eg hugsar kaptein Myklebust då han las opp at «*Våbenøvelsene forlenges inntil videre*». Han som var ein glimrande talar, var for tjukk i målet til å seie noko. Det var alvor over andleta, men i alle sitt andlet kunne ein lesa, at alle ville gjera si plikt. Vi vart der 14 dagar over tida. Så vart alt merka med matr.nr. og namn, og vi fekk reise. Det skulle gå fort om det trengtest å koma att. Også denne gongen var det lett å få båtplass. Ole Ulvestad hadde slutta med «*Vikingen*», og var komen om bord i ein som heitte «*Finnmark*». Han baud meg plass, og eg gjekk om bord. «*Finnmark*» var flink å gå, men noko våtsam. På ein heimtur frå Haltenbanken laut vi slå sakte fart kvar gong vi skulle skifta vakt, for elles var bløyta viss. Eg var med i sildefiskja, då vi dreiv mest utfor Smøla.

Denne vinteren var eg maskinist med den vesle vatn og taubåten «*Nøkk*» som Flatmark åtte. Det var litt av eit hundeliv, og eg lengta attende til fiskebåtane. Det var trivelegare der, sjølv om det var meir av kuling og streiregn. Om bord i «*Nøkk*» var det berre tid å koke kaffi av og til. Middag måtte eg kjøpe i land om kveldane. Det var koseleg i den vesle lugaren, når det brann i omnen, men utpå natta vart det kaldt. Vatn i rommet, og vatn utanfor. Og så var det så einsamt, å ikkje ha nokon å prate med. Det var å farte rundt på hamna, og rundt i byen heile dagen, vatnfilling om bord i båtane, og inn i Vollsdalen etter ny forsyning.

Vi var også mange turar til Sykkylven etter lasta sandprammar (*Info 1*), som vi slepte til byen. Ein gong hadde vi slept lekk elleve skuter inne i sjøisen i Sykkylven. Då vi kom att innanfrå med ei anna skute, og la til ved den ellefte skuta, stod skipperen på skuta (vi kalla han elleve og ein halv) og pumpa. Alt sitt pargas (*Info 2*) hadde han hatt ned i småbåten, og no stod han og sveitta og pumpa, og beit i fanglina så det skulle gå fort å kome i båten. Vi lempa på sjøen noko sand forut, slik at hòlet i båten kom opp or sjøen, og så gjekk vi til byen med berre den.

Men vellæte fekk vi ikkje. «*Hadde de berre late svinet søkke*», sa han Flatmark.

(Info 1: Sandprammar var ofte gamle treskuter, og dei hadde ofte større eller mindre lekkasjar.)

(Info 2: Pargas betyr reisegods eller oppakning.)

Ein gong kom ein taubåt som hette «*Emanuel*» av Kristiansund med to barklekterar lasta med murstein. Dei hadde vore for nær *Skjeggane* (Info 1), så den vesle skuta var noko lekk, slik at vindpumpa (Info 2) greidde lite å halda ho. «*Basken*» låg der og pumpa ho. Men ein kveld kom der ordre, at vi skulle kome. Dei skulda på at sugeslangen var øydelagd. Det var berre lygn, for «*Busken*» karane var leide. Vi fekk det ikkje til å virke, då vi ikkje hadde ventil på sugeslangen. Om bord i lekterane var stor fyllefest. Mannskapet var ramp frå Oslo, og endå fleire av same sorten var komne frå land. Der var ei mengd framande i Ålesund då, som ville være med i jobbinga med å bygge oppatt byen. Der var stort gilde i ruffen (Info 3) med minst to kasser øl, og som ordtøket seier. «*Når ølet går inn, går vettet ut*». For dei byrja å slåst med tomflasker. Ei flaske trefte lampen, og det vart kolande mørkt i Ruffen. No kom dei styrande ut, og låg i ein stor haug, og banka kvarandre. No kom skipperen på «*Emanuel*» rennande og ropte. «*Få vatn på dekk fort, og køyr dankepumpa* (Info 4) *alt du kan*». Eg så gjorde, og han styrde slangen, og fekk styrten rett ned i flokken. Dei for som ungar for vinden, og det vart slutt på slagsmålet. Kaldt vatn såg ut til å gjera god verknad på altfor hissige gemytt.

(Info 1: Skjeggane er nok ei flud/skjer.)

(Info 2: Vindpumpe er truleg ei vatn pumpe som vart driven av ei mindre vindmølle.)

(Info 3: Ruffen er eit beskytta rom på ein båt, som normalt brukast til soveplassar, bysse og opphaldsrom.)

(Info 4: Dankepumpa er truleg ei pumpe i dampmaskina for å regulere overflødig spillvatn.)

Eg tok no til å grunde på kva eg skulle gjera. Å, gå lenger som fyrbøtar, kvitte eg på. Det er eit usunt liv, og dei som dreiv det vart svært tidleg gamle. Dei bråe overgangar frå varme til kulde gjorde at mange vart øydelagde av gikt. Om eg fekk meg ei større maskin, så hadde eg ikkje lov å ha større maskin enn 75 HK. Heime masa far og mor på at eg skulle kome heimatt. Eg åtte då garden, og anten laut eg då gå fire år på mekanisk verkstad, og få maskinsertifikat, eller så laut eg slutte. Og når eg skulle leva i byen i årevis, så vart nettoen mindre enn eg hadde tenkt. Så utpå våren 1906 slutta eg.

Ein dag kom Adolf Støyle (Info: *Støyle 4. Fødd 06.11.1879.*) og snakka med meg. Han hadde nesten kjøpt ein gamal dekksbåt i Vanylven, og denne ville han sete motor i. Og han ville gjerne ha meg med seg.

Med motorbåtar

Eg fylgde Adolf Støyle (Info: *Støyle 4. Fødd 06.11.1879*) til Vanylven, og fekk båten på sjøen, rigga den og tok inn ballast. Så siglde vi til Kilsfjorden, og fekk den på land, og tresaumt (Info 1) og stelt. Vi fekk oss nytt ror i Volda, men smeden hadde brent jernet der jarnstommen var kløyvd, og gjekk attover roret.

(Info 1: Tresaum er «naglar» av tre, gjerne einer.)

(Info: Vi har saumfaret boka til Johan Ottesen «Båtar i Sande», men kan ikkje finna der kven som åtte denne båten som Adolf Støyle (Info: Støyle 4. Fødd 06.11.1879.) kjøpte i 1906. Årsaka til det kan vera at merkeregisteret først tok til å verke i 1920. Der står likevel i Sandesoga at Petter J. Bringsvor d.e. var medeigar i denne båten.

I boka til Johan Ottesen «Båtar i Sande» står fyljande (Side 25): «Balder» M-40-S. Klinka motorkutter bygd i tre i Bjørkedalen i 1916. «Balder» var 36,5 fot lang, 12,5 fot brei og 6 fot djup, og båten hadde ein 4 år gammal Gideon-motor på 20 HK ved registrering i 1920. «Balder» var kjøpt ny av Petter J. Bringsvor d. e, Adolf Støyle, Alfred Bringsvor og Gerhard Bringsvor, alle Sandsøya.

Alfred og Gerhard Bringsvor er brørne til Petter J. Bringsvor d.e.

I 1931 blir det meldt innsett ein 15 år gammal Alpha-motor på 18 HK. I 1934 blir Petter J. Bringsvor d.e. opplyst å vere eineigar. I 1942 er båten meldt opphøgd.)

Petter J. Bringsvor d.e. skriv ein annan stad i denne teksta at gamlebåten vart seld til August Vonheim på Kvamsøy, og det var i 1916.

I boka til Johan Ottesen «Båtar i Sande» står fyljande (Side 21): «Rolf» M-17-S. Klinka motorkutter bygd i tre i Bjørkedalen i 1911. «Rolf» var 32 fot lang, 11 fot brei og 5,3 fot djup, og båten hadde ein 7 år gammal Alpha motor på 11 HK ved registrering i 1920.

Eigarar då var August Vonheim, Petter A. Vonheim og Georg A. Vonheim, alle Kvamsøya. «Rolf» vart i 1927 meldt utrangert.

Dette må være den båten som Petter J. Bringsvor d.e. skriv om og som vart selt til August Vonheim på Kvamsøya i 1916.)



(Info: Vi har ikkje funne bilde av nokon av dei båtane som Petter J. Bringsvor d.e. har vore medeigar i.

Dette er bilde av ein båt som er lik «Balder», som Petter J. Bringsvor d.e. eigde i lag med Adolf Støyle.)

Det var godt med agn og godt om fisk, men veret var dårleg. 15. mai var vi komne ut i Nye havet, og sett ein stubbe, men nordausten auka på så det vart ikkje sett fleire, og vi bakka inn att med to reva storsegl (Info 1) og småklyver. Sjøen vart verre og verre, og eg hadde drukke kaffi, og kledd meg godt, og skulle styre til lands. Eg stod att med mastra, då ein sjø kom kolvane. Han la rekka til lovart flat, og i le for spissbøya flytande over

rekka. Doryen (*Info 2*) var heldigvis på slep. Hadde den vorte fylt på dekk, var det uvisst kor det ville ha gått. Eg kom att i styrehuset, og løyste rortaljen (*Info 3*).

Då såg eg attover. Der låg roret att på sjøen. «Kva skal vi gjera» sa han Anders Støyle. «Ja, sa eg. Vi får vel sigle inn att, sjølv om vi miste roret».

Vi tok inn tredje revet i storseglet, og gav han heile fokka, men enno søkte den for mykje. Så sette vi øyrefiken (*Info 4*) fast på mastra, og då tok det til å gå bra. Vi hadde høgde for å gå inn syd om Dollsteinen, men vi våga ikkje det. Vi hadde to lange årar som vi styrte med. Så gjekk vi syd om Kvamsøya, og kryssa fint nord att på Støylehamna. Det var rorstamma (*Info 5*) som var brend, og når det røynde på då er det alt får prøve seg. Då været vart betre gjorde vi nokre gode turar utfor Sildegapet (*Info 6*), og der var godt om fisk. Ansgar Fiskaa (*Info: Sande N 16. Fødd 13.02.1880. Sjå eige stykke om Ansgar Fiskaa side 194*), som kjøpte fisken, spurde meg ein dag. «Kva trur du om å selje på vekt? Du som har prøvd det i Ålesund?». Eg sa at «vektsal vil vere til fordel både for kjøpar og seljar, for då vil det løne seg å fiske brosme». Prisen var 11 øre for kg brosme, og 15 øre kg for lange, for handkappa fisk.

(*Info 1: Reva segla betyr å redusere seglføringa.*)

(*Info 2: Doryen er ein liten robåt.*)

(*Info 3: Rortaljen er for å overføre bevegelse frå rattet til roret, då dette kunne vere tungt.*)

(*Info 4: Øyrefiken er eit segl som stabiliserer båten.*)

(*Info 5: Rorstamma er ei stong som går frå roret og opp gjennom eit rør, for å kunne bevege roret.*)

(*Info 6: Sildegapet er syd for Stad.*)

Vi var fire mann, og tok ein lott (*Info 1*) for båten, så det var lett å gjera tur. Utgiftene var små. Agn, tre stampar a kr. 2 = kr. 6. Is kr. 6. Bøtingsrigg kr.10, kaffi, mjølk, 5 l olje. I alt kr. 28 - 30.

Tenk så på utgiftene no. I midten av juni slutta vi, og hang linene.

(*Info 1: Lott er ein part av utbyttet / avkastninga som er skapt ved felles verksemd.*)

Så sigle vi nord til Steinshamn for å sette inn motor. Det vart ein fem HK Dansk «Møllerupp». Året før hadde Einar Nøresande (*Info: Sande N 18. Fødd 10.11.1871*) sett inn ein tre HK «Alfa».

No måtte eg reise på «eksis» (*Info 1*) igjen. Eg skulle til Straumshamn i Volda og tinga ein jolle. Eg fylgde dampen til Ulsteinvik. Gjekk så til Kjellsund der eg sov litt i løa hans Svendsen. Så fylgde eg motorbåten hans til Ørsta, og gjekk sundagskvelden dei åtte km til Volda. Måndag fekk eg fylgje han gamle Sjur Straume dit inn, og han var glad å få med ein god roar. Dagen etter gjekk eg dei 39 km frå Straumshamn til Eid, så den gongen var eg trenna å gå før eksesisen byrja.

(*Info 1: Eksis er det same som militærteneste.*)

Då eg kom heim var motoren inne, og dei hadde vore ein tur på sjøen. Vi dreiv utetter hausten litt, men veret var simpelt. Vi prøvde med hyseline, men var for lite kjend på bøtene. Det synt seg at det var ein god skule eg hadde fått om bord i stim båtane, så arbeidet gjekk som ein dans, sjølv om kunnskapen på sandflekkane etter hyse fekk koma etter kvart. Dekket i båten lak stygt, og vi tok derfor og la nytt dekk, og heil bakk, så det

kom seg. Motoren kosta kr.1700. Vi lånte kr.1000 i Voldabanken. Sild og torsk vart det lite av, men sommaren 1907 var det enno betre pris på sommarfisk, og vi fiska ganske godt også syd på Sildegapet (*Info 1*). For innbyggjarane der dreiv så lite då. Eg laut vere heime i slåtten, då far var åt og verta dårleg.

(Info 1: Sildegapet er syd for Stad.)

I 1908 fall prisen på alt slag. Sameleis i 1909. Vinterfisken var kr. fem for 20 kg klippfisk. Men brosma kappa var nede i kr. 0,07 langa kr 0,11 pr. kilo. Å, drive sommarfiske til disse prisar var ikkje gagn i. Og vi let båten stå på land.

Eg var med to veker med Rasmus J. Våge (*Info: Våge 5. Fødd 22.05.1850.*) på «Dolsteinen» (*Info 1*). Men der var utid på fisk også. Så for dei to vekene hadde eg kr. 5 til saman.

(Info 1: «Dolstein / Dolstind» er ein fiskebåt som var heilt nye på dette tidspunktet i 1909 og eksisterte heil fram til 2003, då den vart sletta frå registeret. Båten var kjøpt ny av Rasmus J. Våge, Johan R. Våge, Ragnvald R. Våge, Peder R. Våge og Ivar Follestad. Rasmus J. Våge kom frå Våge 5 og var far til alle ovanfor nemnde utanom Ivar Follestad. Ivar Follestad, kom frå kyrkjesande 3.)



(Info: Bildet er av Dolstein / Dolstind som er nemnd ovanfor her. Sjå meir detaljer i boka «Båtar i Sande» av Johan Ottesen.)

No var det så lite å tene at eg reiste til Ålesund, og gjekk om bord i «Seyfart» som fiskar. Vi hadde tolv kasser agn, og brukte vest om Shetland. Og vi hadde 14 tonn kappa fisk på ti døgn bruk. Og disse 14 tonn gjorde med dei elendige prisane berre 45 kr. på lott. Det var ei skrøpeleg forteneste.

Der skulle no vera «kjelesjau» (*Info 1*), og då spurde eg om å få den. Å, tene ein ti kroning var ikkje lett. Å, losse 14 tonn var ein hard arbeidsdag, og så inn i den tronge kjelen i slik sommarvarme. Ikkje rart eg sovna inne i kjelen. Eg vakna av at nokon trakka meg på føtene. Det var ingeniøren som dei leigde for å inspisere kjelen. Han tok arbeidet godt nok, og eg fekk gå til køys søndag morgon. Då var det godt å få sove.

(Info 1: Kjelesjau betyr ettersyn/vedlikehald av kjelen.)

Eg var med to turar til med «Seyfart». Då var eg i maskina. Eg kom i land måndag, og ringde heim om far levde, og fekk det svaret at han var død for to dagar sidan. Så måtte eg heim og ordne med gravferd, og anna. Eg viste han var dårleg for eg reiste, men den gongen spurde eg om lov å reise, og han gav meg lov. Men når eg no kom att for å fylje han til grava, var eg tung i hugen. Far var ein liten og spedbygd mann, men seig som ei tåg (*Info 1*) i alt sitt arbeid.

På sjøen kjente han støtt sjøverken. Men han helt ut, korso (*Info 2*). Det var då derfrå pengane kom. Men kor trygg eg var for alt heime når han var der. No var han borte, og no fall ansvaret på meg som var eldst. Vist var mor flink, men ho kunne ikkje greie alt. Og brørne mine var for unge enno (*Info 3*).

(Info 1: I boka til Per Sandanger står fyljande om ordet «tåg, tægre»: Lang, tynn trerot. «Disse tægrene kan brukas til vieband».)

(Info 2: Korso betyr likevel eller på tross av det.)

(Info 3: Brødrene til Petter J. Bringsvor d. e, Gerhard og Alfred var ca. 15 og 11 år då faren Johannes døde i 1908.)

Vinteren 1910 vart det bra fiske, og prisane steig noko. Sommarfisken også steig. Kvar sommar dreiv vi ute på botnane. Båten var berre jernsaum i, og den tok til å gå, så det vart mykje lekkasje. Vi tinga då ny båt, berre oppborda, og fekk han Jakob Holm til å hjelpe oss, så la vi sjølve dekket frå gamle båten inn, så båten vart både sterk og god, men motoren var ikkje alltid å lita på. Ein vinter gjekk det hol på sylindrane, og eg reiste til Ålesund, og fekk nye sylindrar. Den vart no Alfa system, og farta vart langt betre, men dette tolde ikkje krumtappen, så våren 1913 gjekk den i filler, og vi laut få slep i land. No fekk vi inn ein elleve HK tung bygd Alfa, og det vart god motor. No når vi kunne lita på motoren, kunne vi legge planar, og få alt til å klaffe.

I 1910 var eg til Island med ei gamal ishavsskute som heitte «Helga». Vi salta det vi fekk, og det vart opp i 850 tynner. Prisen var då vi byrja på heimturen kr. 0,24 pr. kg. I staden for å treffe Stad som skipperen Sigvald Brandal trudde, så kom vi midt inn på Folla/Folda (*Info 1*). Då vi kom til Kristiansund var prisen 22 øre, men då vi kom til Ålesund fekk vi ordre om å lake og legge silda på land. Då det var gjort var prisen 15 øre kg. Endå ville vi selje. Nei no skulle silda ligge til ho steig. Men der vart inga stigning. Og ingen har vore der og spurt etter oppgjer, for vi var sjølvsagt skuldige.

(Info 1: Folla/Folda er eit ope havstykke i Trøndelag, som strekker seg frå Buholmråsa fyr til Gjeslingan fyr og Grinna fyr. Dette er ein distanse på 30 nautiske mil, som er vorte kalla «havets kyrkjegard».)

Mellom andre som var med på den Islands turen var også ein tremenning av meg, Johan Øye frå Ørsta. Vi var i lag opp på kontoret hans Knudsen på Skjerva kvelden før vi reiste. Eg fekk 50 kr i forskot på turen, og eg ordna pengane sendt heim til mor. Johan Øye fekk

kr.75, for det var så smått om pengar heime, sa han. Noko det slett ikkje var. Men Ørstingane kan ordne seg i pengevegen. På turen hadde ingen av oss pengar, då vi ikkje selde sild på Island. Og då eg kom i land i Ålesund laurdag kvelden, hadde eg ikkje eit øre. Eg gjekk så inn til kjøpmann Olaf Knudsen, der eg brukte å proviantere, og lånte ein fem kroning. Om kvelden eg kom om bord var Johan Øye komen. «*Kva du har til pengar?*» sa han til meg. Og eg fortalde kor det var. «*Du kunne fått lånt med meg*», sa han Johan. «*Ja men har du pengar då?*» spurte eg. «*Ja, du hugsar vel at eg fekk kr.75 med han Knudsen kvelden før vi reiste*», sa han Johan. «*ja, hadde disse rampane om bord visst at du gøymde pengar i køya, så hadde dei vore stolne frå deg for lenge sidan*», sa eg.

Gamle «*Helga*» var ei noko stor skute, men med ei ynkeleg fart. Ho gjorde berre fem mil i stilla, men når vi fekk på henne klyver, fakke, storsegl og mesan (*Info 1*), skuffa ho i veg som andre båtar. Året etter vart ho skrua ned i isen, og dei vart kvitt den gamle holken.

(Info 1: Klyver, fokke, storsegl og mesan er forskjellige type segl.)

Vinteren 1911 var ikkje noko godt fiskeår. Prisane var låge, og lite fisk. Når slåtten var over tok eg ein tur til byen, for å sjå om der var noko å gjera. Eg trefte Oluf Holm i gata, og han spurte om eg var ledig. Om så var kunne eg byrja om bord i «*Bjørn*» i morgon. Såleis kom eg no om bord i «*Bjørn*» tredje gongen. Maskinist Halvorsen var død, og Andersen som no var maskinist var frå Askøy, ein vaskeekte stril, gammal ungkar. Og for utan hyra si, som han hadde kjøpt skipsaksjar for, dreiv han også å jobba på aksjar. Skipper då var Peder Årset frå Ellingsøya. Det var dugande mannskap om bord, og eg treivst godt. Vi var to turar på Tampen (*Info 1*) og ein på Haltenbanken (*Info 2*). Sidan var det å ligge vestpå i «*Bota*» (*Info 3*) etter kveite.

(Info 1: Tampen ligg vest av Svinøya.)

(Info 2: Haltenbanken ligg på høgde med Trondheim.)

(Info 3: «Bota» er truleg ved Tampen.)

Storfiskaren då var Karl Gudmundset på «*Skolma*». Vi kasta han stundom så nær, at vi kjende mennene på dekk. Men hadde vi 600 -1000 kg, så hadde han Gudmundset 6000 kg. Det var tider, då vi kunne telje 15 dampar, så nær at vi kjende dei.

Ei natt, med stille og regntjukke var vi på veg heim. Det var åt og synte dag så smått. Eg hadde vakt i maskina og, så gjekk eg att på dekk, reiv av ei fyrstikk og såg på logga. Då eg kom framover dekk, spurde Johan Arset, bror til skipperen, kor mange minutt vi hadde. Eg svara, at det var 78 kvartmil i land då. «*Ja, då vart det over 80 kvartmil i land då*», sa han, «*for vi er åt og ser brukarar inne på Botnane*» sa han. «*Skal tru kva slags båtar du ser*» tenkte eg. Det er best å gå ned att der eg skal vera. Då eg var komen midt i leideren slo telegrafan full fart attover. No kom nordvesten, og dei la båten på vinden, og bakka med sakte fart, medan dei gjorde klar loddet. Eg sto oppe i døra i akterkant av keisinga (*Info 1*) og såg tre små holmar. Men sidan vi styrte mot nord, så drog det seg i hop til to holmar. Loddet synte 50 famnar (*Info 2*) vatn. «*Jau, det er greitt dette her*», sa skipperen. Det er «*Bukketjuane*» ut for Stad. No var det ljost, og eg fekk frivakt. Men eg stoppa fram med rorhuset og hørde på ordsiftet. Og Tjuven var det, det var dei samde om. Men då eg gjekk forbi, så sa eg: «*Det er ikkje Tjuven*». Skulle det vera noko utfor Stad så må det vera Berholmane, og djupta stemde. «*Men det er ikkje det heller*», sa eg. «*Kva er det då?*» sa skipperen, og han var raud av sinne. «*Jau, eg trur det er Storholmen utfor Vigra*», sa eg. «*Å, reis og ryk*», sa han. Men no fann eg det rettast å gå i lugaren. Det siste eg hørde var

frå han Johan Årsæt. «*Lat meg no styre på S.V litt. Dersom vi der får denne holmen i tre, så er det han Petter som har rett*». Dei så gjorde, og fekk kjenning på Storholmen. Eg visste at han Årsæt var sinna. Det hørde ikkje til fyrbøtarane sitt fag, og legge mot skipperen om landkjenning. Eg sat og drakk kaffi oppi den nesten tomme matskuffa mi. Han Årsæt sat inne i sin lugar, og ingen av oss sa noko. Best det var stod han og såg ned i matskuffa mi. «*Du har ete opp all godmaten du*», sa han. «*Kom her skal du sjå*». Men eg var ikkje snar nok, som den kjempekar han var tok han meg i trøya, og lyfte meg inn i sin lugar. Og så kom han med spekekjøtt og andre delikatesser. Der sat vi då og kosa oss til vi nærma oss byen. Der var ikkje fyrar på Storholmen og Buholmen då.

(Info 1: Keisinga på ein stimbåt av denne årgang, var truleg utforma som eit kasseforma overbygg på skipsdekk, der ein hadde tilkomst til dampmaskina.)

(Info 2: Famn er eit eldre lengdemål som var definert som 6 fot. Ein fot var ca. 31cm. Ein famn var altså ca. 1,85m.)

Den vinteren var det i november noko sildefiske på fastgarn (*Info 1*) frå Vikna og langt nord i Nordland fylke. Så skulle vi dit. Vi fekk med 500 tomtynner, som skulle losast i Karstenøya på Vikna, som Holm åtte, og som sonen Sverre Holm styrte. Det var kuling nordover. Vi låg ei natt på Tyrhaug, og han bles så, at vi laut gå oppunder Auken om natta. Vi stoppa ei natt i Bessaker der kona hans Årsæt var i frå. Der i frå fekk vi los til Rørvik. For den tida var leia gjennom Flatauger ikkje merka opp, så det var uråd å gå der etter kart. Då vi endeleg kom til Karstenøya var veret bra. Vi lempa tønnene på land, og greidde tre setningar på 15 garn i kvar. Ingen av oss hadde vore der før, og leia var noko krunglete. Ei mengde holmar som alle var like låge, men med bra djupe renner mellom holmane. Eg fekk frivakt i middagstida og gjekk å rusla på dekk. Då ropte han Årsæt, at eg skulle kome opp i rorhuset. «*Styr ei stund, så eg får meg middag*», sa han. «*Her er vi*», og så kryssa han med blyanten på kartet. «*Javel, trur du meg så godt, så skal eg greie det eg*», tenkte eg. På ein plass var så trangt, at seglløpet vart borte gjennom sundet. Eg grunda på å slå sakte fart, men rett var det, og då fekk det våge seg. Djupt nok var det, men eg såg berget på båe sider. Då han Årsæt endeleg kom att, peikte eg på kartet kor langt vi var komne, og så gjekk eg. Når han hadde åtte mann nedpå dekket, så var det no litt rart at han bad fyrbøtaren kome å byta for seg. Men ingen sa noko, og eg kjende meg litt stolt over å væra synt såpass tillit.

(Info 1: Fastgarn er vel garn som er festa til botnen.)

Vi sette garna, og fann oss ei god vik å tørne på. Om morgonen fekk vi 45 sildar, ei på kvart garn. Då vi kom attende til Karstenøya fekk vi vita at no var sildefisket byrja på Titranhavet, så no var det og koma seg dit. Vi låg ei natt i Rørvik, men så gjekk vi natt og dag sørover. Ei natt låg vi på Magerøya på innsida av Skeia. Det vart ikkje mange nøter vi dreiv på Titranhavet, det var mest utanfor Skolmen. Vi gjekk då oftast Gripshølen inn og ut frå Kristiansund.

Eg la merke til ein av karane, som alltid gjekk og rak fram på dekk når vi var på innover tur frå feltet. Ein dag fekk eg han ned på maskinbenken og fekk vite noko av livssoga hans. Han hadde vore skipper på seglskøyter, og litt med fiskedampar også, men han hadde vore så nervøs, at han ikkje torde gå til køys, om han var aldri så trøyt, før vi var komne innanfor Grip og hadde reine Talgsjøen for oss. Han hadde vore to gongar ille ute utanfor Smøla. Der er berre den låglende øya med ei mengd skjer og grunnar. Så ein kan drive opp i falla før ein veit ordet av, når straumen set på land. To gongar hadde han vore

med å kappe lenka ute i Smølafalla, og så gått ut att der som braut minst. Og eg syntest ikkje det var rart at nervane hans hadde fått ein knekk. For nervesystemet er eit finstilt apparat, og nervøsitet er ein ikkje sjølv herre over.

Ein gong var vi ein mann for lite, og eg skulle arbeide på dekk i hans stad. Det bles godt av S.V då vi for innover. Vi hadde 140 mål (*Info 1*) sild på dekk, frå gangane til framom luka. To av karane skulle tette klyssa (*Info 2*) med tomsekkar, men sjøen sprengde dei laus og fylte fordekket.

Eg sat og drakk kaffi, og hørde på hyla frå dei to oppe på dekk. Eg la øyra til skotet, og hørde kva omdreining maskina hadde. Og så sprang eg opp, somla meg attover silledungane og ned i maskina, og slo av farta. Andersen var ikkje blid for det, men då eg sa at båten heldt på å verta nedgraven, så fann han seg i å gå med om lag halv fart til vi kom lenger inn, og sjøen vart smulare. Ein gamal Ørsting, som vi kalla Hovde, har titt mint meg på den natta, når vi møttest av og til seinare.

(Info 1: Eit mål sild er 150 liter.)

(Info 2: Klyssa er hol for ankerkjettingar frå dekket (ved baugen) av båten ut gjennom båtsida.)

Ei natt låg vi i Fosnavåg for kuling. Då vi om morgonen fyrte byrja sikkerheitsventilen å blåse på 40 pounds trykk, medan den før bles når det var over 80 pund på manometeret. Dette var trollskap, og vi skjøna ikkje kva det kom av. Vi ballasta ventilen med ei fjøl og ein stein på, og så skulle vi til byen og få fagfolk om bord, og sjå kva trollskap det var. Vi gav maskina full fart då vi for nord Rundesundet. Og ho trippa i veg, så det var svært. Og dette var den sværaste farta gamle «Bjørn» nokon tid hadde hatt. Eg er viss om at båten gjorde 12 mil i vakta. No fann han Andersen på å opne døra til stimboksen og kjenne på kranene. Der hadde han skandalen. Kranen til manometeret var nesten stengd, og då han opna den, så fauk visaren på manometeret opp i 120 pounds trykk. Eg sette på trekklukene, og fekk trykket ned på 80 pund, som det skulle vera. No varsla maskinisten, at dei kunne gå kvar dei ville, før no hadde vi funne feilen.

Det vart så at vi fortsette nordover for silda var ikkje kome på Svinøyhavet enno. Då han Andersen kom ned i maskina skulda han meg for å ha skrua att kranen til manometeret. Eg vart sint: «*Trur du at eg som var med då alle kraner vart sett på kjelen, og som kjenner denne maskina som mi eiga bukselomme kunne stenge krana?*» sa eg. «*Men vil du høyre kva eg trur?*». «*Jau krana til linespelet og krana til manometeret er heilt like, og dei står over kvarandre. Når ein av gutane har stengt krana til linespelet, så har han teke feil, og stengd manometeret i staden. Men ikkje stengt betre, enn at litt damp kom i røret.*». «*Ja, der har du det*», sa han, og så for han i lugaren og lova streng straff dersom nokon vågde seg inn på stimboksen. Når linespelet skulle opnast eller stengast skulle dei berre varsle maskinfolka.

No vart det drevet på Grip og Smøla feltet resten av sesongen. Vi gjekk Gripshølen når vi var lengst vest, og når vi dreiv av nord om Veiholmen gjekk vi inn Ramsøyfjorden som er grensa mellom Sør Trøndelag og Møre. Ein tur derifrå og til Kristiansund tok mange timar.

Ei natt på frivakta, fann eg på å skrive et julebrev til ho som seinare vart kona mi. Eg hadde dårleg tru, men då der kom svar frå henne noko seinare, så stod der, at «*vi kan no diskutere saka*». Det var såleis ikkje heilt vonlaust. Eg var no over 30 år. Når eg var heime masa mor på, at ho tok til å verta for gammal, og at eg laut sjå og finne meg eit koneemne.

I Kristiansund var ei svær samling med framande fiskarar. Mørebatane var vel 80 -100 båt. Og der var også mange båtar både frå Nord-Norge, men også frå Bergen, Stavanger, Haugesund og Florøy. Hamna i Kristiansund tok mykje båt, og når det ikkje var sjøvêr, var det båt i båt oppe i Vågen på «Kjerklanne». Sjølv sagt var der noko fyll om kveldane. Og på Vågaveien var alt anne enn trygt, men eg som til kvar tid var edru, vart ikkje utsett for overfall. Men den som ville slåst, fann lett anledning til det. Der var ikkje lite arrestasjonar.

Dagen før julaftan gjekk vi ut Sørsundet. Var det brukande ver på feltet skulle vi drive. Og var det ikkje sjøvêr, skulle vi gå til Ålesund til jul. Tre av karane hadde vore i land og tulla i seg noko styggedom, mellom anna «Politur» (*Info 1*). Og dei var ruskne gutar då vi fekk dei om bord. I sær var han Sigvald umogleg. Han ville slåst med skipperen. Men han ga han berre eit trykk i brystet så han for rullande mot le reke. Det var kuling på Hustadvika, så vi skulle gå til Ålesund. Eg og sturten og to andre, stod akter for keisinga og såg på oppstyret med han Sigvald og skipperen. Han Sigvald prøvde fleire gongar å få slag på skipperen, men vart alltid møtt av Peder Årset sine kjempekrefter. Best det var, sprang Sigvald bort i babord vant, og for som ein apekatt opp i riggen. Snart var han oppe i toppen og heldt i spydet på fortoppen. Skuta slingra svert, og der brotna mastetoppen som Sigvald heldt i, og han gjorde eit rundkast i lufta bakover og då var han komen nedom godset på masta. No hadde han såpass sjølvopphaldsdrift, at han slo armene rundt vanta. Så breidna (*Info 2*) vanta nedetter, og han kom så fint glidande ned etter vanta (*Info 3*). No stod tre mann ferdig og ta han. Fekk han i lugaren og låste døra. Hadde det vore smult vatn, så hadde han dotte ned i vinsja og slege seg i hel, for mastra var vel ca. 40 fot høg. Hadde han gått over bord ville nok propellen gjort av med han. Men at båten slingra som den gjorde, var det som berga han. Han var Nordmøring. Han var svær og preike på Frimisjon sine møter. Men eg tolde lite å høyra på han. For han levde ikkje som han preika. Han stal som ein ramn.

(Info 1: Politur er møbellakk som vart sniffa som rusmiddel.)

(Info 2: Breidna betyr i denne samanheng at avstanden mellom vanta aukar.)

(Info 3: Vant er tau som går frå toppen av masta og ned på til ripa på begge sider av båten, for å halde masta på plass, ofte to stk. på kvar side.)

Om hausten, då vi låg stille nokre veker og pussa opp, hadde vi ein god del salta aure og blå lange, som vi skulle ha til kokefisk når vi låg stille. Ein mørk kveld trefte eg han med ei tung bøl av kokefisken vår, som han for heim med. Dessutan gjekk kaffien og anna sams proviant urimeleg fort, då når vi var berre fire mann som brukte av samsen. Det var såleis ikkje tvil om at vi fødde familien hans også.

Nett då han Sigvald datt ned frå fortoppen gjekk vi forbi to båtar frå Sunnmøre. «Lyren» og «Isrypen» og vi hadde då ein av dei på kvar side. Om kvelden då vi hadde tønna ned på den høge muren attmed molovegen stimla der til ei masse folk som ville vita kva for ein mann vi hadde mist på Hustadvika. Vi svara at vi ikkje hadde mist han, merkeleg godt gjort, men at han låg og sov i køya si. Det synt seg at han hadde ikkje anna mein av luftfarten, enn at han hadde skura noko av huda bort på låra.

Denne jula slapp eg ikkje heim, men laut kampere i byen. Det var maskinisten, ein Hjørundfjording som heitte Simon, og eg. Julaftan provianterte vi godt, med kjøtt til alle tre juledagane. Så kjøpte vi bra med lesestoff, og så gjekk også dei dagane. Det var så

gnistrande kaldt at bortsett frå ein tur på Frelsararmeen juledagskveld, så låg vi om bord heile tida. Maskinisten var overkock. Når vi var ferdige med middagen sette vi, «bakker» og «pletter» i ein «pøs». Neste middag tok vi andre kjørel (Info 1). Då sturten kom fjerde juledag fann han alle sine kjørel beinfrosne utfor byssedøra. Og det var nokre velmeinte ord han sa om kva slags griser som hadde vore her i høgtida. Men vi brydde oss ikkje stort om han.

(Info 1: Kjørel eller kjørel er små og store fat, boller, kopper o.l.)

Så gjekk vi nordover att, og gjekk ut Budadjupet. Vi merka litt landvind ut Romsdalen. Men nydeleg ver, og åtte -ti grader kulde. Vi grunda på kvifor det ikkje kom ut båt frå Kristiansund, men det gjorde det ikkje. Utanfor Smøla var det berre ei par plankjøle som rækte seg ut. Men seisnøret fraus berre det låg ei ørlita stund på dekk. Vi fekk ca.100 mål (Info 1) sild. Men di lenger inn vi kom di hardare vart landvinden. Og då vi kom inn Nordsundet fekk eg ordre om å klive opp i skorsteinen, og brenne fløyterøret som var frose. Eg fekk det opp tint, men du styggheit kor eg fraus. På hamna i Kristiansund var alle vinsjar i gang, for at dei ikkje skulle fryse. Der var då 15 kuldegrader, og ein galen landvind, så flåten låg inne for kuling, medan vi som kom frå sildefeltet hadde hatt berre god ver der ute. Silda gjekk tynnare då enn no. På fire år var vi aldri over 140 mål, men oftast 40 - 50 mål. Og eg hugsar kva bråk det var då. «Njørd» kom inn med 300 mål. Så stor fangst hadde aldri kome inn til Kristiansund. Det vart litt landligge etter jul, og oppe i byen heldt dei fram med juletefestane helt til kyndelsmess (Info 2). Noko var vel å kose litt for fiskarane, men mest for å samle pengar til sine foreiningar og misjonar.

(Info 1: Eit mål er 150 liter.)

(Info 2: Kyndelsmesse er 2. februar.)

Først i februar var vi ute for ein hard S.V inn att frå feltet. Og bra med sild, og då vart det same historia som eg har fortalt før, at båten fylte seg framfor silledungen og ville ikkje renne ut att. Mannskapet streika. Dei ville gå til Ålesund, og få ein svalkport (Info 1) på kvar side.

Dessutan var bakselukene (Info 2) ikkje som dei skulle vera.

Dei flytte seg og sto ikkje fast. Så det var ofte eg fann ein stamp sild i kvar kolboks. Då vi så kom heim tykte eg det var for lite tid å vera med nordover att, så eg ville slutte. Men først hadde eg ei feide på reiarens sitt kontor med sturten. Eg hadde sett så mykje kjeltringskap av han at eg var noko tung i orda, om samsen, kokefisker og ymse anna. «Trur du æ er nokon kjeltring då?» spurde han. «Det har eg ikkje sagt, men eg har aldri halde deg for nokon helgen» sa eg. Holm mora seg kosteleg, og seinare brukte dei å skremma han med at til våren skulle eg om bord att. Noko som aldri vart.

(Info 1: Svalkport er luke på sida av båten, slik at sjø som kjem inn på dekk renn ut.)

(Info 2: Bakseluke er til for å fylle kol om bord i ein dampbåt.)

Så kjøpte eg torskegarn for pengane eg hadde tent, og reiste heim. Noko storfiske vart det ikkje, men det var no oppgang både med fangst og pris. Vi dreiv nokre netter etter silda også. Ei natt sette vi nord om Svinøy, og langt til havs. Vi heldt på å drive i hop med «Polara» frå Remøy, men han drog opp og flytte vestover. Då han var borte fekk vi drive, og vi sette vakt og sov. Straumen sette oss syd om Alsegga, men der vende den og sette oss V. N V over. Klokkå fire kom Adolf og ropte at lenka sokk. Eg fann meg eit par trelappar (Info 1) og sprang opp. Eg hala kabelen (Info 2) fint inn i det stille veret, men då

den andre stjerten (*Info 3*) var for baugen, laut eg vera snar å setja fast, for då sokk ho. Vi hadde ikkje patentrull (*Info 4*) og det var uråd å få inn noko. Men så vi ein båt kome utanfrå. Eg gjekk i jollen, og kom på praishold (*Info 5*). Dei hadde ikkje fått noko, og når dei no hadde fått seg mat skule dei kome og hjelpe oss. Det var August Vonheim og Petter Skarmyr dette her. Dei la sin båt atti vår, og så var vi elleve mann på kabelen. Spelet vann ikkje noko med det. Men vi hala når båra gav. Og på den måten fekk vi lasta passeleg dei to båtane våre av elleve garn. Dei fem garna i enden hadde vi drege såpass etter botnen, at midtgarnet var vekk. Kaggen (*Info 6*) var sprengd, og dei som var i enden var fulle av leire.

(Info 1: Trelappar er det same som treskor.)

(Info 2: Kabel var eit tjukt, langt tau som alle garna kunne vere festa til (under).

Nødvendig for å halde garnlenka saman i dårleg ver.)

(Info 3: Stjertar er taua som går frå kabelen og ned til garna. For å regulere kor djupt i sjøen garna skal stå. Sjå teikning side 29.)

(Info 4: Patentrull er ei vinsj for å ta inn kabel.)

(Info 5: Praishold betyr å kome så nær at ein kunne snakke saman.)

(Info 6: Kagge er flytebøye forma som ei lita tretønne. Brukt som bøye under fiske.)

I 1913 var det ein uversvinter. Og det var lite å gjere på sjøen. Silda vart nesten ingenting av. Men det var gode utsikter for torsk. Det byrja med snørefiske ute ved Djuprenna (*Info 1*), og rak ein så ut og nordover søyla, så var torsken tjukk, 30 famnar unna båten. Det var berre så sjeldan det var ver å vera der. Sidan trakte torsken innom Svinøya, og der stod den 30 famnar djupt, heile vegen frå Søre Hammaren (*Info 2*) til Skagryнна (*Info 2*). At her vart garnfiske når torsken tok botn, var vi visse på. Og det bar til å sette torskegarn. Vi hadde fått ut to setningar, med 30 garn i kvar, men til slutt sette vi den tredje setninga også ute på Kjeipbotnen (*Info 3*).

(Info 1: Djuprenna er utfor Svinøya.)

(Info 2: Søre Hammaren og Skagryнна er innafor Svinøya, og nærmare land.)

(Info 3: Kjeipabotnen er nord for Svinøya.)

Dette var første året vi brukte garn som var 35 masker djup, så denne siste seta sette vi store voner til, då alle garna var nye. Morgonen etter når eg kom nord på Haugen såg lufta stygg ut. Og kuling var det, men enno var sjøen smul. Karane var gretne, for alle garna vi hadde ute, og at veret såg så stygt ut. Eg svara ikkje men styrde utover for segl og motor, så karane trudde eg var galen. Eg leita opp luenden (*Info 1*) på Kjeipbotnen, og bad dei hale inn. «Vi greier ikkje andøve (*Info 2*) han», sa dei. «Så tak garna inn over bakken, og gå på alle mann, og drag i rommet», sa eg. Vi fekk seta med oss, men no rauk det så smått etter romesjøen. Når vi no hadde berga den verdfullaste garnseta, så fekk resten stå. Men som eg angrar, at eg ikkje la i ei setning (*Info 3*) til, så hadde vel den også vorte berga. Om morgonen etter var det eit himla hav. Der braut grunnar som sjeldan braut. Uveret stod på i fem dagar, og då vi kom på sjøen var ingenting å finna. Alt var reist. Garnvelter syd frå hadde sopt med seg her ute, alt som ikkje rak bort av seg sjølv. Og då her så kom tidend (*Info 4*) gjennom oppsynet om garnvelter her og der, gjekk det mange dagar, å farta rundt og greidde garnvelter, og samla saman molane. På disse turane var vi ofte folk frå fleire lag. Vi var til Moltu, Fosnavåg, Ulsteinvik, Blindheim på Vigra. På heimvegen frå Vigra fann vi nokre i Godøy også. Dessutan fekk vi litt taug og garn, som andre båtar hadde berga. Det vi fekk att såleis var ikkje brukande det året, men sumt kunne brukast seinare. Tett før påske sette vi nyseta (*Info 5*) utanom Svinøy, og påskeaftan fekk vi 500 torsk i ho.

Vi sette ho ut att, og fjære påskedag fekk vi 500 til. Eg la merke til at all torsken var daud, og eg foreslo at vi skulle flytte seta inn på Skagrynna, då fisken er reist forbi her. Ein av grannebåtane kom og sette der vi drog opp, og vi gjekk dit og hadde snakka om. Om morgonen fekk denne båten 30 torsk, medan vi fekk 350. No sette vi alle våre garn. På Skagrunna og utanfor Hynne bodane (*Info 6*). Og i 14 dagar var det berre å gå oppatt same medene (*Info 7*), og så la gå att. Vi fekk noko over 7000 torsk i alt. Om lag eit tusen kroner på lut. Og av dette var 4000 fiska i garnseta som vi berga under uveret. Men vi rekte opp dei garna, men eit garn utan skot (*Info 8*) var berre sju kroner den tida. Prisen på fisken var åt og kom seg, det var vel av di verdskrigen nærma seg. Om sommaren fekk vi også ein grand (*Info 9*), så dette året tykte vi at det gjekk godt ann å drive.

(Info 1: Luenden er den sida som vender mot vinden.)

(Info 2: Andøve betyr å køyre sakte for å holde båten i ro.)

(Info 3: Dette er ei garnset.)

(Info 4: Kan tidend her bety opplysningar?.)

(Info 5: Ei set er ei samling av garn, og er alle garna nye så blir det nyseta.)

(Info 6: Bodane er det same som skjer eller fluder i sjøen.)

(Info 7: Mede/fiskemeda betyr identifisering av fiskeplass basert på fleire faste punkt i land.)

(Info 8: Skot /skotet på et fiskegarn er de tauane som er festet i overkant og underkant av fiskegarnet. Til tauet i overkant av garnet festes kork, glaskuler, blåser ol. for å skape oppdrift. Til tauet i underkant av garnet festes tunge ting av stein og metall ol. for å stramme opp garnet. Telne er også et namn på det same. Sjå bilde side 29.)

(Info 9: Ein grand betyr her ein del eller noko.)

Vinteren 1914 var eit storår med torsk. Vi fekk nesten 1700 torsk på luten. Det vart mykje å gjera å få tørka all denne fisken. Vi var tre brør, og tørka på hjell, så vi hadde i alt 7000 torsk å arbeide med. Når vi fekk noko tørt, så selde vi, for å få det unna. Vi fekk levere 3000 til slåtten. Men då vart det berre varme og skodde, så det var lite ein fekk tørka fisk. Eg var ute to-tre turar med line, men det var lite fisk.

Så kom krigen, og det vart noko vågalt å vera der ute. Då eg skulle sjå på fisken syntet det mit (*Info 1*). Vi fekk levere 2000 i Ålesund mot litt avslag i prisen for miten. Dei siste 2000 tok vi opp på Hovdebuda, vaska den i lake, og tørka den rundt veggjar og tak i omnsvarmen. Og så bøtte vi garn medan vi arbeidde med fisken.

(Info 1: «Mit» er små gråsvarte dyr som sette seg på tørrfisken dersom den var dårleg tørka.)

I oktober slo vi lag med svograne mine, skulle verta. Dei hadde eit liknande parti, og så gjekk vi til Kristiansund med den. Og handelen var brukbar den.

Det året vart eg innvalt i likningsnemnda, det første steget på den kommunale bana.

I 1915 var det også ein uversvinter. Til sildefisket var det dårleg ver, og så var no båten for liten til det bruk, men det var utruleg at vi kunne greie såpass med den vesle båten. Båra var tung då torsken skulle botne, så dei fekk lite roa seg ute på dei vanlege gytebankane. Men torsken er ikkje så dum som den ser ut til. Når det ikkje var fred å få der ute, så stakk den berre inn i fjordane. Den var først i Selje og Barmsundet. Men også her kom den inn. Det var bra fiske i Haugsfjorden, frå Hauge til Klovning. Men så frettast (*Info 1*) det at torsken var komen inn i Vanylven, og så for vi dit. Og sjølv om det var kuling og tung sjø

utanfor, så var det lunt å drage garn utom og syd om kaia på Fiskå. Vi tok det ikkje så nøye med setningsreglane, og det var ikkje nytt at vi sette nede kvarandre. Og ein dag låg vi kloss inn i sida hans Olai Vikene (*Info 2*) med «*Forsøk*». Og medan gutane løyste av garna og smaug klar, skreva eg over rekka og var opp i rorhuset til han Vikene. Det er einaste gongen eg har prøvd å gå opp i rorhuset på grannebåten medan vi drog garn og eg tvilar på om han Vikene heller har prøvt det.

(Info 1: Frettest betyr at dei fekk informasjon. Rykta gjekk altså.)

(Info 2: Myra Uplassert, Kvamsøy.)

Då veret vart betre flytte vi heim og dreiv der i frå. Det vart ei god fiskje også det året. Berre eit par hundre fisk mindre på luten enn i fjor.

Den våren fekk eg utferdshugen i meg att. Eg silte torsken opp or saltet, og reiste til Ålesund og spurde etter rom til Island på torsketur. Eg fekk vite at «*Hai*» mangla ein mann, og eg gjekk ut på slippen for å snakke med skipperen. Nede på slippen trefte eg Laurits Nybø som var maskinist der om bord, og eg prata ei stund med han. Då eg trefte skipperen kunne han ikkje seia noko visst. Eg fekk vente ei stund, det var nokon han skulle snakke med. Han hadde sett at eg snakka med Nybø, og då dei hadde snakka saman, ropte han på meg, at eg kunne få plassen. At Nybø hadde gjeve meg anbefaling er eg viss på. Det gjekk noko tid før vi fekk agn, så først tredje juni for vi ut Mologapet, der ho som eg vona å verta gift med når eg kom att, stod og vinka på kaia. Sundag etter middag såg vi land der borte. Lufta er klarare der enn her, når det ikkje er skodde. Og den høge Dalatongen (*Info 1*) syner seg langt til havs. Då vi var ferdig med middagen, fekk vi ordre om å byrje å egna. Fiske var ikkje «svart» (*Info 2*), 100 - 150 stk. på stubben, men fisken var så stor, at det var reint slit og få den opp på rullen. Linekastarane var ikkje kome i bruk enno, så det vart å kaste denne ein famnslina med hand. Alle dei tre som var på tørn saman med meg skaut seg attom, og eg vart kastar på vår tørn heile turen. Eg vart så plaga av «jøm» (*Info 3*) i hendene, at dei vart tjukke som stokkar. Det såg først ut til at eg måtte slutte å arbeide, men etter 13 dagars bruk gjekk vi inn til Seydisfjord (*Info 4*), der vi skulle levere den fisken vi hadde. No var eg på apotek og kjøpte kvit kamferolje, som eg masserte hendene med, og då vi gjekk ut att måndagskveld var dei nesten normale.

(Info 1: Dalatongen som syner seg langt til havs, er noko uklart kva er for noko. Der er i alle fall ingen stad på Island som heiter Dalatongen. Det er kome forslag om at dette kan ha noko med vulkansk aktivitet å gjera. Lavatungen frå et utbrot har vore nemnt.)

(Info 2: Når fisket ikkje er «svart» så betyr det at det ikkje er så ille. Heller ganske bra.)

(Info 3: Jøm er ein hevelse med verk i musklane på grunn av einsidig og uvant arbeid.)

(Info 4: Seydisfjordur er vel den rette skrivemåten på Islandsk.)

Men det var herleg og rusle rundt i Seydisfjord sundagskvelden. Eg gjekk forbi ein mann som strevde og sette poteter. Åkeren var noko slikt som 40 rutemeter. Og eg undrast kvifor han nett skulle bruke søndagen til dette arbeidet, når åkeren var så liten.

No gjekk vi lenger vestover, og brukte utanfor «Nardfjard». Der ligg eit skjer langt i havet som heiter «Hvasbakk». Der hadde vi nokre dagar godt fiske, med 550 torsk på stubb. Så han gamle Ellingsæter hadde vanskar med å flekke unna. Men siste dagane vart det vanskeleg å finne att torsken. No var agnet slutt, og det bar på heimveg. Vi fretta at heile vestkysten var blokkert av drivis, så der ville ikkje vera noko å gjera då, men med

sønnavind og godvêr, ville den snart reise. Vi fekk godt ver på heimturen, og fekk vera heime ei veke.

Då var det å gjera klar for sildetur. Det synte seg at kameratane heime, som tørka fisken sin, hadde 350 kr. i fortieneste på tørkinga. Så eg hadde berre 100 kr. i vinst på Islandsturen, når eg rekna tapet som eg hadde med å selje vinterfisken som saltfisk.

Så for vi bortover att, og veret var ikkje verre enn at vi fekk gå med full fart heile vegen. Vi skulle inn til Krassanes til sildeolje fabrikken, men kom ikkje lenger enn til Hjaltøyri for is. Men det vart godt ver då, og isen for til havs. De var fint å fiske sild der då. Ein kunne legge opp på land tynner og salt, så båtane var ikkje så trongsame som no. Og anna kvar helg låg vi i land. Ein søndag i Akureyri var vi på biltur opp til ei av dei kokande kjeldene. Vi hadde med to egg som vi koka i kjelda. Varmen i kjelda var om lag 80 Celsius, så egget laut ligge i ti minutt før det var kokt. Garden heitte Reykhus, etter eimen frå kjelda som rann ned bakken. Det var mest i Eyfjarden vi heldt til. Leverte guanosild på Krassanesd, og sild til salting på Hjaltøiri. Mellom disse to stadane er ein times gange, vel to mil. Ein dag hadde vi med ein islending som hadde gått styrmannsskulen i Oslo, og forstod godt norsk. Eg fekk han til å ta meg i skule, denne timen som turen varde. Og denne lærdomen var nok til at eg kunne greia å lesa aviser på islandsk.

Ein laurdag Akureyri måtte eg til doktor, då eg hadde klemra eit kne mellom notbåten og skuta. Doktoren hadde fult venterommet med pasientar, men han gav seg god tid å prata med meg. Han var svært interessert i nynorsken i landet vårt, og han sa at då Anders Hovden preika i domkyrkja i Reykjavik på nynorsk så forstod vi han godt. Når vi høyrer islendingane snakke seg i mellom så vrimlar det av norske ord. Men dei snakkar så fort, at det er ikkje stort vi forstår likevel.

Vi var også i Siglufjördur nokre gongar. Sjømannsprest Sceen var der i sildesesongen. Den islandske presten tala i kyrkja til høgmesse, og Sceen om ettermiddagen. Om kvelden då eg sat på lese «værelset» og skreiv brev kom det bod frå soknepresten at Sceen fekk låne ut noko av kyrkjebenkane til eit danselokale der finfiffen i Siglufjördur heldt ball. Og sjømannspresten laut lyde. Men eg såg godt at han var i dårleg humør. Sceen var godt likt mellom fiskarane, og var ein mann det stod respekt av.

Ein gong låg vi i Siglufjördur for storm, og storm var det også. Ein kunne lite sjå båtane for sjørøyk. Og vi låg med to anker ute, og kjetting på tamp. Laurdag kveld spakna det, og søndag morgon var det stille og solskin. Vi vakna til tonane av: «*Gud signe Noregs land*», og musikken var i kraftigaste laget. Vi spratt opp og skulle sjå kva det kom frå. Det var trålararen «*Mai*» av Reykjavik som spelte med dampfløyta. Av alle dampfløyter eg har høyrte er dette einaste gongen eg har høyrte nokon spele songar med fløyta. Den må vel ha vore annleis konstruert enn andre dampfløyter.

No vart det å hive inn kjettingane, og få dei i kjettingkassa i akterkant av lugaren, og så bar det til havs. Og søndag etter middag var vi i full gong med snurping (*Info 1*) og salting. Men fisket tok av, og då tynnene var fulle vart det bestemt at vi skulle gå heimover. Eg var til køys då vi for aust med kysten mot «Røde huk», som er yste forposten mot nordaust. Eg kjende at skuta sette stygt, men fy for ei lukt det var i lugaren, og der for den eine etter den andre opp leideren for å kaste opp. Alle mann som for ut hadde vorte sjøsjuke, ja eg kjende den eg og, som aldri har vore den lettaste å få sjøverken. Lukta kom frå kjettingbenken att med skotet. Så fekk vi skipperen til å gå i le av «Røde

huk» og tørne, for nordausten var tung. Så drog vi all kjettingen opp på dekk og spyla den grundig. Så spylte vi kjettingbenken også, og salta botnen. Og strødde salt i kjettingen også. Og då var vi kvitt både lukta og sjøverken. Grunnen var at botnen i hamna i Siglufjördur er berre rota sild og sildeavfall. Derav kom den fæle lukta.

(Info 1: Dei brukte flytegarmslenker og då vart det kalla for snurping på denne tida.)

Då eg kom på vakt om natta, spurde eg han Ingvald som hadde køya si i bestikken (*Info 1*), kor langt vi er komne. «Vi er i Tistelbukta» svara han. «Nei, så langt er vi vel ikkje komne», sa eg, «jau du ser no kursen», sa han. «Og kom no her og stikk ut kursen på kartet», sa han. Og eg så gjorde. Jau, vi styrte S. O. Kursen på Tistelbukta, så det var han som hadde rett. Om morgonen, då vi nærma oss Seydisfjördur kom han Fiskarstrand fram åt kapp, og brukte kjeft, for at nokon hadde rørt karta hans. Det er vel du Stette som har vore ute att. Stakkars Stette torde ikkje svara. Og Ingvald og eg, vi sat berre å blunka til kvarandre. For vi var dei skyldige. John Fiskarstrand var underleg i så måte. På Norskekysten, låste han karta ned, og greidde å gå kysten frå Vardø til Koparvik utan å sjå i eit kart. Her er mangt å hugse på Norskekysten, og mange er det ikkje som klarer å hugse alt, men han var eineståande i så måte. Ikkje underleg at han byrja som kystlos noko etterpå.

(Info 1: Bestikken er eit rom i styrehuset til navigasjonsføremål.)

Heimturen gjekk fint, og det vart bra tur av det. Eg hadde tinga romet (*Info 1*) til vinteren også, men kameratane heime ville gjerne ha meg med på motorbåten. Eg fekk min bror Alfred til å overta romet på «Hai».

(Info 1: Romet betyr i denne samanhengen plassen/jobben.)

Eg ville få i orden giftinga, men det drog ut, så det vart ikkje før første februar 1916 at eg reiste inn til han Sokneprest Kvasnes på Larsnes for å ordne med papira. Kvasnes spurde om eg ikkje ville ha det «lyst» i kyrkja. «Nei eg vil helst ikkje det» sa eg, og så fortalde eg om ein prest i Amerika, som hadde funne ut, at det beste råd mot hoste var «lysing» i kyrkja. For kor mykje dei hostar og harkar elles i kyrkja, så når ein «lyser» for nokon som skal gifte seg, då er det stille. Ja, eg fekk ham på låtten, og så var alt i orden der. Så kom då brura med rutebåten, og eg gjekk om bord, og vi reiste til Volda berre vi to. Søndagskvelden var eg opp til Prost Barstad, og måndag etter middag vart vi gift i Volda kyrkja. Vi fekk med to gutar som gjekk på lærarskule, som vi kjende. No er dei velvyrde lærarar i Langevågen. Og dessutan hadde vi med ei jente frå Nordfjord, som hadde gått vevkurs med Olianna i Åheimsbygda. Og så var vi gift, vore til fotografen. Og sidan ete ein god middag. Så snart det var gjort laut eg bytte klede, og reise, for silda var kome, og eg laut på sjøen. Kona var der to dagar lenger, for ho hadde noko å ordne med. Tysdagskveld var eg med motorbåten på sildefeltet.



(Info: Bildet viser brudeparet Petter J. Bringsvor d.e. og Olianna Våge. Dei to lærarstudentane og dei to elevane frå vevkurset til Olianna.)

Det er mangt som skal til når ein gifter seg. Stova som mor budde i var for lita, så eg måtte bygge hus. Eg hadde tinga glas og dører, og kjøpt sement. Men så gjekk eg i lag med Johan Sande, som skulle tinga material åt broren Ingebrikt som også skulle bygge. Vi stoppa to dagar i Ålesund, og ein søndag fylgde vi fiskedamparen «Kamp» av Ulstein til Kristiansund. Sildefisket der var i full gang i januar. Men her sør kom det ikkje i gang før først i februar. Kvar vi kom vart vi møtt med det same, at det var utsikt til ny stigning på material. På Rena bruk, spurde eg, om vi då ikkje kunne få kjøpe materialen straks, og så betale den innan 30 dagar, og så fekk den ligge på bruket til mai, då vi ville hente den med fartøy. Det gjekk bruket med på, og vi skreiv kontrakt om partiet. Så no var handelen i orden, pengane var send, så no var det berre å fiske sild, og tene mest mogeleg pengar.

Det var ikkje store fangstar vi kunne kome med på den usle båen, men vi var ute både i tide og utide, så det var større båtar enn vår som hadde mindre fortенeste. Silda steig og det var på grunn av krigen. Den var heilt opp i kr. 56 for målet (Info 1). Eg hugsar vi selde nokre gongar for 53 kr, men 50 kr. var det vanlege her. I mars fall den noko, men den var ikkje nedom kr. 40 for målet.

(Info 1: Eit mål er 150 liter.)

I midten av mars var det mange som hengde sildegarna, og tok til med torskegarn. Eg hugsar at vi gjekk ut att laurdagskvelden 20. mars. Då vi for forbi «Medhaugbakken» låg Vokse båtene der og drog torskegarn, og var nesten lasta. Og torsken var verdfull det året, og ikkje minst levera i fisken, for feitt i krigstid er ei vare som er spurnad etter til å lage ammunisjon av. «Ja gutar, dette vart vel siste drivnatta for i år», sa eg då vi heldt på å sete. Vi sette ved første «Spenen» (Info 1). Dei andre båtene var litt lenger ute. Veret var godt, og sjøen smul. Vi hadde drive kvar natt heile veka, så vi var trøyte og slitne. Det var ikkje vanskeleg å sove når eg kom opp i køya. I ti tida kjende eg noko som ruska i meg.

Det var han Johan som hadde vakt. «*No fer grannebåtane heim att dei*», sa han. Eg spurde i halvsovne om der var sild. «*Nei, det trur eg ikkje*», sa han. Så snudde eg meg berre på andre sida og sov vidare. Johan var arg fordi eg ikkje stod opp og sette i gang draging, for det var skikk og bruk å ha garna om bord til rundt midnatt laurdagskvelden. Så gjekk Johan også til køys, og så sov vi alle mann. Søndagsmorgonen kl. sju vakna eg sjølv, og kjende meg godt utvikld. Eg fyrte under kaffikjelen, og purra ut karane, og så gjekk eg i maskina og sette fyringslampa på motoren. Då eg hadde fått god fyr på lampen gjekk eg på dekk. Det var nesten lyst. Vi hadde drive innover, og låg på Skotfluda, og kaggar (*Info 2*) og blåser stakk godt i dei små bårene. Det vart full båten med sild.

(Info 1: Spenen er ein fiskeplass vest om Svinøya, der spenen er ein av to fjellformasjonar i land.)

(Info 2: Kagge er flytebøye forma som ei lita tretønne. Brukt som bøye under fiske.)

Måndag hengde vi sildegarna og tok til å få ut torskegarna. Noko storfiske vart det ikkje, men med slike prisar vart det pengar av det likevel. Vi fekk 5000 torsk, som vi salta. Levera dampa vi, to tynner tran selde for kr. 250 pr. tynne. Tre tynner selde vi for kr. 550 pr. tynne, og dei to siste fekk vi kr. 350 kr. pr. stk.

Det var mange snytarar å kome ut for. Og nok av jobbarar som ville tene pengar lett. Ein søndag sist i april for der rundt ein oppkjøpar, og tinga saltfisk. Han baud kr.12 for 20 kg. Dei fleste båtførarane hadde skrive kontrakt med han til den pris. Og tilbodet var så godt, at vi kunne vera trygge på, at vi ikkje forselde oss, sa han. Ja, den eine sauven går etter den andre som kjent er, og så vart det slik at vi skreiv kontrakt vi også. 12 kr. vekta er då 60 øre kiloen, og vi hadde mange gongar selt tørr klippfisk for mindre enn dette. Då vi lasta inn saltfischen og skulle gå til Ålesund med den, fekk vi vita at prisen då var kome opp i 17 - 18 kr. vekta, og at vi hadde dumma oss ordentleg ut, alle som hadde selt. Det var berre to båtar som enno stod fritt, og dei gjorde det smellgodt. Det var 4000 torsk vi hadde skrive kontrakt på. Men så hadde vi fiska 1000 torsk sidan og det heldt vi unna, og fekk kr.19 for vekta for det. Det var såleis ikkje lett å selja rett i denne jobbetida.

Då vi var i Ålesund med fisken vart vi samde om at eg skulle reisa til Molde og tinga «Gideonmotor», og til Vestnes og Tennfjord for å underhandle om ein båt på 40 - 45 fot. For no skulle vi ha større båt. Eg tinga og skreiv kontrakt på ein 20 H.K motor. Men i Tresfjord våga eg ikkje å skrive kontrakt. Der var jobbinga alt i full sving, og prisane var snart dobbelt så høge som året før. Eg reiste derfor heim utan å tinga båt. Eg ville først snakka med kameratane. Det gjorde eg, og hadde berre vore heime over natta. Så reiste eg til Bjørkedalen i Volda, og tinga ein 40 fots klinker (*Info 1*).

(Info 1: Klinker betyr her at det er ein klinka båt i motsetning til ein kravelt båt som også var vanlig. På ein klinka båt ligg borda med omskot og synlege naglar går gjennom begge borda slik at det blir tett.)

Så snart mai kom måtte eg tenkje på å få heim materialane frå Nordmøre. Vi fekk leige ei skøyte med Totland på Slagnes. Han skulle berre halde motormann og eg skulle vera kjentmann. Vi var fire mann forutan motormann. Men dette materialpartiet var om lag 13 standard (*Info 1*), og det synt seg snart at skuta var for lita. På Rena Bruk likte dei ikkje at nokon lasta utanom arbeidstida. Men dokker Sunnmøringane er eg ikkje redd for, sa han, «*for de klarar ikkje å få med dei har kjøpt og betalt*». Så gjekk eg der å grunda. Dei baud oss ei gamal skute utan motor for kr. 600. Men åleine greidde eg det ikkje. Og Ingebrigt

ville ikkje vera med på det. Men vi har ein gamal båt som ligg halvt nedsokken ned for bryggja. «Den kan de få for 20 kr», sa brukseigaren. Eg og Ingebrikt fekk oss kvar sin pøs, og tok til å ause tom den gamle båten. Ja, gamal og dårleg var den, men den var bra tett. Og så kjøpte vi den, og fylte den med bordkledning. Då den var fullasta spikra vi mange bord tvers over lasten, og så rekna vi med at den ville flyte på lasten om den sokk. Såleis fekk vi med oss alt. Båten kosta kr. 20, men frakta for 1,5 standard var 80 kr, så handelen gjekk ann likevel.

På grunn av ymse vanskar, bestemte eg å legge opp materialane og bygge over og dekkja med papp til neste sommar.

(Info 1: Denne standarden som nemnes her er nok ein eldre nordisk volumeining for trelast, som det kan lesast meir om i «Store norske leksikon». Ein standard / Kristiania standard var på ca. 3m³.)



(Info: Dette bildet, som er frå 20 talet, er teke frå fjella opp for Voren 6, som vises med kvitt låvetak i forkant av bildet, og litt meir til høgre ser vi taka på Voren 4, Storvika. Vi ser Riste, Kvamsøya og Stad i bakgrunnen og Storvika i forgrunnen av bilde. Helt til høgre i bildet ser vi huset på Bringsvor 3, der Petter J. Bringsvor d.e. budde, og gamleskulen, som no er museum, utafor der igjen. Så fyljer Støyle 8 Solbakken, som var lærar og klokkarbustad fram til etter siste krigen. Vidare ser vi Støyle 2, som vi kalla Dalen, og så kjem Støyle 4, der Adolf Støyle budde, som eigde båt saman med Petter J. Bringsvor d.e. i så mange år. Støylehamna med fleire motorbåtar ser vi ut for Varholmen. Kyrka vises i det fjerne ut på Sande.)



(Info: Bildet over her, som er måla av J. Ristesund i 1943, viser tunet på Bringsvor 3. Vil tru at huset er svært likt slik det såg ut når det vart bygd i 1916. Huset vart bygd om i 60 åra og fekk då ein annan karakter på grunn av ny type vindaug osv. Løa er bygd i 1931. Dei husa vi ser ned mot myrane er nok røvefarmen som vart etablert tidleg på 30 talet.)

I kommunale uriaspostar

(Info: Uriaspost er ein utsett post eller teneste.)

Eg vart vald inn i heradsstyret i 1916. Og samstundes vart eg formann i likningsnemnda. I heradsstyret var mange gamle og forsiktige menn med då. Han Åram var ordførar, og klokkaren her Dyrkoren (*Info: Støyle 8. Fødd 20.04.1863.*) vart varaordførar. Den største saka vi hadde då var kjøp av Brandalselva til elektrisk kraft.

Av veteranane i heradsstyre på den tid kan eg nemne Jakob Strand, Anton Hauge, Per Gurskevik, Paul Sætre, Ole Andreas, Sigvald Vågen, Severin Strand, Hans Halle, Hans Åram, Hans Kragset, August Kragset, Petter A. Knotten, Olai Holen, Olai Ristesund, Severin Voksø, Sigvald Baade (*Info: Voksa 10. Fødd 13.02.1891.*), O. S. Dyrkoren, Karl Vorren (*Info: Voren 1. Fødd 22.03.1870.*), Severin Støle og Ditlef Olsen (*Info: Sande N 13. Fødd 14.11.1867.*).

Den viktigaste kraftkjelda Brandalselva, hadde Ansgar Fiskaa kjøpt. (*Info: Sande N 16. Fødd 13.02.1880. Sjå eige stykke om Ansgar Fiskaa side 194.*) Han hadde skreve kontrakt med elveeigarane, om at dei forutan kjøpesummen, skulle ha gratis kraft. Og i det lange løp, vart vel det meir enn kjøpesummen. Ansgar Fiskaa var viljug til å selje, når han kunne tene på handelen, og dessutan visste han at Sande kommune kunne ekspropriere. Så vart

då elva kjøpt for 30 tusen kr. Av dette skulle då Vanylven og Syvde betale, og eige kvar sine 20%. Medan Sande skulle betale, og eige dei resterande 60%. Der var mange fellesmøter då med Vanylven og Syvde heradsstyre. Møta var mest på Koparnes. Men folk på Gurskøya ville endeleg at vi skulle sikre oss Gjersvik elva også. Det som var ovanfor Gjerdsvikingane sin inntaksdam, og likeins det som var nedanfor verket. Verket i Gjerdsvik vart ferdig i 1915, og vart eit billeg, men noko primitivt verk. Kjøpesummen var 12.000 kr. Dessutan kjøpte vi retten til Almestadelva for kr. 1500. Så no hadde vi sikra oss mykje rennande vatn, men det var altså alt. Å, bygge ut elvane var dei gamle og forsiktige imot. Og når vi no, så mange år etter ser attende, så kan det godt hende, at det var best det vart utsett. Visstnok hadde ikkje kostnaden då, vorte stort av kva den vart, når det i 1951 var ferdig utbygd. Men så hadde ingen då drøymt om å slå hol i fjellet. Då ville stasjonen vorte framanfor Brandalselva, og kraftmengda der ville vorte under 3000 kW, medan det no vart 7000 kW. Men så ukjende som vi då var med alt som heitte elektrisitet, så våga ikkje vi som var nykomarar å opponere mot veteranane, og det hadde nok heller ikkje nytta. Det var utrygge tider i 1916, og ein kunne godt risikere at sjøvegen vart blokkert, og at her kunne verta nøds tilstand på mat. Visstnok hadde vi sikra oss bra mjøllager. Men eg hugsar ein gong vi var bodne eit parti på 500 sekkar kveitemjøl, og veteranane foreslo at vi skulle seie det frå oss, då dei var redde dei ikkje vart av med det. Men då kunne eg ikkje halde meg. Eg sa: «*Den risikoen får vi ta. Det er større ansvar å lata eit slikt tilbod gå frå seg, om det verste skulle hende at tilførsla stoppa*». Eg foreslo at vi skulle ta i mot partiet. Og eg fekk fleirtalet med meg. Det vart ikkje noko vanske med å selje det. Og prisen steig, så det vart forteneste på det også.

I 1916 vart sommarfisken bra i pris, 50 øre kg for kappa lange, og 40 øre for av hovuda brosmesme. Og alle som kunne slita seg laus prøvde å driva ute på botnane. Eg dreiv mest utanfor Sildegapet. Botnen var også jamnare der enn utanfor. Eg hugsar ein gong vi låg og drog vest i Kråkenesegga. Næraste båten var Rasmus Nøresande. Då kjem ein lastebåt forbi, med kurs nord etter. Men to engelske krigarar var etter dei, og for med svær fart framom den. Dei skaut eit skarpt skot for baugen, og den stoppa. Dei vart fort ferdige med visteringa og «*Bamse*», som båten heitte fekk gå vidare, medan krigarane for vestover med full fart. Men no såg vi røyken av den norske vaktbåten «*Draug*» som stasjonerte på Haugsholmen. På Store Hovden på Stad, hadde dei ei vakthytte, og der i frå hadde vakta rapportert til «*Draug*». Den stoppa tett att med oss, og sjefen ropte i megafonen om eg såg kva nasjon det var. Eg svara at eg trudde det var engelske, men flagga var svært skitne. Men eg gav opp namnet på lastebåten, så kunne han finne det ut den vegen. Så ropte han om vi kunne selja fersk torsk åt offiserane. «*Jau berre kom om bord*», sa eg. Så kom dei fire mann ved årane, og ein nybakt løytnant, så fin i uniform at det var svært. Dei hadde vekt med, og vi tok same pris som vi fekk i land. Det skulle ikkje kunne skuldast oss for at vi jobba på forsvaret. Dei ropte sjefen på nytt om vi kunne selje fersk lange til mannskapet. «*Jau, berre kom att*» sa eg. No skulle gutane prøve å få hovudet av nokre langer med nokre ukvasse tolleknivar, noko som ikkje er så enkelt. Han Johannes stod og kjempa med ei stor lange, og då han endeleg fekk hovudet av, så hivde han fisken over rekka, utan å sjå etter kvar ho for, og resultatet vart, at han formeleg kveilte langa rundt halsen på den fine spirrevippen av ein løytnant, og han vart ståande og berre spytte. No hivde han seg over rekka og kom og prata med meg, medan han prøvde å kosta fiskeblod og sleipe av den fine uniforma. Men det var vanskeleg for meg, å halde meg frå å flire den stunda. Så det hender små morosame innslag på sjøen også, av og til. Det vart bra lott (*Info 1*) denne sommaren. Men etter slått låg vi stille.

(*Info 1: Lott er ein part av utbyttet / avkastninga som er skapt ved felles verksemd.*)


Den 8. oktober kom den første dottera til verda. Det gjekk hardt på, og det måtte doktor til. Og det spøkte stygt for mora. Men det gjekk heldigvis godt, og då gløymast alt.

I november 1916 henta vi båten på Bjørkedalen. Byggjaren laut på nøytralitetsvakt, så det var noko att på båten som vi måtte gjera sjølve. Det vart meir arbeid enn vi hadde rekna med. Då vi fekk lugaren innreidd, slepte vi båten til Ålesund, der vi rigga den, og fekk smedarbeidet utført. Så kom motoren. Eg var til Molde, og skunda på, men då var den pakka, og eg fekk den med meg. No leverte vi gamlebåten som var seld til August Vonheim på Kvamsøy. Vi fekk så slep til Ulsteinvik, der maskina skulle monterast, så først langt ut i januar 1917 fekk vi reise ut på sildefeltet. Det vart nokre få «barnesjukdomar» med det same. Spelet (*Info 1*) var ikkje godt, så vi reiste til byen for å få nye stroppar på det. På nordturen brekte vi eit tannhjul og eit lager på 4 taktsakslingen. Så eg måtte til Molde med molane. Jau, dei lovde å gjera det ein gong, men uvisst når det vart. Men då sparde eg ikkje på pengane. Ein tikroning i handa på verksmeisteren, og ein åt sveisaren og montøren. Kvar sin tikroner. Det gjorde stort underverk. Og om kvelden seint var eg ferdig og reiste til byen att, medan verkstadfolka sa at eg måtte kunne trolle, som fekk det gjort så snart, for verkstaden var meir enn vanleg oppteken.

(Info 1: Eit spel på ein båt er det same som ein vinsj som blir drive av motoren.)

1917 vart eit bra år. Prisane vart ikkje så høge som i 1916, men fangstane var større. Klausulsystemet var ille nok. Skulle ein ha olje, eller fiskereiskap på vanleg vis måtte ein skrive under på Engelsk klausul, og den var ikkje lite streng. England kjøpte og lagra mesteparten av fisk og sild, sjølv om dei ikkje hadde bruk for det. Og store kvanta vart gagnlaust, og ikkje brukande til noko. Alt dette vart gjort for at Tyskland ikkje skulle få det. Tyskland skulle sveltast ut. Noko som var vanskelegare enn nokon trudde.

Vi hadde kjøpt olje for vinteren og fiskereiskap før klausulordninga byrja, og vi stod såleis fritt. Og vi leverte silda på «Tyskebyggja», i Toftesund, der han Rasmus Sandvik (*Info: Sande N 27.*) residerte. Prisen der var betre enn for dei som hadde engelsk klausul. Vi fekk rundt 38 - 40 kroner målet. Torsken var også dyr. Men det vart ikkje mykje torsk. Den nye båten vår «Balder» greidde 160 hl når den var godt lasta, så det var ein god føremon mot den vi hadde før.



(Info: Bildet framfor her er av Toftesund, truleg frå ca. år 1900.

Heilt til høgre ser vi «Myklebustholmen», så kjem Tyskebryggja der Ansgar Fiskaa også heldt til før han kjøpte det som seinare vart kalla Rosenlund på Sandshamna. Sjå eige stykke om Ansgar Fiskaa i Etterordet side 194.)

Heilt til venstre i bildet vises budene til H.S. Worren.

Sandshamna vises i bakgrunnen med blant anna Sande N 13 og 16.)

Så snart fiskja var slutt vart eg innkalla til vakt på Gåseide, der det var eit lite militærdepot. Det var gode dagar, men nokså einsformig, å gå der rundt haugen, oppatt og oppatt. Det var tre Herøyværingar og eg. Sersjanten var frå Vågstrand i Romsdal. Alle fire delte natta mellom oss, men vi let ein i gongen få fridag, så det vart fridag kvar fjære dag. Helgetorsdag var det året på 17. mai, og vi var i kyrkja alle som ikkje var på vakt. Mellom anna underhaldning på 17. mai var den årvisse taudraginga mellom ni mann utanom Borgundbrua, og ni mann innafor. No hadde Innanforpartiet tapt i tre år etter kvarandre, og no var det om å gjera å få revansje. Premien skulle vera tre sigarar på kvar mann. Og så kom då spissane i Innanforpartiet, og spurde oss soldatane om vi ville gjera så vel å gå inn i deira parti. Dei hadde merka seg at vi var kraftige karar, så nær som ein, og han var villig til å overta vakta. Ja så drog vi då, og det var hard tevling. Vi tok i så det røynde på både her og der. Aldri har eg høyrte så mykje galne folk. Dei huja og skreik, og endeleg så for vi dragande med dei. Så kvilde vi ei stund, og så til att. Vinnaren skulle ha to sigrar av tre. Og vi vann då også, eg slapp såleis å drage tredje gongen. Men utanforpartiet var sinte. Og ein av dei frå utanforsida, dei kalla han Sørnes Johan svor på at det var ikkje rart om innanfor karane vann i år når dei hadde soldatane med, dei som ligg opp på Gåseide, og berre et og latar seg. At dei som tapte, også fekk tre sigarar, såg ikkje ut til å gjera taparane blide. Då veret vart betre, skreiv eg heim, at dei fekk kome til byen med «Balder» så eg fekk pusse den opp medan eg hadde så god tid. Så fylles alle vi fem soldatane til byen med «Balder». Vi var inn til ein fotograf og fekk eit bilde av oss. Eit sende vi til Gåseid, og så fekk vi eit kvar.



(Info: Viser til omtalt bilde ovanfor her.

Alt tyder på at dette er bildet det er snakk om. Den einaste vi kjenner på bilde er bestefar (Petter J. Bringsvor d.e.), som vi ser bak og til høgre.

Dei andre fire er ikkje frå Sandsøya og det bekreftar ytterlegare at dette er bilde av de fem karane som var saman i militære på Gåseide i 1917.

Motorbåten «Balder» som nemnes ovanfor er båten som Petter J.

Bringsvor d. e. er medeigar i, saman med Adolf Støyle og brørne sine Gerhard og Alfred.)

Så tok eg ein tur med båten til Nordmøre att, og vi var fire som bytte (*Info 1*) lasten. Vi hadde også ein båt her i frå i fylgje. Det var ein som skulle bygge på huset sitt, og han bad om å få gå etter meg, heile vegen. Vi var då til Enge og Botten bruk i Valsøyfjord. Eg trur vi brukte seks timar frå Kristiansund og dit inn.

(Info 1: Bytte i denne samanheng betyr nok delte.)

Så køyrde eg heim materialane, og det er ikkje lite som går med til eit såpass hus. Og etter slått byrja bygginga. Eg fekk tak i fire mann og ein læregut, så det gjekk fort. På tre veker var det kome så langt at vi fekk flytte inn, men enno var mangt att å gjera.

Det synt seg at likninga for året 1916 vart underkjend på Molde. Det var mangt dei kritiserte i jordnæringa, båtlutane og så at fiskerinæringa var så ujamn. Vi skulle rette listene med raudt blekk. Så satt vi samla i tre dagar. Og då eg skeiv ein slags rapport til slutt om det vi hadde gjort så gledde eg meg til å få gje Fylkesskattestyret litt på pelsen. Eg skreiv til slutt: «*Dykkar merknad om at fiskerinæringa er ujamn, beklagar eg at vi ingenting kan gjera med det. For at fiskeriet fell ujamt, er noko som diverre ligg langt utanfor vår rekkevidde*». No var eg ferdig med å vera likningsformann, og glad var eg for det. No var det Sigvald Baade som fekk jobben.

Eg minnest påskedag 1917 då eg kom til kyrkja. Der stod Sigvald Bergsnev og passa meg opp når eg kom gjennom kyrkjeleet. «*At de legg ein slik skatt på meg, ein halvblind stakkar, det er den største skandale som har vore gjort*» sa han. Folk tok til å stimle saman og ville høyre på, så eg lika meg ikkje. Eg svara: «*Det er berre det, Sigvald, at etter lova så skal vi likne etter det folk tenar, og ikkje etter kor mykje eller lite dei ser*», og så stakk eg inn i kyrkja for å få fred. Han Sigvald var ikkje for høgt likna. Han var med Enok Halsen, og få eller ingen hadde så stor lott som han.

I 1918 var vi klar over at det kunne ikkje verta stor sildefiske. Det var for lite olje, og vi fekk utdelt den granden (*Info 1*) vi skulle greie oss med om vinteren. Vi kjøpte noko salt og tynner, og salta den silda vi fiska. Vi salta i bua hans Adolf Varholm (*Info: Støyle 3. Fødd 16.02.1879.*). På turane til og frå fangstfeltet brukte vi lita fart, og var det vind så var det å bruke segla attåt. Det var ein skotingsvinter (*Info 2*), så segla fekk unngjelde. Vi fekk ikkje meir enn 200 mål (*Info 3*). Dette vart opp i 206 pakka tynner. Og det vart ei fortjeneste på 200 kr. på lott meir enn om vi hadde selt silda fersk.

(Info 1: Granden betyr her, ein del eller noko.)

(Info 2: Skoting er når det var kraftig vind utfor land som ikkje nådde inn.)

(Info 3: Eit mål er 150 liter.)

Det var tobakksnød den vinteren. Og når han Enok eller han Olav Sætre og fleire praia meg på sjøen, så spurte dei ikkje etter fisket, men korleis det var med meg i tobakksvegen. Eg kom att frå byen der eg hadde vore og selt silda, og eg hadde greitt å hamstre vel to kg bladtabakk. Det leid langt så det var vanskeleg å koma meg om bord. Eg trefte Olav Sætre, og spurde om han ville gjera så vel å ro meg bort på båten. Eg er svært trøyt, sa han. «*Ja, men du skal få deg ei skrå (Info 1) eller to*» sa eg. Då var han villig med ein gong. Eg var litt raus med han, og då han rodde oppatt sa han. «*Dette var det beste du kunne gi meg*».

(Info 1: Skrå, også kala skråtobakk og tyggetobakk, er tobakk som tygges.)

Det vart noko torsk den vinteren, og prisane brukbare. Mot våren vart det litt betre med olje, så vinteren vart bra likevel. Sidan det gjekk så bra med sildesaltinga, så skulle vi prøve i 1919 også. Då rodde vi silda ut å naustet, og salta der. Prisen fersk var fortsatt kr. 35 før 15. februar og kr. 25 etter. Vi selde då medan prisen var kr. 35, og salta sidan ho fall. Det synt seg at det hadde vore berre å gjera det på motsette måte. Det var mange no som salta si eiga sild og skulle «jobbe». For oss vart det ikkje korkje tap eller vinning det året. Kjøparane vart så umogleg på tomsild (*Info 1*), og den var det mykje av på slutten. Så tida for «jobbing» (*Info 2*) var slutt.

(Info 1: Tomsild er truleg sild som er ferdig med å gyte.)

(Info 2: Omgrepet «jobbing» eller «jobbetid» betyr lettente pengar under meir eller mindre heiderlege omstende.)

I 1920 vart ein kulingvinter. Eg reiste til Ålesund i januar, var tenkt å kome att med noko salt og tynner då også. Det var fleire dagar det ikkje var råd å byrja på heimveg for berre storm. Så det vart å gå å reke i byen ei heil veke. Eg trefte kjøpmann Peder Devold i gata, og spurde han om han ville råde meg til å salte nokre tynner i år også. «Det kan bli vanskeleg å få den seld», svara han. Om natta fekk eg ikkje sove. Eg låg berre å grunda på, om eg skulle kjøpe tynner og salt, eller ikkje. Og enden vart at eg reiste heim med tomme båten. Det er lett å vera klok etterpå, men det synt seg å vera det mest fornuftige eg nokon gong har gjort. Mange sende silda i «konsignasjon» (*Info 1*) til Tyskland. Men tyske mark vart verdilause, og sume fekk att frakta, og sume ikkje. Men silda laut alle forære bort.

(Info 1: Konsignasjon betyr omtrent det same som salskommisjon. I praksis betyr det at nokon gjennomfører salet på vegne av andre.)

Sverre Dyrkoren (*Info 1*), som gjekk tannlækjarskule i Greipsvald hadde med heim to tyske pengesetlar. Ein på fem og ein på ti milliardar. Og på den som var ti milliardar kunne ein få ei alminneleg øskje røyketobakk. Tenk så på kva ein kunne få for ti milliardar føre krigen. Ein kunne ha kjøpt ein stor provins av Tyskland, for så mange milliardar.

(Info 1: Sverre Dyrkoren var son til Ole Kristian Dyrkoren, som var lærar og klokkar på Sandsøya.)

Vi var fire netter på sildefeltet denne vinteren, og då var det ikkje stort vi fekk heller. Ei av disse nettene var den så berømte «måneskinsnatta». Ei natt som både eg og andre, som var der, seint vil gløyme. Det var stille og disig ver, då vi gjekk ut, men svært tung sjø, så Djupfalla braut, dei som ikkje var altfor djupe. Store Godøy flua og Årlunda braut som skjer. Eg likte ikkje veret. Men det er rart med det. Når sume reiser, så kjem dei andre etter som ein saueflokk. Det var ikkje lange stunda vi dreiv. Han Andreas var frykteleg sjøredd. Og då han hørde susen av stormen før den nådde oss, så vart han mest galen. Medan vi drog garna, og pakka i rommet, så arbeidde han for minst to mann. Då garna var inne bad eg dei to reve storseglet (*Info 1*). Og det vart gjort, men dei tok ikkje bendsl (*Info 2*) att på nokon av bommane, så stroppa seig fram, og seglet vart altfor djupt. Men å vende var uråd, og motoren gjekk seg varm i eit lager, på grunn av at «rosa» (*Info 3*) i botnen ikkje svelgde vekk. Slingringa var svær, og mange båtar var utsett for det same. Vi hadde såpass høgde at vi kom inn sør om Svinøy, men fram farta var så lita, at det vart mykje avdrift.

Når vi kom inn i Godøygrunnen sovna motoren. Mesanen tok vi ned. Men vi hadde meir enn nok segl med fokka, og to reva storsegl. Alle fyrane var gøynde av sjørøyk. Å, koma til Sandshamn var uråd, men eg trudde vi skulle kome oss oppom Store Godøyflua, og inn Flåværleia. Men klarte eg det ikkje var eg bestemt på å styre der det braut minst, og ikkje seie noko til karane. Eg såg brotet tvers i le, og neste gong ho braut hadde eg fått brotet akter i le. Og då fekk eg Flåvær fyr blank. Og alt var rett. Ned leia utom Erkna skjera firte vi storseglet ned, men det vart god fart likevel. Adolf kom og spurte om eg kunne kome ned å byte med dei, og prøve å få i gang motoren. «*Nei, no går eg ikkje ned og forlèt roret. Eg veit kvar vi er, no vil eg styre heilt inn*». Nord om Flåvær strakte vi storseglet att. Eg frykta for at det ville vera vanskeleg med segl å koma opp åt store bua på Eggesbønes, dersom eg heldt nordom største stanga. Og eg risikerte å halda mellom stengene. Skulle vi stanse, så var det lett å krenke båten over med segla. Jau, vi flaut der, merkeleg nok, og hadde såleis bra høgde, men då vi nærma oss kaia, byrja motoren å gå. Det gjekk fint å få fast, og vi var på den beste plassen som var å få i dette forrykande veret. Vi var komne i lugaren, og byrja koke kaffi. Då kjem «*Nordfjord*» på sør tur. Eg spurte om nokon av karane kunne ta og vera med «*Nordfjord*» til Sandshamn, for eg skjønnte at dei måtte vera redde for oss heime. Jau, han Andreas var villig med ein gong, men eg råda til at han Ola også skulle reisa. Dagen etter kom vi heim i godt ver. Det var rart at det ikkje vart meir folkeskade enn det vart den natta. Det var visst ein mann som gjekk over bord utfor Ålesund. Men sjølv om det ikkje var råd å sjå fyrane for røk, så vart det ikkje mørkt likevel, for det var fullmåne. Men «*måneskinsnatta*» har denne natta vorte kalla sidan, og eg er viss på at alle som var med hugsar denne natta.

(Info 1: Å reve storseglet betyr å redusere seglføringa.)

(Info 2: Bendsle betyr å knyte, feste.)

(Info 3: Motoren gjekk seg varm ettersom «rosa» ikkje svelgde unna og motoren fekk ikkje nok kjølevatn.)

Det vart ikkje prøvt fleire netter etter silda. Men det vart bra om torsk. Torskegarn hadde alle. Det var såleis torskefisket som var hovudnæringa i fisket den gongen. Travelt kunne det mange gongar vera. Drage, og greidde tre setningar med 30 garn i kvar, tok si tid, og om kveldane var det arbeid med fisken. Når det då ikkje var meir enn vi klarte det. Ellest så laut vi ha ein mann heime, og så få kvinnene og gamle menn til hjelp med verkinga (*Info 1*).

(Info 1: Verkinga betyr nok her å ordne fisken.)

I åra 1920 - 25 var det jamt gode prisar på klippfisk (*Info 1*). Den var rundt kr. 22 for 20 kg vekt. Og når fisket var såpass bra, så klarar folk seg bra økonomisk. Men når folk kjenner seg ovanpå, og ikkje er nokon redd, som ein seier, då kjem nytingsssykja, og revansjelysta som støtt hadde vore haldne nede av dårlege økonomiske tilhøve.

(Info 1: Klippfisk er salta og tørka torsk.)

No kom nemleg kyrkjestrident opp, og den let seg ikkje stoppe. Slik som Sande kommune er skikka med dei vêrharde fjordane som skilje mellom bygdene. Det lèt seg ikkje gjera og gjera alle til lags når det gjeld kyrkjeveg. Mange slo framom at Sande kyrkje skulle vore flytt til ein meir sentral plass. Men her er ingen plass i Sande som kan seiast å vera sentralt. Ein gong eg var på heimveg frå Sandshamn og gjekk forbi Fiskarheimen, sat der nokre av dei som stod i brodden for kyrkjesaka i Gursken, og drakk kaffi. Dei ropte meg

inn, og eg var straks klar over, at no skulle eg «*pumpast*», men også at det var best å passa meg for kva eg sa. Dei tala om utløysing av Sande kyrkje. Eg svara berre, at vi på Sandsøya ikkje har råd å kjøpa og halde ved like den store, gamle kyrkja, så dykk får reise med henne. Her er då mange motorbåtar på Sandsøya, så vi skulle vel klare å reise til kyrkje vi også, slik som de andre har gjort i lange tider. «Å, *din luringen*», sa han Jakob. Eg likar ikkje å trøyse deg, men eg har snakka med kyrkje statsråden (Løvland) om saka og han sa, at Sande kyrkje aldri vert flytta. Der har då vore kyrkje på Sande i så mange år hundrar, at det ville vere vandalisme å flytte ho. Men andre deputasjonar som tala med andre kyrkje statsrådar, fekk det inntrykk at det var ingenting i vegen for å flytte henne. Det var kyrkjeministeren i Høgre regjeringa (Lykke). Striden kveste seg til. Vi som representerte det noverande Sande sokn, ville ikkje gå med på, og ta Gursken kyrkje som kapellkyrkje i same kyrkjebudsjett. Vi ottast at det då vart berre flottring og konkurranse. Så når gale skulle vere, så var soknedeling det beste. Vi som bur her, hadde sjølvsgatt sett korleis folk frå andre bygder sleit i uver på kyrkjeferdene. Verst var det med gravferdene. Dei kunne ikkje godt utsetjast. Og der var fått mange ei våt trøye på disse ferdene. Bryllaup og barnedåp kunne derimot utsetjast om veret vart for fælt. At bygdene fekk eigne gravstadar var det ingen på Sande som sette seg i mot. Og vi hadde vel aldri tverka mot kyrkja i Gursken heller, dersom saka vart løyst med det. Men gjekk det i orden så viste vi at Åram også kom, og då ville også Kvamsøya, Gjerdsvika og Hallebygda kjenne seg mishaldne. Der var titt møter i heradsstyret, og kyrkjesaka var den største saka. Frå alle bygder reiste deputasjonar til Oslo. Og her tok vi til å snakka om at vi også skulle ha lagt fram vårt syn på saka for styresmaktene. Kyrkje i Gursken og Åram var no alt ein realitet. Men enno var der ikkje halde takst på Sande kyrkje, og det var den saman med ein stor vedlikehaldskonto vi var mest redd for.



(Info: Bildet viser noverande kyrkja på Kyrkjelande på Sandsøya, som vart innvigd 1. desember 1880, men det har vore kyrkje her heilt frå 1200-talet. Sjå meir om dette i Sandesoga.

Framtil 1920 var dette einaste kyrkja i prestegjeldet, men sidan vart det bygd kyrkjer både i Gursken og på Åram.)

I 1925 vart vinterfiskja dårleg, og eit eller anna laut gjerast for å få inn noko for det vonbrotet som vinterfiske vart. Det var svært mange som dreiv på botnane om sommaren. Og sume reiste på Finnmarka. Til å reise dit hadde eg ikkje folk, og så tykte eg at motoren gjorde for lita fart, for så lang køyring. Eg reiste difor til byen og kjøpte line til fult bruk. Og tok til å gjera klart for botnafiske (*Info 1*).

Det var då som å halda meg utfor Sildegapet (*Info 2*). Men det var mange båtar som dreiv der, og det tok til å verta utpint. Ein tur var vi og Jakob Haugen syd om Batalden, men fisket vart ikkje betre enn at vi gjekk nordover att. Så kasta eg synst i Kråkenesegga. Det vart skodde, og straumen bar ut og nordover, men fisket var godt. Eg har aldri sett så stor brosme. Der gjekk i gjennomsnitt 35 kappa brosmen på 100 kilo. Men så var dette midt gjennom Kråkenessøyla. Og den brukte folk å unngå. Eg selde mest på Leikong på Stad, og prisen var 40 - 50 øre kg for brosmen og lange. Dette var då like god pris som i 1916. Men no var det ikkje krigen som heldt oppe prisen. Og det vart eit stygt tap for dei som kjøpte fisken vår. Men for oss vart det ein ganske bra sommar.

(*Info 1: Botnafiske skjer ved at lina legg seg på botnen.*)

(*Info 2: Sildegapet ligg syd for Stad.*)

I september (1925) vart det gått rundt med lister for å få reisepengar til Oslo åt to mann. Og det vart så, at det var Adolf Støyle (*Info: Støyle 4. Fødd 06.11.1879.*) og eg som skulle reise, og frå Kvamsøya Olai Vikene. Ei takstnemnd av utanbygdes folk hadde no halde takst på Sande kyrkje. Og denne taksten tykte vi var høg. Mange meinte, at vi slett ikkje var pliktig til å løyse ut dei andre soknene. Og kven veit, kva ei rettssak ville fått ut av eit slikt spørsmål. Men å byrja med rettssak om den gamle kyrkja vår som vi var glad i, og som vi hadde våre beste og mest høgtidsame minner frå, det ville vi ikkje. Så reiste vi då ein onsdags morgon til Ålesund. Det var kuling, og rutebåten var forsinka, så vi måtte telegrafere frå Ulsteinvik at båten til Åndalsnes måtte vente på oss. Så var det å springe over kaia og om bord i «*Jotunheim*», og så bar det inn gjennom Romsdalen. Jernbana var den gong ikkje ferdig lenger enn til Verma stasjon, så dit laut vi køyre i bil saman med nokre andre passasjerar. Då toget frå Trondheim kom til Dombås, vart vi kopla til, og no vart det fullt hus på toget. Vi var bestemt på å få mest mogeleg av Norges natur, sidan vi for første gong skulle til Oslo. Og vi tok difor billett frå Verma, Oslo, Bergen. Vi ville sjå Bergensbana også. Heile billetten kosta kr. 54. Det var ikkje dyrt å reisa den gongen. Så sat vi då på koffertane våre i den overfylte korridoren og prata ut over natta, medan toget for nedover dei breie austlandsbygdene. Og kva anna skulle vi ha til tidtrøyte enn å fortelja om våre opplevingar på sjøen. Ein riktig hoven trønder gjekk forbi oss, og han kunne ikkje dy seg. «*Her luktar fisk, her ja*» sa han. Vi svara ikkje. Lat det no berre lukta fisk av oss. Kven veit kva som er nyttigast for folk og land, anten vi eller den hovne trønderen. Det var om å gjera å finne på noko, så vi ikkje kjende søvnen. Og eg fortalde om ei natt på drivefeltet året før, då vi rodde om bord i ein Kvamsøybåt. Vi snakka om kvar vi dreiv natta før, eg sa, at vi hadde Svinøya i Gjerdsvika. (med). Ja, sa ein av Kvamsøykarane. «*Svinøya er ikkje noko å retta seg etter no lenger den, for han Vikene flytte henne no ei av nettene*». Saka var den at han Vikene heldt på å drive ned på Vestfluda, og så laut han ta kabelen att på slangen, og trekke lenka, så langt ut, at han var klar Svinøya. Alt saman var rett og bra gjort, men eg fekk vita, kva eg i grunnen visste før, at Kvamsøyvingane også kan vera både avundsjuke, og vondskapsfulle mot grannane sine. Sidan har han Vikene berre skubba bort i meg når Svinøya har vorte nemnd. «*Ja, du veit, Svinøya er ikkje å retta seg etter lenger*». Ja nok om det. Noko må ein ha til moro.

Om morgonen kl. sju var vi på Østbana i Oslo. Og så var det å spørje opp kvar hotellet hans Ansgar Fiskaa (*Info: Sande N 16. Fødd 13.02.1880. Sjå eige stykke om Ansgar Fiskaa side 194*) var, for der ville vi bu. Vi hadde i mange år selt fisk til han på Sandshamn, og hjelpt til å gjera han rik. Synd berre, at det gjekk som det gjekk med rikdomen. Ansgar Fiskaa var glad for å sjå oss, og vi hadde tre gilde dagar saman med han. Han hadde lite å gjera, så han vart føraren vår disse tre dagane. Og vi fekk sjå meir av alt det verdfulle som Oslo har å byde på disse tre dagane, enn mange andre får sjå på eit år. Men først skulle vi sove. Vi telefonerte til kyrkjedepartementet om audiens, og skulle kome fredag kl. ti. Vi såg at Nasjonalteateret skulle spela «Hamlet». Og vi ville ikkje vera kjend av å ha vore i Oslo, og ikkje sett dette som er eit verdens berømt skodespel. Og det var verkeleg noko å sjå. At folk kan skape seg om slik som Ingolf Skanke gjorde i si Hamlet-rolle, det er å beundre. Og det er alvor også i stykket. Ikkje minst under Hamlet sin samtale med gravaren som heldt på å grave fram beina åt Yorik på kyrkjegarden.

Fredag kjøpte vi først to drafter (sjøkart) ei fem mils og ei ti mils plate. Grunnen til at vi kjøpte to, var at ytterkanten av Sande: Koparnes, Bjørlykke, og Halsen og Rønnestad ikkje er med på fem mils plata (Stad - Runde). Og dei laut medgje at dette var gode kart. Vi fekk no greie på at kyrkjestatsråden Tveiten ikkje visste at kyrkjesaka i Sande eksisterte. Og han spurde på si Telemarkdialekt. «*Men hokken er det som har gitt tillating til å bygge alle disse kyrkjene då?*», spurde han, og byråsjefen stod berre å stamma og fortalde om korleis folk i Sande ville melde seg ut av statskyrkja, dersom dei ikkje fekk det som dei ville. Han Vikene skulle sjølv sagt fortelje om kor lang og vanskeleg kyrkjeveg dei hadde på Kvamsøya, og han tok Kvamme som utgangspunkt. «*Ja, men her er då stuttare veg til Sande om de reiser vest om Kvamsøya inn att Ristesund*». Men då vi lo åt dei, sa dei at «*det kanskje var vêrhardt der*». Noko det så visst er. Turen lønte seg. Vi fekk ned utløysingssummen med to tusen kroner.

Om kvelden tok eg til å leite etter eit losjemøte. Men å leita der etter slikt, er som å leita etter ei nål i ei løe. Men så kom eg då endeleg fram på ei annonse om eit møte i losje «Glitne». Så fann eg då fram dit. På veggene hang bilete av kjende folk innan godtemplar arbeidet. Eg prøvde å gjera henne som var marsjall begripeleg, kvar eg kom frå. Men ho var ikkje stiv i geografi. Eg sa det var to mil nordom Stad, men ho kjende lite til kvar Stad var, og så redda eg situasjonen med at eg var frå Vestlandet ein stad. Der kom ein mann og helsa på meg. Eg kjende han frå mange bilete. Det var Arne Helgjem, og eg prata ei stund med han. Han sa han var bra frisk, men berre eit halvt år etterpå døde han. Ein stor mann kom å helsa: «*Du er visst Vestlending*». Eg er også frå Vestlandet. Mitt namn er Lars Meling frå Haugesund. «*Det er vel aldri Handelsministeren*», sa eg. «*Jau, det skal så vera*», svara han. Eg hadde lese at to av statsrådene var med i I.O.G.T (*Info 1*), men eg hadde ikkje drøymt om å treffe dei på eit vanleg losjemøte. Men det såg ut for, at både Meling og Forsvarsministeren Jakobsen, fann avkopling frå arbeidet sitt ved å gå på alminnelege losjemøte.

(Info 1: IOGT. International Organisation of Good Templars, også kalla Godtemplarordenen/Goodtemplarordenen) er ein internasjonal avhaldsorganisasjon. Den vart grunnlagt i New York i USA i 1851 som Independent Order of Good Templars, og byrja nokså raskt å spreie seg til andre stedar og land.)

Laurdag var vi rundt på museum heile dagen. Vi var på Botanisk hage og såg vatnplanten Viktoria Regia, som veks i Brasil. Det var ikkje lang stunda vi var der, men sveitten rann

av oss. Men så viste no også temperaturen 42 gr. C. På sosiologiske såg vi eit forsteina hovud av eit kjøtetande dyr, med ein munn så stor at han kan ta ein mann i munnen. Eg spurte kor lenge det var sidan slike dyr levde: «Å, det var no i middelalderen det», sa han (*Info 1*). Og det er mange titusen av år sidan det levde. Vi såg der også forsteina restar av dyr, som Amundsen og fl. hadde kome med frå Tundraen i Sibir. Sidan var vi på Folkemuseet på Bygdøy. Der var mykje å sjå. Så var vi på «*Vår Frelzers gravlund*», der mange av Norges store søner er gravlagt. Det vart lita tid å sjå over alt, men vi stogga ei stund på Ibsen, Bjørnson og Ivar Åsen sine graver. Inn i Stortinget skulle vi ha vore. Det var utanom sesongen, men vaktmeisteren syntte oss rundt. Eg var bort på Mørebenken, og såg kor det tok seg ut der i frå. Vi var i Lagtingsala, og gjekk gjennom korridorane, der så mange politiske intriger har vore klekt ut. Det er skikk og gje vaktmestaren «*drikkepengar*» etter ei omvising. Og vi var ikkje så småleg heller. Han takka, og for å gje oss eit godt ord så sa han. «*Jeg vil håpe jeg ser dere igjen som stortingsmenn*». «*Nei, vi har ingen slike planar*» sa vi. «*Ja, si ikke det*», sa han. «*Jeg skal si dere, at første året de er her, da er de best*». «*Siden blir det bare stemmekveg*». «*Dere kan tro jeg har sett mye rart i de 35 årene jeg har gått her*». Større sanningsord om politikk har eg aldri høyr.

(Info 1: Middelalderen må vera ein misforståing i denne samanhengen. Middelalderen er no i relativt nyare tid, mens vi her snakkar om mange titusen av år sidan.)

I eit heradsstyre kan vi slåst så fillene fyk om ei sak, men vi kan likevel vera samde i ei anna sak. Men i Stortinget må dei fylgje sitt parti i tjukt og tynt. Sjølv om dei personleg ikkje er samd i det. For ikkje noko parti har rett i alt, og ikkje noko parti har rangt i alt heller. Denne natta sov vi på hotellet. Vi ville ha Bergensbana i dagslys, og få sjå mest mogleg. Denne siste kvelden var vi samla eit lite sunnmørslag i salongen hans Fiskaa. Det var Karl Fiskå og søstera som styrte ein klubb på Drammensveien. Dei to var brorbarna hans Ansgar Fiskaa. Vi kom inn på fiskeprisane, og kor den vart fordyra av mellommennene. Kveiteprisen til fiskar var kr.1 pr. kg då vi passerte Ålesund. Frøken Fiskå hadde denne dagen kjøpt fersk kveite for kr. 3,95 pr. kg. Kanskje det var same kveita som her var vorte fire gongar så dyr, på dei stakkars mila frå Ålesund til Oslo.

Turen i dagslys gjennom Hadeland, Krødsherad og den lange Hallingdal og Ustedalen, er verkeleg ei oppleving. Og når ein så kjem på høgde 1300 meter over havet, så ser ein på tre, gras og buskar kva stigninga gjer. Medan vi nede på låglandet hadde nesten sommarvarme, så var der alt is på Finse og Ustaoset. Den ville naturen nedover mot Voss er noko for seg sjølv. Rart at toga klarer den svære stiginga. På Voss tok det til å mørkna, og der vart ikkje meir å sjå. I Bergen var det berre å gå om bord i «*Jotunheim*», som då gjekk «*Nordfjord*» si rute. For moro skuld tok vi billett til Måløy. I Måløy tok vi ein tur på land, og gjekk så om bord att og løyste billett frå Måløy til Sandshamn. Dette tente vi to kr. på kvar.

Søndagskvelden vart det sydvest storm. På Slagnes kom biskop Hognestad om bord, og vi nytta høvet å snakka med han om kyrkjestriden, kyrkjevegane i Sande, og ymse anna. På Bringsinghaug (*Info 1*) var det berre røk og fok på kaia, og dei som skulle på kaia måtte vera godt oljekledd (*Info 2*). Så snart «*Jotunheim*» slo av farta for den rekande som ein høystakk, og laut gå bort på att. Andre gongen gjekk det likeins. Då gjekk han Vikene opp på brua, og fortalde i ein høfleg tone korleis kaptein Fugleset på «*Nordfjord*» brukar det i slike høve. Han lurte baugen opp til enden på kaia, og snur båten attmed kaia. Men Kaptein Grytnes svarte berre at det er han som kommanderer her. Enno ein gong prøvde han å få båten til kaia, men like gale gjekk det. Han Vikene måtte vera med til Sandshamn.

Denne situasjonen stod bispen og såg på. Og eg skulle tru, at han fekk augo opp for korleis det er å ferdast på Sunnmørskysten.

(Info 1: Bringsinghaug er der ferjeleie på Kvamsøya er no.)

(Info 2: Oljeklede er tette klede som var brukt for at mannskapet ikkje skulle verte våte.)

I kyrkjestriden kunne der også vera morosame innslag. Ein gong kom det ein samrøystes protest frå Hallebygda, at ingen derifrå ville vera med i Gursken sokn. Dei ville høyra til Sande sokn som før. Men på neste heradsstyremøte kom det ein protest mot dette vedtaket. Det var underskreve av ein Petter Andreassen Nupen, at han bur i Hallebygda, og at han alltid har omfatta kyrkjesaka i Gursken med den største interesse. Men då reiste han Hans Halle seg. «Eg trudde eg skulle vera kjend i Hallebygda, men denne mannen er eg ikkje så viss på at eg kjenner». Men då sa han Dyrkoren (*Info: Støyle 8.*) eit lite visdomsord (Røysten er Jakobs) røyst, sa han. Vi skjønnte godt kva for ein Jakob han meinte. Sanninga var at det var Petter A. Knotten (Marta Petter), som dette året brukte Nupen, garden som sonen Artur ervde etter sine morbrør i Afrika, og brukar den dag i dag (*Info 1*).

(Info 1: Ovanfor nemnte forteljing om kyrkjestriden i Sande var litt vanskeleg å forstå. Leif Skorpen som er frå Skorpa har forsøkt seg på følgande forklaring: Hans Halle kjende ikkje namnet Petter Andreassen Nupen i Hallebygda fordi han hadde no tatt etternamnet Nupen etter garden Nupen som han no dreiv. Han brukte før namnet Knotten. «Røysten er Jacobs». Dette er nok litt av eit bibelsk uttrykk frå 1. Mosebok, kapitel 27. Isak seier der: «Røysta er Jacobs, men hendene er Esaus». Det er nok eit bilde på at ein (Jakob) snakkar for ein annan. Gamlekarane kunne nok si bibelsoge.)

Då Gurskekyrkja (1919.) skulle vigslast, fekk eg som Heradsstyremann skrifteleg innbyding til å vera med. Eg skreiv attende, at sjølv om det hadde vore gildt å vera med på vigslinga, så vil eg ikkje møte der som Heradsstyremann etter den stode eg alltid har teke i denne sak, og vil kome til å ta, så lenge denne saka er oppe. Eg uttalte til slutt ynskje om at kyrkja måtte verta eit samlingsmerke om einigheit og samhald i kommande dagar.



(Info: Bilde av kyrkja i Gursken frå vigslingsdagen i 1919.)

Ein kveld eg var på Larsnes (1925) på eit møte i heradsstyret la eg merke til at Ingolf Bringsvor (*Info: Bringsvor 9. Fødd 06.04.1899.*) kom etter doktoren. Eg fekk berre vita at det var Oluffa Bringsvor (*Info: Bringsvor 4. Fødd 24.08.1850.*) doktoren skulle til. Først då eg kom heim fekk eg vita sanninga. Petter Karlsen (*Info: Bringsvor 4. Fødd 05.05.1882*), mitt syskenbarn hadde skote seg med dynamitt og ville vist nok få stemora med seg i døden. Han hadde denne sommaren vore så underleg, så det var klart at noko var i vegen med vettet hans. Men eg hadde vore så lite heime, at eg trudde ikkje det var så gale som det var. Petter var eit flogvett (*Info 1*). Men alle åra i einsemd hadde gjort han forrykt (*Info 2*). Dessutan merka han visst at tuberkulosen var åt og tok han att. Eg var med til Ålesund med Oluffa, og vi låg der om natta, om ho kanskje døde på sjukehuset. Men ho stod det over. Eg trudde eg hadde gode nervar, men å sjå på Oluffa var lite nok eg tolde.

(Info 1: Flogvett er ein person med usedvanleg rask forstand, intelligens og/eller store åndsevner.)

(Info 2: Forrykt betyr i denne samanhengen ein person med psykiske problem.)

Då eg kom heim skulle der vera eit lite møte i skulehuset, for å sette opp liste til valet i heradsyret. Eg sa frå meg attval. Eg hadde vore med i ni år, og kanskje kunne eg oppleve å koma med seinare også, men no ville eg vera fri. Det er ikkje berre moro å vera med i heradsstyret heller. Mykje tidsspille, og ein god del utlegg, så den som skal vera der lenge må ha ei svær interesse for dette arbeidet.



(Info: Bildet over viser skulehuset «Breidablik» på søre Sandsøy. Det vart vedteke å bygge dette skulehuset i 1896. I 1962 vart skulen nedlagt ettersom det då kom ein ny felles skule for heile Sandsøya. Sjå også bilde side 18. Skulehuset brukast i dag til museum.)



(Info: Bildet viser klasserommet på «Breidablik» som gamleskolen på søre Sandsøy heitte. Før Dollstun vart bygd i 1928 var skulen også mykje brukt som forsamlingshus.)

No vart Åram kyrkja også bygd (1927), og det såg ut for å ikkje verta verre med striden. At dei tre kyrkjene hadde kvar sitt sokneråd, og kvar sitt budsjett viste seg å vera rett. Synd berre at styresmaktene i notida har snutt opp ned på det som vi streid for, og slo saman soknene under ein kasserar og ei kasse. Og så får soga felle sin dom om kven som hadde rett.



(Info: Bilde av Åram kyrkja frå vigslingsdagen i 1927.)

No gjekk det mot nedgangstider att. Som det ofte går, så vart fiskeprisane i 1926 lågare enn i 1925. Ein må ikkje gleda seg over at kjøparane taper, for tapet går igjen til slutt ut over den som skal selje fisk. Det var prisen på sild og sommarfisk som gjekk mest ned, medan prisen på klippfisktorsk heldt seg betre. I 1926 var eit storår med torsk. Fisken kom heilt inn mot land. Der var svære fangstar utmed Skjeggane, inne i Langdrogbakkane, og rundt bodane (*Info 1*) i Flåværleia. Det vart såleis eit brukbart år, men så har her heller ikkje vore torsk sidan, så ei så lang svarteperiode kjenner ingen til, som lever no.

(Info 1: Bodane er det same som skjer eller fluder i sjøen.)

Det er venteleg stortrålinga ved Svalbard og i Barentshavet som er grunnen. Eg hugsar ein gong eg var i Ålesund med fersk fisk. Og nede på fisketorget kom oppsynssjefen Berge Barman og helsa på meg. Vi kom inn på kva som gjer at torsken vart så lenge borte. Og da sa han: «*Dersom det kan bevisast at torsken sin heimstad om sommaren er i Barentshavet og aust om Svalbard då ser eg mørkt på dei norske torskefiska, for då er det trålarane som tek den. Og ikkje berre den store fisken, men også all småfisken som vert kasta på sjøen. Dette er fisk som om nokre få år ville vorte fullmoden gytefisk her, og på Lofoten.*» Berge Barman var gamal fiskar, og ein klok og erfaren mann, men vitskapsmann var han ikkje. Men eg tok med disse orda åt den gamle oppsynssjefen. For også alminnelege fiskarar diskuterer dette problemet.

Når eg no var fri Heradsstyret, skulle eg likevel ikkje verta heilt fri kommunale uriaspostar. No vart det overligningsnemnda og fattigstyret. I fattigstyret var det mange som vart attvalt gong etter gong. Men så hadde dei også rolege distrikt å administrere. Her på Sandsøya var det å kome seg klar fattigstyret så snart der var høve til det. For her hadde vi «*Fasting Birte*» (*Info 1*) å kjempe med. At ho var noko nervøs visste vi, men det var denne kjeftinga og harseleringa henna, som kunne få nervane på sterke menn til å stå på høgkant. Ho visste godt at kjeften hennar var eit godt våpen, og ho forstod også å bruke den. Ho skulle bu i stova, som fattigvesenet eigde inn ved Voragarden. Men det var ikkje godt nok. Så tre gongar måtte eg ta henne inn i vårt hus, medan eg var fattigforstandar. Om sommaren låg vi på loftet, rett opp for der ho Birte låg. Eg kom og skulle legge meg i elleve tida om kvelden. Då eg kledde av meg, datt bukseselane ned på golvet. Og då hørde eg kor ho Fasting Birte skjente. Eg svara ikkje, men la meg til å sova. Om morgonen då eg kom inn til kaffi var ho oppe. «*Ingen stad er fred for meg. Det høyrdest i går kveld kva ståk det er på loftet. Nei det vert ikkje fred for meg før eg kjem opp i himmelen*» sa ho. «*Ja svara eg. Kjem du opp i himmelen, så vert der ikkje verande for anna folk*». Dette tykte ho var så fælt sagt, at ho sette i å storle ho også. Ho var så inderleg plagsam, at eg var snar å seie frå meg attval når tre års perioden var ute.

(Info 1: Fasting Birte må vere same dama som vi høyrde så mykje om i oppveksten, men som vart kalla «Rausta». Knotten 10. Fødd 13.11.1843.)

No var nedgangstida i full gang. Prisane fall for kvart år. Vi fekk noko sei i garna, og den hengde vi. Men prisane for sommarfisk vart så låg, at det lite lönnte seg å driva. Og når prisen på sild gjekk ned i kr. fem for 150 liters mål, seier det seg sjølv, at heller ikkje dette fisket lönnte seg. Såleis gjekk åra fram til 1932 med berre nedgang og vonløyse.

Her var nokre få båtar som hadde fått litt lån i Fiskarbanken. Eit lag på Kvamsøya hadde ein 16 HK Gideon motor. Denne var dei ikkje nógde med, og tinga ein 26 HK Hein, bygd i Bergen. Disse karane greidde seg ikkje, og Fiskarbanken laut selje båten. Det vart tap, og så kravde banken Sande kommune etter 30% av tapet. Som det var då laut kommunen

garantere for 30%. Heradsstyret valde ei nemnd som skulle reise til Bergen og snakke om saka. Dei heldt fram at dersom banken hadde selt gamle motoren skikkeleg, så trengde der slett ikkje verte noko tap, og karane herifrå fann ikkje å vera pliktig å betale. Herrane i Fiskarbanken slo også stort på, og sa: «*Alrigt. De skal sleppe og betala, men ikkje meir eit øre vert innvilga til Sande før dette er ordna*». Eg er glad for at eg ikkje var med i Heradsstyret under denne galskapen.

Før eg slutta i fattigstyret vart eg usamd med både fattigstyret og Heradsstyret. Eg kom heim seint ein laurdags kveld. Vi hadde vore utfor Ålesund med torskegarn. Søndag morgon kom ein mann og bad meg ringe til doktoren. Ho Marie (*Info: Kinna 1. Fødd 03.06.1861*) hadde slått av nasebeinet. Ja eg ringte til doktoren, og eg var på brygga då han kom. Eg sat og såg på medan han stoppa gase (*Info 1*) opp i nasekanalane, og på den måten fekk retta nasa. Det var hardt for henne som var pasient. Men doktoren heldt leven og skrytte av kor fin nasa skulle verta etter behandlinga. Då doktoren var ferdig, bad eg han sjå på kva mat dei hadde. Då syntet det seg at det fantes ikkje anna mat i huset enn nokre silder som ho hadde fått hjå oss veka før. Doktoren sa at eg skulle skaffe dei mat. Eg skreiv då 50 kg mjøl og noko kaffi. Fattigstyret nekta å betala rekninga, då eg ikkje hadde sørgt for panteskøyte i garden. Og dei sende saka til heradsstyret. Dyrkoren (*Info: Støyle 8.*) foreslo saka utsett, og at eg laut få høve til å uttale meg, og eg fekk så krav om å betale rekninga sjølv. Eg svara at eg betalar ikkje eit øre, og at eg hadde doktoren til vitne på at der ikkje fanst mat. Og om pant i garden skreiv eg at ein tredje prioritet i bruket ikkje ville vera verd papiret det var skreve på. På neste møte i heradsstyret kom saka opp att. Og då fråfall dei kravet. Jau, ein kan oppleve «småligheit» og pirk også i det kommunale.

(Info 1: Gase / gasbind er ein type fiberduk til medisinsk bruk. Brukt til forbinding av sår osv.)

I 1932 slutta Dyrkoren (*Info: Støyle 8.*) i skule og klokkarposten og flytte til Stranda, der kona var i frå. No sa han frå seg attval, og eg vart vald i heradstyre og formannskap.



(Info: Bildet viser Ole Kristian Dyrkoren og kona Oline Dyrkoren.

Ole Dyrkoren kom frå Stordal, fødd i 1864 og døde i 1933.

Han kom til Sandsøya 1903 og vart lærar i søre Sandsøy krins og klokkar i Sande kyrkje frå 1908.

Han var mellom anna ordførar i Sande 1920-1922. Familien flytta til Stranda i 1932.)

På denne tid vart her byrja med reveal i bygdene. Det vart som ei farangssykje (*Info 1*), og det eine aksjeselskapet kom etter det andre. Eg og mange her gjekk med, eit lag i Storegjerde der Lars vart passar (*Info 2*).

Men sommaren 1934 vart det avgjort på eit møte i revelaget, at ein skulle reisa på Sørlandet, og prøva å selja, og vitja dei som hadde svara på avertissementet. Og det var eg som laut reise. Eg har aldri sett så mykje bløff i noko slags forretning som i dette. Det var som folk ville bedragast. Eg trefte ein kjenning frå ein revegard nær Stavanger. Eg hadde nett lese i avisa at han budde på det hotellet, og han hadde enno att noko 1. premie kvalpar. No hadde dei ei hoe med 1. premie, medan vi hadde berre ein 3. je. No er det klart, at om ein hadde ei hoe som hadde 1. premie, så hadde ikkje alle kvalpane fått premie, om dei vart utstilt. Ja, der var eit tilfelle som var nokså usmakeleg. Ein klokkar som var svær talar kalla saman til oppbyggingsmøte, og etterpå baud han fram revekvalpar. Eg reiste over land til Kristiansand. Og derifrå med båt til Arendal. Vidare med båt til Breivik, og med bil til Skien. Så fylgde eg rutebåten oppover Norsjø til Gvarv, og ned att om morgonen. Det var interessant å fara opp og ned slusene (i alt sju stk.). Der snudde eg og reiste attende. Over Jæren reiste eg indre, gjennom Gjesdal og Vikeså. I Vikeså høyrde eg meg om for å få ei seng over natta. Kona i huset klaga over at ho ikkje hadde sengkleder. «*Nei*», sa eg. «*Eg har fått vite at du har 50 sauer, og då skal du ikkje få meg til å tru at du ikkje har såpass sengkler, og no tid det så langt på kveld at eg må få vera. Eg har reist frå Lindesnes til Nordkapp og aldri vore nekta ei seng. Og får eg ikkje ei seng så skal det stå eit stykke om deg i avisene i morgon*». Jau, eg fekk seng, og mykje sengkleder. Så det hender at ein lyt bløffe noko også for å verta hjulpen. Dei fortalde at dei var brydd av tater og slusk som for etter vegen på indre Jæren. Og svært mange har ikkje pengar.

(*Info 1: Farang er synonymt med epidemi eller farsott.*)

(*Info 2: Passar betyr truleg røktar.*)

Eg kom heim i slåtten. Eg tok berre kr. fem for dagen, som då var ei vanleg dagløn, og så reiseutgiftene. Det vart ikkje stort utbytte av turen. Eg var for ærleg, og det laut bløffmakarar som skulle greie å selje godt i slike høve. Ut på hausten fekk vi likevel selje kvalpane, sjølv om det ikkje var til toppris. Vi fekk att våre utlegg i Storegjerde, og litt til gode og, og så vart dyra delt på eigarane, for dei som ville byrja for seg sjølv. Så denne nye næringsvegen vart ei god hjelp for meg også, og gjorde at eg vart skuldfri mann. Og det var ei herleg kjensle, at eg no ikkje var nokon skyldig. Berre den som har kjent trykket av skuld, veit kor det kjennast å vera fri trykket.

No var dei berykta mellomkrigsåra for alvor byrja. No ville ikkje endane rekke i hop lenger. Og skulda auka med mange. Skulda på båtane, som kanskje kunne vore betalt, om ein hadde vore forsiktig nok. Men som det då var, var det nesten uråd å greia renter og avdrag om det var noko skuld av størrelse.

Her i Sande var ei mengde småvorne båtar. Skulda var ikkje stor på kvar, men her var ingen ting å tena med båtane. Dei var bygde for torskegarn, og torsken kom aldri att. Sume bankar tok til å drive inn skulda. Men avisene skreiv. «*Stans avrettingane*»: Styresmaktene tok seg av det, og der vart valde meklingsmenn for gardbrukarane, og i sjøkommunane vart vald ein for fiskarar også. I vår kommune vart Ole Andreas Bøe meklingsmann for gardbrukarane, og Olai Vikene (*Info 1*) vart vald for fiskarar. Særleg stive i skriveteksten var dei ikkje, men dei greidde det bra, korso. At gjeldsordninga vart mangelfull var sanneleg ikkje deira feil. Det var berre dei som det var mest «botnalaust» med, som fekk ned skulda. Medan dei som hadde verdi for skulda berre fekk noko av

skulda flytta over til lånekassa. Men skulda vart ikkje mindre. Folk fekk no fred for bankane ei stund. I Sande heradsstyre vart det snakka om gjeldsordning. Dei kommunane som hadde bore seg mest vanvitig åt, og lånt pengar i hundretusenvis til skular og elektrisitetsverk fekk no nedskrive mykje av skulda, men vi som ikkje hadde vore moderne nok hadde for lite skuld, og ville få lite eller inkje av på skulda. Staten løyvde til nødsarbeid. Men då laut vi reise til Oslo og snakke med dei om saka. Og så vart det avgjort at ordførar Kragset og eg skulle reise til Oslo. På et møte i heradsstyret foreslo han Vikene, «*at no fekk det verta ordna opp med fiskarbanken så folk frå Sande også fekk lån der. Som det då var, vart flåten ringare år for år, så dette kunne ikkje gå i lengda.*» På han Vikene høvde ordtaket «*Ingen er profet i sitt eige land*». Han var ikkje alltid profet i si eiga heimbygd, men det skal seiast til hans ros, at han alltid tala fiskarane si sak, og var for deira beste. Forslaget hans vart vedteke, og så skulle vi som reiste arbeide med saka. Det var såleis nødsarbeid og gjeldsordning, som var dei største sakene vi skulle arbeide for. Så reiste vi då i slutten av oktober, og vi vart i følgje med Jakob Sætre som reiste så ofte til Oslo i denne tida, då sakene med gjeldsordning var så mykje arbeid med. Og Sætre var med i landstyret då. Eg var såleis i godt lag. Det var storkuling inn Romsdalen, men veret betra seg til lenger inn vi kom.

(Info 1: Myra uplassert. Kvamsøy.)

På Åndalsnes var fint ver. På Verma stasjon sa eg til kameratane, at no vil eg fram i lokomotivet og spørje om eg får stå på lokomotivet til neste stasjon. Kragset og Sætre sa at det får eg aldri lov til. Eg gjekk til lokomotivet og spurde høfleg om lov. «*Har du kjennskap til dampmaskiner?*». «*Jau, på sjøen har eg vore i dampmaskiner i fleire år, men eg har aldri vore oppe på eit lokomotiv før,*» svara eg. «*Jau versågod*», sa føraren. Eg gjekk så attende til vogna vår, og sa at eg vart med der framme. Og så kleiv eg opp til føraren og fyrbøtaren. Og dei to karane likte å prata. Lokomotivet var på 900 HK. Så det trengst noko krefter å draga dei mange vognene opp dei store stigningane. Men det vart noko kaldt på høgda mot Dombås. Der var svær gjennomtrekk. Så då vi kom til Dombås, takka eg for meg og gjekk attende til vogna vår.

Vi hadde sovevogn, og hadde det godt såleis, og eg var bra utkvild då vi kom til Oslo. Kragset ville bu hjå bror sin Ansgar som var kontormann i Rikstrygdeverket. Vi laut reise med Vestbana forbi Lysaker og nokre andre stasjonar til Strand der dei hadde ein fin einebustad. Kona hans Ansgar var kontordame på Møllergata 19 (Oslo politistasjon), men så var ho også dotter til ein politimann. Vi var på Viktoria Terrasse og snakka med fylkesmann Utheim som då var sosialminister. Det var der vi underhandla om nødsarbeid. Vi vart møtt med dette: «*At det er no løyvt så mykje ordinert til moloen på Sandshamn at det er vanskeleg å få noko nødsarbeidstilskot. Og at der er litt arbeidsløyse framfor storsild fisket, det brukar det alltid å vera*». Utheim var godt kjend her. Så fekk eg uttale meg. Eg også visste at der var løyvd noko ordinert til moloen, men disse pengane fær til Volda dei, sa eg. Då vart byråsjefen bisk og spurde kor eg kunne få til det. Jau, svara eg. «*Når arbeidarane som er frå Volda, så fer no også pengane dit*». Hamnevesenet har sine arbeidarar frå Fjordane, og folk i Sande får ikkje stort av disse pengane. Ja, dette måtte dei sjå om var slik.

Hjå hamnedirektøren var vi også inn, hjå fyrdirektøren, der eg underhandla om ei lita lykt på ei stong på Sandshamn. Vi var også så snarast inn til handelsministeren, og eg vart forbina (*Info 1*) på alle funksjonærene der var. Så eg fekk det inntrykket at dette var det departementet, der det var mest å gjera. Og Meling verka nokså nervøs og forkava.

Seinare har mykje vorte avlasta frå handelsdepartementet. No har Industri og Fiskeridepartementet fått noko av arbeidet.

Vi var også inne på Rikstrygdeverket og snakka med hovudkasseraren. Han var om lag krøpling og brukte krykkje og stav. Han var den einaste eg høyrde i embetsverket i Oslo som snakka nynorsk. Men så hadde han då godt folk å slekte på. Han var son åt salmediktaren Elias Bliks.

(Info 1: Forbina betyr overraska.)

Også denne gongen var eg på eit møte i losje «Glitne», men det vart så seint, at det var vanskeleg å få hus. Til å kome ut til Strand leid det for langt på kveld.

Eg var også oppe med Ingebrikt Sande og kona som hadde vorte fastbuande Oslofolk.

For å få nødsarbeid, måtte ein ha eit prosjekt eller anlegg å setje arbeidet i gang på. Og så kom tanken opp om bru over straumen. Og det vart avgjort at Kragset og eg skulle attende over Molde og snakka med Fylkesmannen om dette bru prosjektet. Då Ansgar Kragset og frue køyrte oss til Austbanestasjonen synt det seg at vi skulle vera med vogn nr.19. Fru Kragset var svær å halde leven med oss om «*at no var det vi som skulle på nr.19*», og ikkje berre ho, som hadde sin kontorpost på fengselskontoret, Møllergt 19.

I vêrmeldingane høyrde vi at det var berre kuling og storm heime på Møre. Men i Oslo var veret nydeleg. Ikkje eit blad rørte seg på trea. Vi gjekk inn i vogna og gjekk til køys. I fem tida om morgonen hylte stormen rundt toget. Det kjendest som om stormen ville velte toget. Konduktøren kom å varskudde at vi nærma oss Åndalsnes. Og så stod vi opp. Toget stoppa og vi gjekk ut. Men for eit ver. Fjorden var i eit einaste røk. «*Eira*» hadde måtta gå frå kaia om natta. No kom ho så snarast fram under Mylnekaia, og vi passasjerane for som nokre pjuskete høner om bord. I Molde hadde vi ein lang prat med fylkesmannen. Kragset var med i vegnemnda i fylkestinget. Og det gjorde sitt til at vi fekk i gang arbeidet med bru over straumen. Fylkesmannen rådde til at vi fekk få oss ei liste over frivillig arbeid på brua, og så fekk vi koma att og legge den fram for fylkesmannen, så kanskje vi kunne få noko løyving av fylkestinget til sommaren. Då eg kom heim fekk eg kalla saman eit møte, der eg fortalde dei, at dersom vi ville ofre godt med frivillig arbeid, så var der no utsikter til, at vi no fekk bru over «straumen». Denne brua som så lenge hadde vore berre draum og ynskje. Og der vi hadde kjempa og skyssa folk, så mange mørke uvêrsnetter. Tanken om bru fekk stor tilslutning. Den nye klokkaren Åkre (*Info: Støyle 8*), for rundt i bygda og skreiv dagsverk. Og der var han rette mannen. Når nokre lova fem dagsverk, så skreiv han ti dagar. Og når det først var kome på papiret, så vart det så, at folk gjorde dei dagsverka som var skreive på dei. Der vart i alt teikna ca. 700 gratis dagsverk. Eit resultat som det stod respekt av, og som gjorde at saka vart fremja så fort som den vart. Der var vald byggenemnd, der eg også var med. Som arbeidsformann fekk vi Johan K. Vik frå Gursken. Ein dugande mann.

(Info: Ovanfor nemnde er nok hausten 1932.)

Året etter (1933) døde Adolf Støyle (*Info: Støyle 4. Fødd 06.11.1879*) som eg åtte båt saman med, og som eg hadde vore så mykje saman med på sjø og land. Han hadde rota seg bort i mykje kausjon (*Info 1*), og for å koma seg klar desse kausjonane, så skøyte han garden på borna. Dette kunne ikkje banken gå med på. Dei laut slå han konkurs. Han laut såleis betale sin part i den skulda vi hadde på båten. Men dei andre kausjonistane hans gjekk det bra med. Det var godt folk, som betalte skulda si. Rekneskapen for båten som eg

hadde ført, laut no inn for sakføraren som styrde buet, og til sorenskrivaren. Det var svære revisjonar, men det synt seg at eg ikkje hadde gjort anna gale enn at eg hadde tent for lite pengar, og det er ikkje straffbart. Men uhyggeleg var det, at vi som hadde vore i lag i over 30 år, skulle skiljast på den måten.

(Info 1: Kausjon betyr å garantere for andre si gjeld.)

Kyrkjesongar og lærar Dyrkoren, (*Info: Støyle 8.*) som no hadde vore borte eit år, var komen til gravferda hans Adolf Støyle. Han såg bra ut og han heldt ein pen tale i kyrkja over sin ven og kamerat frå så mange år her. Om natta låg Dyrkoren og frua i Leina, så det skulle vera lett å koma seg på rutebåten om morgonen kl. fem. Han var frisk og i bra form då dei reiste. I Ålesund var dei ei kort stund. Og reiste så i bil til Langskipsøy, der dei fylgde ferje til Sykkylven. Då dei kom heim i fem tida om kvelden, klaga han over vondt i hovudet, og sette seg bort i sofaen. Der døydde han.

Då gravferda skulle vera ville mange herifrå vera med. Han hadde då vore her i 29 år, og han var ein avhalden mann. Sandeingane tok motorbåten sin. Og så for vi trampande inn gjennom den lange fjorden. Vi kom tidnok til gravferda. Sande kommune skulle ha ein krans på grava hans, og eg hadde skrifteleg fullmakt frå ordføraren om å legge kransen på. Det var prost Grønningsæter som la på dei fleste kransane. Og eg trur han tenkte å legge på denne også. Men då eg hadde fullmakt, så laut han bøye seg for det. Å halde tale i ei fullsett kyrkje på ein framand stad var nytt for meg, men det gjekk det også. Då vi hadde fått mat på hotellet kosta sønene til Dyrkoren bilskyss på oss fram i Strandadalen. Det var lenger enn eg trudde. Når vi kom ned att var det å byrja på den elleve timars lange heimturen.

Denne gongen var eg i heradsstyret to periodar, altså i seks år. Om våren 1936 skulle vi ha ein deputasjon til Molde og verka for brusaka. Hans Voksøy (*Info: Sandsbakken 3. Fødd 21.07.1896.*) tok båten sin, og klokkar Åkre og eg var med. Eg sa at sist eg hadde den ære å helse på her fylkesmannen var på Viktoria Terrasse. «Ja, jeg husker det godt», sa han. Dessutan minte eg han på at han fekk ein våt fot over straumen då han var her på møte i Sunnmøre Fiskarlag på «Dollstun». Han var ikkje i noko godt humør. Eg trur han lika seg betre som sosialminister. No var arbeidet på brua sett i gong, og ho vart ferdig i 1937. Vi fekk løyving frå fylke og stat, men kommunen måtte også legge ut ein god grand. Men det var bra at arbeidet vart byrje når det vart. For kva ville ikkje brua ha kosta i dag?.

Då det no var ordna opp med Fiskarbanken, så kunne folk herifrå også få lån til båtar. I den nyvalde fiskerinemnda vart Ludvig Gjerde, Sigvald Rønnestad og eg vald. Og eg vart formann, og har vore det til no.

Sommaren 1937 hende ulykka i Skorpa der Peder Eltvik (*Info: Sande N 36. Fødd 11.04.1921.*) og min systerson Johan Rusten (*Info: Sande N 33. Fødd 15.04.1908*) kom bort. Då han etter seks veker vart funnen att, og skulle gravleggast på Sande kyrkjegard, var det båtskyss frå Sandshamn til kyrkja. Men etter gravferda gjekk mange landevegen. Der var kome ei hengebru over straumen. Og vi var dei første som gjekk over denne brua.



(Info: Bildet viser folkehopen som går til opninga av den ny brua over straumen. Askjell Skare og Petter Skorpen ser vi fremst i opptoget, truleg saman med ordførar Jakob Sætre.)



(Info: Bildet over her viser opninga av brua over straumen på Sandsøya i 1939. Vi ser dei to eldste på øya då, som fekk oppgåva med å klippe snora. Askjell Skare til venstre og Petter Skorpen til høgre på bildet. Det var ei skyvebru over nørdeste bruløpet. Dette var sjølvstakt for at større båtar skulle kunne bruke Vågen til hamn. Ishavsskuta Grande hadde oppankringsplass på Vågen. Rundt midt på -60 talet vart nye bruer etablert.)

Det tok noko tid før brua var heilt ferdig, men no kunne alle gå trygge over, sjølv om brua over den nøre delen var provisorisk. Men hausten 1939 vart brua offisielt opna. Då var det stor fest på Dollstun. Alle konene på øya kom med rømme, og det vart spandert gratis rømmegraut på heile festlyden. Det gamle og det nye heradsstyre var bodne inn. Og alle samlast att med brua. Der var spent eit band over brua og dei to eldste menn her på øya: Askjell Skare (*Info: Skare 1. Fødd 18.10.1849.*) og Petter Skorpen (*Info: Bringsvor 7. Fødd 16.02.1853.*) skulle få den ære å klippe tråden. Etter ein stutt tale av ordførar Jakob Sætre vart tråden klipt av dei to gamlingane, og folkehopen gjekk over brua og oppover til Dollstun. Lensmann Rekdal heldt festtalen, og så bar det til kjellaren på Dollstun til rømmegrauten. Mange utflytte sunnmøringar var komne heim for å vera med på denne høgtida. Frå sokneprest Ristesund og redaksjonssekretær Gerhard Pettersen (*Info: Bringsvor 4. Fødd 19.11.1868. Sjå også bilde side 31.*) kom der telegram. «*For nymala kyrkje og nybygget bru, vi gleder oss i dag vi to*».

Gjennom alle tider hadde Straumen vore plageånda. Vi som åtte båtar der, fann dei oftast att på andre sida. Folk stal ein båt, når dei trengde båt, og eg kjenner ingen som hadde noko vondt samvit av dette tjuveriet. Ofte fall båtane oppe, og flødde full av sjø. Tiljer og årar reiste sin veg flytande. No var dette forbi. Sandsøya var ikkje lenger to bygder, men ei.

Eg hadde no vore med i heradsstyre og formannskap i to periodar. Og eg vart oppsett på lista i 1937 også. Men det gjekk ikkje som tenkt. Klokkaren hadde nemleg funne ut, at no ville han inn i heradsstyre same som Dyrkoren hadde vore i så lang tid. Men Åkre var langt mindre mann i offentlege yrke enn forgjengaren hans hadde vore, og han var ikkje så avhalden i bygda som Dyrkoren hadde vore. Då Åkre ikkje kom med på bygdelista så sette han i gang med ei ny liste, og kalla den «*Vestre Sandsøy lista*», medan vår liste heitte «*Søre-Sandsøy lista*», som namnet alltid hadde vore brukt. Så var her «*Arbeidarparti liste*» også. Og eg skjønna kor det ville gå med valet. Her ville ikkje tolast så mange lister. Det ville berre splitte. Eg var klar over at eg kom ikkje opp. Men etter så mange år i heradsstyret, så var eg ikkje så val sjuk at eg ikkje tolde å verta kasta. I valstyret foreslo eg, at når her var tre lister på Søre Sandsøy, skulle der vera ein for kvar liste i røystestyret, og eg nemnde opp Ola Åkre (*Info: Støyle 8.*) og Bernt Haugen (*Info: Bringsvor 5. Fødd 11.12.1900.*)

Det hadde no roke i hop mange saker i Fiskarbanken som eg ikkje var sikker på kor det gjekk med. Og då stillinga var vanskeleg for mange av lånsøkarane, så baud dei meg, at dersom eg ville reise til Bergen og ruske opp i disse lånesøknadane, så ville dei koste reiseutgiftene til Bergen og heimatt. Tett føre valet reiste eg då, og eg fekk greidd bra opp i dei fire lånesøknadane. De var gamle «*Nordfjord*» som gjekk Bergensruta, som den hadde gått mangfaldige gongar. Men det såg ut for, at dette skulle verta ein av prøveturane for kaptein Fuglset og los Ludvigsen. Det var nordvest og eit «*himla hav*». Ingen trudde dei ville leggja ut på turen rundt «*Staden*» i dette været. Eg åt middag medan vi låg i Måløy, og så la eg meg for å ta middagsluren. Jau, då byrja dei og gå likevel, og no fekk vi skake oss. Eg låg til vi var midt nord på Sildegapet, men då var det uråd å ligge lenger. Slingringa var veldig, og ein kunne risikere å verta kasta frå køya og ned i lesida fortare enn ein hadde godt av. Så kom eg meg opp og att på midtskipet. Og eg vart ikkje særst vart heller, for farta var så lita, at det gjekk seint. Vinden var N, N.V og var såleis godt innoom babord. Eg kom meg atti byssa (*Info 1*), og der huserte eg lenge saman med stuerten og ein av matrosane. Eg er temmeleg godt kjend rundt «*Stad*» og eg visste vel om alle fall og grunnar som er der. Men dette var verste veret eg hadde fare der, så eg likte å sjå falla

bryte. Og denne gongen synte dei seg vel, både dei grunne og dei djupe falla. Hovudleia, som har namnet etter médet: Hornelen synleg innom eit fjell som heiter Skalmen, var smal den dagen. Ysteboden og Vossa var nokre veldig brot. No fekk eg sjå for ei vedunderleg sjøskute gamle «*Nordfjord*» var. «*Sirius*» av Bergenske laut ligge bakke nordom Ysteboden, men «*Nordfjord*» gjekk sin kos, og Ludvigsen stod på brua. Han var noko halt no. Gikta huserte visst stygt i føtene hans. Men tenk på alle dei gongane han hadde vorte våt, på dei ca. 3000 gongane han hadde runda Stad, dette verhardaste sjøstykket på kysten. Verst var nok slingringa utfor Stad. Då var vinden meir på sida, og farta vart litt større. Passasjerar var her lite av. Berre nokre som hadde arbeid på Finse, og to Nordfjordingar som skulle til Sunnmøre og tene. Dei to tykte eg synd på. Dei satt på kvar side av bordet, og heldt kvarandre, og kasta opp det som fanst i magen. Mange av mannskapet var også sjuke. Det var berre dei som var mest herda, og så eg som slapp. Då vi passerte Kvitneset kom kapteinen opp. «*Forstår de om båten er tett*», sa han, og så gjekk han på brua og løyste av losen (*Info 2*). Ikkje underleg at dei to veteranane seinare fekk kongens fortjenestemedalje. Kven var meir verdige å bera den enn dei.

(*Info 1: Byssa på ein er same som kjøken på land.*)

(*Info 2: Los er ein kjentmann på havet.*)

Dagen etter, at eg var komen heim, kalla eg saman dei to, som skulle vera saman med meg i røystestyret. Og vi gjekk gjennom det valtilfanget som lensmannen hadde sendt. I samtalen kom eg til å seia: «*Elles så kjem vi ikkje inn i heradsstyret, korkje eg eller du Åkre*». «*Jau eg våga 50 kr. på, at du kjem der*», sa han Åkre. «*Nei så stort beløp vil ikkje eg setje opp*», sa eg. «*Lat oss setje opp eit rimeleg beløp, og så skal også den som taper betale*». Så våga vi då om ei krone, og han Bernt (*Info: Bringsvor 5. Fødd 11.12.1900.*) var vitne. Då vi skulle telje opp røystene i Fiskarheimen møtte han Åkre opp, likevel han ikkje hadde noko der å gjera. Av og til stakk eg etter han Åkre om krona han hadde våga om. Sigvald Baade (*Info: Voksa 10. Fødd 13.02.1891*), som styrde oppgjeret, sa at vi skulle deponere kvar si krone til han, og når oppteljinga var over skulle han betale kr. to til den som vann. Det gjekk som eg trudde, og som det jamt gjer. Toppfigurane vert redusert, men dei som står lenger nede på lista, og som er minst påakta rykkjer opp. Så var eg då fri heradsstyret att, men fri for kommunale ombod var eg nok ikkje. Enno stod att: Forstandarskapet i banken, forlikrådet og fiskerinemnda. Eg sakna ikkje heradsstyret, men eg kom med på noko som var langt meir interessant i staden i 1938.

Fiskarlag og Sunnmøre fiskarlag

Då her vart skipa fiskarlag på Sandsøya for 35 år sidan (*ca. 1920*), vart eg den første formannen. Då dreiv vi og skeiv heim garn, taug, garnstein og salt i parti frå grossist, og det var ikkje lite vi tente på det. Men for at dette skulle verke skikkeleg laut pengane for varene betalast fiks 30 dagar. Då var torskefisket så pass bra, og prisane så pass høge, at alle mann greidde å betala dei varene dei hadde fått. Første året hadde vi kr. 10.000 i omsetning. Men så vart det utrygge og nedgåande tider. Om ein eller fleire ikkje greidde å betale dei reiskapane dei hadde fått så gjekk det ikkje ann å sende inn delvis oppgjer. Vi ville alle vera ansvarleg for tap. Og då ikkje minst formannen, som førde bok over medlemar, varer, restansar m. v. Eg fann saka såpass betenkeleg, at eg etter to års formannstid nekta å stå i brodden for slike vareinnkjøp, men var sjølvsagt villig til å overlata formannsplassen til ein annan. Resultatet vart at vi slutta i rett tid, før tidene gjekk

så ned at skulda tok til å hope seg opp, som ho gjorde i mange bygder i mellomkrigstida. Eg kom frå det utan tap og utan trøbbel.

Då fiskarlag i Sunnmøre og Romsdal slutta seg saman til Sunnmøre og Romsdal Fiskarlag, reiste eg på mange av disse årsmøta. Eg var på møte i Aukra, Vigra, Ålesund, Fosnavåg og andre stadar. Der var gode foredrag å høyre på, og ein reiste heimatt med litt betre tru på framtida, enn ein hadde då ein reiste. Og der var også mykje folk som var komne frå fiskebåten og inn i Noregs Storting. Folk med tru og innsikt i slike ting som vedkom fiskeria og fiskarane. Eg kan nemne Knut Otterlei og Rasmus Moltu m. fl. Då Moltu vart for gamal og slutta i Sunnmøre Fiskarlag, så vart Knut Yksnøy formann. Romsdalingane hadde funne å danna sitt eige lag, og på Sunnmøre var ingen som tverka (*Info 1*) mot at dei gjekk i frå. Men på alle møter i Sunnmøre Fiskarlag var ein aller fleire frå Romsdal fiskarlag innbedne. Knut Yksnøy var ein modig mann, som aldri var redd for skinnen sitt. Når han fekk opponere, og fekk striden til å setja høge bylgjer var han i sitt beste humør. Ei tid var største saka i fiskarlagaretten til å få sette torskegarn laurdagane. Og striden gjekk høgt om dette spørsmålet. I Sande hadde vi i mange år dispensasjon frå Vårtorskelova paragraf 25. Og hadde lov å setje garn laurdag. Andre arbeidde hard i mot dette, og ville ha dispensasjonen oppheva. Dei påstod at det var av religiøse grunnar, noko eg tvilar på at det var. For oss som sette laurdag, vart både laurdag og måndag fulle arbeidsdagar, men så fekk vi om lag tredjeparten av fisken på måndagane. Dei som var i mot, ville berre drage innpå og gå heim. Så vart dei tidleg ferdig laurdag, og måndag hadde dei god tid til å stelle garna til det var setjetid langt utpå ettermiddagen. Denne framgangsmåten var langt makelegare. Ungdommen fekk ture lenge ute om nettene. Men det var berre så fortærande at alltid fekk vi laurdagssetjarane mest fisk. På fiskarmøtet i Fosnavåg var der ein oppe å tala om denne saka. Han var frå Kvalsund. Det var svært som han slo om seg med bibelord, og kor syndig det var å setje laurdag. Då han Yksnøy fekk ordet sa han: «*at det var eit stykke eg lærde godt då eg gjekk i skule, og det var om farisearen (Info 2) og tollaren i bibelsoga*». Yksnøy sette låtten på heile møtelyden.

(Info 1: Tverka / tverke er eit ord som har gått mykje ut av bruk. Det er negativt lada og betyr meir ein kranglefant. Altså å vera i mot mest for å vera i mot.)

(Info 2: Farisearane trudde/meinte at dei var betre enn andre folk, og då spesielt betre enn tollarane som var sett ned på av dei fleste.)

Eit av siste åra Rasmus Moltu var formann var møtet halde her på Sandsøy. Og så fult har vel aldri Dollstun vore, som på den festen. Møtet og festen var særst vellykka. Vi hadde syrgt for god mat, og vi tente over 200 kr. på møtet. Dollstun fekk pengane.

I 1938 skulle møtet vera på Kvamsøya. Og eg reiste då dit. No var Yksnøy formann i Sunnmøre fiskarlag, og Johan Farstad var nestformann. Eg kom med i valnemnda saman med Olai Vikene, Kristoffer Berge og Olav Farstad. Der var berre fire i styret då, to sørom og to nordom Breisundet. No er styret på ni mann. Som då var Andreas Kvalsund og Johan S Remøy i styret. Vi tykte at her var så mange lag i Sande at Herøy fekk greie seg med ein mann, og at vi fekk den andre. Eg fekk Olai Vikene (*Info 1*) oppsett på valnemnda sitt framlegg. Men ute kring veggane gjekk ordsiftet livleg. Og dei hadde gjort det så pass grundig at det vart eg som vart vald, og ikkje han Vikene, som vi hadde sett opp. Varamann for meg vart ein Johan L. Ulstein.

(Info 1: Myra Uplassert, Kvamsøya.)

Første gongen det var spørsmål etter meg var i mars 1939, då styret skulle sjå på gamle Aspøy skule i Ålesund, om den ville greie seg som Fiskarfagskule. Det var strid om denne sak. Yksnøy heldt på Aukra som skulestad og vi andre på Ålesund. Men den gongen i 1939 var eg i Ålesund, og brukte torskegarn og visste såleis ikkje noko om dette.

Eg hadde kjøpt att «Balder» av Adolf Støyles enkje (*Info: Støyle 4.*). Men det var vanskelege tider å få noko utbytte av fisket. Verst var det å få skikkelege folk. Hadde eg fått nokon såpass opplærd, at det var noko gagn i dei, så for dei berre om bord i ein større båt, og eg laut lære opp nye. Båten var også åt og vart så utett at det var ein gong den hadde nær sokke. Eg la den opp i fjøra og slutta sjøen.

I Noregs sildesalslag bestemte dei i 1939, at der skulle vera eit underkontor under sildekontoret på Sandshamn og det skulle vera i Haugsholmen. Og eg fekk jobben, men løna var syrgjeleg lita, til å byrje med. Men eg tente litt på å jobbe på fabrikk og på saltebua. Der var militærvakt då i Haugsholmen, og eg kjøpte middag med dei, og heldt meg sjølv med brød og smør.

Det var to gongar eg fekk innkalling til styremøte i fiskarlaget den vinteren. Ein gong fekk eg permisjon og reiste til byen, den andre gongen laut varamannen møte. Ut etter våren og sommaren 1939 var der mange styremøte. Eit av dei var svært stormande. Yksnøy hadde vore i Oslo, der han også hadde verka for Aukra skulen. No var det så at rekningar frå formannen skal vara formannen anwise. Men rekninga frå denne Oslo turen nekta Johan Farstad å anwise. Eg foreslo at han skulle få rekninga betalt, og varamannen hans Farstad stødde meg. Såleis var vi no to av tre og hadde vunne.

Yksnøy var ei tid nesten rikmann, men skuta «Revjehorn» tok han så grundig at han vart nesten fattig. Men då han og sønene fekk kjøpe «Ulla» gjorde dei det så bra på silda og småkvalfangst at han på den tid var nesten ovanpå.

I 1939 skulle årsmøtet i Noregs Fiskarlag vera i Vardø. Og då der mangla ein mann på talet så baud dei meg å vera med. Eg sa at eg hadde for lite pengar til ein så lang og kostesam tur. Då baud dei meg eit mellombels lån til eg fekk betalt mitt utlegg og godtgjersle. Eg hadde lyst på turen, og 9. august var vi om bord i «Nord Norge» på veg nordover. Ein tur med hurtigruta, så tidleg på året er ei stor oppleving som sjeldan byr seg. Turen tok fem døgn, men så ligg den 12-14 timar i Trondheim. Vi var utom Nordkapp og ankra i Hornvika. Mange av passasjerane var i land og fekk stempla korta sine. Somme fekk seg ein spaserstokk med Nordkapp namn på, og alle fekk Nordkapp sertifikat. Bevis på at dei hadde vore på Nordkapp. Ein svenske kom og synte meg dette sertifikatet sitt, og så sa han: «Med dette kan eg komma langt». Denne svensken var ute på rundreis, han var frå Østerbotten. Så reiste han gjennom Nord Sverige og Noreg med bana til Narvik. Derifrå med buss til Finnsnes og kom om bord til oss der. Så var det vel 1 ½ døgn sjøveg til Kirkenes. Så skulle han ta buss til Rovaniemi Finland, og så bane gjennom Finland og Sverige til Østerbotten att. Og heile rundreisa kosta han berre, «Nittifyra kroner», sa han. Vert det nokon tid så billig å reisa? Eg tvilar på det.

Vi var fire dagar i Vardø. Kona hans Sevrin Martinsen (*Info: Bringsvor 3. Fødd 31.05.1863.*) som var herifrå kom på kaia og tok i mot meg. Eg budde hos dei disse dagane. Ein kveld fylgde Severin meg opp på fjellet, som ikkje er svært høgt. Vi såg då heile austsida av Varangerfjorden som Finland eigde då, og vi såg så vitt Fiskarhalvøya, som også då hørde Russland til. Vi var på fest til utom midnatt. Då gjekk fire av beste

motorbåtane til Kirkenes. Der skulle ikkje vera meir folk på kvar båt enn at vi fekk sova. Frå Vardø til Kirkenes er 12 sjømil. Kompass syd. Og desse 12 mila inn gjennom fjordan i sørleg retning gjer underverkar. Eg skreiv reiseskildring på turen, som vart trykt i Bergen. Eg hugsar eg skreiv om naturen der at, «*Kven kan tru at dette er Finnmark, ein kunne snarare tru det var i Vest Agder*». Vi fylde fem store bussar opp til Svanevik. Der fekk vi gratis lunsj på turisthotellet der. Pasvikelva er grensa her. Ho renn gjennom sjøen «Salmijärvi» her, så det er breidt over. Her er mykje skog på begge sider av elva, og gode gardar med mykje hø. Der frå Svanvik skulle nokre reise gjennom Finland og Sverige til Oslo og Austlandet. Ein av dei var frå Fredrikstad. Han hadde vore sjømann og fare vide, men aldri vore i Finnmark før. Han sa: «*Det som undrar meg mest på denne turen er, kor sunne og friske folk ser ut her. Det må vera all den gode, ferske fisken som folk et her, den er det som er årsaka*». Vi kom attende til Vardø utpå morgonen. Vi fekk to gongar mat på turen, som Sør Varanger kommune sine gjestar. På heimvegen reiste vi med gamle «*Kong Harald*». For å få lugar så måtte vi ta første klasse. Likevel vart det billig, for vi hadde 50% reduksjon på billetten. Såleis vart billetten med lugar berre kr. 55. I Trondheim måtte vi bytte båt, og skulle reise vidare heim med «*Jupiter*» av Bergenske. Men det var ein fin båt. I radioen høyrde vi at tyskarane holt på å gå inn i Polen. Representantar frå alle mindre statar i Europa hadde då hatt møte i Oslo. Dei skulle ta fly heim, men så vart alle flygarane mobilisert. Og alle desse karane (somme hadde også fruene med) måtte då ta toget til Trondheim, og no var dei om bord i «*Jupiter*», for den skulle gå til Rotterdam, via Bergen. Eg sat ei stund i første klasse salongen og skeiv, men eg fann fort ut at det var for fint for meg der. Det kan ikkje vera mange språk i verda som ikkje var representert der i salongen. Denne turen til Vardø var ein herleg tur, som eg nok aldri gløymer.

Noko lenger ut på hausten skulle der vera årsmøte i Sunnmøre Fiskarlag i Brattvåg. Noregs fiskarlag ville tvinge Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre Fiskarlag saman til eit fylkesfiskarlag, noko som det store fleirtal av fiskarane var i mot. Vi visste der ville verta eit kvast ordskifte om saka, og kor skulle det gå med meg, som var vald til å leie ordskiftet. Men det gjekk bra. Ein av Yksnøy sine uvener snakka med meg om rekninga hans Yksnøy, og det var å ta saka opp på møtet. Eg svara, at eg har stilt forslaget, om at han får betalt rekninga, og eg skal også vera mann for å forsvare det. Det skulle no berre mangla, når formannen var kalla til Oslo av fyrdirektøren. Dette hadde han ikkje visst om, og han tok ikkje opp saka.

I 1940 var eg også i Haugsholmen for sildelaget. Eg var nettopp slutta der då krigen kom til Noreg 9. april. I førstninga var det panikk i pengevegen. Eg reiste til Ålesund. Eg hadde mange hundre kroner til gode, og også nokre sjekkar, og eg hadde reveskinn å selja. Men det var ikkje råd å få noko utbetalt. Etter ei tid vart det ordna forhold i pengevegen, men det vart etter kvart mindre og mindre og få kjøpt, sjølv om ein hadde pengar. Krigstida er ei trist tid å tenkje attende på. Medan vi hadde radio kunne det enno gå ann. Då lytta vi på London og fekk eit lite lys inn i ei svart natt, men i 1941 tok tyskarane radioane. Nokre få leverte inn ein radio, og hadde ein til som dei gøymde. Det måtte vera djupt hemmeleg. I seine kveldstimar stiltra vi oss opp på loft og uthus, og skrudde på London. Vi visste at vart det oppdaga var det ute med oss. Likevel, det var utruleg spennande.

Første gongen vi hadde styremøte var kaptein Roald saman med oss. Han kom til Kristiansund. Ein frå Bergen, Ein frå Oslo, og ein frå Trondheim. Så vi tok oss ei lang stund og prata saman om kva kvar av oss hadde opplevd dei dagane det såg mørkast ut for landet vårt.

I 1941 var eg i Haugsholmen. Kvar kveld var eg om bord i redningsskøyta som hadde stasjon der. Dei hadde radio og vi hørte på nyheitene frå London. Ein kveld fann eg ingen småbåt. Men så hørde eg ein radio nede frå lugaren i ein båt frå Hardanger. Dei kjende meg, og eg fekk kome om bord og høyre der den gongen. Ein mann fortalde om son sin. Han tok skøyta åt faren og for til Skottland med tolv mann, og kom att med tre mann. Så reiste han med 18 mann, og kom att då også. Men tredje gongen han gjorde klar, tok Gestapo han, og no var han i Tyskland i konsentrasjonsleir. Den som hadde visst kor det gjekk med han?

Midt på sommaren var der landsmøte i Noregs Fiskarlag i Ørsta. Men nazistane og tyskarane hadde oss under oppsikt. Ei stund såg det ut for at vi måtte bryte av møtet. Men det vart då slik at vi fekk halde fram. Ørsta kommune kosta fersk laks og dessert til festmat. I denne tida måtte ein vera varsam. Ein må ikkje tala om si overtyding, og sitt sinne på okkupasjonsmakta til folk ein ikkje var heilt kjend med og kunne stole på. Det var alt for mange som vart lurt, og vart arrestert. Men attom all uhygge som krigen og N.S. skapte ulma trua, sterk og klar, at sannings sak skulle sigra.

I 1942 var førebels siste året der var noko å gjera i Haugsholmen. Der var bra sildefiske det året, og mykje å gjera for meg. Men så vart det forbod mot å drive ut for Vanylvsgapet og Stad. Og såleis var det beste av Svinøyhavet sperra. Fangstane vart der etter. Eg var med ein tur til Molde i lag med Hans Gokaøyr og hamnefogden i Ålesund. Vi skulle prøve å få Orts kommandanten til å gje fri feltet vest om Svinøya, men det førde ikkje til noko. I Noregs fiskarlag var Jakob Sætre med for Sunnmøre, og eg var varamannen hans. Kristoffer Berge og Johan Farstad var med i styret. Årsmøtet i laget skulle vera i Svolve. Han Sætre ville ikkje reisa, så eg måtte av stad. Dessutan møtte Hjalmar Dyb frå Giske og Johan Moltu frå Herøy. Eg lika meg ikkje godt på disse møta. Nordlendingane såg med mistru på oss frå Vestlandet. Dei visste at vi tenkte på å få eige lag, medan dei helst ville tvinge oss inn i Noregs Råfisklag (*Info 1*). Styret føreslo at saka vart utsett, så det einaste eg sa på møtet, var at eg støtta styret sitt framlegg. Eg sa, at her kanskje kunne kome betre tider å forhandle om denne saka, enn som tilhøva var no.

(Info 1: Norges Råfisklag er interesseorganisasjonen for omsetjing av fisk i det alt vesentlege i Nord Norge og Trøndelag.)

Eg vart så sjuk denne turen, at eg låg mykje på heimturen. Eg hadde feber. Styrmannen kom og spurde om dei skulle hente doktor åt meg i Bodø. Men så tok det til å kome seg. Eg var i lag med Tobias Bjørnerem frå Aukra på lugar. Ein dag var det passkontroll, men dei fann ikkje noko gale. Men så peika tyskaren på brystlomma hans Bjørnerem. «*Kva er det du har der*», spurde tyskaren. «*Jau, det er berre ei brevklemme til å halda fast passet mitt*», stotra han Bjørnerem fram. «*Ja, men slikt må du ikkje gå med. Det er ulovleg*», sa tyskaren. Brevklemmer (binders) symboliserte samhald og det tolte ein ikkje i desse tider.

I 1943 vart eg også innkalla til Nord-Noreg. Men det var enno tristare å ferdast då enn året før. Så syntet det seg at ingen av dei andre som var vald ville reise. Hurtigruta då førde meir kontrabande (*Info 1*) enn nokon trudde. Engelske fly var etter dei rett som det var. Eg var i Ålesund i rett tid, men fekk vite at båten eg skulle reise med var innstilt. Samstundes vart «*DS Sanct Svithun*» på sørgående bomba ut for Hovden på Stad.

(Info 1: Kontrabande betyr tysk militært utstyr og mannskapar.)



(Info: Hurtigruta ST. SVITHUN vart angrepet av allierte fly ved Buholmen på Stad 30. september 1943. Folk frå Ervik på Stadlandet kom til og fekk redda i land til saman 75 personar. 19 av besetningen og minst 22 passasjerar omkom. Det vart i 1970 reist et kapell i Ervik til minne om denne hendinga.)

Jau, det var alt anna enn hyggeleg å reisa. Eg telegraferte til Tromsø og spurde om eg likevel skulle kome, og svaret lydde at det var best eg kom. Eg var i lag med tre mann frå Sogn og Fjordane, men eg var Sunnmøring åleine. Det var «Finnmarken» vi var med denne gongen. Vi hadde storm S. V. frå Kristiansund til Trondheim. Men søndag nord gjennom Nord Trøndelag var det bra ver. Vi såg to store troppebåtar i Trondheim, som skulle gå nordetter, og alle mann gjekk med livbelte på seg. Først to dagar etter møtte vi dei att, under alt anna enn gode tilhøve. Frå småbyen Sandnessjøen, inn til Mosjøen, som då var endepunkt på Nordlandsbana, og attende til Sandnessjøen på nytt går hurtigruta i 12 timar, utan å kome det slag lenger nord. To store troppebåtar fer forbi Sandnessjøen medan vi låg ved kai og venta på nokre postsekkar. «Vangen» frå Vesterålske som gjekk lasterute gjekk frå kaia då vi la til. Og «Vangen» vart i fylje med dei to troppebåtane på deira siste ferd. Var det ikkje for ventetida på posten, hadde truleg «Finnmarken» og mange av passasjerane vorte med til botn. Då «Finnmarken» kom seg i drift hala ho godt inn på dei tre båtane framanfor. Vi hadde passert Leirfjorden, og hadde Donnes (Info 1) på utsida, då 16 engelske fly tok til å pepre dei tre båtane. Dei var om lag tre km framfor oss. Kaptein Jørgensen gjekk opp under neset og tørna. Straks var dei fire livbåtane i gang med å setje folk i land. Eg vart av dei siste, og stod og venta, såg eg at «Vågen» søkk, og ein stor tysk båt, medan «Tapeka» frå Oslo vart skote i brann, og for rekande ut fjorden. Mange av mannskapet på «Vågen» vart liggande å somle i sjøen, for båten sokk som ein stein. Men dei vart merkeleg nok berga alle. Berre maskinisten fekk ei kule gjennom venstre handa. Då så faren var over vart vi sett om bord i «Finnmarken» att, og båten tok til å gå nord over leia med full fart. Utfor Fagervika stoppa vi, for å høyre etter mannskapet på «Vågen» som hørte til i same reiarlaget. Dei vart sette om bord til oss, og så bar det vidare nordetter. Dette var mellom seks og ni tida om morgonen den 5. oktober 1943. Seinare gjekk vi utan hindringar til utom uou (Info 2), då vi møtte dei to troppebåtane vi såg i Trondheim. No var dei begge skotne i brand. Menneskeliv var ei billeg vare den dagen. «Finnmarken» tok alle soldatane dei kunne føre med til Bodø. Men mange av dei overlevande var att på holmen. Denne hendinga var i Meløy kommune, så

der var ikkje så mange mil til Bodø. De var tre søkte båtar i Bodø den dagen, så dei tre flyflokkane hadde sanneleg gjort godt arbeid den dagen. Folk tok det nokså kynisk med tap av menneskeliv den gongen. Og kor mange drepne og sára som var på desse tre stadane den gongen, vart aldri opplyst. Men ein av kameratane våre som kom om bord i Bodø, hadde sett på massebegravelsane. Han sa at seks lastebilar heldt på i fem timar med å køyre lik og molar av lik til eit felles gravstad, der ingen sivile fekk sjå. Men at det var mange hundre var sikkert. No vart vi liggande lenge i Bodø, før vi fekk gå over Vestfjorden. Men endeleg kom vi av sted. Vi stoppa i Svolvær nokre timar, og så opp gjennom Raftsundet, med stopp i Melbu og Stokmarknes, og endeleg var vi i Sortland, der møtet skulle vera. Vesterålen er annleis enn andre stadar i Nord Norge. På Andøya er tre kommunar og der bur mykje folk. Men kva er det mot alle som kunne ha budd der, om alle myrstrekningane var tekne i bruk. Eg hugsar då eg var på Andenes, og skulle ut på myrane ein søndag for å sjå etter molter. Det var som å sjå utover havet, så vide var myrane. Frå der vi stod og til fjella blåna i syd var berre ei samanhengande slette. Kor mange tusen mål det er har eg gløymt, men mykje er det. På Langøya, der Sortland ligg er også store vidder, og mykje folk bur der. I Hadsel kommune budde 12000 menneske sa Oskar Flå i eit foredrag, der han fortalde om Vesterålen. I Sortland budde eg 15 km frå møtelokalet, og køyrde i buss frå og til. Møtet var halvt på veg då vi kom, og det vart berre 1 ½ døgn før oss å vera der.

(Info 1: Donnes ligg nesten på nordspissen av øya Dønna, som ligg på utsida av Sandnessjøen, Leirfjorden og Fagervika.)

(Info 2: Stadnamnet uou finns ikkje på kart. Ordet er skreve med liten forbokstav, noko som tyder på at det kanskje ikkje er snakk om et stadnamn, men om noko anna.)

Også dette året vart saka om at Sunnmøre og Romsdal skulle tvingast inn i Noregs Råfisklag utsett. Der var så mange vanskar å løyse. I Råfisklaget (*Info 1*) var det sjølv sagt eit stort fleirtal for å tvinge oss med. Men så var det å få lovbeskyttelse for ei slik samanslutning. Det var ikkje så enkelt. I administrasjonen var der då folk som såg lenger enn representantane frå Nord Noreg gjorde i Noregs Råfisklag. Og enden på leiken vart, at det vart ein stor siger for oss, som var i eit slikt hjelpelaust mindretal. Elles var Nordlendingane alt anna enn gode å stå i bås med. Vart der oppnådd ein fordel for fiskarane for heile kysten, så oppfatta Nordlendingane det som eit privat Nord Norsk tiltak, til hjelp for Nord Norge og ingen annan. Det var greitt å sjå at den gamle Nordlandshandelen på Lofoten og Finnmarka, der skutene og landstasjonane som folk på Vestlandet åtte, skulle sjaltast ut, og Nord Noreg sjølv skulle taka over omsetnaden og fordelinga. Vist nok har mange forretningsmenn på Vestlandet tent seg rike på fiskehandel i Nord Noreg. Men så var dei også gode å ta til for å take mot og betale fisken, når fisket slo til. Så dei har mange ein gong vore uunnverlege der oppe. No arbeider fiskarorganisasjonane for å gjera Nord Noreg sjølvhjelppt på dette området. Kanskje greier dei det og, når styresmaktene så avgjort hjelper til i Nord Norsk retning. Stod nokre Nordlendingar og prata, og såg eg eller nokre annan Vestlending kom bort åt, så stilna samtalen av, eller dei byrja å prata om noko anna.

(Info 1: Råfisklaget er eit lag for sal av fisk, her kan medlemmer vere fiskekjøparar, medlemmar frå Norges fiskarlag og redarforbundet. Det var ofte konflikhtar mellom Råfisklaget og de lokale fiskarlag.)

Alle hurtigrutene gjekk berre til Tromsø i krigstida. Dei lange avstandane i Troms og Finnmark var det fiskeskøyter som fekk trafikkere, med post og matvarer. Dei kalla desse

skøyten for «*Erstatninga*». Det vart å reise med «*Finnmarken*» på syd tur også. Men no var den så overfylt med folk som kom att frå alle tyske anlegga. Det var såleis uråd å få lugar, og så gjekk eg i land i Svolve, og venta til neste dag då «*Ragnvald jarl*» kom, for den er både ei større og betre innretta skute. Frå Sortland til Svolve brukte vi sju timar. Og Nordlendingane som eg kjende og som visste at eg skreiv reiseskildringar på slike turar, dei gav seg ikkje før dei fekk meg til å lesa opp det av turen som eg då var ferdig med. Det var ein livleg tur. Og kameratane frå Nord Noreg likte det eg hadde skreive. Om bord i «*Ragnvald jarl*» var det svære greier. Den var motorskute, og hadde god plass, både i lugarar og i salongar. Så eg hadde det godt der. I Bodø kom om bord 31 likkister, av høgare tyske offiserar som hadde funne døden den 5. oktober. Disse skulle sendast til Tyskland. Dei som var lågare i gradene vart gravlagt i Noregs jord. På Folla/Folda (*Info 1*) var det nydeleg ver. Eg lurde meg ned i maskina for å sjå meg om. Men den 1800 HK motoren og alle hjelpemotorane heldt eit svært leven, så det var vanskeleg å høyra kva maskinfolka sa. Eg fekk berre vita at motorane brukte 160 kg solarolje i timen på 12 mils fart, så samanlikna med stimbåtane som gjekk med kol, var det langt billigare, og dessutan trengtest mindre folk i maskina. Vi laut gå på land i Trondheim då skuta ikkje skulle gå lenger. På sjømannshotellet der eg overnatta kom eg i prat med ein kystlos, som baud meg plass med ein 8000 tonnar (lasta med kis) som hjelpelos. Eg skulle få sleppe i land i Haugsholmen og få 500 kr. for jobben. Eit fint tilbod, så fint at eg tok til å tenkja meg vel om. Men eg tok ikkje imot tilbodet. Kven veit om eg slapp i land når eg ville. Det var så altfor mange av losane (*Info 2*) som vart tvinga med. Og tysk kistbåt vart stadig bomba av Engelske fly. Vi reiste så med Dovrebana opp gjennom Gauldalen, Drivdalen og over Dovre. Her er det staden saga fortel om. Pilegrimane som skulle til Trondheim og Stiklestad. Om kroningsferdene til dei gamle kongane. Det var då at kong Øystein (*Info 3*) bygde fjellhyttene for vegfarande på Hjerkin, Kongsvoll og Fokstua. Den meir utfarande kongebroren Sigurd Jorsalfarar (*Info 3*) for i pilegrimsferd til landet lang borte. Frå Dombås reiste vi med eit lastetog til Åndalsnes. Også frå Ålesund gjekk det smått med å koma seg dit ein ville. For å få kvelden til å gå, gjekk eg på losjemøte. Under møtet syntet det seg, at dei som skulle syte for programmet var borte. Eg sat med reiseskildringa av turen i lomma. Den fekk eg lese opp og det fengde visst tilhøyrarane. Eg skreiv eit utførleg brev til Sunnmøre fiskarlag, om mine inntrykk frå møtet. Det vart ein tur full av opplevingar, og eg hugsar det som var det i går, mesteparten av det eg opplevde.

(Info 1: Folla/Folda er eit ope havstykke i Trøndelag, som strekker seg frå Buholmråsa fyr til Gjæslinge fyr og Grinna fyr. Dette er ein distanse på 30 nautiske mil, som er vorte kalla «havets kyrkjegard».)

(Info 2: Los er ein kjentmann på havet.)

(Info 3: Kongane Øystein og Sigurd Jorsalfarar var kongar i Noreg tidleg på 1100 talet.)

I 1944 skulle her vera avrøysting i laga på Sunnmøre og i Romsdal, for å få fram folkemeininga om dei ville absolutt ha eige lag, eller dei ville gå med i Noregs Råfisklag, slik som Nordlendingane ynskte. Mange fiskarlag hadde vendt seg til Jakob Sætre for å få orientering om saka. Jakob sa at han var svært oppteken framfor avrøystinga. Og det var mest Fosnavåg, Leinebygda, Kvamsøya og Sandsøya som forlanga å få eit foredrag om saka, før dei skulle røyste. Så vart eg beden om å reise til disse laga. På Nordmøre for han Yksnøy rundt. Eg skulle til Fosnavåg. Eg vart henta dit med båt. Der var ei bra stor forsamling av berre skipperar. Eg gjorde greie for stillinga, som eg då hadde betre kjennskap til enn nokon annan. Eg slutta foredraget med: «*Vi trur at Noregs Råfisklag vil verta til stor hjelp for fiskarane i Nord Noreg, men vi trur og, at kysten er for lang, og forholde ueinsarta til, at eit kontor i Tromsø kan greia å omsette fiskevarene her på ein*

skikkeleg måte.» Ein av dei mest kjende skipperane i Fosnavåg, sa at, «berre eit kan gjerast. Her har vi alt og vinne, og ikkje noko å tapa. Vi må få eit eige lag.» (Noko som vart i ettertida).

Neste kveld heldt eg foredrag i Nærøy bedehus. Eg budde på Leine, og laurdag ettermiddag reiste eg til Kvamsøy, der det var slutningsfest på navigasjonskurset. Då både lærarane og censorane var der, lurte eg på om ikkje kapteinane Roald og Olsvik ville koma til å «*ta meg på horna*» (*Info 1*). Men det gjekk fint. Vi vart ilag sørover vegen om kvelden, og skildest som gode vener. Søndag reiste eg til Larsnes og hadde foredrag der om kvelden.

(Info 1: Uttrykket «ta meg på horna» kan bety følgande: Overrumpla. Spidda. Når du ikkje klarer å forsvarer deg. Blir sett sjakk matt.)

Måndag morgon reiste eg heim. Eg skulle vera formann i røystestyret for avrøysting om eige Råfisklag. Denne avrøystinga gjekk over to kveldar. Så byrja oppteljinga i Ålesund. Utfallet vart: Knusande fleirtal for eige Råfisklag. No ti år etter dette er avisene fulle av skryt for det framsyn mennene frå den gongen hadde. Laget har nok vunne seg så stor ein posisjon, at det vonleg vil stå seg for angrep frå Nord Noreg, der dei, meir enn gjerne ville hatt Sunnmøre og Romsdal med i Noregs Råfisklag. Det vart såleis slutt med, at folk her i frå vart innkalla til Tromsø og andre stadar i Nord Noreg.

I 1944 var eg til Lofoten ein tur (*Info 1*). Denne gongen reiste eg privat. Det tok til å verta uråd og skaffe fiskemjøl til mat åt revane. Og så godt kjend som eg var der oppe, så lukkast det, å få kjøpe mjøl likevel. Tyskarane og nazistane passa godt på at mjølet skulle kome tyskarane til gode. For kvart år som gjekk vart det meir og meir farleg å reisa med hurtigruta. I 1944 gjekk hurtigruta berre om dagen. Og vi brukte fem døgn frå Trondheim til Svolvær. Over opne havstykke gjekk vi i konvoi, noko vi var alt anna enn glade i. Over Folla/Folda og Vestfjorden fekk vi ordre om å vera på dekk og gå med redningsvestar. Nyttige er dei sjølv sagt disse korkvestane, men kledeleg er dei ikkje. Og fine frøkner og dei tyske offiserane, tok seg ikkje særleg godt ut i denne uniforma. Denne turen for eg over fire av væra i Lofoten: Stamsund, Henningsvær, Kabelvåg og Svolvær. Då eg kom attende til Svolvær, såg eg ein Herøybåt som skulle reise heim, og han fekk eg fylgje. Det var langt tryggare og reise med båt, enn med kystrutene.

(Info 1: For å lese meir om denne turen sjå reiseskildringa side 132. Ute på eventyr Våren 1944.)

Sjølv om alle radioapparat var, eller skulle vera dregne inn, for at det Norske folk ikkje skulle få vita anna enn tysk lygn og propaganda, så hadde vi våre kanalar opne likevel. Eg hørte radio på alle tenkjelege og utenkjelege stadar. Vi tvilte aldri på kor det ville gå til slutt, men kva tid slutten kom var vi mindre visse på. Det synte seg, at dei som ingenting fekk høyra såg svartare på situasjonen, enn vi som hadde eit og anna høve til å høyre på «*Stemmen frå London*». I Gjerdsвика baud ein god kjenning meg inn ein kald kveld for å høyre radio, og lurare gøymsle har eg sjeldan sett. Sommaren 1944 var der russia, og eg visste at det spøkte også for han. Så var eg der seinare på sommaren, som medlem av forliksrådet. Då nytta eg høvet, og spurte han om han ikkje var heit i skolten, då her var russia. «*Jau, eg kom frå sjøen*», så han. «*Og då eg kom opp i støa, stod ein tyskar på kvar side, og forlanga lyklane mine*». «*Det fekk dei, og leitte over heile huset, men ingenting*

fann.» Jau, radioen var på same plassen, som då eg var der, men det var ikkje i sjølve bygningen.

I slutten av 1944, og ut etter vinteren var vi meir og meir visse på, at det no bar mot enden med krigen. Meste alt var slutt på, på butikkane. Det tok til å skorte på alt slag. Her var det fisk som var å trøyse seg til. Eg trur ikkje nokon svalt her i bygdene. Men kva ville folk sagt no, med den høge levestandarden som no er, om ein skulle attende til Sisu kaffien (*Info 1*), og blåmjølka (*Info 2*), og dei råsteikte brøda (*Info 3*), som vi måtte greia oss med i fem år.


(Info 1: Sisu kaffi er ein form for kaffierstatning.)

(Info 2: Blåmjølk er skumma mjølk.)

(Info 3: Krisemjølet under krigen var ei blanding av mjøl og tare. Brøda vart stekte berre utanpå. Dei fekk ei hard skorpe utanpå, men inni var dei blaute og rå.)

Engelske fly, var titt nærgåande. I oktober 1944 skaut dei på olje tankane på Myklebust holmen. Ein av arbeidarane fekk skot gjennom magen, og døde dagen etter. Det var Petter Vorren. (*Info: Voren 6. Fødd 25.04.1920.*) Han let etter seg kone og ei lita dotter på ti månader. Denne hendinga skaka opp heile øya.

Litt før på året 1944, i juni vart ein stor ammunisjonsbåt sprengd i lufta syd i Haugsfjorden. Røykskya var himmelhøg. Vi sprang ut for vi såg det kom hitover. Då vi kom inn att låg alle glasrutene i divanen på andre sida av rommet. Dei var blåst ut av lufttrykket. Slik var det mange stadar på øya. Men menneskeliv på land gjekk ikkje tapt. Dette er minner som sit fast.



Det tyske amunisjonsskipet Hans Leonhardt vart sprengt i lufta ved Kvamsøy 1. juni 1944. Det hadde inne over 3000 tonn sprengstoff. To andre transportskip vart skadde. Det hagla med splintrø jarn over Kvamsøya. — Foto: E. Ekroll, Larsnes.

(Info: Dampskipet Hans Leonhardt sank i Åramsundet etter å ha vorte torpedert av tretti Britiske fly frå Hangarskipa HMS Furious, HMS Victorious og HMS Frencer.)

I vinterfiskja 1945 var det litt teikn til torskefiskje, men folk hadde lite vegn og hjelpe seg med, og ingenting var å få kjøpt, så det vart ikkje stort av det. I mars det året hende det enno ein vond ting her. Engelske fly kom som ein flokk fuglar, stupte ned og slepte bomber i ein båt som låg ved Moljekaia (*Info 1*), for å ta om bord hermetikk frå Myklebust presserving. Mannskapet sprang på land. Berre ein tyskar vart med ned då båten sokk på rekordtid. Ingen på land vart skadde. Men lenger nord var ruteskipet «Romsdal» på veg til Ålesund. Dei fekk også ein bombelast over seg. Fleire passasjerar vart skadd, og to - tre døde. Derimellom ein ung gut her frå øya, Peder Helland (*Info: Våge 6. Fødd 29.08.1926.*). Atter ein gong vart det ei bygd i tung sorg. Så ufatteleg, så meiningslaust.

(*Info 1: Moljekaia er allmenningskaia som ligg i tilknytning til moloen på Sandshamna.*)

Så kom då våren og freden. Alt den 7. mai byrja rykta og gå. Ein mann frå Vardø som budde hos Ingeborg Bringsvor (*Info: Bringsvor 4. Fødd 21.05.1893.*) hadde vore nord på hamna, og høyrte den glade budskapen. Han kom rett hit til meg og fortalde det. Eg skar ei stor flis skråtobakk åt han, endå eg hadde ikkje mykje å ta av. «*Du må no få noko, for den glade boda du kom med*», sa eg.

Den 8. mai var det offisielt. Flagga kom opp. Det første syn som møtte då eg kom ut den morgonen var eit flagg høgt over ei av sjøbudene på Myklebustholmen. Det var eit gripande syn, som berre vi som hadde vore «*flagglause*» kan forstå. Sidan vart bortgløymde flagg henta fram, små barneflagg, og store på flaggstengene. No heldt vi helg. Eit bod gjekk rundt: Alle som ville måtte koma til Dollstun og høyra radio. No var ein av dei bortgløymde radioane komne fram i lyset. Og heile bygda, små og store sat og høyrde på denne radioen. Noko likare fest hadde det aldri vore på Dollstun. Freden var endå så ny, at dei sa i radioen, at det skulle koma eit fly frå England til Oslo, med folk som skulle skrive under på fredsslutninga. Tyskarane hadde lova å gje flyet «*fritt leide*». Dagen etter var det preike i kyrkja. Folk handhelste på kvarandre og gratulerte med freden. Gløymt var dei fem tunge åra. Gløymt var alt vi hadde sakna. No var det berre glede. «*No er det i Noreg atter dag med vårsol og song i skogen*». No fekk folk høyre kongen tale, og Nygaardsvold og andre. Ære vere dei som var modige nok til å gøyma radioane sine, slik at vi fekk eit «*trøyst* ens» ord somme gongar i den lange mørkje okkupasjonstida. Dei hadde sikkert mang ei redd stund for at apparata skulle verta oppdaga. Då var ikkje livet mykje vert.

Eg minnst frå Nord Noreg turane under krigen, då eg kunne sitte og prata med ein kamerat om tilhøva, då såg eg meg omkring. Der var så fult av sivilklede folk, og dei kunne vera meir farlege enn dei militære. Mange av dei var Hollendarar som var her med rekvirerte båtar, og som hadde perm heim til Holland. Eg var ikkje såpass språkmann at eg kunne greia skilnaden på tysk og hollandsk. Hollendarane hata tyskarane, og det var morosamt når dei skulle prøve å fortelja oss norske korleis dei såg ut no dei tyske byane dei hadde køyrt gjennom. Men no var dette berre minner. Nazistar og spionar for tyskarane, hadde no fått klipt vengene. No var vi frie, no kunne vi snakke som vi ville.

Så skulle det vera 17. mai fest. Den første på seks år. Det var vanskeleg med talar. Så lova eg og prøve. Til pynt for 17. mai vart det oppsett dei tre datoane som enno står over scena (på Dollstun). 17. mai 1814, 7. juni 1905 og 8. mai 1945. Eg bad festlyden om å lata dei tre datoane få stå også i framtida. Det fekk dei.

Eg sa også «*Lat det verta som det står om Sinklarstøtta i Gudbrandsdalen*».

«End kneiser en Støtte paa samme Sted, Som Norrigs Uvenner mon true. Vee hver en Nordmand, som ei bliver heed, Saa tidt hans Øine den skue!»

Eg sa, at vi treng å verta heit (*Info 1*), treng å minnst kva fedrelandet er verdt, og at krigen som nett er slutt, vil vi som opplevde den aldri gløyme, og alltid hugse kor kjær vi var i fedrelandet, dei åra vi var under framandt velde.

(Info 1: Heit i denne samanheng betyr truleg rørt /oppglødd.)



(Info: Sandsøy Ungdomslag bygde Dollstun i 1928, og har sidan vore forsamlingshuset på Sandsøya. Bildet er nok teke mens bygget var ganske nytt, men det ser omtrent slik ut i dag også. Den største endringa er nok at inngangspartiet er utvida.)



(Info: Bildet til venstre her viser scena på Dollstun, der dei tre datoane 17. mai 1814, 7. juni 1905 og 8. mai 1945, er montert på veggen over scena, som vart montert til den første 17. mai etter krigen. Kunstmålar Jonas Peson stod målinga av Dollstun innvendig, inkludert scenekulissene. Dette arbeidet vart truleg gjort i 1937.

På same tid vart Sande kyrkje måla innvendig, og same Peson var sjef for det arbeidet også. Han måla også dei store måleria på veggane i koret i kyrkja.)

Knapt to veker etterpå, stod eg og spadde torv (*Info 1*). Eg vart sveitt, og det vart kaldt mot kvelden. Kl.8 gjekk eg heim, eg kjende meg dårleg. Kl.10 måtte eg ha doktor. Ein styng i brystet ville gjera ende på meg. Doktoren fekk i meg av disse tablettane, som dei no brukar for lungebetennelse (*Info 2*).

Eg vågar å seia, at hadde eg ikkje disse tablettane som heldt feberen nede så hadde eg stroke med. Eg måtte ligge i fem veker, eg slapp ikkje opp før eg var feberfri. Det vart brysthinnebetennelse også. Grannane vitja meg. Dei spurte først kor det var med helsa, men snart kom det rette ærendet fram, nemleg: Korleis eg stod meg i tobakksvegen. Og då det gjekk lite tobakk når eg låg, så greidde eg og hjelpe dei med litt tobakk og. Eg syntest eg var ikkje så svært sjuk. Men då eg skulle fram ville knea andre vegen enn dei skulle. Eg var lenge slapp etterpå. Eg vart så sprengd når eg skulle gå motbakken. Noko eg ikkje har vore heilt fri, men det er langt betre. Eg minnest då eg skulle til Gursken og skulle sjå på båtar, og få utfylt skjema for båtene på slippene. Dette var for fiskarbanken. Opp med Longva slippet, opp mot bygdevegen, er det ein snarveg opp til vegen. Eg har så mange gongar gått denne snarvegen, og eg trudde eg skulle greie den då også. Men eg var heilt utkøyrd då eg kom opp. Eg måtte slenge meg ned og kvile ei lang stund, før eg kunne gå vidare. Så måtte eg leige meg bil inn til Vågsneset.

(Info 1: Tørka torv var mykje brukt til brensel helt fram på 60 talet, men er no gått heilt ut av bruk. Kvar gard hadde fått tildelt torvmark i forbindelse med utskiftinga.)

(Info 2: Eg har hatt kontakt overlege Rolf Høy fra Rikshospitalet om den behandlinga som bestefar fekk våren 1945 for sin lungebetennelse. Overlege Høy meiner at det var sulfonamid (sulfa) tablettar bestefar fekk. Penicillin var endå ikkje tilgjengeleg i Noreg då.)

Om hausten vart det stortingsval, og like etter vart det kommuneval også. Men denne gongen skulle valbolken for kommunestyret vera berre to år, for å få dei to vala lenger frå kvarandre. Jammen kom eg inn i kommunestyret tredje gongen, men eg lova på at no skulle det snart vera slutt.

Lenge var vi usikre på korleis det vart med pengane. Her hadde vore mange spådomar. Sume hadde betalt skuld under krigen, då her var så lite å få kjøpe. Og dei pengane trudde mange var vel anvende pengar, medan andre trudde at skuld som var betalt med krigspengar fekk ein betale ein gong til. Og dei som hadde tent på krigen ville verta så og så flådd. Såleis svirra rykta, og ingen visste noko. Dei heldt tett.

I denne tida kom tanken opp, om å setja i gang bidragsteikning til elektrisitetssaka, no medan ingen visste korleis det gjekk med pengane. I Vanylven og Syvde vart først skipa lag, og ein dag kom nokre Syvdingar hit. Vi hadde eit møte i Fiskarheimen. Der var også folk frå andre bygder. Nybø, Vanylvspresten var det som var «*Lysets fader*». Han var veldig tent på denne saka, og ein god mann for oss alle, kan vi trygt seia no i ettertid. Det kom fart i innsamlinga. For det var vi klar over at skulle vi koma ut or mørket, så måtte vi ikkje vera knipne. Vi måtte ha eit bra distriktsbidrag slik at det offentlege såg vi var interesserte, og sidan hjelpte til med dette som vart eit millioniltak. Så vart då Sandsøy og Voksa kraftlag skipa. Fem mann fekk kvar sitt distrikt og fare rundt i og teikne lutar. Eg fekk distriktet frå meg og ut til Skare. Eg byrja sjølv med 700 kr. Men det gjekk ikkje på det beste i mitt distrikt, til å byrja med. Men dei kom sidan. I nøre luten av bygda sat pengane lausare. Nord i bygda (det dei gamle «*bondearistokratane*» kalla «*halvemenn*»), var no langt overlegne, når det skulle leggest ut pengar. Dessutan hadde økonomien endra

seg mykje. Då eg var gutunge var det dei som hadde største gardane som stod seg best. No hadde bladet snutt seg, og var jamn velstand mellom dei som ikkje hadde gardar også. Då pengane frå dei fem innsamlingane var samla måtte eg til Larsnes og setje pengane i banken. Det var 47 tusen og eg hadde med, men enno var mange beløp att å krevje inn, og som kom inn sidan. Så var då første steget gjort. Arbeidet vart organisert og påbyrja, så no var alt i god gjenge. I kraftlaget vart det no styret som overtok, medan eg og mange andre ikkje trengtest så mykje lenger.

Men no vart det andre ting og vera med på. Før hadde eg vore varamann i Forlikrådet. No vart eg medlem. Dessutan vart eg vald inn i Soknerådet, som kommunestyrevald medlem.

I 1945 var eg to gongar til Bergen. Det var Fiskarbank saker, det måtte ordnast med. I 1945 vart det eit storår med sommarfisk. Fiskebankane hadde vore freda desse krigsåra, og det var svære fangstar med lange som kom inn frå Tampen. Mange byrja og grunde på, kor lenge det vart før klippfisk og tørrfisk tek til å hope seg opp, som det gjorde før krigen. Då låg her dobbelt så mykje på lager som Noreg normalt kunne greie å omsette. Saka var oppe på årsmøtet i Sunnmøre Fiskarlag hausten 1945. Formannen, Jakob Sætre foreslo at der skulle veljast ei nemnd på fem mann, som skulle koma med eit vel utarbeidd forslag til neste årsmøte i fiskarlaget neste årsmøte 1946. I denne nemnda vart ein frå Haram, ein frå Borgund, ein frå Herøy, ein frå Giske, og så eg herifrå Sande. Eg trudde ikkje at disse fire skipperane ville respektere meg, men eg har aldri vore med i ein komité, der det har gått så fredeleg og fint for seg som i denne. Vi respekterte kvar andre, og dei to dagane vi sat saman høyrer til mine beste minner. Vi laga til ein skala, ei kvoteordning. Dersom ein båt hadde fiska sin kvote, så skulle han slutte. Kvoten sette vi med vilje nokså høgt. Så lenge fisken gjekk unna, var det ikkje i vår interesse å setja stengsler for den frie utvikling. Det fekk verta Råfisklaget (*Info 1*) og Fiskeforedlingskontoret som fekk sette saka ut i livet, når dei fann det turvande (*Info 2*).

(Info 1: Råfisklaget er eit lag for sal av fisk, her kan medlemmer vere fiskekjøparar, medlemmar frå Norges fiskarlag og rearforbundet. Det var ofte konflikhtar mellom Råfisklaget og de lokale fiskarlaga.)

(Info 2: Turvande betyr her nødvendig eller formålstenleg.)

I oktober, då årsmøtet i Sunnmøre Fiskarlag skulle vera fekk eg brev frå formannen at eg skulle halde eit foredrag på årsmøtet, om nemnda sitt arbeid i januar. Eg likte det så måteleg. Men eg tok risiken likevel. Det vart langt ut i møtet før det vart plass åt meg, og eg lovde og greie meg med ein halv time. Salen og galleriet på Avhaldslosjen i Ålesund var fullsett, då eg kom opp på talarstolen. Tett nedfor meg sat tre «bladnegerer» (*Info 1*), og kveste blyantane. Eg tenkte: Går dette vel, så går alt vel. Eg byrja med å fortelje om nemnda, og kor eg trudde at alle disse skipperane ville ta meg på horna, og kor vel det likevel hadde gått. Eg er ikkje båtførar lenger, og kjem helst inn under rubrikken «Skipper skutelaus». Eg fortalde om kor kveitefisket på Stillehavskysten heldt på å bryte saman, då prisane ikkje var lønsame. Då dei så innførde kvoteordning og fiska om lag det halve, då kom der ikkje inn meir fisk enn marknaden tolde. Og då vart lønsemda bra, langt betre enn med fri omsetnad. Eg fortalde også om første året der var organisert omsetnad av makrell på Sørlandet, då der vart slikt veldig fiske at det heldt på å bryte i hop. Då kasta dei på sjøen halvparten av fangstane, for å få den andre halvparten bra betalt. Slikt er tiltak, som det står respekt av, og noko liknande kunne nok gjennomførast her også. Eg slutta slik. Vi fem som var i nemnda har prøvd å spå. Og spådommen grunnar seg på våre røymsler i eit langt og skiftande fiskarliv. Men vi er ingen profetar. Og skulle det trass i våre tildelst

mykje spådomar, likevel verta gode prisar og god avsetning, så er ingen skade skjedd. Ein slik situasjon skulle i tilfelle, ikkje glede nokon meir enn oss. Referatet av foredraget for i mange aviser langs kysten (*Info 2*). Og kritikken var nådig i alle avisene. Sjølv las eg om det i Bergen, der eg kom tre dagar etter. De var tre båtførarar som hadde søkt om lån i Fiskarbanken. Dei la saman pengar til reisepengar åt meg. Det er rart med det, eg var godt kjend med dei som stod i brodden for banken og dessutan med Fiskeridirektoratet, sekretæren for Vestlandske båtbyggjarlag ofl.

(*Info 1: «Bladnegerer» er nok det same som journalistar.*)

(*Info 2: Sunnmørsposten hadde 14.10.1946. referat frå Sunnmøre Fiskarlag sitt årsmøte. Sjå referatet «Stortråling er døden i gryta for fiskarane» i Etterordet, side 196.*)

Vinteren 1947 fekk eg vite at Rolf Myklebust (*Info: Voren 13. Fødd 01.01.1906.*) skulle slutte på Sildekontoret, og at sjefen i Ålesundskontoret bad meg søke stillinga. Eg gjorde då det, og fekk den. Til då hadde det vore berre ein mann på kontoret. Men dette året vart det langt og samanhengande godever, og godt fiske, så det vart svært travelt. Eg sat utetter til midnatt og skreiv, og eg hadde ikkje før lagt meg, før dei første båtane tok til å koma. Så vart det å blunde litt, og skrive fangstmeldingar om einannan, resten av natta. Dei hadde nemleg funne ut at dei første som kom inn fekk alltid levere i god tid, medan det hende at det vart langt på natt, før dei siste vart ferdige. I midten av februar tok fiskarane til å reise til Haugesund, og då vart det betre dagar for meg også. Men det hadde vore ein hard sesong. Verst var det når eg skulle til med oppgjer for sild, sidan eg var så daudtrøytt, at eg ville sovne. Og mange fiskarar og lossarar sat borte på benkane og prata og heldt leven. Eg har alltid kunne skrive om det var ståk rundt meg. Men når eg skal rekne saman store talrekker, då lyt eg ha det stilt.



(*Info: Bildet viser Sandshamn i 1954. Sildekontoret var i den firkanta bygningen med flatt tak. Som vi ser oppe til venstre i bildet så vises budene til Ditlef Olsen som brann i 1955.*)

Då eg var i Ålesund, for å avvikla sesongen, bad dei meg om, å søkje om eit tillegg i løna for overtidsarbeid. Eg gjorde så, og fekk nokre hundre også. Men løna var noko mindre då enn no. I 1948 fekk eg lov å få meg ein assistent på Sildekontoret og då vart det noko lettare. Det kan ofte vera travelt på Sildekontoret. Men når avtaket er giddt, og der er godt om føringskuter, så lastinga går fort og greitt, då kan det vera triveleg også. Men så hender det, at avtaket stoppar opp, og båtane ligg lasta i døgnvis. Silda luktar og karane er sure, og det er eit stadig renn på kontoret for å studere ventelistene. Ja, då kan nervane av og til stå på høgkant. I slutten av mars, vart her forfangsild (*Info 1*) som er fiske med snurpenøter, mest på Vanylvsgapet. Dette fisket og omsetnaden tok kontoret i Ålesund seg av sjølve. Såleis var det lite å gjera her.

(*Info 1: Forfangstsildefiske er sein vårsild av yngre årsklasser.*)

Før på vinteren hadde her vore samla inn snart 300 kr. til ein Oslotur for å virke for vassverk for fiskarane på Sandshamn. Dessutan var her eit lag, som ville gå med motorbåt til Bergen, og dei ville ha meg med, for å setja dei inn i forholda på kontora i Bergen, dei tenkte på å få seg ein skikkeleg båt. Så reiste vi laurdagskvelden. Eg hadde sjølv sagt ringt om permisjon, og den fekk eg, mot å melde meg på kontoret når eg kom att frå Oslo. Søndag kveld var vi i Bergen, og heile måndag for vi rundt på kontora i Bergen. Sidan fylgde dei meg og Gerhard Strømsnes (*Info: Voren 9. Fødd 08.12.1887.*) på stasjonen. Vi reiste med nattoget til Oslo. Det var ikkje råd og få ligge, så det vart ei lang natt. Over høg fjellet var det noko kaldt, men nede i Austlandsbygdene var våren åt og melde seg. Det var vanskeleg om hotell i Oslo. Gerhard reiste til Fredrikstad for å vitje dottera. Eg var først inn på N.K.L. for å høyra om det kunne lata seg gjera å få kjøpa ei barakke frå krigstida til butikkklokale åt Samyrkelaget heime. Dei telegraferte til kontoret for fiendtleig eigedom. Men ingen stadar var då tyskarbrakker å få. Det var for seint.

Også eg hadde eit ærend i Fredrikstad, så eg reist dit også. Eg tinga rom på Sjømannshotelet, men det var for tidleg og legge seg enno. Så fann eg på å fylgje rutebilen til Sarpsborg, der eg vitja lektor Haukeland. Han var gift med adoptivdottera hans farbror Gerhard Pettersen i Stavanger. (*Info: Bringsvor 4. Fødd 19.11.1868.*) Ho var mange gongar heime på Bringsvor på vitjing før ho vart gift. Ho kjende meg att, og eg hadde ei koseleg stund saman med dei. Dei har fire søner. Ein av dei er bilethoggar, og han må nok vera flink, for han har fått godkjent ei madonna til vestfronten i Nidarosdomen. Og dessutan var det han som laga Randersmonumentet i Ålesund. Dei ville ha meg der om natta, men då eg hadde tinga hus tok eg toget attende. Haukeland og kona fylgde meg på stasjonen. (*Info: Sjå bildet side 31.*)

Neste morgon tidleg reiste vi attende til Oslo. Der låg lastebåten «*Marvell*» ved kai. Svingersonen til Gerhard Strømsnes (*Info: Voren 9. Fødd 08.12.1887.*) var stuert om bord, og Jens Hamnsund, son til presten Hamnsund var maskinist. Vi hadde ei triveleg stund der om bord, særleg var sogene hans Hamnsund interessante. Slik som han hugsa hendingane frå barneåra på Larsnes.

Det var tanken at vi skulle få stortingsmann Hareide med oss opp til hamnedirektøren. Vi var ei stund oppe i Vestibylene i Stortinget. Men han Hareide var oppteken. Best det var kom Knut Yksnøy inn. Han hadde vore varamann på Stortinget nokre veker, men skulle då slutta og reisa heim. Han var også kjend med hamnedirektøren, og han var villig til å vera med oss. Så var vi der oppe ei stund. Det såg godt ut om å få vatn til Sandshamn, men hamna kunne dei ikkje lova noko om endå. Så gjekk vi på ein kafé og fekk oss middag i lag med han Yksnøy. Sidan gjekk vi og dreiv langs kaiene ei god stund. «*Stavangerfjord*»

låg der, så vi fekk sjå den på nært hold. Så snart toget var oppsett, gjekk vi på. Om heimturen er lite å seia. Frå Åndalsnes til Ålesund køyrde vi med rutebil. Utpå hausten måtte eg til Bergen att, også då var det ymse båt problem med Fiskarbanken. Vi kom dit fredag morgon, men då der skulle vera styremøte i Fiskarbanken måndag, så vart vi samde om at eg skulle vera der att over helga, medan dei som skulle ha båtane reiste heim. Søndag var fridag, og eg nytta dagen godt. Først ein tur med Fløybanen. Der var vedunderleg utsikt der oppe. Ein ser langt utover Askøya og syd om Vetlestraumen, og så fult utsyn over heile byen. Då eg kom ned att var eg i Domkyrkja. Men biskop Fleischer var lågmælt, så eg hørde han ikkje godt ut på galleriet. Då eg hadde fått meg middag, tok eg trikken tvers over byen og så ferje til Laksevåg. Det var første dagen at ubåtbunkeren i Laksevåg var open for besøk. Den vart denne søndagen vitja av 4000 menneske. Ja det var imponerande greier. Det av taket, som var ferdig var åtte meter tjukt. Eit lag jernbetong, og eit lag svære flate steinar lagvis, oppå. Så det ville trengtest kraftige greier for å få sprengje taket. Dei fire opningane mot havet, ville kunne ta minst to ubåtar i kvar. Og der var høgt under taket. Bakom mot Laksevåg var ei mengd rom, som alle var fulle av våpen, instrumenter, elektrisk materiell, og mangt anna som alminnelege folk ikkje kunne skjønna kva det skulle brukast til. Der var fire høgder i dette bygget. Skal tru kor mange millionar dette har kosta. Seinare har eg lese at dette byggverket skulle sprengast og rivast. Ein kan tykkje det er synd å øydeleggja slike verdjar. Men det kan nok hende, at i ein ny krig ville dette bygget verta ein farleg granne, som fly og krigsskip ville vera ute etter støtt. Så det kan nok vera at Laksevåg og Bergen er best tent med att det vert demontert. Så reiste eg over med ferga att. Eg fann ei kaffistove og fekk meg mat.

Så fann eg eit godtemplarlokale, og gjekk på losjemøte. Det var einaste losja i Bergen som brukte nynorsk ritual. Verda er ikkje så stor. Trur du ikkje der var to karar, som kjende meg. Den eine var frå Herøy, den andre frå Gursken. Attende på hotell Bondeheimen sovna eg godt, etter ein vel brukt søndag. Måndag og tysdag var det same rennet på kontora. Og litt hjelp var det, at eg var der, for det gjekk i lås med lånesøknadane, sjølv om det som vanleg vart i knappaste laget med pengar når båten var ferdig. Eg gjekk i land i Haugsholmen, fylgde motorbåt til Kvamsøya og fekk låne færing i Kalsnes, så eg kom meg heim.

I soknerådet arbeidde vi denne tida med å få lys til kyrkjene. På eit møte vart det vedteke at ein søndag etter middag når sokneprest Årø var att komen frå kyrkja, så skulle han og nokre av soknerådet reisa med motorbåt til Dalsfjord og Rovde for å sjå på lysekronene der. Forutan presten var fem av soknerådet med. Der i mellom eg. Vi likte godt lysekronene i Dalsfjordkyrkja, men trudde det ville passe betre, om dei var litt annleis i vår kyrkje. Den er då både større og noko annan stil enn Dalsfjordkyrkja. I Rovde kyrkja var det Kristiania glasmagasinet som hadde levert anlegget, men vi likte det ikkje, og vi vart samde om å overlate det til arkitekt Geimnes i Ålesund, den same som teikna kronene i Dalsfjordkyrkja. No, når dei heng på plass, er alle vel nøgde med lys arrangementet i kyrkja vår.

No var eg ferdig med kommunestyret. Eg var trøyt av det. Eg hadde då vore med i alt 17 år. Det var både tidsspill og pengeutlegg i så mange år. Og det eg minst likte var at kommunestyret sitt sjølvstyre hadde minka så vekk. Ordrane kom frå høgare hald, og det var så lite ein skulle ha sagt i kommunestyret. Ein gamal mann som hadde vore med lenge sa ein gong. *«No har ikkje kommunestyret anna å gjera, enn å bestemma når møta skal vera»*.

I 1949 vart det ei veker stopp i sildefisket. Avtaket stoppa opp. Det var godt fiske kvar dag, og då stoppordren kom, låg alle hamner fulle av lasta båtar. Syd med Kvamsøy, var det tett før stoppordren kom, sett nokre landnotsteng. Og Salsstyret gjekk med på at dei skulle få levere denne silda, då den stod svært utsett. Der er heile havet innpå, bort for Kvamslandet, og skulle veret gå til Vest og Nord-Vest, så ville ein ikkje finna att molane av nøtene eingong. Men det var mange tusen hl. dette her, og i Ålesund vart dei utolmodige for at dette gjekk for seint. Når Salsstyret skulle ringe til basane, så var det uråd å få tak i dei. Og for alminneleg bod-betaling ville ingen ro langt bort på sjøen. Så fekk eg ordre om å leige meg ein båt, og reise ut på feltet, og få oppgåve over kor mykje sild dei trudde å ha att. Eg var då i Haugsholmen. Det var nemleg gjort så, at eg skulle vera ein dag for veka i Haugsholmen og betale ut forskot. Og det var i det høvet eg var der. Så fekk eg då ei samla oppgåve over kvantum. Eg fekk båten til å skysse meg til Sandsøy, og så telefonerte eg derifrå. I Haugsholmen var ikkje tillitsmann då, så det gjekk noko lovlaust for seg. Dei tok mot noko sild for lagring på søre Hamna, men der var dårleg tilflot, så berre grunt gåande båtar flaut der i høg sjø. Dette var nokre båtar som nytta seg av, og fekk levere som vanleg, medan store, djuptgåande båtar måtte ligge med silda. Utpå sommaren heldt båtførarane møte på Larsnes, og klaga til Salsstyret over tilhøva i Haugsholmen. Så fekk eg brev frå Salsstyret, med ordre om å uttale meg. Det gjorde eg. Eg skreiv at der måtte verta eit kontor i Haugsholmen som skreiv fangstmeldingar der, og ordna med børtane (*Info 1*). Dette vart gjort, men fisket gjekk føre seg utfor Haugsholmen og Stad. Og det vart såleis overfylt der. Og Flock som eig fabrikk, brydde seg ikkje om, kva tid folk fekk levere, berre han hadde hamna full av lasta båtar. Det var såleis ikkje nytt, at fiskarane var utolmodige over det langsame tempoet i Haugsholmen, og ringde til meg. Eg svara, at eg har nokon skuter, men eg er ikkje huga på å ta båtar frå Haugsholmen. Men då svara dei berre. «*Vi kjem med ein gong*». Dette såg Flock, og han lurte på å hemna seg på meg. Noko han seinare gjorde, eller rettare sagt prøvde å gjera.

(*Info 1: Børtane betyr køordninga.*)

I 1948 skulle Fiskarheimen på Sandshamn ha 40 års fest.


Dei som er med i foreininga for Fiskarheimen spurde om eg kunne lage ein prolog til denne festen. Det gjorde eg og tek han med her.



(Info: Bildet framfor her er Fiskarheimen på Sandshamn som opphaveleg var bygt til bedehus i Folkestadbygda i Volda, og 1905 kjøpt og oppsett til fiskarheim på Flåvær i Herøy. 1910 kjøpt og oppsett til fiskarheim her. Bildet er klipt ut frå eit større bilde, der stovehuset til Alfred Bringsvor ikkje viser, så bilde må vere teke før 1925, ettersom stovehuset til Alfred Bringsvor vart bygd i 1925.)

(Info: Prolog til 40 årsfesten for Fiskarheimen er tatt ut her, ettersom den også står under bolken «Prologar», side 161 i dokumentet.)

I november 1951 fylte eg 70 år. Det var nett medan Sildetinget var samla i Bergen. Nett då, stod det eit stykke om meg i Sunnmørsposten.



(Info: Sunnmørsposten i høve 70 års dagen til Petter Bringsvor:

Ein kjend mann i Sande Petter Bringsvor fyller 70 år den 29. november. Petter har vore ein mykje nytta mann i bygda. Han har heilt frå han vart vaksen vore med i losje og frilynt ungdomslag her på Sandsøy. Han har vore mykje nytta som talar på festar og møter, og folk ville gjerne høyre han. I mange år var han med i Sande heradsstyre og formannskap, likningsstellet og fattigstyre. Han er framleis med i sokneråd og forlikråd. Var fleire år med i styret i Sunnmøre Fiskarlag, var og utsending til Råfisklaget sit møte i Nord-Norge. Han er framleis Fiskarbanken sin tillitsmann i Sande. Mange er dei søknader om lån, og kjøpekontraktar han har skreve. I fleire år har han og styrd Sildekontoret sit kontor i Sandshamn. I alt dette har han arbeidd slik, at han har kome godt frå det, og har vore vel omtykt av alle som han har hatt med å gjøre. Når Petter no rundar 70 års milestolpen, vil mange hugse på han med ei helsing. Men sjølv om håret er grått, er han like ung i sinn, og skriv prologar og bladstykkje, ja held talar og kåserer åt ungdomen, på møter og festar. Ungdom frå Sandsøy ynskjer han ein gild alderdom. B.)

Og representantane sa så, at dei anset ikkje folk på sildekontora som er så gamle. Men Ringstad frå Ålesundkontoret fekk i gjennom at når der skulle tilsetjast ny mann på Sandshamn så skulle eg vera der den vinteren også, og læra opp den nye mannen.

Eg hadde nokre nære slektningar samla i heimen vår på 70 års dagen, og eg fekk 30 telegram. Men eg var også viss på at no var eg ferdig med sildeomsetninga, når sesongen sluttar.

Det vart forfangsildefiske (*Info 1*) på Vanylvsgapet i 1952. Og då der ikkje var noko å gjera på Sandshamn fekk eg ordre om å reisa til Haugsholmen og hjelpa til der. Då Flock fekk vita at eg kom, sende han eit telegram på 30 ord til Sals-styret i Bergen, og førlegte meg fjerna frå Haugsholmen.

Eg gjekk til køys, og då telefonen vart open om morgonen ringde eg til sjefane på Ålesundskontoret og fortalde om telegrammet. «*Og dersom dei vil at eg skal reisa, så fer eg med ein gong, men at Flock skal kunne jage meg som ein hund, det fortentar eg ikkje*», sa eg. Svaret eg fekk var: «*Du skal vera der til sesongen sluttar, og ikkje bry deg om Flock*», og så vart det.

(*Info 1: Forfangsildefiske er sein vårsild av yngre årsklasser.*)

Sommaren etter skulle Jon Martin Bringsvor (*Info: Sande N 20. Fødd 19.04.1927*), son åt bror min gifte seg med dotter åt lærar Fløtre i Dravlausbygda i Dalsfjord. Eg vart sjølv sagt beden, og sjølv om eg har lurt meg unna ei mengde bryllaup, så tok eg og var med til Dravlausbygda.

I ei framand bygd veit ein så lite om kva som er skikk og bruk med bordtalar og slikt noko, så eg tok og laga dette diktet:

(*Info: Prologen / diktet til bryllaupet til Jon Martin Bringsvor, som er nemnt over her, er tatt ut her, ettersom den også står under bolken «Prologar», side 171 i dokumentet.*)

Mellom gjestane var også presten Heiberg Jakobsen, som då vikarierte i Volda. Han sat med ryggen mot meg, og han hadde nett fortalt noko han hadde høyrte av avdøde klokkar Syltevik i Ålesund. «*At folk frå Sunnmøre greier det dei greier, og kan hevde seg så godt som dei gjer mellom andre, kjem av at dei et fisken med rødet (skinnen) på*». Då eg hadde lese diktet kom han rennande bort til vårt bord, og sa: «*Du er nok ein som har ete fisken med rødet (skinnen)*». Og så gjekk han og sette seg.

Eg og kona hadde snakka om å ta oss fri nokre dagar og take oss ein tur inn gjennom Nordfjord, der vi ville vitje lærar Svalheim (*Info: Støyle 8*), som var her i krigstida. Og endeleg vart det. Eg ringde til han at vi kom laurdag kveld. Men vi trengde snart eit døgn her i frå og til Blakset. Rutebåten frå Sandshamn til Åheim. Der sat vi og dubba i kvar sin stol i ei stove der inne. Klokka seks søndag morgon gjekk rutebil til Bryggja. Godt ver og herleg tur, vidare innover fjorden med den flotte båten «*Fanaråken*». Båten gjekk snøggrute til Nordfjordeid, men der i frå tok det til å gå seint. Der var så mange stoppestadar.

Til Blakstad kom vi i ti tida om kvelden, og lærar Svanheim hadde syrgt for ein lastebil som vi fekk køyre med fram i bygda. Måndag føremiddag, fekk han tak i den same lastebilen, og så køyrde vi gjennom skogen til den andre skulekrinsen, Bergset. Medan gardane i Blaksetbygda er veldig bratte, er Bergsæt høgare og friare, med eit utsyn ein sjeldan ser maken til. Vi stoppa på Nos, som er ein stor gard etter Vestlandske forhold. Framme på stupet er sett opp ein steingard, så ingen skal vasa seg utfor. Stupet går loddrett i sjøen, og der er 512 m over havet. Men for eit utsyn. I vest ser vi Ålftobreen og Gjegnalundsbreen. Fjellet Gjegnalunden som har ein av disse breane på kvar side er 1730 meter høgt. Eg har no titt brukt den til «med» (*Info 1*), ute på havet. Tvers over fjorden i sørvest er dei fine bygdene Utvik og Innvik. I nord ser vi Hoplandsbygda. Men som det var då, var der ingen vegforbindelse korkje ut eller innover. Men no er der veg i arbeid, og snart vert det forbindelse til Faleide, og då vil det betra seg veldig der inne. I sør ser vi Jostedalsbreen, og dei to storkuttane «*Matøskja*» og «*Ceciliakruna*». Dei er om lag 2000 m over havet. Eg hugsar, eg har brukt «*Ceciliakruna*» til «med» på havet utfor Batalden. Av Olden og Loen såg vi ikkje stort. Fjorden bøyer seg for mykje. Faleide på austsida ser ein godt, men det er lite ein ser av Stryn. Fjella tek bort utsynet. Eg spådde den stunda eg var

på Nos, at her vart eit turisthotell ein gong i tida. For dette ligg no turisthotell der som ikkje har fjerdeparten så fint utsyn.

(Info 1: Mede/fiskemedet betyr identifisering av fiskeplass basert på fleire faste punkt i land.)

Tysdag morgon fekk vi motorbåt skyss til Faleide, og så vart det vidare med rutebilen gjennom skogen til Hornindal og langs det tre mil lange Hornindalsvatnet til Nor. Der var vi titt på små dagsturar, den tida eg var soldat på Nordfjordeid. Frå Nor til Eid er åtte km. Der var vi berre ei lita stund. Så var det med ein annan rutebil gjennom Leivdal og Stigedalen til Bjørkedal og Folkestad. Og etter noko trøbbel med spasing frå Årvik til Larsnes, var det så å sitja og venta på rutebåten syd frå. Vi var så uvande med å reisa på ferie at vi tykte mest vi ikkje hadde lov til ei slik flottheit vi, som berre var småbrukarar. Men jammen var det ein herleg tur vi hadde hatt, sjølv om den berre varte frå laurdags morgon til onsdag morgon.

I sildefiskja i 1953 måtte eg gå heime. Når ein er over 70 år skal ein berre ha seg ut or vegen, og lata yngre folk sleppe til. Aldersgrensa er ikkje godt å bita på (*Info 1*) for den som enno kjenner seg god for å greia jobben. Men dette vil ikkje dei styrande forstå. Men om vi som har passert det skremmande 70 talet, må finna oss i det uunngåelege, så skulle dei tenkt på, at dei kjem truleg etter. Tullar på seg eit år om gongen, dei også, og ein gong vil også deira tur koma. Og at det kanskje ikkje vil smake så godt som dei trur no.

(Info 1: Uttrykket «bita på» var ukjent for oss, men av samanhengen forstå ein no meininga. Det var altså vanskeleg.)

Eg var ute to netter med ein båt her i frå og håva sild. Og eg likte meg framifrå. Og litt forteneste vart det også. Men på heimvegen laurdagskvelden i mørke og snøslaps, gjekk det gale med meg. Eg gjekk i koll nede i fjøra, og braut venstre foten. Det var ikkje greitt å koma meg heim, men eg krabba og halta meg heim, for eg kunne ikkje gje meg til der, ingen viste kvar eg var. Så var eg heime to døgn. Då måtte eg på sjukehuset. Då dei såg røntgenbiletet av brotet sa overlegen. «*Du må vera ein gammal viking som greidde og koma deg heim med det brotet*». Eg var ei veke på sjukehuset. Men heime måtte eg sitja og gå med gips til langt ut på våren. Då tok det til å koma seg.

Også yngste broren min hadde ein vaksen son, Steinar Bringsvor (*Info: Sande N 12. Fødd 23.06.1927*). Jon som var eldst døde, så Steinar var einebarn. Også han hadde sett seg ut ei jente, og skulle gifte seg. Men då han bad til bryllaup sette han det vilkåret, at eg fekk laga ein prolog til dei også. For dei var like mykje i slekt med meg som Jon og Oddrunn. Såleis måtte eg til att, ein gong til. Men å lage slikt på kommando går ikkje, og eg var ikkje retteleg opplagt den gongen. Her er den. Den vart ikkje betre.

Prolog på Steinar og Solveig sin bryllaupsdag:

(Info: Prologen til bryllaupet til Steinar og Solveig er tatt ut her, ettersom den også står under bolken «Prologar», side 172 i dokumentet.)

Enno ein prolog tek eg med. Til minne om mannskapet på M/K «*Stavenes*» S.F. 56. S. Lese opp på slutningsfesten i Fiskarheimen 14. mars 1953.

(Info: Prologen som er nemnt over her om M/K Stavenes er tatt ut her, ettersom den også står under bolken «Prologar», side 182 i dokumentet.)

No er eg komen så langt i tida, at alle hugsar åra etter krigen. Og det er på tide for meg å slutte med disse minene no. Visstnok er helsa bra enno, men eg er ikkje ung lenger. Gikta murrar og riv i led og lemer. Stundom går eg så reint godt, men så kan det renne laust så eg blir gåande å halte. Det eine tillitsyrket etter det andre som eg har hatt, går no over til yngre folk. Visstnok er eg med i representantskapet i Banken enno, og eg er vald på nytt i Forlikrådet. Men om eg vert vald att som formann i Fiskerinemnda veit eg ikkje enno. Det er den jobben eg har vore mest glad i. Og det syner mykje etter arbeidet mitt der. Men det er denne kjensla, at eg no ikkje duger lenger, og at folk trur eg ikkje duger, som er tyngst. Eg tykkjer eg står på ei høgd, der vegen eg har gått ligg så klart attende, medan vegen framover svingar ein krapp sving, så eg ikkje ser noko den vegen. Det vart ikkje noko stort av meg. Eg vart berre ein alminneleg slitar. Men eg har så mykje å vera takksam for. Eg er takksam for mine forfedrer som var så rettlinja som dei var. Eg takkar kona og dei to døtrene mine, for kva dei var for meg i gode og vonde dagar. Men mest takksam er eg mot Gud som gav meg ei god helse, og pågangsmot i mange slags situasjonar.

Og eg kan seia som det står i «Terje Viken» «Stort har eg mista, men stort eg fekk. Best var det kan henda det gjekk som det gjekk. Så får du ha takk då Gud.»

Avslutta andre juledag 1955.

Petter J. Bringsvor d. e.



(Info: Bildet over her viser Sandshamna tidlig på 1900 talet. På Flødesida ser vi frå venstre Myklebustholmen, Tyskebryggja og budene til H.S. Vorren. På Sandshamna ser vi hus og buder på Sande N 13. På Sande N 16 Rosenlund vises berre storebåtnaustet (Gittahuset) og ei bud, som truleg er Vaskesteinbuda. Berget som buda er bygd på heiter vaskesteinen, truleg pga. at en tidlegare vaska fisk der. Så då må dette bilde være frå før Ansgar Fiskaa kom hitt i 1905 eller noko etter. Vi ser vervarslingsstonga bak den lange bygningen i forkant av bilde, som er sjukehuset/sjukestova med badestove.)

Nokre familiebilde (som vi har lagt til)

(Info: Her følger ein del familiebilde som passar inn i tekstene til Petter J. Bringsvor d.e.)




(Info: Bildane viser Johannes Petterson Bringsvor. Fødd 10.04.1851 og kona Marie Martinsdotter Sande. Fødd 09.09.1852). Dette er foreldra til Petter J. Bringsvor d.e.)



(Info: Dette er ungdomsbilde av Petter J. Bringsvor d. e. og Olianne Bringsvor, født Våge.)



(Info: Dette er bilde av Petter J. Bringsvor d. e, Olianna Bringsvor og dottera Aslaug. Det har vorte sagt at bildet er teke på Støyle, då truleg hos Adolf Støyle. Ettersom Aslaug er fødd i 1916 så vil vi tru at bildet er teke i 1917.)



(Info: Bilete til venstre er av døtrene til Petter og Olianna, Aslaug og Jenny. Bilde til høgre viser også Aslaug og Jenny saman med Olianna.)



*(Info: Bildet til venstre viser Petter og Olianna fremst og Aslaug og Jenny bak.
Bildet til høgre viser Olianna, Petter, Jenny og Per.)*



(Info: Bildet viser Olianna, Jenny og Per.)

Reiseskildringar

Petter J. Bringsvor d.e.

(Info: Bringsvor 3. Fødd 29.11.1881)

Til Sortland i 1943

Eg vart innkalla til årsmøte i Sunnmøre Fiskarlag den 23. og 24. september. Og eg reiste dit. Det er som dei seier heime på Sandsøy, når dei pratar om meg. «*Det er to slags møter han reiser på, og det er losjemøter og fiskarmøter*». Og dei kunne ha sagt noko som var verre.

Fiskarmøtet i Ålesund gjekk av seg utan større hendingar. Der var kome telegram frå Noregs Råfisklag, om å få vita kven som var vald til representantar og varamenn i år på Sunnmøre. Og eg vart send på telegrafstasjonen med svaret. I år stod eg ikkje på val, men neste år vert eg nok kasta. Og om så er, så er ikkje skaden stor. Eg reiste noko på Nord-Noreg på fiske i mine unge dagar, og har vore der nokre gongar i seinare år også. Så eg får vel seia som det seiest i eit gamalt ordtøke. «*No kan andre horve, det eg har pløgd*».

Siste møtekvelden i Ålesund hadde vi ein gild fest på Løumvald kafé. Sala tok 100 menneske til bords, og akkurat 100 var vi. Vi sat attmed bordet i om lag fire timar. Der var berre bordtalar, ikkje talarstol, song og anna festprogram. Vi lever i rasjoneringstider, og kven skulle tru at det kunne vera fare for å verta sprengd av mat. Der var fin kvalbiff med suppe og dessert. Så kaffi og kaker, og blautkake til slutt. Eg åt godt, men eg såg dei som gjorde det endå betre. Det var ein som sa: «*Det er så ofte det er for lite mat no, at det er gildt ein gong i mellom, og kjenne at ein har ete vel mykje*». Der var svært mange talar. Sume var gode, men sume var også mykje tøys og tull, som bordtalar ofte er. Men presten Norderval som var festtalar var i sitt ess. Der var alvor og gaman om einannan. Han likar seg mellom fiskarane og han fortalde vitsar, så gleda stod høgt i taket. Når ein får han til å fortelja frå den tid han var prest i Finnmark, og for rundt og heldt foredrag, då er det ikkje tungt å leva.

På denne festen fekk eg vita at eg skulle til Nordland i år også, men seinare fekk eg vita det betre.

Så var eg då heime i tre dagar, og der var mangt som skulle gjerast før eg for. Men det vart lite eg fekk gjera for det vart berre styggever. Laurdagskvelden kom telegrammet med innkalling til møtet. For å nå fram til Sortland til den 4. oktober, måtte eg reisa frå Ålesund onsdag 29. september kl.12 med «*Irma*». Måndag kveld rodde eg då til Rødset. To jenter heime hadde lånt ein færing der, så eg fekk ro den inn att. Det regna noko innover fjorden, men då eg gjekk inn etter vegen i Haugsbygda vart det verre. Eg fekk meg hus på Sætre, og tok ein tur ut til han Jakob og prata litt før eg gjekk til sengs.

Turen til Hareide er lite å seia om. Full bil som vanleg. Nokre frå Djupvik laut stå att. I Ålesund gjekk eg først inn på Bennetts reisebyrå, og spurde etter reiseløyvet. Jau, det var kome, «*men no kjem du ikkje lenger*», sa dei. Nordgåande hurtigrute «*Irma*» er innstilt. Jau dette teikna bra. Så sende eg eit telegram til Tromsø der hovudkontoret er. Eg sa at «*Irma*» var innstilt, og nemnde når «*Finnmarken*» etter ruta skulle vera i Sortland, og bad om råd, om eg skulle koma eller ikkje. Dei svara at det var best eg kom. Onsdag kom Haldor Sjøstad frå Stad, som skulle same vegen. Han visste heller ikkje at denne ruta var innstilt. På Bennett fekk han vita, at eg budde på Ungdomsheimen, og så kom han dit, så

vi budde på same rommet. Så vart vi verande der heilt til fredag middag då «*Finnmarken*» var ventande.

Fredag morgon fekk vi då veta den triste hendinga, at hurtigruta «*St. Swithun*» (*Info: Sjå bilde side 96.*) var skoten i brand, og dei måtte renna ho på land, og at mykje folk visstnok var bortkomne. Men enno svirra rykta. Vi får venteleg vita det betre når «*Finnmarken*» kjem. Jau, der om bord hadde dei sett kvar ho stod. Eg er godt kjend der, og det var lett å finne ut, at ho står på verste plassen på heile Stadhavet. Dei fortalde at mykje av forskipet var over havflata, og at det enno rauk frå forskipet. Enno ei tragedie på havet, att å alle dei som er før. Det hadde nok vore betre om der ingen «beskyttar» (*Info 1*) hadde vore om bord.

(*Info 1: Tyskarar altså.*)

«*Finnmarken*» kom kl.14, og vi kom oss om bord. Men vi fekk snart vita at ho skulle ligge der til midnatt. På denne måten vart vi midt på Hustadvika før det vart lyst. Skuta er no minst 12 timar forsinka. Men dei trur å kunne ta inn att noko tid av denne lange liggetida i Trondheim. Det synt seg at ingen av dei tre Sunnmøringane som skulle vera saman med meg kom, så denne gongen vart eg Sunnmøring åleine. Eg lika dårleg dette her, og eg kjenner ansvaret. Ingen å rådføre seg med. Men no er eg på veg, så no får det stå til.

Det var godt vær på Hustadvika, men regn og kov. Og no laurdag middag ligg vi i Kristiansund. Her ser ikkje fult så fult ut som i fjor. Mange av dei gamle branntomtene har no vorte grønne av gras. Ei mengd barakker og svenskehus er kome opp, men helst i utkantane. I sentrum skal sjølvstekt verta ny regulering. Så her vert nok ein moderne by, når den eingong vert bygt opp att. Men det gamle, småkoselege ved byen, vil nok for alltid verta borte.

Det har enno ikkje lukkast å få lugar, så det vart nok ei turistreise. Det har vore stille og regn til denne tid, men medan vi låg i Kristiansund kom sydvesten som sloppen or ein sekk. Hamna er som eit røk, så dette veret bør (*Info 1*) nord gjennom leia. Vi går med sakte fart til vi har passert Omsundbrua, høgt over mastetoppene. Folk oppe på brua ser ut som fluger.

(*Info 1: Ordet «bør» betyr i denne samanheng medvind.*)

No går det nordover for full fart, med den rasande sydvesten rett etter. De kan ikkje vera tvil om at ho gjer sine 14 mil. Det ryk etter rome sjøen (*Info 1*). Vi ser så vidt landet på innsida, men det er sjeldan vi ser Hitra frå utsida, gjennom sjøroket. Men skuta går støtt, så her er ikkje nemnande sjøsjuke. Nokre tyskarar dreiv og samspelar på trekkspel og fele, og så syng dei att åt, så det lyder som ein flokk forelska kattar held konsert. Når skuta skal bøye for Agdenes, får vi stormen meir på sida, og det vert noko rulling. Ei tom barnevogn kom siglande frå lovart til le. Ein tyskar skulle prøve og berge henne, men han fekk nok med å halde seg sjølv, så vogna for mot le rekke og vart knasa. Det er lite å sjå borte på det store, flate Ørlandet. Der ligg det historiske Austrått (*Info 2*), og mange, andre gilde gardar. Der er no Tysk flyplass. Men vi ser ikkje stort for sjørok. No nærmar vi oss byen og vinden har spakna her.

(*Info 1: Rome sjø betyr utaskjers.*)

(Info 2: Fru Inger til Austrått budde på borga her. Ho var fødd i 1475 og kom vekk på sjøen i 1555 ved Rovdefjorden på Sunnmøre, som ligg like ved Sandsøya.)

Det er ikkje nett hyggeleg å koma til Trondheim no så seint på kvelden. Gå i gatene der i mørket vil eg helst sleppe. Tankane går attende til andre tider, med opplyste gater, og mangt å fordrive tida med. Då var byen lett å finna fram i, og då var Trondheim ein triveleg by. Jau, vi måtte no i land likevel. Det synt seg at det ikkje vart servert mat om bord medan vi ligg i Trondheim. Attmed oss ligg to store båtar fulle av soldatar. Alle har redningsvest på. Det syner kva dei ventar på. Den eine båten er tysk. Men den største er «Skramstad» hans Klavenes i Oslo. Der var omlag 1200 mann om bord, og tyskebåten om lag 1000. Stakkars gutar. Var det ikkje noko betre å bruke all denne ungdomen til?. Det kan ikkje vera så mange av dei som er over 20 år.

Så gjekk vi i land då, og opp på Trønderheimen for å få oss kveldsmat. Vi var fleire no, ein frå Bualandet, og ein frå Bremanger, og dessutan han Hurlen som skal til Tromsø, der han er bestmann (*Info 1*) på ein oljebåt. Det er han som er natt løsen vår, for han er best kjend, både her og i byane nordover. Trønderheimen er som ei vanleg kaffistove med mange morosame bilete på veggane. Maten er ganske bra. Så kava vi oss om bord att.

(Info 1: Bestmann er på sjøen en arbeidsformann, gjerne med navigasjonserfaring.)

Å, du kor trist her er. Tyskarane er visst i majoritet, no i mørkninga for tysk høyrer vi overalt. Om bord er komne to nye kjenningar. Ein frå Hitra, og ein frå Titran. Båe var på Svolve møtet i fjor. No barst det til å fortelje kva vi hadde opplevd sidan sist vi var i lag. Mange av dei som skulle til møtet er nordafor før. Så no er det fem mann frå Sogn og Fjordane. Ein frå Nordmøre, og dei to frå Sør-Trøndelag, og eg.

No har vi snart søndag middag. Det bles frisk vestavind, og det er kaldt å vera på dekk utan frakk. Naturen i leia i Sør-Trøndelag er lite å sjå på. Men eg veit dei er der, berre ein kom lenger inn i fjordane. Ein av kameratane frå Raudeberg var så heldige å få seg lugar, noko han var svært glad for. Men i natt vart han jaga ut. Det var nemleg ein tysk offiser med sin «frau» som trengde lugaren. Om ho var gift med han er nok lite truleg.

Han er spak på Folla/Folda (*Info 1*) i dag, men sjøen er tung etter stormen i går. Då var nok ikkje Folla/Folda blid å fara. No har vi passert fylkesgrensa, og byrja på Nord-Trøndelag. På Folla/Folda møtte vi ein sørgående troppebåt. Soldatar som sild i tynne, og alle med redningsvestar. Dei har ikkje råd å la gutane drukne. Dei har kanskje ein verre død i vente.

(Info 1: Folla/Folda er eit ope havstykke i Trøndelag, som strekker seg frå Buholmråsa fyr til Gjæslingen fyr og Grinna fyr.)

Middagen i dag vart ikkje slett som vanleg. Skuta vridde på seg og sume laut gå frå bordet for sjøverk. Men som dei no går er ikkje Folla/Folda så langt eit havstykke, og snart får vi land på utsida, og byrjar på Nærøysundet. Vi er i Rørvik kl.15. Det er fult av folk på kaia. Vanleg er det ein passeleg spasertur ein søndag, og gå på kaia og sjå på hurtigruta. Rørvik har vorte ein liten småby. Men her er som før, med snaue, og lyngkledd haugar. Rørvik er sentrum for Ytre Namsen. Her i frå kan ein bile til Namsos. Mange tyske og hollandske båtar ligg på hamna.

Og sør gjennom sundet er ei mengd med festningar, så her er godt «beskytta». Her utanfor ligg den store øya Vikna med fiskeværet Gjæslingan og Nordøyane. Neste stoppestad er Brønnøysund, men det vert nok mørkt før vi kjem dit. Eg har sett så mange gongar på turistattraksjonane Lekamøya og Torghatten, at eg ikkje vil gå oppe og glana. Det er noko kaldt no, så eg heldt meg nede. Vi skal nok inn gjennom den lange Vefsnfjorden, for å korrespondere med jernbana i Mosjøen. Eg tenkte på å ta bane til Mosjøen i år, men det synte seg, at det var ikkje noko å tene på det. Det køyrer ikkje nattog, så det ville vera å overnatte på Åndalsnes og i Trondheim. Men det hadde vore finare tur enn her ute i leia, der eg er kjent frå før.

Vi stoppa så snarast i Brønnøysund, og så er det berre 2 ½ time til Sandnessjøen. Så vidt eg veit er dei to små byane om lag like store (ca. 1500) menneske i kvar. Mellom dei to store fjordane Bindelen og Vefsn er ei stor halvøy, og Brønnøysund ligg på sørkanten av halvøya. Hadde det vore dagslys, ville det vore fint her inne gjennom Vefsn, men i mørke natta er det berre å lesa og sove.

Måndag fjerde oktober: I natt har vi vore i Sandnessjøen, så heilt inn til Mosjøen, og er no på veg til Sandnessjøen på nytt. Så dette vart å køyra med full fart i mest 12 timar, utan å kome ein tomme lenger nord. Vefsnfjorden går inn syd om Alsenøy (*Info 1*), men vi går ein arm av den som heiter Leirfjorden.

(*Info 1: Alsenøy finns ikkje på kartet.*)

Jernbana går langt lenger enn til Mosjøen no. Alt i fjor var ho ferdig til Mo i Rana. Ranafjorden er den første fjorden nord om Vefsn. Men folk som har vore i Salten, seier at dei er i full drift med banebygging der og. Så jernbana et seg lenger og lenger nord. Det vart vel ikkje mange år før ein kan køyre med jernbana heilt til Kirkenes og Vardø. Det ville ha vore ein lysttur det, å køyre til Aust-Finmark gjennom dei indre bygder. Tenk ein slik tur i sommar, og midnattsol og framfor alt - Fred.

Det lysnar når vi fer ut fjorden. Her er noko langt mellom bygdene. Fjella er høge og jamne. Nysnøen ligg midtbergs. Her er store bjørkelier, og nedanfor ein og annan garden. Her er i grunnen pent. Eg var tidlegare i dag, og fekk lure til meg kaffi med fløyte i. Eg er kjend med ein av byssepersonalet. Han er frå Vardø.

På hamna i Sandnessjøen ligg mange båtar, to tyske, ein fransk og to hollandske lastebåtar. Og ein gamal slupp «*Coca too*» som har høyrte til i Ålesund så lenge eg kan minnst. Ein stor, tysk undervatnsbåt tok opp heile kaia. Og så ligg «*Vågan*» av Vesterålske der, men den skunda seg å koma frå, så vi får kome inn åt kaia. På ein vegg på kaia står: 51 mil frå Trondheim, 23 mil til Bodø. «*Vågan*» er på nordgåande. Den har ei mengd tomtønner og kasser på dekk, men ingen tenkte at den var så nær enden.

Når «*Vågan*» gjekk frå kai, kjem to store lastebåtar forbi utanfor. Og dei vert i lag med «*Vågan*» nordover. Vi hadde vel også vorte i lag med dei på deira siste ferd, dersom vi ikkje hadde vorte hefta med å venta på to sekkar post. Dei to lastebåtane var ein tyskar, og så Vilhelmsen båten «*Topeka*» frå Oslo. Så vart også vi klar, og gjekk nordetter for full fart. Og vi heldt på å hale innpå dei tre båtene som var framfor oss.

Leirfjorden er ikkje særst brei, og utanfor har vi den store øya Dønna. Eg var komen ned for å skrive nokre liner i dagboka. Eg tek meg rett som det er turar opp på dekk og ser meg

om. Og studerer av og til turistkart på veggen, og så ned og festa inntrykka på papiret. Ingen har bedt meg gjera det. Eg gjer det berre for moro. Og dersom det handskreve bladet i losja heime vil ha det, så kan dei få det. Det er mange som likar å høyra reiseskildringar.

Men der kjem han Martin Karlsen frå Bualandet og ropar. «*Alle mann på dekk*», og «*tak på livbelte*». Det gjekk fort å koma på dekk. Skuta låg still oppunder neset tett nord om Leirfjorden. Ankeret gjekk til botns. Og Livbåtane var på veg mot land med den første sendinga. Det var kvinner og born først. Han var grei kaptein Jørgensen. Så fekk vi då på oss disse uvande greiene. Men det var noko kaldt, så eg tenkte, det vert nok ei stund før eg får plass i ein båt, så eg gjekk ned og henta frakken. Og fekk redningsvest utanpå. Men medan eg venta på og få plass i ein båt, fekk eg høve til å sjå skodespelet nord i leia, om lag tre km frå oss. Seksten fly svirra over dei tre båtane. Frå «*ørnereira*» (*Info 1*) på dei to lastebåtane skaut dei ustanselig, og flya svara, og trefte godt. «*Vågan*» var ikkje armert (*Info 2*), men han sokk først. Vi såg baugen nokså høgt med det same den sokk. Det gjekk også fort med den tyske båten, medan «*Topika*» vart skoten i brand, og for rekande ut etter fjorden for ei frisk landvindskjøle. Det vart mange vendingar med folk, før alle var i land. Vi var vel 200 menneskje om bord. Hadde det vore ute på havet, så ville vel halvparten av folka vortne teke på slep. Der var berre fire livbåtar, alt for lite. Alt gjekk føre seg utan panikk. Nokre kom med sine handkoffertar, og ville ha med seg. Men fekk det svaret, at ingen fekk ta tøy med seg. Av og til var flya sør åt oss, men ikkje heilt over oss. Frå «*Ørnereiret*» byrja tyskarane å skyte mot flya, men vi var for langt unna til å råka. Men skipperen fekk dei til å halde opp med narrespelet.

(*Info 1: Ørnereiret på et krigsskip var ein pansra overvaking- og kommandoplass for styring av skipets forsvar og angrepsfunksjonar.*)

(*Info 2: Ikkje armert betyr her at båten var utan våpen å forsvare seg med.*)



(*Info: 1923: A/S Vesteraalens Dampskibsselskab, Stokmarknes - VAAGAN
10/1943: Senka 4/10 av allierte fly frå amerikanske hangarskip USS CV4 RANGER
nord av Sandnessjøen.*)

Vi gjekk opp i land ca. ein time. Veret var godt, men noko kaldt. Der var mange snodige framtoningar å sjå den stunda. Redningsvestane er ikkje særleg kledelege. Dei framhevar ikkje skjønneheit eller ein god figur. Så eg tykte ikkje at dei unge damene, eller dei fine tyske løytnantane tok seg ut til sin fordel den stunda.

Det var ein stor, einbølt (*Info 1*) gard vi var komne til. Men garden var vanflidd (*Info 2*). Klokka var mellom ni og ti, og mange var svoltne, for dei var ikkje ferdig med frukosten.

Det var mange som fraus, då dei ikkje hadde gjeve seg tid til å kle skikkeleg på seg. Då flya hadde gjort si gjerning, stakk dei av. Men eit jagarfly vart ned skote, men dei som låg i sjøen hadde sett flygaren koma ned i fallskjerm. No fekk vi ordre om å kome om bord att.

(Info 1: Ein einbølt gard betyr ein einsam eller isolert gard.)

(Info 2: Ein vanflidd gard er ein gard som er i dårleg stand.)

Omlag halvparten av passasjerane var tyske, for det plar vera så no for tida. Men alt gjekk knirkefritt. Og mange var glade dei slapp om bord att til den forsinka frukosten. Det var ikkje noko stor hending dette her, og det kunne ikkje finare gå, når ein skulle vera så nær krigen. Men det var nok til å skake opp folk. Dei fleste ville no helst fare og spasere på dekk. Ankeret er inne, og det går for full fart nord gjennom leia. Framme i fjorden ser det ut som vi skal køyre på land. Det er tomtønner, kasser, dører, flakar, meir og mindre skada. Det er leivningane etter «Vågan», og ein stor sot flekk fortel, at her ligg dei to båtane. «Topika» brenn godt no, men ho er attom ein holme. Ein mann i ein færing er komen bort på ulukkesstaden, og fleire er på veg. Her vert mykje å berga. Kapteinen slår stopp og akterover, og brøler ned til mannen. «Vart mange berga frå «Vågan». «Alle vart redda», svara mannen. «Men kvar er dei då?», spør kapteinen. «Dei er i Fagervik, tett nordom her», «Ålreit», svarar han med handa på telegrafan.

Så stoppa vi då i Fagervik, og ein mann kjem springande og ropar at dei vil vera med nordover. «Kom alle saman», sa kapteinen. Så kom ein liten tysk motorbåt med dei. Også dei hadde stoppa og skulle gå i båtane, men dei hadde drygt vel lenge. Båten vart treft midtskips, og sokk som ein stein. To av mannskapet vart utan sko, og ein i tøflar. Fyrbøtaren som var på vakt gjekk i ei skjorte og berre armar. Fire av dei måtte springe på sjøen. Dei andre kom seg i ein båt. Maskinisten låg og heldt seg oppe på to tønner. Så fekk han ei kule gjennom venstre handa, så ho dovna av, men då kom kameratane og berga dei. Dei sa dei fraus ikkje medan dei låg i sjøen, men då dei kom opp i den kalde vinden fraus dei så tennene skrangla. Her om bord flokkast folk om dei. Mange kjende dei også. Sume hadde fått klede i Fagervik og såg ut som vanlege bondefolk. Om bord hos oss fekk dei den mat som der var.

Leia er bein her, så vi ser røyken av «Topika» langt nordetter. No er vi utanfor Ranfjorden. Ute i havet ser vi Lovunden. Og det vert vel ikkje lenge før vi ser Træna også. Skal tru vi skal oppleve meir storhendingar på denne turen. Ja, storhendingar er det vel ikkje, men vi er ikkje vand med å oppleve så mykje. Vi stoppa på Indre Kvarøy i middagstida, og eg tok meg då ein liten middagslur. Kor lenge eg sov, veit eg ikkje. Men der stod han Hurlen framfor køya. «Hugsar du dei to store troppebåtane som vi såg i Trondheim laurdagskvelden», sa han. «Ja, no ligg dei her og brenn begge to». Klavenesbåten «Skramstad» låg attmed ein holme, der dei hadde rent den på land. Alt frå brua og akterover var i brand. Og tjukk røyk velta ut gjennom alle opningar. Tyskebåten låg noko lenger syd, så den såg vi mindre til. Oppe på den store holmen kunne vi ikkje sjå att noko av sjølve holmen, berre soldatar med redningsvestar, kvar ein såg. Dei signaliserte til oss, og vi måtte stoppe. På spørsmål om kor mange vi hadde plass til, svara kapteinen at han kan ta vel 150. Og dei kom rynnande om bord, så fort som båtane vann å setje dei om bord. Så vidt eg kunne sjå vart det om lag 200 soldatar vi fekk om bord. Så no er her folksamt. Mange trur at «Skramstad» har gått i troppefarten lenge. Kva slags menneske som var om bord, veit eg ikkje, og får vel aldri veta det. Ikkje heller kor det har gått dei. Men det er lite truleg at alle kan vera berga.

No gjeng det vidare mot Grønnøy. På mellomdekk er det tyskarar overalt, dei prata visstnok om hendinga, og lever oppatt den fælslege hendinga. Alle sit og et brød og pølse. Smør hadde dei ikkje, og ikkje fekk dei noko å drikke attåt. Men ølflaskene om bord fekk bein og gå på. Av styrmannen får eg vita, at der skulle vera ca. 250 drepne om bord i «Skramstad».

Vi rundar Støttrota i stille og godever, og her som Vestfjorden er open, er det så smult at ein ikkje kan merke at skuta beveger seg. Vi kom til Bodø to timar etter at det var mørkt, og det vart stort ståk på kaia, med å stille opp soldatane, og få dei på mars til barakkene der dei skal bu, til dei får ordna seg. Her får vi vita at flya hadde vore her også, og at tre båtar var senka her. Bombinga var nok større enn vi trudde. Dei seier at der skal ha vore 60 fly på vengane, i fleire flokkar, og at bombinga har gått føre seg frå Bodø i nord til Folla/Folda i sør. I Bodø var senka ein kryssar og to lastebåtar derav ein tankbåt.

Tysdag femte oktober: No har eg hatt ein lang spasertur i Bodø. Vi skulle vore midt på Vestfjorden no, men dette vart nok ei reis med hindringar. På sida av «Finnmarken» står: Avgang ubestemt. Og det same er det om bord i «Ragnvald jarl» som skulle vera nordanfor for to dagar sidan. Vestfjorden er førebels sperra, og vi veit ikkje om vi kjem til Sortland, eller vi må snu her. Men vi tek det roleg. Det nyttar ikkje å leggja planer lenger. Bodø er trist å sjå i år også. Den ser ut for å vera ein tysk by. Store soldatavdelingar marsjerer gjennom gatene. Ei mengd russiske krigsfangar er i arbeid med å bygge bunkers, og anna forsvar.

Bodø folket er trengt langt innetter øya. I utkantane er bygd mykje Svenskehus og barakker. Men i sentrum er det mest grinande ruiner i år som i fjor, sjølv om naturen har gjort sitt til å pynte, for graset gror også i ruinhaugane. Bodø skal visst verta ein moderne by, men den vert nok ikkje så småkoseleg som den var før krigen. No skal skuta bort på hamna og tørne. På ei grunne utanfor hamna ligg den senka tankaren synleg over havflata. Det er fredeleg borte på hamna, og vi som var ferdafolk tok oss ein middagslur. Men kl.15 byrja ankervinsja og ramle, og det går ut hamna for full fart.

No var sperringane oppheva, og vi og «Ragnvald jarl» gjekk side om side, til vi skildest utanfor Skarholmen fyr. Vi skal til Stamsund i Vest Lofoten og «Ragnvald jarl» går til Svolve, og deretter til Narvik. Det var mørkt då vi kom til Strømsund. Her er ei svær betongkai og lagerhus. Her er også sildeolje og guanofabrikk. Og alt dette, og heile fiskeværet, er det berre ein Nesje konge som eig. Ein kunne tru, at han eig folket i Stamsund også.



(Info: MS «Ragnvald Jarl» var et passasjer- og hurtigruteskip som ble bygget i 1930. I 1940 vart skipet selt til Det Nordenfjeldske Dampskibsselskab (NFDS) og omdøypet MS «Ragnvald Jarl».)

Det var nydeleg ver på Vestfjorden, og dei forrivne og trolske Lofotfjella tek seg fantastisk ut mot den kveldsraude synsrande. I Svolve var vi midt på natta, og her vart vi liggande til det lysna.

Onsdag sjette oktober: Då eg kom på dekk var vi komne nord i Raftesundet. Ein meir trolsk natur skal ein leite etter. Ville, forrivne fjell. Mykje berg og stein, men store bjørkelier. Der som er plass for ei stove og ein jordfleck har folk klora seg fast. Vi går i fleire timar, og endå har vi den store Austvågøya på utsida. Raftesundet er skilje mellom Lofoten og Vesterålen. Straks vi er gjennom Raftesundet tek naturen til å utvide seg. Fjella er lågare, og bygdene større og vakrare. Vi stoppar på Melbu. Reint ei storbygd, med kyrkje, ei svær skulebygning, fabrikkar og ei mengd gardar og hus. Dette er på Hadseløya, ute ved havet, og over fjorden frå Austvågøya. Her i frå ser vi utsida av Lofotøyane så langt auge rekk. No rundar vi innsida av Hadseløya og skal til Stokmarknes. Over fjorden får vi då den veldige Langøya. På innsida av denne leia har vi den store Hinnøya, mil etter mil, sundskorne av fjordar og vikar. Dette er Norges største øy. I nord har vi Andøya med tre kommunar. På Andenes var eg ein heil haust i mine unge dagar. På Hadseløya er flate, fine gardar, og her veks godt. Eg skal berre nemne jordbruksbygda Kvæfjord som forsyner nesten alle byane i Nord- Noreg med poteter. Nørst på Hindøya er Harstad. Men så langt skal vi ikkje.

Vesterålen er ein stor provins av Noreg. Noko vêrhardt om vinteren, men med midnattssol og drivande ver om sommaren. Så eg vågar å seia at ingen heime, som ikkje har vore her kan tru kor gildt det er her, og kor store moglegheiter her er for framtida.

Vi vart liggande lenge i Melbu og vente på ein tysk offiser. Dei hadde ikkje venta om det var norske folk. Men «herrane» lyt ein venta på, om ein er aldri så mykje etter ruta.

Medan vi rundar indre Hadseløya, sit eg og pratar med doktor Lødøen frå Ålesund. Han er no assistentlege på Troms sjukehus. Han har vore til Nordfjord og henta kona og ungane. Dei har vore i Hornindal der far hans var frå.

Vi passerar Hadsel kyrkje. Ho er raudmåla, og heilt rund, med til bygt sakristi. Kyrkja er svært gamal, og der skal vera mykje gamalt å sjå. På prestegarden føder dei 25 kyr. Garden er no bortleigd til landbruksskulen.

No ligg vi i Stokmarknes og bunkrar. Det er her hovudkontoret for Vesterålske Dampskipsselskap er. Her ligg vi i tre timar, og vi tek oss ein tur i land. Vi var først på telegrafan og sende telegram heim til konene våre, og sidan inn på ein kafé. Vi er no 13 mann i lag som skal til møtet. Frå Sogn i syd og Finnmark i nord.

No er endeleg Sortland neste stoppestad. Dit kjem vi i ettermiddag. Så går det vidare, over fjorden, og vi får Langøya på utsida. Sortland ligg om lag midt på øya. Utanfor her har vi Bø i Vesterålen. Her bur mykje folk på desse Vesterålsøyane. Her er det land og hav som møtest. Det er nesten ut med havet. Her er ofte godt fiske. Og dessutan for dei på fiske både i syd og i nord. Her er mange gode sildefjordar, så her må det vera ideelt når feitsilda set inn. Her er også mykje gode båthammer. Samferdsla er også ått og kjem seg. Her er mykje gode bilvegar, og meir er det tanken å få. Men det største gode i samferdsla er nok hurtigrutene. For kva ville Nord- Noreg vore utan dei, med dei veldige avstandane der nord. Ikkje underleg at Rikard With har fått sin store minnestein i Tromsø. Han var

grunnleggjaren av hurtigrutene. Og når Nordland fylke no er på høgd med det øvrige Noreg, og på sume måtar held på å taka leiarstillinga, så er det ikkje minst hans livsverk som er årsaka.

No skal vi snart i land. Tenk å vera på same båt frå fredag middag til onsdag middag. Men i normale tider når båten får gå dag og natt vil reisa ta berre tre døgn. Då vil det verta langt meir hyggeleg å reisa enn no, når ein har livet til låns på slike turar. Hadde det berre snart vorte fred, både i vårt land og andre land. Og krig berre spøkje i minnet som ein vond draum. Gjev den tida snart må koma.

Så kom vi då endeleg fram i 16 tida i går. Nokre kjenningar var møtt opp på kaia og tok i mot oss. Og det barst til møtelokalet med ein gong. Det var i eit stort forsamlingshus, som også vart brukt til kino. Tre rekker bord stod opp etter golvet med pappirer på. No vart det mange å helsa på. Dei flokkast kring oss nykomarane for å høyra nytt, og få vite kva vi hadde opplevd på turen.

Eg har før skreve noko om Vesterålsbygdene, kor fine og til dels store gardar her er. Men no er vi likevel komne til smørauga i Vesterålen. Eg reiste på fiskerimøte, men det vart også ei studieferd i jordbruk. Eg vart imponert over ei slik bygd, og at her er slike utviklingsmoglegheiter. Nei, ein må slutte å tru at Nord-Noreg er langt nordafor folkeskikken. Her er i alle fall mykje å læra, kva jordbruket gjeld. Vi sat på møtet til kl. 20. Eg fekk vite kvar eg skulle bu. Eg skulle tru det var langt å gå. Men det var det sørgt for. Ein stor buss køyrde oss dit vi skulle, og skal hente oss i dag. Ja, men det vart vel dyrt. Ikkje for oss i alle fall. For det er Råfisklaget som betalar.

Sortland er mest som ein liten småby å kalla. Ei mengde forretningar, moderne meieri. Og visstnok nokre fabrikkar også. Men endå har eg sett for lite. Eg vart buande på ein gard saman med ein som har vore på møtet heile tida. Han er frå Karlsøy, seks mil nordom Tromsø. Vi vart sittande og prata saman med husverten og kona til langt på kveld. Vi prata mest om jordbruk, for mannen dreiv berre jordbruk. Men han frå Karlsøy tala også med sakkunnskap om spørsmål som vedkjem jordbruket. Det er ikkje så mange mil frå der han bur, og til grensa mot Finnmark fylke. Han har fire kyr og hest har han også, og det let til at han kan sine ting på jordbruket sitt område. Mannen på garden her kjøpte denne garden for to år sidan. Han har gått landbruksskule. Han gav 12000 kr. for garden, men måtte koste opp ei løe til 6000 kr, så no kosta garden 20000 kr. Men det er ein fin gard med 60 mål dyrka jord, og 300 mål torvmyr og dyrkingsland. Grunnen under er grov kalksand, så veta sig bort gjennom den porøse grunnen. Her trengst såleis ikkje mykje grøfting. Her er tre traktorar i bygda, som fer rundt og pløyer og harvar nybrot. Dei har fire kyr, ein kalv, nokre sauer og øyk (hest). Merra har andre premie, og dei held premiehingst av fjordrasen, og dreiv stort med hesteoppdrett. Her er mange gardar som har ti kyr i bygda. Løene er så store at det er svært. Løa her er heller lita, men ho er bygd med utvidingsmoglegheiter. Dei hadde fem mål potetåker, og brukar potetopptakar å taka opp med. Her er dessutan hestehakke, slåmaskin mange slags horver, og mangt anna.

Vi har ete frukost, og vi fekk god mat. Der var sylta molter, og noko nydeleg pålegg som eg ikkje skjønna kva det var for noko. Jau, dette var svartkveite, filetert, salta og farga på ein fabrikk på Andenes. Tenkje seg til, svartkveite, som vi før berre rista av anglane, og ikkje brukte til noko. At den kan vera så god.

Mange har vel høyrte og lese om moltemyrane i Nord – Noreg. På Andøya var eg bort i å plukke, den tid eg var der. I år var det ein som fortalde om molteplukking på dei endelause Andøymyrane. Dei må plukke etter matrikkelskylda. Altså har ein gard rett å sende fire, ein annan to osv. Men gamle folk og ungar er liksom utanom berekninga, og dei plukka ein grand dei og. Ingen har lov å plukke om morgonen, før signal gjeng opp. Eit flagg på ein synbar plass. Så er det også sluttsignal om kvelden. Det er nesten som utror signaler er i Lofoten.

Nilsen frå Karlsøy fortel om molteplukkinga der oppe: Der er ei øy som heiter Fugleøya. Der fartøya stikk ut, og kjem inn når dei kjem og fer til Ishavet og Svalbard. «*Denne Fugleøya er det berre ein mann som eig. Og plukkarane plukkar på part. Grunneigaren skulle først ha halvparten, men det vart så mykje at på slutten fekk han berre tredjeparten av mengda. Der var plukka 160 tønner molter på Fugleøya i år*», seier han på sin lune måte. Det høyrst ut som eventyr, men mannen er så truverdig som nokon. Så eg trur det. Men hugs berre på: Det er nord i sjølve eventyrlandet, at dette her er skreve. «*Men er her molter å få kjøpt her, då?*» spør eg. «*Nei langt frå. Moltene brukast berre til bytemiddel, som ein kan oppnå snart sagt (Info 1) kva det skal vera for*».

(Info 1: Snart sagt betyr her er det same som nær sagt.)

I Sortland kommune skal vera om lag 4000 menneske. Også her i Vesterålen har folk tent godt no under krigen, og det er likt til at her er inga nød på pengar. Dei dyrkar ikkje havre her, dei held seg berre til bygg. Elektrisk kraft er i mest alle bygder og dei bygder som enno ikkje har ventar berre på, at krigen og mangelen på alle ting, skal ta slutt, så også dei får elektrisk kraft. Her har dei mjølkeregneskap, og kyr som mjølkar godt. Sauene er Dalasauer, og er svært store, og kan halde jamt 30 kilo kjøtt per. sau.

Møtet vart ferdig før eg hadde trudd. Så eg nådde berre 1½ dag av det. Det er ikkje småbeløp Norges Fiskarlag ruttar med. Det er ei millionforretning og der er brukt 90.000 kr. om året berre til gåver. I går kveld var her fest, men det vart seint før den byrja. Det vart ikkje byrja før kl. 22. Eit hornmusikkorps på 20 instrument spela, og eit stort mannskor song. Så var der ei mengd med stutte talar. Og ekte kaffi. Riktig ein «hjarsteknusar» var det med fløte i. Å kor vi likte oss, og mintest feststunder i gamle dagar. Leiaren på møtet, Oskar Flå frå Vigra fortalde om Vesterålen. Han tok oss liksom med på ei rundreise i tankane, rundt Vesterålen. Han sa mellomanna, at Hadsel kommune har 10.000 innbyggjarar. Men det er også største kommunen. Han nemnde også Andøya der det er tre kommunar, og sa at småbyen Andenes no har over 2000 innbyggjarar. Likeins sa han at der på Andøya er 300 mål med myrjord, som utan tvil er dyrkande.

Eg minnst då eg var på Andenes, ein heil haust for mange år sidan. Eg såg kor fjella blåna der sør om Andøymyrane. Eg har av og til fortalt om det og sagt at myra er om lag som frå Sandshamn til Leikong på Stad, og så langt i kvar kant. Folk heime har trudd eg lyg, men eg har nok helst teke for lite i, i staden for for mykje.

Som jordbruksdistrikt står Vesterålen svært høgt. Og her finst nok ikkje noko betre, før ein kjem inn i Indre Troms. Til Bardu og Målselv kommunar. Eg har lese at Troms fylke åleine vil greie å føde ein million menneskjer, når alt er dyrka opp.

På Langøya der Sortland ligg er der ca. 30 km god bilveg, men enno er mykje att å bygge. Men Langøya er berre barnet mot Hinnøya, Andøya og Senja i Troms fylke. Det er gildt å

vera ilag med ei forsamling som i går kveld. Dei er frå Sogn i sør til Vadsø i nord og aust. Alle kjenner kvarandre, og samlast i det ynskje at ein må prøve å greie seg gjennom vanskane som er no, men også ruste seg for å møte dei vanskane som vil kome etter krigen. Titt kan vi vera usamde om eit og anna, men vi samlast i ynskje om betre tider for det norske fiskarfolk. Og då vi til slutt song «*Gud signe vårt dyre fedreland*». Då syntet det seg nordlendingane godt klarer nynorsken, sjølv om dei ikkje likar det på jamnen.

Heimreisa vart også med «*Finnmarken*». Her er mykje ferdafolk så det er inga von om å få lugar. Ho er noko forsinka alt no, så vi kjem nok til å ligge i Straumsund i natt. Denne gongen går ho berre til Trondheim. Så vi får sørgje for ein mole i gongen. Eg vonar det må verta rolegare på heimturen enn det var nordover.


Det var langt på natt då bussane køyrde oss heim frå festen. Eg la meg i tre tida. Det vart liten søvn. Eg vakna då husverten ropte inn at bilen skal vera her presis sju og hente oss. Så vakna eg for tidleg, og vart gåande lenge og reke nede på vegen. Endeleg tok det til å ryke frå skorsteinane. Og der kom husverten og ropa meg inn på kaffi. Klokke har eg ikkje, og det som mest har lurt meg er at klokka no er sett ein time attende. Så kom bilen, og eg vart med så langt nord som han køyrde. Det var vist fem km. Det hadde vorte lange avstandar om ein skulle vera nøydd å gå det. Det er då fjorten km til Sortland kai. Det gjekk fort å køyre til kaia. Men «*Finnmarken*» var forsinka, og kom ikkje her før klokka elleve.

Så sat vi då på Bondeheimen si kaffistove dei fleste frå møtet som skulle sørover. Vi drakk kaffierstatning med blåmjølk, og fortalde stubbar. Der hang eit bilde av Bj. Bjørnson på veggen. Eg fortalde om den gongen Bjørnson kom på ein eksisplass (*Info 1*) og tok ein prat med vakta. «*Kjenner du meg?*» spurde Bjørnson. Nei vakta kjende han ikkje. «*Å, tenk deg no vel om, her skal ikkje vera mange i Noreg som ikkje kjenner meg*», sa Bjørnson. Men då gjekk det eit lys opp for soldaten. «*Det skulle vel aldri vera han Jørgen Lysholm?*» Alle har vel høyrte gjete akevittkongen i Trondheim. Eg hadde også ein stubbe om ein pølsemakar i Oslo. Han for rundt med ein bil og selde pølser. Han heitte N. S. Nilsen og budde i Kongensgate. Alt dette stod malt på sida av bilen, over dørene. Når han så opna den eine døra, stod det noko att. Men dette var nok til å få ein mann arrestert, no i våre dagar (*Info 2*). Dette måtte dei få skrive opp. Dei skulle ha det til moro når dei kom heim. «*Men du*», sa han Sigurd Hansen frå Vest-Lofoten. «*Har du sett dette her du*». Det var Nasjonal samling si truvedkjening. Det var fæle greier, men eg skreiv det av. Det kan vera moro å ha det. Mange av disse karane kjende kvarandre frå Lofotværa. Og det var artig å høyre kor dei sat og småterga kvarandre.

(*Info 1: Eksisplass er det same som ein militærleir.*)

(*Info 2: Kanskje det her då stod igjen: N. S. Kongen ?.*)

Ein av dei heitte Ibenhart Lauritsen. Han vart gåande i Bodø to dagar før vi kom dit, og han var der medan vi låg borte på hamna. Han fortalde at åtte lastebilar heldt på å køyre i om lag ni timar for å få bort dei døde og såra frå torpederringane sør etter kysten. For det var nok ikkje småtteritil myrderi den måndagen. Han sa at om han lever aldri så lenge, så vil han ikkje gløyma kva han såg dei dagane.



(Info: Dette er hurtigruteskipet «Finmarken» som er nemnt i teksta.)

No kom «Finmarken» og vi rusla om bord. Men fult av folk. Det var ikkje mest tyskarar, men «slusk» frå veganlegga og frå tyskararbeid, som no sluttar til vinteren, og skulle heim. Oslo dialekten var utan tvil i majoritet. Ei slik mat kø, trur eg ikkje eg har sett korkje i år enn i fjor. Det var fersk sei og lever til middag. Eg fekk lure meg til ei køy, og fekk meg ein god middagslur noko som trengtest så vel. Eg stod og dubba medan eg stod i kø utfor matsala. Kameratane frå møtet hadde teke den vesle røykelugaren i «besiddelse». Der var 30 av dei. Då eg kom inn sa han Alfred Bergan frå Vikna: «Eg lurar på om ikkje han Bringsvor skriv dagbok i år også». «Eg vil lese det du har skreve, eller kva trur de karane, enn om vi fekk han til å lesa det sjølv. Eg har lese kva han har skreve før eg, så eg veit han kan». Så vart det ikkje fred å få. Og eg las det eg hadde skreve om Vesterålen. «Men du har vel skreve om nord turen også», sa dei. «Vi har enno att ei stund før vi er i Svolvær, så kom med det». Ja så måtte eg ned i frakkelomma etter andre boka også då, og det var stilt som i kyrkja medan eg las. Då eg var ferdig klappa dei så, at folk tok til å glytte innfor å sjå kva slags galningar som heldt til der inne.

No fløyte dei for Svolvær. Og då for det i meg. No tek eg og går i land og ventar til neste båt. Å, leva døgn etter døgn i ein overfylt båt, det gjer eg ikkje. Alle kom med hendene til avskil, og det vart mangt eit traust handtak. Så gjekk eg på byen i Svolvær. Der var alt mørkt, og eg tok inn på Fiskarheimen. Men der var overfylt. Det einaste var om eg ville sitte i ein stol i natt og sove. (Styrrarinna er frå Leinøy på Sunnmøre). Nei, det får vera til det ikkje er anna råd. Så gjekk eg til Hermann Krystad, der eg budde i fjor. Eg vart vel motteken, og fekk senga til sonen i huset, som skulle reise til Bodø. Det var hans rom eg hadde i fjor og. Forutan å vera fiskar har han ein hobby. Han målar. Der er måleri på alle veggjar som han har måla. Nydelege bilete, for ein amatør å vera.

Det vart ikkje mange timane å gå i Svolvær. For klokka elleve om føremiddagen kom «Ragnvald Jarl» einaste motorskipet i kystfart. Jau, dette vart ombyte. Her fekk eg lugar. Her er 130 tremannslugarar på tredje plass (Info 1). Ein stor, fin «spisesalong» akter, og røykesalongen er oppover, og er like stor. Her er lite sjau (Info 2) frå motorane. Dei sløyfer Stamsund for å koma over Vestfjorden medan dagen varer. Han er spak

Vestfjorden i dag, men regntjukk. Men når vi er komne over tek sydvesten til å vekse på.

(Info 1: Tredje plass er det same som tredje klasse.)

(Info 2: Sjau er det same som bråk eller støy.)

Vi er i Bodø om to timar. Om vi skal vidare i natt veit vi ikkje. Her kjem venteleg mykje folk om bord der. Det regnar godt då vi kom til Bodø. Jau, her kom mykje folk om bord. Her kom også 31 likkister med liket av tyske offiserar, som sikkert skal heim til Tyskland og gravleggast der. På kistene var ingen blomster, men alle var kledde med hakekorsflagget. Eg minnes ei strofe i den gamle danske songen: «*Se da vil jeg svare. Det har ingen fare. De kommer jo hyllet i Dannebrog*». Ein stor soldatavdeling danna æresvakt på kaia. Og der var tyske soldatar som gjorde alt arbeidet med å få dei på plass, og syne dei den siste ære.

Å reflektere over krigen, og opphavet til den, er lite gagn i. Verda lyt brenne til elden ein gong sloknar. Og då fyrst, når det på nytt vert tanke og talefridom, er tida inne til å diskutere spørsmålet om årsak, verking, og rådbøter som kan hindre gjentaking. Her er også mange sivilklede tyskarar om bord. Og dei er nok mest forlegne. Dei ser ut som vanlege bondefolk gjer, når dei er ute på reis. Og ingen veit kva ærend dei er ute på, eller kor mykje dei forstår av det vi talar om.

Eg kom bort frå kameratane då eg gjekk i land frå «*Finnmarken*». Likevel er her kjenningar her om bord også. Her er nokre som var på møtet. Og dessutan er eg i lag med kystlos Peder Vidde frå Borgund. Han var los på ein Italianar, og var på nordtur den minneverdige måndagen. Bror hans er også kystlos og var med «*Topika*», som eg skreiv om på nordturen. Han ligg no på sjukehuset i Sandnessjøen, og skal vera mykje skada. Peder skal gå i land der for å sjå til han nokre dagar. Båten har nok ikkje lege lenge i Bødø. Den har også stoppa på Ørnes tidleg i dag, men dette har eg sove i frå. Når eg endeleg fekk meg ei god seng, så kvifor ikkje bruke den. Eg kom ikkje opp før vi gjekk frå den vesle byen Sandnessjøen.

Her er mindre snø i fjella her enn nordafor. Dei sju systrer (fjelltoppar) har berre snø i øvste toppane. Nedetter fjellet frå toppen er berre nakne bergsidene. Bergsorten skal være så hard at den ikkje forvitrar til matjord. Men mellom haugar og hamrar er ein og annan fin-fin gard. Her er gardar med opptil 25 mjølkekyr. Fylkessjukehuset her var før i Søvika i sydkanten av dei sju systrer. No er det flytta til Sandnessjøen. Og bygningen i Søvika er forandra til husmorskule. Her skal også vera ein stor planteskule.

«*Finnmarken*» var i Sandnessjøen i midnattstida, så vi vert ikkje lenge etter den i Trondheim. «*Ragnvald Jarl*» skal også gå berre til Trondheim. Og korleis eg skal koma der i frå er uvisst. Får vel helst ta jernbanen til Åndalsnes.

Ombord er også tre menneske frå Alta i Finnmark som skal til Trondheim med ein sinnsjuk mann. «*Men er der ikkje slike sjukehus i Bodø, Tromsø eller Hammerfest*», spør eg. «*Jau, visst er det så, men alle sjukehus for sinnslidande er opptatt av tyskarane*». Dei sa at det har vore ei mengd tyskarar i Altafjorden. Og mange folk har måtte forlate sine hus og gardar.

Kva levemåten angår så ser det ut for å vera betre i Nord-Noreg enn på Vestlandet. Korleis det enn kan ha seg.

No er vi snart i Brønnøysund, og eg skal opp og ta avskjed med leiaren for møtet, Oskar Flå. Vega ligg utanfor her. Øya er eiga kommune, og har 3000 menneske. Flå har vore ordførar i Vega, om han er det no har eg ikkje spurt om.

No har vi vore i Brønnøysund. Det er solskin og stille. Og slike dagar er det fint i Brønnøysund. Berre bjørkeskogen minner om at hausten er åt og kjem. Det er mykje bjørk, både i byen, og utanfor.

I dag fekk vi kvalkjøtt til middag, den einaste gongen vi har sett kjøt på heile turen. Eg sat til bords med ein flokk Hird-ungdomar. Dei skal vel til eit hirdstemne ein kvar stad. Jau, det gjeld nok å passe på kva ein seier i slikt lag.

Vi har no passert Torghatten, og nærmar oss no Helgelandsfløsa, som er grensa mellom Nordland og Nord-Trøndelag.

Eg har no vore her om bord i 25 timar, og 8 timar om bord i «*Finnmarken*», og enno er vi ikkje fult nord i enden på det veldige Nordland fylke. Og endå er det ikkje store avkrokar til stoppestadane. Denne båten stoppar i Mosjøen, så det går fort. Alle hurtigruter går med 12 mils fart, så ein får eit lite «begreip» om avstanden. I Brønnøysund låg ein gammal kjenning ved kaia. Det var «*Norøy*» som gjekk i rute hos oss. Den vart seld til Torghattens dampskipsselskap. Eit nydelegare ver enn i dag har vi ikkje hatt på heile turen. Eg vil venta med middagsluren til vi er gått frå Rørvik. Og på morgonkvisten er vi nok i Trondheim. Dei køyrer på for å klare Folla/Folda i dagslys. Vi er på Folla/Folda. Stille og smul sjø. Eg sat oppe på dekk og prata med Oskar Kvaløyseter frå Flatanger i Sør-Trøndelag. Han skal i land i Bessaker i natt. I Rørvik var også i dag mykje folk på kaia. Å gå på kaia, og sjå hurtigruta er ikkje lite. Og ein kan merke same interessa kvar ein fær.

Det er noko eg har lurt på, sidan eg kom om bord, og det var å få sjå motoren. No har eg vore der også. Eg leita opp førstemaskinisten, og spurte om lov og sjå meg om. Og eg fekk lov. Så var eg inn til vakthavande maskinist, og sa at eg hadde fått lov å sjå meg om. Det kan vera mangt å spørja etter der nede, men der er slik sjau (*Info 1*), at ein må ropa alt ein orkar for å verta høyrd. Motoren er på 1900 hestekrefter, og har seks sylindrar. Det er fire takts motor frå Burnmeister og Wain i København. Omfram (*Info 2*) den store hovudmotoren er der tre hjelpemotorar på ca. 150 hestekrefter som skaffar lys og kraft til vinsjar og pumper. Det var veldige greier. Men eg har ein gong vore med i eit motorrom som var minst like stort som denne. Det var motorskipet «*Hindanger*» av Bergen, som kom seg omtrent midt bort i Atlanteren til krigen i Noreg kom. Den var på 8000 tonn medan «*Ragnvald Jarl*» berre er på 2000 tonn. Men likevel er dette ein prektig båt. Det siste eg spurde etter før eg gjekk oppatt var, kor mykje solarolje (*Info 3*) motoren brende i timen. Maskinisten svara at der går 160 kg i timen. Jau, når ein er ute og reiser er det greitt og ta alt med. Her på Folla/Folda er ingenting å sjå eller skrive om, så no skal eg ha meg ein lur.

(*Info 1: Sjau er det same som bråk eller støy.*)

(*Info 2: Omfram betyr i denne samanheng «I tillegg til» eller «utanom».*)

(*Info 3: Solarolje er det same som diesel.*)

Måndag ellefte oktober: Eg var oppe til vi hadde kome til Bessaker der to av møtedeltakarane skulle i land. Men så kraup eg i køya. Ute i fjorden vart vi stoppa for flyalarm, og vart liggande ei stund. Men alt dette sov eg i frå. Vi fekk ikkje fred og sove

lenger, jenta kom og jaga oss opp klokka sju. Dei skulle ordne lugarane. Så opp i byen og få kaffi. Det var på Trønderheimen denne gongen også. Ja, for no var vi komne til Trondheim. Vi låt ille vi landsfolk når vi skal drikke blåmjølk (*Info 1*) i kaffien, men her var ikkje blåmjølk heller å få, så vi måtte drikke kaffien svart. Eg tok der middag også. Men dei er slutta og utlevere kniv og gaffel. Ein måtte såleis reinske poteter med skaftet på skeia, og elles så laut ein ete maten med skei. Glas er også smått stell med. Grunnen er at både norske og tyske ferdafolk stel som ramnar. Og restaurantane veit ikkje å få noko att.

(Info 1: Blåmjølk er det same som skumma mjølk.)

Eg var boden ein fin måte å koma heim på, nemleg ein 8000 tonns lastebåt. Losen var nemleg åleine, og fekk han ein kjend fiskar med så fekk han sove noko av turen. Han baud kr. 500 for turen. Vi var tre mann her som alle skulle sørover, men ingen ville nytte seg av tilbodet, kor gildt det såg ut. I radioen i går hadde Churchill sagt, at farta på Norskekysten skal no stoppast, og vi veit inderleg vel kva det tyder. Så skitt i pengane.

Vi har løyst billett med toget i morgon. Vi vert venteleg ei stund på Dombås medan vi ventar til dagtoget frå Oslo kjem, og skal til Åndalsnes. Og kjem vi oss dit, så tek det til å nærme seg. Så tok eg ein tur til domkyrkja, og eg vart med på omvisinga. Men vi slapp ikkje opp i dei høgare regionar. Han synte oss skilnaden på den rundbøygde gotiske stilen, og den stilen som seinare vart. Det er i Maria-kapellet der bileta av alle biskopane heng. Frå Arrebro til Støren. Han viste oss Olavs brønne, som det no ikkje er vatn i. Den er åtte meter djup, og alle pilegrimane som kom til kyrkja skulle hale seg opp drikkevatt, for å drikke av den heilage brunnen. Det ser ut som at den ein gong har vore flittig brukt, for der er djupe merker etter tauet i den mjuke klebersteinen. Det er tanken at tårnet som er no skal ned. Og så skal tårnfoten verta 30 m høgare, men der skal då verta eit lågt tårn oppå tårnfoten. Same type skal der då verta på dei to mindre tårna, som skal verta på «Vestskipet» når det eingong vert ferdig. Det var i 1904 at restaureringa tok til å skyte fart. Bileta frå før den tid ser trøysteslause ut. Sidan 1904 er brukt over 12 millionar på å restaurere Nidarosdomen. Det er også tanken å flytte det veldige orgelverket så pipene kjem under golvet. Og der er i alt 9600 orgelpiper, store og små. Det er artig å sjå kor dei sagnar og høvlar steinen. Dei har eit svært kranapparat som dei brukar når steinen skal på plass. At dei kan få til mykje pent no med dei ting dei har å hjelpe seg med, er sjølv sagt store ting. Men enno større synest eg det er, det som er gjort i biskop Øystein si tid, med dei primitive reiskap dei då hadde. Øystein vart ukklar (*Info 1*) med kong Sverre i tida omkring år 1200, og laut rømme til England. Og i dei fem åra han var der har han grundig studert katedralane i Canterbury. Og motiv der i frå er overført hit. Men også frå tyske katedralar har dei teke motiv.

(Info 1: At kong Øystein var ukklar med kong Sverre betyr at dei var uvenner.)

Kyrkja har brunne seks gongar, og alltid var det lynnedslag som var årsaka. No prøvar dei å bygge sperreverk av stål, som ikkje er så brannfarlege. Kva tid domkyrkja vert ferdig er uråd å seia. Store pengar har kome inn frå nordmenn i Amerika og Afrika. Norske kvinner har kosta det store, runde vindauga i «Vestskipet». Det er 16 kvadratmeter, og har kosta mange tusen kr. No er det dekt av bord, men når sola får skinne inn gjennom det mangefarga glaset, då først er det interiøret kjem til sin rett. Krigen har lagt mange slike heilagdomar i grus. Gud gjeve at denne, Noregs største heilagdom, må verta spart.

No sidan har eg gått i gatene og stulla. Eg var inn på Globusforlaget og kjøpte eit kart. Globusforlaget er I.O.G.T. sitt forlag. Så spurde eg også etter losjemøte. Men møtelokala er rekvirert. Jenta trudde at losje «Tomas Angell» skulle ha møte i Arbeidarforeininga. Så gjekk eg dit, men det var inga losje som skulle ha møte i kveld. Her skal vera eit møtelokale til i byen, men eg greier visst ikkje å spørje det opp. Her er det tyskarane, og fylla som dominerer. Og avhaldsfolka kjem bort i mylderet. Det var godever, og eg tok ein tur med trikken til Singsaker og ned att. Vi køyrer over elva, passerer den tekniske høgskulen (eit veldig bygg). Her oppe er ein av dei eldste bydelane, med ei mengd små hus. Eg kjem vel til å køye tidleg då toget i morgon går kl. 7:30. Eg har sett mange køar i dag, men den største var visst utanfor ei forretning der dei selde krusetøy (*Info 1*). Den køa var utan tvil på 200 menneskje.

(Info 1: Krusetøy er det same som porselen.)

Det er tysdag kveld, og vi er komne til Åndalsnes. På toget var det uråd å skrive, så eg får ta det att no. Toget gjekk kl. 7:40 frå Trondheim. Det fyl elva langt oppetter. Og vi køyrde ei stund før vi tapte byen av syne. Dei første stasjonane er Silsbakk, Linestrand og Melhus. På alle stasjonar er tyskarar. I Melhus er det nok mest. Gardane oppetter er typiske Trøndergardar. Svært kupert terreng men gode, store og fruktbare gardar. Vidare passerer vi stasjonane Ler, Lundemo og Hovin. Dei dreiv med vekselbruk her, og pløyer oppatt «attlegene» tredje kvart år. I Støren er mykje skog og dalen er trongare. Der er svære løer og stovehusa er også svære. Noko smale, men lange og med to høgder. Og det er opptil 12 glas i lengda. Ein skulle tru at her var sengerom, om det skulle koma ein framand til gards. Så passerer vi Snåsa og Soknedal. Då er vi komne 300 meter over havet. Til lenger vi kjem bort frå byen, til meir skog er der. På Garli er vi 400 m.o.h. I Berkåk tek vi til å treffe dei første overbygg over bana, og likeins snøskjermar, som skal hindre at det vert for store snøbreidar. Frå Ulsberg tek gardane til å verta meir bakkete, og gardane er ikkje så store lenger. I Fagerhaug er mykje gamle hus svære rundtømmerhus. Svarte av sol og væte. Oppdal 544 m.o.h. er ei stor og fin bygd. Her i frå kan ein bile (*Info 1*) heilt til Kristiansund. Driva stasjon er 560 m.o.h. med mange skjermar og overbygg i kring. Stasjonane Engan og Drivstua ligg i Drivdalen. Diktaren Vinje skriv så fint om den i «Ferdaminne». Drivdalen er vill, men den er ven på same tid. På Kongsvoll var ei av dei gamle fjellstovene som kong Øystein (*Info 2*) bygde til ly for alle pilegrimane som for til og frå Olavskyrkja i Nidaros. På denne staden er også Håkon den 7. sitt namnetrekk innhogget i ein stein. Framom Kongsvoll får vi eit glimt av Snøhetta. Noregs nest høgaste fjell. Men diverre ligg det skodde i toppen. Mellom Kongsvoll og Hjerkin er bana på det høgste. Den skal vera om lag 1000 m.o.h. her. I aust ser vi Rondane. På Hjerkin er også ei fjellstove. På høgste overgangen over Dovre veks ikkje skog, berre endelaue vidder med reinmose. Her er nok rein også, for her er reinhorn over dørene her og der. Fokstua er siste stasjon før Dombås, og no ber det unnabakke. Det var kjølig på Dovre. Så det er langt lunare her. Det vart såleis 20 stasjonar mellom Trondheim og Dombås. Vi gav oss ikkje tid å venta på toget frå Oslo til Dombås. Vi tok eit godstog til Åndalsnes. Eg har aldri før reist med Dovrebana, så det var ei oppleving å fara her. Her gjekk den gamle kongevegen, bakke opp og bakke ned. Gamlevegen synes enno her og der. Å, sykle eller bile gjennom Drivdalen og over Dovre om sommaren er ei turistferd, så god som noko anna.

(Info 1: Bile betyr å køyre bil.)

(Info 2: Kong Øystein var konge i Noreg tidleg på 1100 talet.)

Turen frå Dombås og til Åndalsnes, har både eg og andre skreve om. Her er mange som har vore i Oslo, og har fare her, at eg vil late vera å nemna noko om den. Dei to kameratane mine frå Sunnfjord og Sogn har aldri fare her før, og er vilt begeistra for den ville naturen i nedre Romsdal.

Eg kom i prat med ein Isfjording som kjem heilt frå Porsanger i Finnmark, dit han vart innkalla for å lappe sko åt tyskarane. No slapp han fri, og han sa, at den første godvêrsdag det vert, vil han oppå Romsdalshorn. Han har vore reisefører i mange år, og vore på toppen av hornet 60 gongar. Hornet er litt over 1550 meter. Han sa at han var ikkje gift. Og at det var ikkje å venta at nokon ville ha han som låg å klatra i Romsdalshornet. Kvinnfolk likar ikkje å binde seg til slike som kan dette ned når som helst. Men då lo han. Han har også vore på Trolltindane, på andre sida av dalen, og dessutan vore på «Kongen» og «Dronninga» i Isterdalen.

(Eg gløymde å fortelja at frå Trondheim til Dombås er 26 tunellar). Frå Dombås og til Åndalsnes er ikkje mange. Den største er Verma (*Info 1*), der bana liksom slår knute på seg. Om bord i Åndalsnesbåten ser det ut til å verta stuvande fult. Eg fekk meg ein prat med ein gammal Gursking Gabriell Kjelsvik. Han har i mange år budd på Fursetmyrane inn om Vestnes. Han byrja som bureisar i førre krig (1914 -1918). Han har no fått seg til ein gild gard. Den føder no åtte kyr. Elles dreiv han med svært mykje åker. Han har eigen traktor og dreiv det stort. Jau på slike stader er det nok ikkje vanskeleg å leve av gardsbruk.

(Info 1: Det er nok her snakk om Kylling tunellen, som ligg ved Verma.)

Så går eg då og ruslar i Ålesund, og ventar på å kome heim. Eg har treft kjende folk, så eg har fått fretta (*Info 1*) heimanfrå. Turen nærmar seg slutten, og eg må slutte denne skildringa. Eg vil berre seie: Prøv om de kan få til å ta ein tur til Nord-Noreg medan de er unge. Det er gildt å sjå andre forhold enn heime.

(Info 1: Frette/fretta tyder å høyre nytt.)

Takk for at de har høyrte på meg.

Petter J. Bringsvor d. e.

Ute på eventyr (Våren 1944)

Å, reise no er ikkje det same som å reise før krigen. Ikkje berre er det dyrare, men verre er alle vanskane som er no, som ein ikkje hadde før. Ein hadde ikkje drøymt om det ein gong. Vanskar med mat, med husrom til overnatting når ein treng det. Reiseløyve må ein ha. Store forseinkingar. Politirassiaer. Redsla for å snakke høgt, redde for å verta avlytta og «ann meld» av tyskarane, eller enno verre av tyske agentar mellom våre eigne norske. Så no eignar reiselivet seg berre for yngre og mest mogleg reisevande folk.

Eg skal til Nord-Noreg. Ikkje på møte denne gongen, men for å få kjøpe fiskemjøl til revefarmen vi har heime. Det tok til å verte knapt med mat til dei. På Åndalsnesbåten var vi vitne til eit trist hende. Ein tysk soldat, reine ungguten, heldt på å ville springe på sjøen. Visstnok hadde han drikke mykje, men største grunnen var at han

skulle til fronten. Han skreik så uhyggeleg. «Deutschland kaputt». Ein offiser slo han så han ikkje skulle prøve det oppatt. Han prøvde to gongar, men vart hala om bord att.

På Åndalsnes fekk vi bu på Pensjonatet, ei ny brakke. Eg var i lag med ein gut frå Langevåg. Han hadde sete arrestert ei veke i Ålesund, for at han prøvde å unngå arbeidstenesta (for tyskarane), men då han lova å reise til Trondheim og melde seg til teneste, så slapp han ut. Og no var han på veg. Eg kom også i lag med ein gut frå Porsgrunn. Han hadde vore med Bergensbåten «*Kaprino*» som gjekk på ei mine og sokk i Kielbukta i Tyskland. Sjølv om skuta sokk fort, så vart alle merkeleg nok berga. Han sa at dei såg triste ut dei tyske byane han hadde køyrt igjennom.

Vi kom til Dombås til middag, og vart gåande der til klokka ni om kvelden. Så kom då endeleg toget, og vi for skranglande nordover til Trondheim. På Dombås låg ein meter snø på slett mark. På Hjerkinna låg 1½ meter snø. Vi kom til Trondheim kl. fire søndags morgon. Vi måtte til utkanten av byen for å få hus. Eg låg der i berre fire timar, men det kosta fem kroner.

Sidan leita eg opp båten der Oddmund Rusten (*Info: Sande N 11. Fødd 08.03.1917.*) er skipper og Osvald er kokk. Eg prata litt med dei. I mørkninga kom «*Kong Sverre*» ei erstatningshurtigrute. Han er både gammal og lita. Så det vart overfylt. Utanom tyskarane var her også ei mengd hollandske sjøfolk som har vore heime på permisjon. Det er uråd å sjå skilnad på dei hollandske og dei norske. Men når dei snakka var det ikkje vanskeleg. Det var koselege kameratar. Mange av dei kunne ein god del norsk. Ein av dei fortalde at han var forlova attmed Kragerø.

I Bessaker vart vi liggande i fire timar og vente på tyske fylgjarar. Det har vore så mange senkingar på Folla/Folda (*Info 1*) at alle hurtigrutene no skal gå i konvoi. Alle fekk ordre om å ta på livbelte over Folla/Folda. Og det måtte vi gjera, og måtte vera på dekk i fem timar, som vi trengte til Folla turen. Nord om Flatanger låg ein svær tyskar på grunn. Den er ein av dei største båtane som har gått her no under krigen. Heldigvis skal vi sleppe konvoi over Vestfjorden. Så eg trur eg vert med heilt fram.

(Info 1: Folla/Folda er eit ope havstykke i Trøndelag, som strekker seg frå Buholmråsa fyr til Gjæslingan fyr og Grinna fyr. Dette er ein distanse på 30 nautiske mil, som er vorte kalla «havets kyrkjegard».)

Det går seint dette her. No har vi alt den 22. mars, og i morgon, torsdag, er det ei veke sidan eg for heimanfrå. Vi var inn til jernbanebyen Mosjøen. Det var lys dag då vi var der, så det var fin utsikt. Men det var kaldt der inne. Der var ny sjøis. Der var så kaldt at alt vatn fraus på dekket. Veret er godt no. Berre ei og anna snøbye. Vi stoppar i Sandnessjøen. Så bar det vidare. Her er ikkje mange stoppestadar. Berre Nesna og Ørnes. Så vi skulle vera i Bodø før det mørknar. Båten er liten, passasjerane mange, mest då tyske og hollandske. Den vesle tredje plassen vert snart for liten. Men ho Vivian som er fyrsteplassjente her, har ordna det så at eg får ligge på fyrste plass (*Info 1*). Men i den store salongen samlast mesteparten av tyskarane. Her dreiv dei med to trekkspel om kveldane, så her er ingen fred før midnatt. Dei drikk og syng. Og når båten ligg trygt ved kaia, er dei så lystige at det er svært. Her er mange tyske kvinner om bord. Sume er sjukepleiarar, men nokre har eit slags uniform, og er hjelparar i marinen. Kva dei hjelper med, veit eg ikkje.

(Info 1: Fyrste plass betyr truleg første klasse.)

Også i dag er ein norsk båt sakna. Det er «*Narvik*» ei lasteskute, og skulle vist til Narvik. Tre mil sør for Ørnes vart den senka. Visstnok av ein ubåt. Dei gjekk i konvoi, og gjekk side om side. Den skulle visst vera dekning for ein stor Tyskerbåt. Det skulle vera 16 mann på «*Narvik*». Av disse vart ti berga, men to av dei skal vera døde. På grunn av dette vart vi liggande ved kaia på Ørnes. Og vi skal ikkje gå vidare før det lysnar.

Tyskarane held på med ein leik. Ei jente vart dømt til å klappe alle tyske mannfolka på kinnnet. Ein jobb som det ikkje ser ut til at ho mislikar. Hollendarane sit stille og ser på. Dei forstår tyskarane dei, men dei er eit undertvinga folk, dei som vi er, så dei hatar sine herskararar av fult hjarte.

Fredag morgon bar det endeleg over Vestfjorden. Vi låg lenge i Bodø, så eg var ein tur ombord i «*Fri mann*» av Haugsbygda og tala med Gurskegutane. Eg var med dei ut til filefabrikken og inn att. Ein russisk kom om bord og ville bytte ein kilo feitt som han hadde stole på fabrikken. Han ville ha tre sigarettar i byte for feittet, men fekk berre to. Dei er fæle og stele vottar sa dei eg tala med. Så låg vi om natta nord om Grøtøya, og så over fjorden. No vart det som over Folla/Folda. Ordre om å vera på dekk og ha på livbelte. Det var kaldt å vera oppe så lenge. Veret var godt. Då vi nærma oss Skrova kom vi opp i fiskeflåten. Og der som er fisk, er det ikkje langt mellom kvar båt. Her er godt fiske, sjølv om det no har teke noko av. I Svolvær er utan tvil over 1000 båtar alle stadar i frå. Frå Finnmark i nord til Møre i sør. Her er mest garn og juksebåt (*Info 1*), men lite linebåt. I gatene er ein veldig samling av folk, og på dei få kafeane. Fiskarane har tent godt, og dei er ikkje redde for å lata pengane rulle. Laurdag var det mykje fyll i gatene. Søndag er folkestraumen i gatene kolossal. Det er 25. mars i dag. Kinoane var visst fulle til trengsel.

(*Info 1: Juksebåt betyr ein båt som fiskar med snøre.*)

I går måndag var eg ein tur til Kabelvåg, men var der berre i tre timar. I dag er «*Kong Sverre*» på sydtur og det var den eg fylgde. Stamsund er det austlegaste været på Vestvågøy. Her er det Johansen «kongen» i Stamsund som residerer. Det er både vel og ille når eit handelshus vert så rikt. Han eig nesten heile været. Ei steinkai, som er ei av dei største i landet, guanofabrikk, kjøleanlegg og eit trandamperi som søker sin like, og som produserar mange tusen tønner tran på ein vinter. Dessutan ei mengde brygger og sjøhus. Fire store sjøhus borte på ein holme og fire store oljetankar, vart bomba til pinneved i 1941 då Engelskmennene var i land (Lofotraidet). Her er også bygd ei mengd nye rorbuer. Noko han sikkert har fått statsbidrag til. Eg trur det var ei 50 - 60 av dei. Og kvar tek om lag så mykje som eit lagleg hus på landet. Alt dette har Johansen rådvelde over.

Eg for rundt heile været og spurde etter hus, men det var uråd. Til slutt fekk eg vera med om bord i ein motorbåt, så var den natta berga. Her er ikkje kafear heller. Ei tid var her 600 tyskarar, men no er det ikkje stort att. I morgon skal eg reise med lokalbåten til Svolvær att. Dersom eg ikkje kjem meg i land i Henningsvær, dit eg også har tenkt meg. Det vart så at båten eg låg om bord i, og som skulle austover, sette meg i land i Henningsvær. Vi vart gode vener eg og karane, så turen og losjiet fekk eg gratis. Fisket er også der i avtak, men enno tenkjer dei ikkje på å slutte. Det er klårt, opplett ver, i dag etter dag, men med ein gneistrande kald austanvind, som går gjennom marg og bein. Medan sola er oppe kan det endå gå ann, men om nettene frys alt. Gatene er berre blanke isen. Her er halv meter snø, der den får ligge i fred. Folk her er vande til denne kulda, og dei brukar ikkje meir klede enn vi heime gjer. Henningsvær er vel mest Svolvær i storleik,

folketal og båt-tal. «*Det er ein skog av master, av skrog ein mur*», som det står i ein song. Men det er ingen frå Møre som held seg her. Berre dei frå Nordland, Troms og noko av Finnmark. Fiskarane frå Trøndelag held seg mest i Ballstad, Å, og Tueid (*Info 1*) i Vestlofoten.

(Info 1: Tueid i Vestlofoten finner vi ikkje på kartet. Kan være ein skrivefeil eller misforståing?.)

I Henningsvær kan sjå ut til å vera ca. 2000 menneskje. Her som i alle større fiskevær er det frelsesarmélokale, fiskarheim, kino, festivitetslokale. Fleire Ålesundsfirma har kjøpt seg bruk her, og kjøper fisk, rogn og lever. Rønneberg, Peter Eidsvig og Brødrene Årsæter. Dei siste er representert i nesten alle vær i Lofoten. Her er ei god hamn, og her ser ut til å vera triveleg. Men her er ikkje eit einaste tre. Innimellom haugar, og hamrar skal det vera noko gras, så dei har nokre kyr også.

I alle desse fire fiskeværa har eg måtte drikke svart kaffi. Eg hadde spurt opp at Peder Oksavik skulle arbeide her, og det tok meg ei stund å leite han opp. Vi var mykje ilag på Straumsholmen (*Info 1*) heime på fiskearbeid i den store bua som då var der. (Den vart reven før krigen.) Då han var unggut tente han hos sine slektsfolk i Sandsbakken. Men no hadde vi ikkje sett kvarandre på 30 år. Han kjende meg ikkje att med det same, men eg kjende han. Det er vel han som har forandra seg minst. Det var midt i arbeidstida, så eg fylgde han oppå Bryggeloftet der han arbeider. Det var trearbeid han heldt på med. Mest å reparere reiskap som bruket eig. Han har misst to fingrar på venstre hand, men han klarar seg godt likevel. Han har hatt eit omskiftande liv. Først bygde han i Oksavika (*Info 2*). Så flytte han til Kirkenes, og var der i mange år. Så tok han seg bureisingsbruk i indre Tana og var der nokre år. No bur han i Berge, på utsida av Lofoten. Andre kona hans er der i frå. Eldste guten hans har fått ein ryggskade, og ligg no til sengs. Vonleg kjem han seg. Eg fekk Peder med meg bort på Smøla (*Info 3*) der Rikseim bur, og det lukkast å få noko av det eg reiste etter. Far hans Rikseim var frå Sykkylven. Det er ein veldig eigedom denne eine mannen har fått til. Fryseri guanofabrikk, og svære kaier, sjøhus og ei mengd fiskehjellar. Så var eg rundt i byen og hørde etter hus for natta, men fekk same svaret alle stadar. «Ikkje tale om». Men eg har vore på reis før, så rådlaus er eg ikkje.

(Info 1: Straumsholmen er det same som Mikkolholmen som ligg ved innseglinga til Vågen på Sandsøya.)

(Info 2: Oksavika ligg på Skredestranda øst for ferjekaia i Årvik.)

(Info 3: Smøla i denne samanheng er nok ein stad i nærleiken der.)

Brødrene Årsæter har ein motorskonnert so heiter «*Elin*». Den går i stadig fart til og frå Lofoten. No låg ho her og lasta tran. Der om bord fekk eg ligge, men eg låg ikkje godt. Til underlag brukte eg to gnallharde presenningar. Og der var noko rått og kaldt i den store lugaren, der eg var åleine. Så fylde eg «*Elin*» attende til Svolvevær. Der rodde eg om bord til Kristoffer Moltu, og fekk vita at han heldt på å gjera klart for heimtur. Og der fekk eg då plass både åt meg, og fiskemjølet eg hadde fått kjøpt. Det er ein svær båt, på snart 70 fot. Eg fekk det travelt den stunda i Svolvevær for å gjera meg ferdig. Men eg greidde det, og no er vi på heimtur.

Lofotværa er sesongstadar. Eit kolossalt innrykk når fisket slår til, av fiskarar, fiske og tranarbeidarar og spekulantar. Då er der livleg. Då er der pengar å tene. Vande arbeidarar får to kr. timen. No gjeld det å krafse til seg medan fisket varer. Dei som ikkje er i fast

arbeid driv og skjer tungar, og hengar guano. Elles ligg store dungar guano i hop frose i snøbredane, men når fisket minkar, og dei får betre tid, då tek dei til å henge guano (*Info 1*). Måten å stelle fisken på har betra seg kolossalt. Så no er dei komne langt i Lofoten. På alle moderne brygger har dei elektriske heisar og pumper. Pumpene pumpar sjø stødig opp i skyljekara. Fisken går såleis direkte frå vekta og opp i karet. Dette er eit fint avbalansert vippesystem. Og rommet som fisken er i er av ribber som kvesser ned. Så vippar dei fisken opp og ned, til den er godt rein. Og så vippar dei fisken opp av og i eksportkassen.

(Info 1: Guano er i denne samanheng tørka fiskeavfall.)

Ute på sjøen byrjar fiskarane å sløge fisken med same dei har sett ut att garna. Viss været er bra, og dei er noko langt ute, er dei ferdige med sløyinga (*Info 1*) til dei kjem i land. Når fisken er levert kjem det roande og hentar levera, rogn og hovuda. Og så er dagen slutt, og dei serverar fisk, lever og grynsuppe til kvelds. For ein skilnad på Lofotfisket i gamle dagar. Her er framgang og utvikling. Men når fiskja er slutt, då er det som vera er utdøyde. Då reiser kvar til seg og berre dei fastbuande er att. Om sommaren er her lite fisk. Då er det Finnmarkfisket si tid.

(Info 1: Sløye er betyr å sprette og reinske fisken.)

Vi låg i Grøtøya i natt, og i dag måtte vi stoppe fem timar i Bodø. Skipperen måtte til doktor, for å få skoren ein svollfinger.

Torsdag 4. april: No har eg ikkje skrive på fleire dagar. Det har vore så lite å skrive om. Naturen i Nordland har eg skrive om før, og ikkje syner naturen si venaste side om vinteren. I Nordland er enno full vinter. Snøen brånar litt i solhallet om dagen. Men om natta frys det igjen. Veret er vekslande, og svingar frå sydvest til vest.

Neste natt var vi i Grytøya. Den ligg innanfor Hestmannøy (Hestmona) (*Info 1*). Laurdag hadde vi motvind med snøbyer, så vi måtte stogge for natta i Brønnøysund. Søndag hadde vi nydeleg ver. Vi måtte stoppe i Rørvik der tyskarane kontrollerte alle båtar som skal sør og nord. Og så byrja vi på Folla/Folda. Vi går indre så her er smult og fint å fare. Om natta låg vi stille, men måndag bar det vidare gjennom Sør-Trøndelag. Vi låg ei stund i Vallsund for snøtjukke. Måndags kvelden kom vi til Kristiansund, der dei skulle losse 160 tønner salta torsk. Og så vart vi der om natta. Ingen har lov til å kome eller gå etter at det er mørkt. Det er fælt å sjå alle lastebåtane som ligg ned sokne langs leia, og enno er det dei færraste som ligg så grunt at ein kan sjå dei. Dei fleste ligg nok på djupt vatn. Så norske-kysten har vorte ein stor kyrkjegard for båtar og menneskje.

(Info 1: Dette er øya der fjellet Hestmannen er.)

Vi var i Kristiansund til kl.11. Det var ein som laut til doktor der og, med ein svulle finger. I dag, torsdag, har vi gått derifrå, og er no i kveldinga på veg til Ørsta der dei skal losse 60 tønner fisk. Mannen som eig det er frå Ørsta, og dreiv som kjøpar i Nord-Noreg kvart år. Frå Ørsta fekk eg telefonere heim, og fekk ein liten båt til å kome til Moltu, og hente meg.

Eg har hatt sengeplass oppi bestikken (*Info 1*), men det har vore hardt, og ofte kaldt når motoren ikkje er i gang. Vi har hatt middag kvar dag. Mest salta Lofot-torsk, men brennsnut søndag, og raspeball i dag. Det er i disse urolege tider langt tryggare å reise med fiskebåt enn med hurtigruta. Så denne turen har vi ikkje opplevt noko omframt (*Info 2*).

Men vi har ikkje fretta (*Info 3*) noko om krigen på ei veke. Det har ikkje vore nokon særskilde behageleg tur, men det kunne ha vore verre. I Kristiansund var mykje tyskarar. Om natta er all trafikk på dampskipskaia stoppa. Så å fare oppe i alle branntomtene i mørket, er ikkje for framande folk. På Innlandet og Nordlandet står dei gamle husa enno. Der er mange hus som er fleire hundre år gamle. Får vone dei også står over resten av krigen.

(*Info 1: Bestikken er eit rom i styrehuset til navigasjonsføremål.*)

(*Info 2: At dei ikkje har opplevd noko omframt på turen, betyr at dei ikkje har opplevd noko ekstra, spesielt eller unormalt.*)

(*Info 3: Fretta betyr å høyre nytt.*)

Turen nærmar seg slutten, og eg kjem akkurat heim til påske. Det skal smake godt å kome i ro etter så lang tur på vidvanke.

Petter J. Bringsvor d. e.

På langtur - Fiskarlandsmøtet i Svolvær 1944

Eg skreiv sist om ein tur med lokalbåten på Nøre Sunnmøre. Eg hadde nok vore der før, men når ein har det, er det ikkje minst interessant å reise. Ein ser kor det har forandra seg, kor det har utvikla seg til det betre. Og sjølv om eg veit at reiseskildringar er keisame for nokre. Så trur eg då likevel at somme i losja (avhaldslosjen) likar å høyra på det eg skriv frå turane mine. Og er ein kjend på staden, då er det best. Då kjenner ein seg att. Eg skunda meg heim. Der var mangt å gjera. Potetene stod ute, hesjar, potetkål og anna. I løa låg kornet utreska. Så det var nok av det som venta på meg.

Eg kom heim, bytte klede og kom meg i arbeid. Då fekk eg vita, at det var kome telegram om at eg skulle koma til Svolvær på Noregs Råfisklag (*Info 1*) sitt årsmøte den 26. oktober. Ja, ja, ikkje noko å gjera med det. Det er som ordtøket seier «*Har ein teke ein viss mann på nakken, så får ein bera han fram.*» Svartelegrammet var alt sendt, og eg fekk byrja å førebu meg til turen. Men kor lite lyst eg hadde. Råfisklaget - Laget for Nord-Noreg arge fienden vår, som trugar med å gjera fisket ulønsamt for oss her, dersom vi skal kome med i laget på like vilkår som nordafor. Og så å vera representant i eit lag, som eg har arbeidd i mot. Og kva skal vi stakkars tre sunnmøringane gjera, mot dei ca. 50 mann som er der, og som alle er imot oss.

(*Info 1: Råfisklaget er eit lag for sal av fisk, her kan medlemmer vere fiskekjøparar, medlemmar frå Norges fiskarlag og reiarforbundet.*)

Vist er det uhyggeleg å reise no. Vanskeleg om mat er det, og ikkje er det trygt å reise heller no. «*Men pytt sann*». Kjem båten fram, så kjem venteleg også eg fram. Det er uhyggja på møtet eg er mest redd for. Vi vert tekne på horna (*Info 1*), det er det heile. Så vart det då å arbeide som ein hest, dei dagane eg fekk vera heime. Truske (*Info 2*) og dryfte (*Info 3*), gjære rundt ei attlege (*Info 4*).

Info 1: Uttrykket «tekne på horna» kan bety følgande: Overrumpla. Spidda. Når du ikkje klarer å forsvare deg. Blir sett sjakk matt.)

(*Info 2: Truske betyr å skilje det etelege kornet frå akset.*)

(Info 3: Dryfte betyr å reinse kornet fritt for agne. Dei nytta dryftetrog, seinare dryftemaskiner.)

(Info 4: Attelege er eit jordstykke som nyleg hadde vore åker, men no var sådd til.)

På måndag den 19. oktober var det å byte klede, og pakka handkofferten. Eg rodde inn til Rødset i Gursken. Ein gut hjelp meg å setje fram færingen (robåt). Så trava eg vegen inntil Sætre. Av og til trefte eg kjenningar som eg slo av ein prat med. Det vart mørkt før eg kom til Sætre. Der låg eg om natta. Opp kl. halv seks, og litt over seks gjekk rutebilen. Det var ikkje så fult som det er sommartider. På Hareid venta vi litt på båten. Og så kom han då «Ivar Åsen», og vi gjekk om bord. Stappande fult av folk. Ikkje råd å få sitte. Tysk og norsk om einannan. Eg kom i lag med Haldor Sjøstad frå Stad som også skal til Svolvær. I Ålesund var det først å tinga seg hus, noko som er særst vanskeleg. Men det lukkast til slutt ute på «Pol», der også fleire frå Sandsøy budde. Eg laut inn å tala med dei, og eg sa: «*Her er fleire Sandsøyingar enn her er skikkelege folk*».

I kveld har vi møte på Ungdomsheimen, og så telegraferte vi til hurtigruta om lugar til oss. Neste dag kom «*Midnattsol*». For nokre år sidan var ho halden for å vera ein stor båt. Men no er ho nok vorte ei av dei minste hurtigrutene. Vi fekk ein firmannslugar. Og alle skulle til same plass. Ein var frå Herøy, ein frå Godøya og så han Sjøstad og eg. Der kom mange tyskarar om bord. Og vi var dei siste som fekk lugar. Dei andre fekk hjelpe seg så godt dei kunne.

Så barst det nordover, men kva skal ein stå oppe å glane etter, her som ein er så godt kjend. Heller ta seg ein middagslur, og prøve den nye køya. Då eg vakna, var vi på Hustadvika, men ho er fin å fara i kveld. Der inne ser eg Bjørnsund og Bud. Der har eg vore mange gongar. Innanfor tronar Romsdalsfjella med snø i alle toppane. No går ikkje hurtigruta til Molde, men beine vegen til Kristiansund. Det var mørkt då vi kom dit, og vanskeleg å sjå, men kvar har det vorte av dei kjende stadane på Kirklandet, der eg har ferdast så mykje. Alt er oppbrent. Ein og annan høg skorstein står att, og minner om det som ein gong var. Der er ikkje bygd nye hus, men der er mange barakker. Her kom det mykje folk om bord, og mange tyskarar.

Båten går med halv fart nordetter langs Smøla og Hitra og inn Trondheimsfjorden. Etter ruta skulle vi vere der klokka åtte om morgonen torsdag, så dei hadde god tid. Eg var opp då vi for inn fjorden, men å så kaldt det var. Den gnistrande landvinden er som den har vore i Trondheimsfjorden. I trapper og gangar på tredje plass (*Info 1*) sov der folk i alle stillingar. Ståande, sitjande og liggande. På eit trappetrinn sat fem tyskarar, og halla hovudet mot aksla åt sidemannen, og sov som ein stein. Eg laut skreva over mange sovande før eg kom meg ut på dekk. På golvet stod to stablar med tysk feltutstyr, om lag som torvstakkane heime.

(Info 1: Tredje plass betyr vel tredje klasse.)



(Info: I juni 1910 vart DS «Midnatsol» sett i hurtigrutetrafikk. Ho gjekk i fast rotasjon fram til 1950, berre avbroten av verkstadopphald.)

Her ligg «Midnattssol» frå åtte morgon til elleve kveld. Billettane tek dei med det same, og skal ein på land, så må ein få pass hos styrmannen. Og dette må ein syne fram til vakta på kaia. Vi var sjølvsagt i land. Det er ikkje mat å få heller, medan vi ligg her. Eg byrja å fare over nokre båtar som ligg her. Dei hadde drive etter sild borte i fjorden. Fangstane var små. Dei salta silda i ottingar (*Info 1*). Eg spurde om å få kjøpe ein otting. Men nei, «*Vi har ikkje noko til sals,*» sa dei. Men dei fleste tyskarar som fer heim på permisjon har med seg sild, og det vert nok vel motteke i «*Das grose Vaterland*». Så var vi på alle butikkar der det stod Manufaktur på. Eg spurte etter ei alminneleg skjorte, men svaret var det same alle stadar. «*Æ trur itj du grei å få ei sjort i Trondheim lell*». Så fekk eg prøve kolonialbutikkane då. For det hadde vore kjekt å få eit sylteglas med på turen. Men svaret var det same. «*Finst ikkje sylte i Trondhjem nei*». Så skulle vi få oss middag då, men den var ikkje stort å skryte av. Så vi laut ta ein kaffi etterpå. Dårlege greier det og. Kaffierstatning som vi vel er vel vande med. Men denne var ein meir dårlegare enn den vi brukar heime.

(Info 1: Otting eller åtting er ei lita tønne, 1/8 tønne, ca.15 liter.)

Vi var ein tur i Domkyrkja, og såg oss om. Dei arbeidde framleis på Vestskipet. Og det blir eit gildt verk når ein vert ferdig. Ein brukar gjerne å seie om eit byggverk som det går svært seint med at det er som Trondheims domkyrkje. Viss det høver på heimturen, så vil eg vera her, frå 12 - 1 ½. Då er her omvising i kyrkja. Der er eit veldig biletgalleri av Trondheimsbiskopar som heng i det vesle Maria kapellet. Frå bispen Arrebø i det sytande århundre, til biskop Støren, som er siste mann. Så tok eg ein tur og skulle finne Trondheim museum. Jau eg fann fram og tala med vaktmeisteren. «*Nei muséet er evakuert det,*» sa han. Det gjekk ikkje ann å ha dei kostbare samlingane her midt i tjukkaste byen. Snart kunne her kome ei bombe å øydelegge alt. Der er att berre noko av biblioteket, og så ei pengekasse som hørde Norges bank til. Nokre skap, og så nokre omnar 200 til 300 år gamle.

Vi kom i prat, og han fortalde at han kan rekne ut kva tid krigen vert slutt. Han synte meg eksperimentet med den førre verdskrigen, og med denne. Og etter hans utrekning skal krigen slutte den 11. november i år 1944. Eg vart ståande å ynskje. Gjev munnen din var full av sukker. Men diverre trur eg ikkje denne spådomen held stikk.

Då eg kom om bord igjen, synte det seg at det hadde vore tjuvar i lugaren og stole brillene mine. Jau dette skulle verte styr. Eg laut låne meg briller. Optikarane er vel også fri for briller. Det er noko av alt det andre det er svært vanskeleg å få tak i. Det tok til å skymast, og det er best å koma seg om bord. Å, gå og valsa i ein framand by i stupande mørke, det gjer eg ikkje. Når båten går her i frå i kveld kl.11 er vi på Folla/Folda (*Info 1*) i dagslys. Og dei har ordre til å gå opne havstykke berre om dagen. Her har kome rykte om at Vesterålske sin båt «*Nordland*» skal vera senka nord for Bodø. Jau, det er nok diverre sant. «*Nordland*» er sokke, men det var ikkje torpeder Ing, men at båten har gått på ei mine. Seksten menneske kom bort, og berre fem vart berga. «*Nordland*» gjekk i lasterute og hadde ikkje passasjerar.

(Info 1: Folla/Folda er eit ope havstykke i Trøndelag, som strekker seg frå Buholmråsa fyr til Gjæslingan fyr og Grinna fyr. Dette er ein distanse på 30 nautiske mil, som er vorte kalla «havets kyrkjegard».)

Det kom mykje folk om bord i Trondheim. Sume var eg kjend med, men dei fleste var framande for meg. Tyskarar er her mest av. Lugarar er her ikkje å få, så vi kan vera glad vi som har. Eg gjekk til køys i ti tida, og sovna godt. Der er sentralvarme i lugaren så der var så varmt at eg trengte ikkje køyklede. Utanfor lugardøra vår hørde eg nokre jenter prate. Eg trudde det var i sidelugaren. I dag då eg skulle ut, låg det tre jenter og sov utfor døra vår. Gangen var akkurat passeleg brei åt dei tre. Dei hadde eit ullteppe over seg. Og vi laut trø forsiktig over dei, for ikkje å vekka dei. No har også tyskarane vakna, og byrja å gjera kur til jentene, så nå vart dei nøydd å stå opp. «*Midnattsol*» stoppa tre gongar i natt. Det var i Vallersund, Stokksund og Bessaker.

Kysten i Nord Trøndelag er trøysteslaus som vanleg. Mest nakne berg. Og fjella er ikkje høge. Ei og anna lita bygd har klora seg fast mellom bergknausane. Men kom ein berre lenger inn gjennom Namsen, då ville ein vere i dei brede bygder.

No ber det opp gjennom Nærøysundet mot Rørvik. På utsida har vi dei hundrevis av småøyar rundt den flate øya Vikna. Vi passerer Sør Gjæslingan fyr, som står på eit skjer som ikkje er vidare enn fyret. Lenger inne vert sundet trongare og blidare. Folla/Folda var fin i dag. Det er frisk vind, men sjøen var så smul at det er nettopp at skuta beveger seg. I Rørvik skal vi ligge ½ time, så eg vil prøve ein tur i land, dersom eg får lov. Kanskje kan der vera briller å få. Ein treng ikkje reisa til støre byar no om ein skal kjøpe noko. Sleng det noko att no, så må ein spørja etter det på landet.

Så har eg då vore i land i Rørvik att. Det er lenge sidan sist eg var der. Her tura vi marknad i mine unge dagar. Ja, den gongen såg vi lyst på livet. No har Rørvik vakse seg stor. Det er då vorte ein småby. Her er ein svær gjennomgangstrafikk. Lokalbåtane trafikkerer mellom Ytre Namsos og dei indre distrikt, så det er Namsos og Rørvik som er sentralane. Innover til Namsos går også rutebilar. Alle hurtigruter stoppar her. Eg var inn på mange butikkar og spurde etter briller, og skjorte. Men svaret var det same: «*Vi har ikkje. Alt er utselt*».

Nord Trøndelag fylke er langt å fare forbi. Det rekk heilt opp til Helgelandsflesa, som vi passerer kl. halv fire om ettermiddagen. Vi passerte den store øya Leka. Den rare fjelltoppen Lekamøya, stod yst på øya. Når ein ser denne fjelltoppen frå eit punkt, ser ho ut som ei jente som er så blyg at ho held hendene for augo. Men ho skal vera ustadig ho som andre kvinnfolk.

Ei gamal soge seier så: *«I urgamle tider var både Hestemannen og Vågå kallen forelska i Lekar møya. Ho flørta med Hestemannen, og då vart Vågå kallen arg. Han ladde børsa, og han sikta og skaut godt. Han skaut hatten av Hestemannen, men kula for vidare og tok hol i Torghatten. Men då dalte ho i sjøen, og Lekamøya står att uskadd»*. Ja, dette var no ei segn.

På Leka er mykje urydd jord, men også mange fine og store gardar. Der skal vera gardar med 60 – 80 tønner korn, og det er ikkje lite. På Leka har Klara Kragset (*Info: Kraket 4. Fødd 12.04.1902.*) skulepost. Vi ser no Torghatten frampå og om ein halv time er vi i det fine idylliske Brønnøysund. Ein fin liten småby. Ute er det mange folk. Ein liten tusseladd av ein franskmann fer her og held moro. Han helsar på alle opp i handa, og pratar noko «kanderkulsks» (*Info 1*) som vi skjønner noko av, og noko inkje. Han fortalde at han har eit barn i Japan med ei 16 års japansk jente. Sjølv er han 60 år. Då lo alle til han. Men nok om det. Her i Rørvik kom her mange om bord som eg var kjend med frå 1939, då vi var i Vardø på eit liknande møte. Ein av dei spurde om eg skreiv reiseskildring no og. «*Jau, eg gjer nok det*», svara eg. «*Men det kjem ikkje noko på trykk frå meg medan krigen varer*».

(Info 1: Kanderkulsks er eit tullespråk.)

Eg ligg på køya medan eg skriv og framfor senga sit gamle Anders Nettet frå Ørland og drikk kaffi. Han fortel at på storgardane på Ørland er det i år så vått, at dei får ikkje køyre sjølvbindarane på åkrane. Og der står ute både korn og poteter. På Ørland er tysk flyplass. I fjor då dei byrja der, fekk gardbrukarane som låg så til ordre om å flytte husa sine på tre dagar. Det klarte dei ikkje sjølv, og så helte tyskarane bensin utover og sette eld på husa. Ja, her er mangt å få vita.

No er vi straks i Brønnøysund. Nokre mil lenger nord er dei «*syv systrer*». Attmed småbyen Sandnessjøen. Men dei fortel at vi også skal inn til småbyen Mosjøen i Vefsn. Mosjøen er midten av lengda på Norges kyst. Eg har aldri vore der, men om så er at vi skal dit så vert det så mørkt, at vi får ikkje sjå noko.

Laurdag morgon: No har vi vore i dei to småbyane på Helgeland. Brønnøysund har nok vakse svært. Dei eg tala med, sa at der var snart 2000 innbuarar. Der er svært fint. Der er ein svær skog sør for byen. Då vi kom til Mosjøen var det mørke natt. Det ser ut som det er ein større by i emning. Store pirar er utbygd. Og oppe på kaia står mange jernbanevogner, eit uventa syn her. Bana er for lenge sidan ferdig til Mosjøen. Eg tala med sekretær Bryni som hadde fylgt bana frå Trondheim til Mosjøen. Den hadde brukt 12 timar på turen. Men der er mange stoppestadar. Likevel har det gått langt fortare enn med hurtigruta. Jernbana går enno lenger. Den er ferdig til Mo i Rana.

Ranafjorden er første store fjorden nordom Vefsn. I Mosjøen gjekk nokre «grønklede» (*Info 1*) i land, men langt fleire kom om bord, så her er så fult som i ei maurtuve. På alle stoppestadar står tyske vakter og forlangar pass når ein skal om bord og i land. Eg prøvde

å kome i land i Brønnøysund, men vart jaga om bord att av ein brisk offiser.

(Info 1: Grønkledd betyr her tyskarar under krigen.)

Vi har nettopp vore på Nesna. Også eit større sted med lærarskule og mangt anna. No er det vel att berre Grønnøy, før vi kjem til Bodø, og der skal vi ligge i natt så dei får Vestfjorden i dagslys. Og så skal vi visst vere framme i morgon tidleg. Visstnok er vegane lange. Men det går seint også. Det var løye (*Info 1*) å sjå korleis folk sov i natt. Dei låg og sat i alle moglege stillingar. Heile gangen utfor lugardøra låg full av sovande folk og soldatar. Så vi laut trø forsiktig når vi skulle ut. I går kveld heldt den vesle franskmannen «førestilling» igjen. Etter som han sa så var han halvblods norsk, men han vaks opp i Paris. Han drakk litt øl, og tolde visst lite, så han var reint på det glade hjørnet. Tyskarane forstod han godt, og vi også forstod noko. Han sat ei stund og song. Marseillaisen på fransk (den franske nasjonalsongen). Men dei «grønkledd» tok han ikkje alvorleg.

(Info 1: Løye betyr det same som rart.)


No passerer vi snart Alstadhaug der presten Petter Dass budde. No først bytjar Nordlandsnaturen å syne seg. Det vart ikkje til Grønnøy denne gongen. I staden stoppa vi i ei fin lita bygd inn for Meløy. Der var Ristesund i si tid prest. No bærst det utover, der vi ei stund har Vestfjorden open. I dag er her fint, men hadde det vore nordvest, så hadde, nok bjølla fått ein annan låt.

Langt i vest ser vi Trena med sin kjente Trænastav (*Info 1*). I nord ser vi Lofotveggen gjennom disen. I aust har vi den fine bygda Gildeskål, der dikteren Elias Blix var fødd. Utanfor ligg den ville og bratte Fugleøya. På innsida åt leia står det mektige Sandhornet over 1000 m høgt. Vi passerer Beiarn, ein fjord langt inn over. No ser vi Saltenfjorden. Om ein halv time er vi i Bodø. Det syner seg no at det var utfor Salten at «*D/S Nordland*» vart senka. Lokalkjente folk protestera på at det aldri kan kome miner hit inn. Den veldige straumen frå Salten vil setje dei til havs att. Alle har vel høyrte om Saltstraumen i Nordland. Den ligg yst i Saltenfjorden, og er så strid, at ingen kan gå den utan i flo og fjøre. Så må altså «*D/S Nordland*» vera senka anten av fly eller ubåt. Den skulle vera lasta med tran, noko som er «kontrabande» (*Info 2*) i disse tider. No er det mørkt. Men det skulle vore gildt å vera i land i Bodø og sjå att ruinane av den ein gong så trivelege byen, som «beskyttarane» (*Info 3*) våre skaut i brand. Men vi får vel ikkje lov å gå i land her heller.

(Info 1: Trænastaven eit fjell på øya Sanna i Træna kommune.)

(Info 2: Kontrabande betyr tysk militært utstyr og mannskapar.)

(Info 3: Tyskarane under krigen vart kalla «beskyttarane», men meint som spøk.)



(Info: D/S NORDLAND gjekk i ilgodsrute Trondheim-Hammerfest. På denne turen var ho lasta med eit større parti tran og fiskemjøl. 19.oktober 1942 skjedde det som var et uforklarleg forlis, då skuta var på Saltenfjorden. Plutselig var det som ei hand i havet løfta ho opp og brakk ho på midten. Nordland sank i løpet av sekunder. 17 mann omkom, fem vart redda om bord i mindre fartøy. Eksplosjonen skyldtest mine.)

Her er langt verre her i Nord- Noreg enn det er på våre kantar. I dag trefte vi seks krigsskip, derav var eit stort. Fly har vi sett mange av, så der er landet godt «beskytta». I morgon kl. seks skal vi gå her i frå, og så er det på skrå over Vestfjorden til Svolvær, og då er vi framme.

Søndag morgon 25. oktober. Jau, vi slapp då i land i går kveld i Bodø likevel. Heldigvis ramla storparten av tyskarane i land der og, så nå er her romslegare. Der det før var tjukke byen er no ikkje stort att. Berre på syd kanten står att nokre hus. Tyskarane har her flyplass som dei stadig bygger større. Ei mengde russiske fangar arbeider her, mest med lossing og lasting for den store filetfabrikken. Når dei svelt som verst ligg dei ein liten fisk på ei stimvins eller leidning, og løyper den litt, og så sluker dei den (*Info 1*). Her er kome ei mengd med Svenskehus åt sivilfolket, men dei har måtta flytte langt nord eller inn etter øya for ikkje å vera i vegen for «herskarane». Der byen sitt sentrum var før, er mest berre store, lange tyskarbrakker. Når Bodø vert bygd oppatt, vert det sjølv sagt ein pen by, men den vert aldri så småkoseleg som den var før branden. Det synte seg no at det var ei mine «Nordland» gjekk på. Losen ligg på Bodø sjukehus, og har misst begge føtene. Han ligg i høg feber, og er så dårleg at kona og dottera hans ikkje slepp inn til han. Men rormannen er mellom dei fem berga. Og han forklara at losen (*Info 2*) såg mina som låg svært tungt i vatnet, og kommanderte, «hardt styrbord», men det var for seint. Og to timar etter att dei var gått frå Bodø kjem ein motorbåt med dei få som lever att. Men ulykka har gjort inntrykk. I staden for å gå ut Landegode, tett nord om Bodø, så går vi no langt nord gjennom leia, for dei set over Vestfjorden. Det er ein omveg, men det var på høg lyse dagen «Nordland» gjekk ned, og då er det rett å vera varsam.

(Info 1: Dette betyr at fangane varma maten litt på stimvinsja før de slukte den.)

(Info 2: Los er kjentmann på havet.)

No er vi då på Vestfjorden, og har Vågekallen forut. Han er den største ruggen av Lofotfjella han. Så om to timar er vi då endeleg framme. Vi er mange no som skal til møtet. Enno er vi dei beste vener, men stakkars meg som lyt tale mot ei slik overmakt. Veret er fint enno, men vinden er gnistrande kald. Så er vi då framme. Det var eit kav å få

seg hus. Det er mange som har flytt ut av husa sine no, fordi at «makthavarane» trengde dei. Men innkvarteringsnemnda gjer sitt beste, så vi fekk då endeleg hus. Og eg var sær heldig, men vi tre frå Sunnmøre som yngste å vera i lag vart spreidde for alle vindar. Til middag på Sjømannshjemmet fekk vi middagspølser av kvalkjøtt. Ganske bra mat. Elles er her vanskeleg både med smør og brød, men det høyrest ut som vi skal få litt tobakk i morgon. Svolvær er byrja verta for stor til å kallast småby. Der bur 3000 menneske. Her er mange fine og store hus, og ganske pen regulering. Her er flatt i byen, men rundt omkring står dei høge, ville Lofotfjella. Ei type av fjell ein ikkje ser andre stadar i Noreg. Eg var ei stund inne på eit oppbyggingsmøte, elles har kvelden gått til å helsa på kjenningar frå syd og nord. Her skal vera rundt 80 mann på møtet.

Rundt ei stor vik ligg grannekommunen Vågan med fiskeværet Kabelvåg. Det var den som før var byen i Lofoten. Der står enno att rorbuer som var bygde medan Sverre var konge (*Info 1*) i Noreg. Allmenningshamna i Kabelvåg er grunn og dårleg, medan Svolvær har ei stor og god hamn. Dette er det som gjer at Kabelvåg stagnerer, medan Svolvær flyg i veret. Det raraste når ein reiser så langt er å høyra kor dialektane skiftar. Lofotværingen kan sjå ut som dei har lært dialekten sin av ærfuglen. Men dei er langt betre å forstå enn folk i Trøndelag. Også her har vore ei mengd «framandfolk» (*Info 2*). Dei sa at dei var rundt 800.

(*Info 1: Kong Sverre var konge i Noreg 1177 -1202.*)

(*Info 2: Framandfolk betyr nok her tyskarar under krigen.*)

Då fiskarmøtet byrja synte det seg å vera ei svært representativ forsamling. Dei fleste hadde vore i heradsstyret i sine bygder. Og dei fleste var slike debattantar at det var som det lynte frå dei. Hadde stridsspørsmålet om Møre og Sogn og Fjordane kome skikkeleg fram, så nåde oss tre Sunnmøringane. Men heldigvis vart saka utsett etter framlegg frå styret. Eg slapp såleis å tale meir enn ein gong, og det var ikkje langt heller. Diverre vart eg så forkjølt der oppe, at det var lite nok eg greidde å vera på møtet dei to siste dagane. I Nord- Noreg taler dei kav riksmål, især i Finnmark. Men då vi til slutt song. «*Gud signe vårt dyre fedreland*» då synte det seg at alle greidde å meistre nynorsken også. Eg trudde det kunne høve seg så at eg kunne få vera på eit losjemøte når eg var så langt heimanfrå. Men nei, Tyskarane hadde teke skulen. Og så laut byen ta losjen sitt lokale til skulerom, så no var der ikkje halde losjemøte.

Fiskarane i Lofoten har tent svært godt dei to siste vintrane. Så jamt over har dei tent betre enn hos oss. Men størst forteneeste har dei som har vore i Troms og Finnmark i sommar med seinøt. Og så kvalpengane. Dei fortalde om ein som har 17000 kr. på månen i sommar. Men slike har vel også sine sorger, nemleg korleis dei skal greie å bruka pengane.

Svolvær har utan tvil framtida for seg. Den ligg sentralt til for fiske og fabrikkdrift. Og når byen no har vorten så stor er det ikkje tvil om at den vil verta endå større. Siste kvelden vart eg husvill. Det var sonen i huset si seng eg fekk, og torsdagskvelden kom han heim og trengde senga. Så sat eg på Sjømannshjemmet så lenge der var ope, og sidan fekk vi gå opp i møtesala. Der var godt og varmt. Vi vart til slutt ei stor forsamling husville som alle skulle reise med «*Finnmarken*». Vi var vel minst 40. Folk la seg på benkane. Eg sat og dubba i ein lenestol.

Kl. halv to kom hurtigruta, og vi var ikkje seine å kome oss om bord. Då alle lugarane på tredje plass var opptekne laut eg ta første plass (*Info 1*). Og billetten med lugar kosta 103 kr, berre for ein veg, så reise utgiftene har vokse monaleg. Vi låg i Svolvær til det lysna. Bededag i dag. Det var kome forbod om å halde helg denne dagen. Skulane skulle gå som vanleg, og elles arbeid som ein kvardag.

(Info 1: Første plass betyr nok det same som første klasse.)

Sydturen skal eg ikkje trøyte nokon med. Det har gått to døgn sidan vi kom om bord, og til vi no er i Trondheim. Men no skal vi ligge her til midnatt i morgon natt. Eit heilt døgn. Kva skal eg fordrive tida med i morgon. Dersom eg er god til, trur eg at eg går i Domkyrkja til høgmesse. Vinteren er åt og melder seg. I Svolvær låg der ein skosnø (*Info 1*). Men i Trondheim var ikkje snøkave ute i leia. I dag hadde vi passkontroll av to tyske offiserar. Passa fann dei i orden, men laut få opne handkofferten åt kameraten. Også det i orden, men han hadde ei brevklemme. Disse som kallast binders. Han brukte den til å halde passet fast i brystlomma på vesten. Men Binders lika ikkje tyskarane. I fjor var folk svære til å gå med binders. For det tyder samhald, og det trengst i våre dagar.

(Info 1: Skosnø betyr litt snø.)

I dag har eg vore i Domkyrkja til preike. Kappelan Sigurd Fjær tala sitt nynorsk sjølv om det var her i Noregs største heilagdom. Etterpå tala rektor Smemo frå Menighetsfakultetet. Eg har vel høyrte like bra preiker, men å høyra den i domkyrkja var ei oppleving. Nede på hamna ligg ei mengd med tyske og hollandske båtar. Her er minst 30 framande båtar. Her er det meste tyske soldatar som eg har sett nokon stad. Mange tusen måtte det vere. Det ville vore vanskeleg å vera i land om kvelden og natta. Så vi gjekk tidleg om bord, då det synte seg at båten skulle gå klokka åtte i kveld. Vi skal vera i Kristiansund noko etter midnatt. Men dei lyt nok vera tidleg på han i morgon skal dei greie Hustadvika og Stadhavet same dag. I dag har det vore mykje drikking om bord. Og sjølv tredje plass jenta går svært ustøtt. Låke (*Info 1*) greier å sjå. I middagstida i morgon er vi då i Ålesund, og vi som har vore i lag skildest.

(Info 1: Låk/låke betyr dårleg/dårlege.)

Hadde denne turen vore under normale forhold, så hadde det vore reine lystturen. Men krigen kasta sine skuggar over reisa. Likevel, vi kom då vel både fram og attende. Det må vi være takksame for.

Petter J. Bringsvor d. e.



Kart over Nordland med fokus på Lofoten.



Kart over nordlige del av Trøndelag og sørlige del av Nordland.



Kart over i hovedsak Trøndelag

Bønder på sommarferie

Tanken på ein ferietur er ikkje ny, men alltid har noko kome i vegen. Alltid noko å gjera, og så vart det å utsetje til eit anna år. Slik har åra gått, og vi tek til å verta gamle. Men i år vart det no likevel. Den 3. august 1946 hende mirakelet, at eg og kona rusla oss på kaia laurdagskvelden kl. 23 og kom oss om bord i «*Norddalsfjord*». God båt, og lite folk. Nokre jenter frå Stad, har visst vore ute i den vide verda, ei lita stund. Dei prøver å snakke austlending, noko dei slett ikkje greier. Dialekt heimanfrå skin igjennom. Eg plar gjerne liksom kjenna «sjøverken» når Stad jentene snakkar fint. Det vart nemleg ikkje korkje fugl eller fisk.

Så er vi på Åheim kl. 2 om natta, så det vart nattevaking for det første. Vi fekk sitte inne i ei stove i Ravngarden. Vi dubba litt, men vakna for tidleg, og tok oss så ein tur på kyrkjegarden. Murane av den gamle St. Jetmunds kyrkja er heilt oppatt komne no, men enno er det berre himmelen til tak. Men det vert vel tak også på det eldgamle gudshuset. Fint at dei byggjer kyrkja oppatt. Ho vart vel reva då det vart kyrkje på Sлагnes. Ei vandalisme som vart mange gamle kyrkjer si skjebne.



(Info: Sankt Jetmund kyrke er ei langkyrke frå rundt 1155 på Åheim i Vanylven kommune. Byggverket er i marmor og stein. Kyrka vart revet i 1863, men gjenreist frå 1937 og vigsla på nytt i 1957. Steinen var spreidd rundt i bygda og hadde vore brukt i forskjellige bygg. Den måtte samlast inn igjen før kyrken vart bygget opp igjen på dei gamle murene som stod tilbake. Det var laga skisser av kyrken før den vart reve.)

Bussen kjem kl. 6. Lite ferdafolk, berre fire menneskje. Den svingar seg opp dei bratte svingane, og det bærst opp på høgda. Eg ser nedover. Jammen er Åheimsbygda ei vakker bygd. Med den store elva rennande gjennom dalen. Vi passerer to store vatn og Bekslesætra åt Åheimsbygda. Der har vore mang ein dans om summerane. Så for vi forbi fylkesgrensa og inn i Nordfjord. Vi passerer grendene Nava og Maurstad, og så er vi på gjennomgangsstaden Bryggja.

Det vart ei stund å venta på «*Fanaråken*» (*Info 1*) som skulle gå inn gjennom Nordfjord. Så kom han då, og det gjekk innover. Vi stoppa i Kjølaldalen og på Stårheim, og så er vi på Nordfjordeid. Der er det store endringar, sidan eg gjekk der og trampa, og skulle vera soldat. Eg hugsar ikkje mykje av det vi lærde der. Og det same kan det no vera. (Nordfjordeid var ekserplass då eg var på militærtjeneste.) Ein stor tyskarbåt ligg ned sokken eit lite stykke frå kaia. Så dei har hatt føling med krigen her også. Den vesle småbyen har vakse. Her har vorte fabrikkdrift. Ein stor skule er her komen. Her er også høgare skular. Sjukehus er her også. Det er gjeve som gåve av den engelske rikmannen Singer. Han budde mykje i Nordfjord, og var glad i staden.



(Info 1: DS «Fanaraaken» var et dampskip bygget i 1937 for Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane.)

No går det ein halv time ut att, før båten svingar om neset, og det ber inn den eigentlege Nordfjord. Vi skimtar Gjegnen der oppe i skodda. Den er over 1700 m høg. Ålftobreen og Gjegnalandsbreen ser vi litt av. Vi passerer dei ville og kjende Oksneelvane. Ja, der renn mykje vatn til inga nytte. Utanfor elvane går Ålfoten inn, og innanfor elvane er det Hyefjorden.

Vi stoppar på Hestenesøyra og korresponderer med motorbåt til Hyen. Det er langt mellom gardane og bratte lier langt inn etter, men så er der også ei og anna ovfager (Info 1) bygd. Gimmestad på vestsida av fjorden. Vereide på austsida, med kyrkje og Nordfjord folkehøgskule. Vereide og Sandane er nær kvarandre.

(Info 1: Ovfager betyr nok spesielt vakker.)



(Info: Kartet overfor her viser dei mest sentrale stadene som er omtalt i teksta til Petter J. Bringsvor d.e. når dei besøkte Kåre og Ragna Svanheim på Blakset i 1946. Petter og Olianna kom i land ved kaia på Blakset. Der venta Kåre Svanheim med ein lastebil som køyrte de til Svanheim gard. Dagen etter køyrte dei til utsynsplassen Nos.)

Sandane er ein fin stad. Mykje fabrikkar og forretningar. Her er fjellendt og ikkje mange gardar. Men mange hus og mange frukthagar. På Sandane låg båten lenge og lossa. Vi måtte over i ein annan båt, ei lita lasteskute med ei mengd stoppestadar. Det gjekk no utetter fjorden att, over til Rygg i Gjennestad. Det syner seg at der står to kyrkjer omtrent i lag. Den nye er ei pen kors kyrkje. Men den gamle står også. Truleg fordi ho er verneverdig. Så går det tvers over fjorden att til Vereide.

Då eg planla denne turen, trudde dei eg rådførte meg med, at vi skulle vera på Blakset omkring middag. Men det vart nærmare midnatt før vi kom dit inn. Men det spela inga rolle. Vi ville sjå oss om, og i indre Nordfjord hadde vi ikkje vore før. Og til å sjå oss om fekk vi god tid.

No gjekk vi frå kaia i Hennebygda. Her er pent, men kor bratt her er. Her trur eg dei må binde småungane, så dei ikkje fer trillande ned gjennom bakkane. I åkrar og atterleger er planta ei mengde med frukttre. Det kan sjå ut som det er lagt ann i stor stil. Elles er det rart å sjå kor folk har klora seg fast oppe i bratte fjellsidene, med liten eller ingen vegforbindelse med utanverda.

Over fjorden ligg ein annan stoppestad Ryssfjæra, men der skal ikkje denne båten stoppe. No er vi på Hopland. Ei brattlent bygd med små gardar, men med mykje skog og mange frukttre. På eit lite sted der dei ekspederte med båt hadde staden det underlege namnet Tistam.

Og så var det Utvik. Det er ei fin bygd. Store trelastlager, mykje skog, revegardar og frukttre. Her er vakre hus, og alt teiknar til å vera berre velstand. No går det til Innvik. Også ei fin bygd.

Og så er det over fjorden til Blakset, der vi skal vitja han Svanheim i natt og i morgon. Kåre Svanheim (*Info: Støyle 8*) var lærar på Søre Sandsøy frå 1938 til 1945, då han fekk post i heimbygda si. Vi var mykje i lag, den tida dei var på Sandsøy.



(Info: Bildet viser Kåre og Ragna Svanheim. Kåre Svanheim var lærar på søre Sandsøya og klokkar i Sande kyrkje frå 1938 til 1945. Bildet er teke i 1975.

Fleire frå vår familie var på besøk hos familien Svanheim på slutten av 60 talet. Kåre, Ragna og sonen Sverre var på besøk på Sandsøya ein gong nokre år seinare.

10. juni 2022 var Karsten Sande, Gudbjørg og Kåre Våge på synfaring på Blakset for å gå i bestefars fotspor i anledning av utgiving av denne boka. Vi besøkte då sonen Sverre og svigerdottera Mette-Lise Svanheim.)

Nordfjord er ein vakker landsdel. Det er kanskje noko einsarta. Bakkete gardar. Fure og lauvskog. Folk bur langt til fjells, og der er ofte dei beste gardane. Og så her er for lite arbeidskraft å få, så dei seier at dei på fjellgardane slår det beste, og det dei ikkje vinn på får stå og rotne. At her var gode tider under krigen var venteleg. Men underleg skal det vera, om dei ikkje no får merke noko anna. Små hestepriar, små reveskinnpriar, dyr føring. Og kva fruktrea angår. Jau, dei sel nok noko frukt, og tenar noko på det.

Men no er det konkurrans med frukt frå Amerika og Australia. Så er det skogen att, men der vart det nok ikkje nedgangstider.

Det er meininga og reise med bil over Volda på heimturen. No har vi vore over natta på Blakset. Svanheim var på kaia og tok mot oss. Det er tre km frå sjøen, og motbakke, så vi fekk sitte på med ein lastebil. Det var godt å få sova i natt, så i dag er vi godt utkvilde. I dag er det godever, og det vert vel ein hard dag for bygdefolket som skal få inn alle dei raude hesjene som står alle stadar.

No har vi vore på biltur, det reine eventyret. Blakstadbygda er bratt og kronglette. Der er mykje skog og frukttre, men med lite slåmaskin mark. Bilturen til Nos på 13 km ut og oppetter var vedunderleg. Vi køyrde gjennom tette furuskogen til Ulvedal. Dette og resten av denne fjellheimen er ein skule for seg sjølv. Det er tanken at disse to krinsane skal bygge si eiga kapellkyrkje. No sokna dei til Innvik på hi sida av fjorden. Vi passerer gardane Kårstad og Sølvberg. Vi passerer garden der redaktøren av (bladet) «Kolbein Sterke» bur. I går såg eg han på dampen. Han hadde vore på stemne på Utvikfjellet. Han gjekk i Nordfjordbunad med kvit trøye med raud krage, og sylvknappar i trøye og vest. Riktig ein fin bunad. Så er vi på Nos. Nei for et utsyn. Eg vart ståande og drøyme og freista sjå gjennom sløret, som enno gøymer framtida.

Som det no er så lyt folk frå Blakset og Fjellkrinsen, ro til Faleide for å koma på riksvegen. No er det i gang arbeid for vegsambandet for heile austsida, frå Faleide, gjennom Blakset bygda, utover til Hopland, gjennom Hennabygda rundt fjellet til Nordfjordeid. Med ferje over fjorden, så ein kjem inn på vegen til Vadheim i Sogn, og dermed ut i den vide verda. Dette er no vel påbyrja, men det vil gå nokre år, men då vil gamle Nos verta ein søkt stad for turistar frå inn og utland. Alt no er folk med framsyn ute etter hyttetomter, sa kona på garden. (*Info: Garden på Nos*). Ho var lærarinne før ho vart gift hit. Garden Nos er stor, og dei var på langt nær ferdig med slått. Garden ligg ute på stupet, 510 m over havet, og fjellet stuper nesten loddrett i havet. Ein liten steingard er oppsett to meter frå stupet. Å, du for eit utsyn. No ser vi fjorden og bygdene i fugleperspektiv.



(Info: Bildet framfor her vart teke 10. juni 2022 på utsiktspunktet på Nos. Den steingarden som omtalast i teksta til Petter J. Bringsvor d. e. ovanfor kunne vi ikkje sjå, men det var laga ei inngjerda plattform for sikker fotografering på Nos. Det var altså hitt Kåre Svanheim tok med Petter og Olianna Bringsvor i 1946. Mykje har nok endra seg sidan då, men utsikta er nok den same. Petter brukar uttrykket «ovfagert» ein annan stad i teksta, og det passar også her.)

Titt utanfor ligg Hopland bygda, og vi ser så langt som fjellet rekk, før fjorden kløyver seg i armen til Eid. I vest ser vi Ålfotbreen og Hyenfjorden. Over fjorden: Innvik, Utvik og Tistam. I søraust Faleide og litt av Stryn. I sør, fjorden mot Loen og Olden. Og lenger til fjells storfjella Ceciliakruna og Kista ved nordenden av den 30 mil lange Jostedalsbreen. Det er eit utsyn som eg trur eg ikkje har sett maken til. Skodda heldt seg borte, så vi fekk dette herlege utsynet. Ikkje rart at turistar frå utlandet finn vegen hit.

I år har her vore berre danskar, svenskar, og nordmenn. Men ver viss på at når verda no får ro etter krigen, kjem nok dei flytande hotella frå utlandet att. Nok om det. Vi er vel nøgde med turen. Om kvelden fekk vi gamle Svanheim (*Info 1*) til å spele åt oss. Han er ein vidgjeten spelemann. Han hadde hardangerfele, og den let godt når ein dugande spelemann dreg bogen.

(Info 1: Gamle Svanheim som var far til Kåre Svanheim heitte Samuel Bergset. Samuel Bergset kjøpte seg jord og dyrka opp, og han kalla garden sin for Svanheim. Kona hans, Karolina, og ungane deira fekk etternamnet Svanheim, etter garden deira. Men Samuel beheldt fødenamnet sitt, Bergset, all sin dag. Han var no kjent som Samuel Bergset, ein god spelemann både i samtida si og ettertida. Kanskje var det derfor han beheldt namnet, sjølv om heile familien elles heitte Svanheim. Når vi var på besøk hos Kåre og Ragna Svanheim på slutten av 60 talet så trefte vi også Gamle Svanheim / Samuel Bergset.)

Tysdag morgon godever. No skal vi spasere dei tre km til kaia. Gamlelæraren (*Info 1*), far til fru Svanheim lova i går å ro oss til Faleide. Det er om lag fire km. Men vi fekk fylje ein liten motorbåt. Båten synt seg å vera ein gammal kjenning. Det er nemleg gamlebåten hans Bella-Birger som etter å ha passert mange eigarar i Ålesund og Eltvik m.f. stader, endeleg er komen her.

(Info 1: Gamlelæraren hette Bergsvein Tvinnereim og var far til Ragna Svanheim.)

No er vi lenger inne, og vi ser godt her i frå botnen av Loenfjorden, og innløpet til Olden. Det ser ut til å vera same terrenget, med bratte gardar, og meir og mindre skog. Stryn får vi ikkje sjå stort av. Rutebilen kjem der i frå, og no bærst det om eit dalføre over i Hornindal, med det tre mil lange vatnet. Det var passeleg med folk i bilen, så det var gildt å køyra. Bilen køyrer ikkje fort. Vegen er ikkje god. Utsynet over Nordfjord kvarv meir og meir, for skogen tek bort utsynet. Skog alle stadar. Høge, rake ungtre, kvar ein ser. Storfurene har vel vorte til hus for lenge sidan. I bilen svirrar det med dialektar, men det høyrest ut for at Oslo og Bergen er i majoritet. Feriefolk som skal vitje (*Info 1*) slekt og vener på bygdene. Det vart langt mellom gardane, berre skog kvar vi ser. Siste garden i den vidstrakte Innvik kommune heiter Sindre, og neste garden høyrer til Hornindal kommune. Det er ein gard med svært gilde hus, men så har dei no ikkje lang veg etter materialen i alle denne skogen. På overgangen fer vi forbi fleire vatn, men det er berre små «føreløparar» for det veldige Hornindalsvatnet. No er vi ved vatnet. Til å byrje med er det

berre ein smal arm, som utvidar seg til nærare vi kjem storvatnet. Vi passerar Halmøy Arbeidsskule, der dei har utdanna så mange snikkarar gjennom åra. To menneske gjekk av, og så er det berre å ekspedere posten, og ferda går vidare.

(Info 1: Vitje betyr å besøke.)

Det er lenge no sidan 1906 då vi var her på utmarsj, 1600 soldatar. Den gongen var det ikkje veg på vestsida av vatnet, så vi laut bruke bu-råser (*Info 1*), og gå berre ein i bredda. Men jammen vart rekkja lang på den måten. Eg hugsa kor vi sveita, og kor tyrst eg var. Jau, der er den vesle fossen der vi fylte huene våre med kaldt vatn, og fekk ein herleg kjeft av «skipperen» vi kalla, for at vi skapa uro i marsjen. Noko lenger nede for vi forbi vegskiftet, der vegen går til Grodås ved framenden av vatnet, og så går vidare dei to mila til Hellesylt på Sunnmøre. Frå Holmøyane er det ei lang, bratt skogstrand der det ikkje bur folk. Men no kjem vi til Skrede. Bratte er dei fleste bruka, men her er også nokre riktig store gardar. Over vatnet ligg Kjøs bygda med kapellkyrkja. No er det ei lang øyde-strand att. Og så er vi på Nor, ved nedre enden av vatnet. Eg ser attende, og det blånar godt i fjella i fremste vassenden. Tre mil, ja gamle mil, er langt det. Fjella her er ikkje særleg høge, men ei mil fram om Grodås kneisar Hornindalsrokkjen som høyrer til Noregs høg fjell. Frå nord ber det austom elva og inn i Levdalsskogen. Og ei stund kan vi ikkje sjå skogen for («berre trær»). Men så tek det slutt, og gardane ligg bø i bø ned til Eide. Her er gardane flate. Her er all slags skog. Men det er slutt med frukttrær, som stod og bogna under tyngda av eple, pærer og plommer i Indre Nordfjord. Vinden tek nok hardare her. Vist nok er her store endringar på Eide sidan eg var soldat der. Men enno stod røykstova på Myraldshaug der vi budde ein sommar. På den tid var eksisen (*Info 2*) spreidd over fleire år og bolkar. Båltgarden såg enno meir forfallen ut. Både løa og nokre av dei andre uthusa. Men hotellet såg bra ut.

(Info 1: Bu-råser er frå ei tid før vegar vart vanleg. Det var smale ferdselsårar i terrenget der det gjekk ann å gå for både folk og dyr.)

(Info 2: Eksisen er det same som militærteneste.)

Her skulle vi bytte bil, men han var stappande full, og vi slapp ikkje inn. Men sjåføren som kjende meg fekk meg inn i bussen, medan kona mi og fire andre fekk plass i ein drosjebil som han leigde. Det vart såleis ikkje tid å sjå seg om på Eide. Snart fer vi krabbande på høg gir opp bakkane mot Levdal og Stigedalen. Vi er høgt oppe over Levdalsgardane, og vi ser dei fine gardane i fugleperspektiv. Men så vart det slutt på bygda, og det vart berre fjell og skog, og ei og anna sommarhytte. Vi passerte tre vatn og mellom to av dei ligg eit lite sommarhotell. Når vi nærmar Helset i Bjørkedalen, vert det reint fult av sommarhytter. I Bjørkedalen er eg kjend med mesteparten av brukarane, men fekk ikkje tid å stogge. Så kjem vi til Folkestad der ferga ligg og ventar.

I Volda gjekk vi i tre timar og venta på «*Nordfjord*». Om bord der, og på land i Årvik. Derfrå spaserte vi seks km til Larsnes, og der venta vi to timar på dampen som kom frå Vanylven. Og kl. 5 morgon er vi heime. Vi hadde kasta bort to gode arbeidsdagar, måndag og tysdag, og brukt mange kroner også, for oss å vera. Men vi hadde no hatt ein herleg tur. Vi hadde fått sjå mange nydelege parti av det fagre landet vårt. Så er det å taka til på nytt heime, for no har bøndene hatt ferie.

Petter J. Bringsvor d. e.

Prologar

Petter J. Bringsvor d.e.

(Info: Bringsvor 3. Fødd 29.11.1881)

Prolog slutningsfestane for navigasjonskurs i Haugsbygda 1943, Bringsinghaug 1944 og Sandshamn 1947.

Soga i Noreg er tusen år.
Men endå lenger attende går,
der segner om uredde norske gutar.
Her var så trongt, mellom fjell og nutar.
Dei ville ut for å sjå seg om.
Dei for i vesterveg, ut i verda,
og opplevde mykje på viking ferda.
Og vikingane var slett ikkje dum.

Dei var ikkje store dei gamle båtar,
og mangt dei vanta, på mange måtar.
Kompasset, logga, sekstant og kart,
dei ikkje hadde på slik ei fart.
På veg til Skotland, hende av og til,
sydvesten dreiv dei dit dei ikkje vill.
Dei stridde for livet på ville hav.
Men likevel ikkje opp dei gav.
Men nett som dei heldt på motet å misse
då såg dei land, jau til slutt var dei visse.

Slik fann dei Færøyane og Island.
Men enno lenger mot vest dei for.
Så fann dei Grønland og Labrador.
Det landet som dei kalla Vinland.
Når hausten kom att med lange kveldar
dei heime sat, rundt om åreldar (*Info 1*).
Og mor og far, dei var byrge av sonen,
og jenta ynskte han også velkomen.
For jentene kan ikkje alltid stå seg,
for djerne gutar, som fram kan slå seg.

(*Info 1: Åre er ein opent eldstad utan skorstein.*)

Men så kom den lange mørketid
då framande herrar i landet rådde.
Soga teier om liv og strid.
Liten framgang, og ingen nådde
å tilfredsstille sin utferdstrong som før.
Men enno for skuter rundt om i verda
og gutar her frå var med på ferda.
Det var romantisk når det var bør (*Info 1*).
Men utferdshugen sat enno i hausen.

Dei for til havs på vesle Sunnmørsbåten.
 Mange ein gong var dei ute i Gnøusen (*Info 2*),
 og fiska gjorde dei på gamle måten.
 Men kor dei fiska, og kor dei sleit,
 var det fattig i heimen, som før vi veit.

(Info 1: Bør er eit positivt lada ord, men kva Petter tenker på her er nok litt uklart. Trur vi overlèt konklusjonen til den enkelte lesar.)
(Info 2: Gnøusen er ein fiskeplass.)

I siste århundre, har det gått fort.
 Det vart møringar, dekksbåtar, skøyter og dampar,
 gamlemåten no dugde ikkje stort.
 Ute på Egga låg dampane og stampar.
 Der fekk eg og fleire, lære å slite,
 men det vi tente var oftast lite.

Så kom motorane og trengde seg fram.
 Å, ikkje vera med, var uråd lenger.
 For lita fart,
 var mest som ei skam.
 Større båtar er det dei trenger.
 Båtane vart både djupare og lenger.
 Men dei kosta uhyggeleg mange pengar.
 Med dyr utrustning, og prisane små.
 Korleis skulle ein få det til å gå?
 Fattig vart nok den store «massa»,
 og mange laut få hjelp av lånekassa.

Tida har gjenge opp og ned.
 Det vart storkrig på nytt, og folk tente pengar.
 No kom krigspengane riktig vel med,
 så no er dei ingen mann redde lenger.
 Visst var det trist under krigen på havet,
 men nauda dreiv dei nok ut i kavet.
 Vel rak nok, av og til ei drivande mine.
 Men ut laut dei, for seg og for sine.
 Kven er det som fylte dei tome fat?
 jau, bonden og fiskaren laut syte for mat.
 Og det skal seiast, det er ikkje skolt (*Info 1*).
 Det var fiskaren og bonden som berga for svolt.
 Når soga skal skrivast, av dei som kan det
 står det: «Det var bonden og fiskaren som berga landet».

(Info 1: Skolte er å skryt.)

Ein gong, om ikkje så altfor lenge.
 Krigen vert slutt, og ingenting stenge,
 for utferdshugen hjå sunnmørs gut.
 No har dei enno ein gong vore ut

langt i vesterveg, borte på Tampen.
 Turen har vore den reine kampen.
 Grapsever (*Info 1*), skodde, - drage og kasta,
 så båten er, på det næraste lasta.
 Ja, dette har vore ein slitsam tur.
 Skodde så tjukk. Ho står som ein mur.

(Info 1: Grapsever betyr noko dårleg ver.)

Distansen er utgått. Vi får slå stopp.
 Vente og sjå om det klårna opp.
 Jau, no lettat det. Det var det vi visste.
 Der ser vi Skorpa, og der har vi Riste.
 Skipperen seier: «Eg tek meg ein lur».
 Tørn ut kokken og kok nysalta uer.
 Hengt i har han, som ein liten øyk (*Info 1*).
 No ligg han seg på køya og tek seg ein røyk.
 Turen har vore slitsam og vond:
 «men kunnskap skal styra rike og land».

(Info 1: Øyk er ein hest.)

Og skipperen minnst korleis det var før,
 han minnst hausten i fire og «før».
 Det var under krigen i villast sveimen,
 den hausten på kurset i Fiskarheimen.
 Han minnst kor dei rekna og sleit.
 Og mang ein gong i blyanten beit.
 Mykje var der å lesa og læra,
 og kunnskap den er no så lett å bera.

Ja, dette var draumen om framtidens dagar.
 Ingen veit korleis det seg lagar.
 Men av og til kan ein drøyme seg vekk,
 drøyme om skipper på eige dekk.
 Visstnok er der vanskar på mange måtar.
 Her er sørgjeleg lite høvelege båtar.
 Men ein gong lyt det verta meir enn med tanken.
 Der er pengar å få låne i Fiskarbanken.

I nemnda kan han Petter støtta opp unde,
 for der er han liksom «eit nødvendig onde».
 Kurset er slutt, og de takkar for lag
 frå andre oktober og fram til i dag.
 Til lukke då karar med dykkar eksamen.
 De tenker vel attende på alvor og gaman.
 Så takk for i kveld då alle saman.

Petter J. Bringsvor d.e.

Prolog - Ein fest i bondekvinnelaget 1946.

Det lid mot våren, vi trur det er best,
 å prøve få unna, vår vesle fest.
 Seinare ver det så mykje å gjera,
 for vi kvinner må også ute vera.
 Lita hjelp, både ute og inne.
 Det er ikkje greitt å vera bondekvinne.

Vi ynskjer velkomne alle i dag,
 og vonar vi hyggja oss i lag.
 Slite oss laus, i frå heimsens gnål,
 og prøva å finna midlar og mål,
 som kanskje i framtida gjev betre dagar,
 og tryggare kår, kanskje også seg lagar.

Vi ser oss attende, kanskje 60 år.
 Då hadde bøndene langt dårlegare kår.
 Mange kunne lite lesa og skriva.
 Om hundsa ein vart, fekk det berre driva.
 På valmannsval, ein gong syd på Sande.
 Det skulle veljast valmenn for heile lande.
 Dei røysta munnleg, å for ein nåde.
«Vi røystar på Skavland, han Bent og han Baade.»

Han Skavland var prest i Herøy og her.
 Han skule-Bent skula både her og der.
 Og om nokon ikkje veit kven han Både var,
 så var det ordføraren sin bestefar.

Ho Åsta Hanstein ho heldt foredrag.
 For kvinnesaka slo ho eit slag.
 Ho verka for framgang og røysteretten.
 No sit Kirsten Hanstein på Statsrådtaburetten.

Kva ville kanskje han bestefar ha sagt,
 om så vorne festar til rette vart lagt?
*«Gå heimatt og vogg dei skrikande ungar,
 og stopp nokre hoser som no ligg i dungar.
 Kvinna sin plass er i heimen,
 og ikkje på festar, rundt kaffieimen.»*

Men mangt vart annleis no enn før.
 Betre opplysing i nord og sør.
 Betre drift i både stove og fjøs.
 Mange har også elektrisk lys.
 Og vi som diverre enno ventar,
 trur dei frå Brandal snart krafta hentar.

No har kvinnene røysterett alle,
 som har fylt ein og tjue års tale.
 Kone og mann får gå til valet saman.
 I grunnen tykkjer dei visst det er gaman.
 Mannen sin røystesetel er gode greie,
 men kona røysta på han Einar Hareide.

Stortinget skal no sitte i fire år.
 Det får våge seg no, vi får vone det går.
 Alle arbeidarar fekk betre kår.
 Kor vart det med oss, som på gardane går?
 Alt som skal kjøpast er dyrt og gale.
 Dei lova nok anna, framfor vale.
 Men det vi skal selja, det held ikkje tropp.
 Prisane er vanskelege til å få opp.

Alle arbeidarar får tre veker fri,
 med same løn som for arbeid og stri.
 Når kjem vår tur til ferie og kvile?
 Nei, vi må streve både seint og tile.
 Bonde og fiskar er matprodusentar.
 No vert det vel mange konkurrentar.
 I krigen som var, skaffa gardane mat,
 og fisken laut fylle dei tome fat.
 Men kor vert det no, med lønsemd i bygda.
 Av gardar til sals har avisene nøgda.

Alle stender, frå byen og lande,
 har slutta seg saman, vil hjelpe kvarandre.
 Alle saman, kvar i sitt yrke,
 har sanna det ordet, at «*samhald gjev styrke*».
 Det nyttar ikkje lenger med diskusjon.
 Nei no lyt det verta organisasjon.
 Det som vi dyrkar, på ymse slags vis.
 På det vil vi sjølv setje pris.
 Vi unner arbeidarane at dei fekk det «*roli*»,
 men vi vil også ha plass i soli.

Nei, røysterett for kvinner er ikkje alt,
 for stakkars oss, om vi brukar den galt.
 Vi fekk røysteretten, men ansvar fyl med.
 No gjeld det å lesa og fylgja med.
 Prøve å læra alt vi kan læra.
 Kunnskapen den er no så lett å bera.
 Vi lyt hevda oss, dersom vi fram skal vinne.
 I mest alle samskipnader er plass for ei kvinne.

Før skilde straumen Sandsøya i to.
 Men sidan brua kom vart det ikkje so.
 No kan så fint vi over brua vandre,

og no kan vi også vitje kvarandre.
 Krigen vart slutt, vi fekk betre mjøl,
 og kaffien no er ikkje slett berre søl.
 Lat oss då einast om alt som kan tygga,
 borna og heimen, folket i bygda.
 Halde laga i stand, halda fram som vi stemner.
 Her er nok av oppgåver, og ordskifte – emnar.

At krigen vart slutt, det er mest som ein draum.
 All falska og redsla kvarv bort som ein straum.
 Gløymt er brødmjølet, og alt som var leitt.
 No får vi også ganske bra med feitt.
 Eit år er snart gått sidan ufredstidsrider.
 No trur vi det går mot lysare tider.

Her vart nok av vanskar å overvinne.
 Vanskar både for mann og for kvinne.
 Men står vi saman, lyfter i flokk,
 då er det sikkert, då går det nok.
 Så trur vi at også denne gongen,
 det må gå som det stend i songen,
*«at har vi ikke det land ennu,
 så skal vi vinne det, jeg og du.»*

Så takk for de kom då, medlem og gjest.
 Vi vonar det vert ein koseleg fest.
 Lat vi då oftare få koma saman,
 til samkomer både med alvor og gaman.
 Vi treng også av og til *«kople av»*.
 Gløyma alt heimsens arbeid og kav.
 Snakke saman, når saman vi kjem.
 Snakke om våre felles problem.

Har vi sagt a. Vi må b også seia,
 bygge laga vidare, snakke og teia.
 Alle har vi sett oss høge mål.
 Det gjeld å halda ut, ha ein vilje av stål.
 Gjera noko godt, alle som kan det,
 for heimen, for bygda, for fedrelandet.
 Så vel møtt då til alvor og gaman.
 Takk då alle saman.

Petter J. Bringsvor d.e.

(Info: Trykt i Vestlandsnytt. Finnes i Nasjonalbiblioteket sitt arkiv.)

På denne festen var husmorlaget på Sandshamn innbedne.

Prolog til 40 årsfesten for Fiskarheimen 1949:

Seinhausten er komen med stutte dagar.
 Stormande ver frå syd og vest.
 Høljande regn, store fossar lagar.
 I slike tider, då er det nok best
 å halde seg inne, om taket er tett,

Tida før jul, den høver vel best,
 å halde basar i kvart einaste lag.
 Kvar laurdagskveld, er der basar eller fest,
 Å, koma i mellom, er mest som eit jag.
 Før på året, er lite kvild.
 Etter jul må ein bu seg på sild.

I denne tida med basarar og fest,
 vil foreininga for huset, sjå seg attende.
 For 40 år sidan var Ivar Årset her prest.
 Og han var det som gjorde at dette hende.
 Han verka for saka, litt etter litt.
 og så vart Fiskarheimen flytta frå Flåvær og hit.

Arbeidet var for det meste fritt.
 Gratis til Flåvær, gjekk mange båtar.
 Det var ikkje lite av arbeid og slit.
 Utlegg og strev på mange måtar.
 Tomta gav nok, han gamle Koppen.
 Snart var huset ferdig, og flagget i toppen.

Ettersom tida i 40 år gjekk,
 har huset til mange ting vore brukt.
 Prestar og lekfolk, vi til talarar fekk.
 Mangt eit Gudsord til trøyst og tukt,
 har lydt i denne sala.
 Skade (synd) (*Info 1*) berre, at så lite frukt
 ein ser att, av alt det som her er tala.

(Info 1: Skade betyr her synd. Har satt synd i parentes.)

Men vi menneskje tenkjer så mangt,
 der vi har sete dei mange kveldar.
 Saka er den, at vi ser ikkje langt,
 og ikkje skjønar vi allting heller.
 Men Gud ser alt, og det kan nok hende
 at ordet vender ikkje tomt attende.

Går du i bygda ein vinterdag,
 du kan høyra ein vevstol slå sine slag.
 Og er du nyfiken og tittar inn,
 så får du nok sjå, at veven er fin.

«Kvar har du lært å veva så fint?»
 Ho tek det for spøk, og ho vert ikkje sint.
 «Eg gjekk då eit vevkurs i Fiskarheimen ein haust.»
 Men lærdommen kan sitja nokså laust.
 Det nyttar nok ikkje å berre drøyma,
 for slikt går det også ann å gløyma.

I eit anna hus, der du kanskje kjem inn
 surrar ei alminneleg symaskin.
 Ei jente sit og syr på ei drakt.
 «Nei, er du så flink?», vil du kanskje ha sagt.
 «Kvar lærde du då? å, sy dine kler?»
 «Jau, grunnlaget lærde eg på sykurset der.»
 «I Fiskarheimen har vore fleire slike.»
 «No gjeld det, å halda det ein lærde ved like.»
 «I Fiskarheimen som sagt, eg lærde grunnlaget,
 og sidan så har eg fuska i faget.»

Ute i snøtjukna tumlar ein båt.
 Skipperen i rorhuset er kulsen og våt.
 Ingenting å sjå, korkje fyr eller odde.
 Vi får legge på veret, og prøva og lodde.
 No lettar det, berre ein liten grand.
 Men ute i havet er han svart som etter brand.
 Jau, der har vi lykta på Langedragnesea.
 Og Flåvær klipper. Der høyrer vi Flesa,
 vi høyrer brota der attanfor tvers.
 Jau, no skal motoren få herleg hers (*Info 1*).

(*Info 1: Hers betyr her å dominere, bruke seg, herje.*)

Dei tørnar på Sandshamn, set tamp i land.
 No skal det gjera godt å få kvile ein grand (*Info 1*).
 «Du trefte knakande godt inn att.»
 «Eg trur du har augo, omlag som ein katt.»
 Men skipperen er søvning av kokeeimen.
 Han minnst kystskipperkurset i Fiskarheimen.

(*Info 1: Grand betyr i dette høve noko eller litt.*)

Og alle dei styrer og råd som her er,
 i huset mest halde til her.
 Mang ei natt etter eit val,
 så talde dei røystene i denne sal.

Mang ein fiskar som låg etter sild
 har her i huset fått mat og kvild.
 Her var aviser, her fekk han skrive,
 når han var trøyt av å gå ute og drive.
 Og ein kveld i veka kom presten her

og tala eit Gudsord åt kvar i sær.
Men vart det ein riktig godvêrsbolk,
vart møta mest berre for bygdefolk.

Berre huset får stå her i fred,
så vil det nok trengast i framtida med.
Vera ei hamn for det farande folk,
til avspenning under ein uvêrsbolk.
Eg er viss på at både mann og kvinne
frå prestemøta har gode minne.
Med tiltak og samhald vert huset bygt.
Hald fram i den leida, då stend det trygt.

Petter J. Bringsvor d.e.

(Info: Trykt i Vestlandsnytt. Finnes i Nasjonalbiblioteket sitt arkiv.)

Eit dikt frå losje «Idretts» studiering. Mange år gammalt.

Eg skulle nok skrive eit dikt,
åt studieringen må vita.
Om eg kan, nei var det seg likt.
Men eg får vel ikkje heime sitta.
Det skulle no vere på vers,
for vi var liksom trøytt av prosa.
Og gjeng det for mykje på tvers,
vert det ikkje lese i losja.

No sist gjekk det vel og bra,
heilt ut i seine kvelden.
Der sat vi i flokk og i rad.
Til «*hitt folket*» sov trygt under fellen.
Så kom dei med mat, både mykje og god,
og kaffi dei hadde på muggen.
Vi åt og vi drakk, vi prata og log,
og sidan vi spådde i gruggen.

Petter J. Bringsvor d.e.

Prolog på slutningsfesten i Fiskarheimen stoppåret 1950

Det gjekk i år som dei andre år.
Det lid med vinteren, lakkar mot vår.
Sola ho høgnar for kvar ein dag.
Slutt er sildefiskja med alt sitt jag.
No skal her då, etter all denne sveimen
vera slutningsfest for i år i Fiskarheimen.

Sildefiskja er slutt for denne gongen,

slutt på denne underlege sesongen.
 Vi trudde så godt, både eg og du,
 då vi las i avisa om «Intervju».
 Og alle disse gjekk ut på dette,
 at med avtaket i år låg det godt til rette.
 Alle fabrikkar var klar til å ta i mot.
«Kom berre med sild frå garn eller nót».
 Slik skrytte dei både på kontor og i avise.
 At dei tok munnen for full, det fekk tida vise.

Etter nyttår i år, då var freden gjort.
 Ut etter silda skulle smått og stort.
 Havet sitt sylv kjem snart stort og bjart,
 men likevel vert det lenge svart.
 Snurparane for i frå odde til odde,
 men kunne ingenting sjå på ekkolodde.

I avisene stod: *«Visstnok er her svart,
 men å ta i mot silda er allting klart.
 Alle fabrikkar er klar til å ta imot.»*
«Kom berre med silda frå garn og nót».
 Snart låg her på hamna ein flåte så stor,
 frå Egersund i sør, til Hitra i nor.

Vart dei trøytt av lugaren og kokeeimen,
 tok dei gjerne ein tur hit til Fiskarheimen.
 Ho Ragnhild og ho Inger, sveitta og sleit,
 rømebraut koka dei, fin og feit.
 Det var som grauten på tallerkenane flaut.
 Men stundom var det så det så kalla *«Lite graut»*.
 Brennsnut, Lapskaus, Raspeball og meir.
 Søknaden vart god, der kom fleir og fleir.

Så kom sildestimane, veldige og tung,
 travle døgn for både gamal og ung.
 Døgnet rundt dei lossa og lasta.
 Veret var godt, og då veit du det hasta.
 Men snart vart det vanskar med å få skuter.
 Fabrikkane fyltes i alle landslutar.
 Snart låg her fult av søkklasta båtar.
 Så no fekk bjølla ein annan låt.

Telefonen ringde i sør og nor,
 oppe på laget sitt sildekontor.
 Han Petter og han Gerhard kom lite av sessen,
 dei ringde til han Sætre, til Sandø og Hessen.
 Men lite skuter der var å få
 frå sør ville ingen rundt Stad gå.

Og her låg fult av garnbåt og «*boms*»,
 avtak var der i Nordland og Troms.
 Men hit til oss var lengste veg,
 ikkje underleg då, at føringsbåtane trekte seg,
 at sjølv om dei kanskje laut vente ei stund,
 var det betre å laste i Kristiansund.
 Ein visste ikkje råd, å få silda opp,
 den 11. februar, då var det stopp.

No vart det tid å få losse båtane,
 men ordskiftet gjekk om dei beste måtane.
 Korleis ein skal hindre at slikt kjem att?
 Den som utveg kan finne er kar for sin hatt.
 I avisene har det vore mang ein feide.
 Karikatur av Kaarbø og presten Storeide.
 Eg kjenner dei begge, men trur det er best,
 det gamle ordtaket: «*Bliv ved din lest*».

Då veka var slutt, med den kunstige kvild,
 vart det så å seia, heilt fritt for sild.
 Veret slo om, det vart vind og flaum,
 uver på havet med mykje straum.
 Det gjekk nokre dagar, dei prøvde ei stund
 så for heile flåten til Haugesund.

Dei fekk ein grand der, men ikkje noko sær, s,
 for også der ligg «*dørstokken på tvers*».
 For lite sild og for mange båtar.
 Vrange tilhøve på mange måtar.
 At det gjekk vel, er mest som ein draum.
 Simpelt ver, og ein ravgalen straum.

Fiskaren er vand med høgst ulike kår,
 uver og motgang frå år til år.
 I fjor var det været, som var så ilt.
 I år var det godvêr, smult og stilt.
 Silda gjekk tjukk oppi harde land,
 å halda opp er ikkje fiskaren vand.
 Visst var det vondt når «*Vår herre*» sende
 slik rikdom mot land, at det slik skulle ende.

Men gjort er gjort no for dette år,
 og neste år får ein sjå kor det går.
 Slike vanskar som i år på mange måtar,
 går hardt utover dei minste båtar.
 Men noko vart det, eg seier berre,
 det kunne også gått mykje verre.
 Ingen skader på båtar og folk.
 Ikkje betre å venta, for slik ein bolk.
 Prøv å minnast no, og mykje lenger,

at lukke og sæle kjøpast ikkje for pengar.

Sesongen er slutt, no lid det mot vår
vi helsar kvarandre: «*Takk for i år*»
Og anten dei så er i land eller båt,
så hugs det gamle ordet: «*Gud er attåt*».

Petter J. Bringsvor d.e.

(Info: Trykt i *Vestlandsnytt* 22 mai 1950. Finnes i
Nasjonalbiblioteket sitt arkiv.)

Prolog – 17. mai festen på Dollstun 1950.

Snøen minkar på hei og tind.
Flagga blakrar i vårleg vind.
Angen av lauv er lett å kjenna.
Lampen treng ikkje lenger brenna.
Lyst er det snart, både dag og natt.
Frå vinteren er snart berre minna att.
Travle dagar, med arbeidsvogner,
etter vegane fær dei med barnevogner.
Ut i naturen, på øy og i tun.
Også dei små skal ut å bli brun.
Sola er no den sterkaste makt.
Røde i kinna har ho mang ein brakt.

Frå ongane er det eit stendig gnag.
«*Går du på bua må du kjøpe meg flagg*».
Snart er det 17. mai med barnetog og fest.
Barna sin dag, den dag dei likar best.
Dagen som er «omframt» andre dagar.
Fridomsdagen, då festar ein lagar.
Kven var det som først tok initiativet?
Jau, det var han som gjennom heile livet,
levde for Norges land og folk.
Det var diktaren Henrik Wergeland.
Augo bak brillene skein så bjarte.
Han var mannen med det store hjartet.
Han elska folket, helst då dei små,
men mange i samtida kunne ikkje forstå.
Det som han skreiv, og det som han tala,
alt det han stridde og for småfolka bala.

Vi minnest i dag enno lenger attende.
Til Eidsvoll, der Noreg fekk sitt sjølvstende.
Då var der liten utveg å sjå,
for aldri det såg vel så mørkt ut som då.
Men til slutt då dei alle danna ein ring.
Aldri her hende vel så store ting.

Dei sa det alle, det lydde som ein smell,
 «*Einig og tru inntil Dovre fell*».
 Eg trur nok at mang ei auge var våt
 Med dei trøysta seg med at «*Gud er attåt*».

Lidne er lange og låke tider.
 Vi har opplevt to verdenskrigar.
 I siste krigen i fem lange år,
 vart vi hundsa og trælka frå år til år.
 Men dei fleste av folket, dei brukte sitt vet,
 og anerkjende ikkje «*den sterkestes rett*».
 Motstanden var visstnok mest under jord.
 Til Engeland for skuter med nordmenn ombord.
 Men no fem år etter når minene strøymer.
 Den 8. mai eg aldri gløymer.

Sidan då har vi levd i bra romslege kår
 medan ein freista lækja krigen sine sår.
 Visstnok snakkar både gamle og unge
 om at skattane har vorte forferdeleg tunge.

Kvifor skal det rustast, i tider som no?
 Det er nok mange som seier det så.
 I desse krigane lærde folk seg å sjå,
 at krig er unyttig, både no og då.
 Det må seia seg sjølv, etter alt som er øydt.
 At av krig er endeleg menneskja trøytt.

Skade (*synd*) (*Info 1*) berre, at dei folk som er til.
 Har fred berre så langt som naboane vil.
 Så alle nasjonar dei seier som så .
 Avrustning må ingen tenke på nå.
 Det ser underleg ut med faren frå aust.
 Kven veit om ikkje dei snart brakar laust.

(Info 1: Skade betyr synd. Har skreve synd i parentes.)

Vi syng så tett, at vi utanboks kan det.
 Bjørnson sin song: å «*slå leir for landet*».
 Eit ordtak seier. «*Du skal elske din granne,
 men likevel skal du la gjerda få stande*».
 Vi vil leva i fred med omliggande land.
 Men angrip dei oss, tek vi våpen i hand.
 Soga den syner, i smått som i stort,
 for fridom er ingen offer for stort.

Petter J. Bringsvor d.e.

Prolog til slutningsfesten i Fiskarheimen mars 1951:

I Fiskarheimen kvart einaste år,
 er det skikk og bruk når det lid mot vår,
 å halda ein dundrande avslutningsfest.
 Med talar av både lekfolk og prest.
 Men prolog ville dei også ha,
 og så var det om eg ville vera så bra
 å skrive den, «*Du gjer det så fort,
 og dette vil ikkje hefte deg stort*».
 Eg nektar ikkje for at eg log ein lått,
 men sidan tok eg til å tenke så smått.
 Kanskje, likevel. Prolog eller slikt.
 Lat meg heller kalle det eit avskiltsdikt.

Slutt er enno ein sildesesong.
 Så har det vore, gong etter gong.
 Sildefisket i år var stort og godt.
 Berre eit fåtal kunne kalle det smått.
 Sild på havet, på djup og på grunne.
 Sild på land i bingar og tønner.
 Då var her eit liv som du sjeldan det ser,
 på hamnene, og ute mellom bodar og skjer.
 Lossing av sild, både natt og dag.
 Ut og inn i eit einaste jag.
 Visstnok vart det lite av kvild,
 det får ikkje hjelpe, her er då sild.
 Prisen var bra, og då vert det pengar,
 så fekk ein trøyte seg, lenger og lenger.

Men pengane trongst vel i tider som no.
 Dyre er kledda, støvlar og sko.
 Dyr er maten, og alt det ein treng.
 Dyre er møblane, bord og seng.
 Dyre er båtene, tauverk og garn.
 Dyrt er å føda kone og barn.
 Og skatten må nemnast i same farten.
 Av inntekta går nok bort fjerdeparten.
 Så eg tenkjer nok at, folk innan året går ut.
 Vil finne at pengane vil gjerne ta slutt.

I vinter var her ein strevsam bolk.
 Fult som her var av framande folk.
 Fiskarheimen i år var rett god å ha.
 Og dei to jentene greidde det bra,
 sveitta med matlaging, gryter og fat,
 for mange var her som ville ha mat.
 Men Margrete og Ingeborg kan sine ting,
 og greidde sanneleg å få det i sving.
 Og det er klart som den klaraste dagen.

Til mannen sin kjærleik går vegen om magen.

Feitetysdag då var det rømegraut,
 så feit og så god, så i feittet han flaut.
 Han Hammarvoll på «Ingo» hadde ni mann,
 så kom han og kjøpte full ei spann.
 Der skulle ingen vera graut for utan.
 «Du kan tru dei sett, store augo, gutan»,
 for rømegraut er ikkje kvardagsmat,
 i alle fall på havet, to mil, utom Statt.

Kvar tysdagskveld kom ein av prestane her,
 og tala eit Gudsord åt kvar især.
 Men under ein såvoren godversbolck,
 vart møta mest berre for bygdefolk.
 Presten gjer si plikt i det dulde
 og får nok aldri den takk dei skulle.

Veret i år var ganske bra.
 Sild var å få, og alle ville ha.
 Vanskar her vart med å verte kvitt silda.
 I slike høve fekk ein taka att kvilda.
 Det såg mørkt ut ei stund, på mange måtar.
 Det vanskeleg vart om føringsbåtar.
 Men kom seg gjorde det om ei stund.
 Dei var galne etter sild i Egersund.
 «Allas» - «Lihaug» - «Opo» - og «Lange».
 Til Eigersund vart sende fleire gongar.
 Og gamle «Grasøy» var her fire gongar
 og alle turar ho var til Stavanger.

Med avtaket i år hadde det sikkert gått gale,
 var ikkje agentane Kløvning og Dale.
 Kløvning i Måløy hjelpte ein og annan gong.
 Men Dale var i Florøy i heile sesongen.
 Og samtalane gjekk frå denne stasjon.
 Ein får ikkje spare på telefon.
 Med ilsamtale gjekk det slag i slag,
 men no kunne vi ringe både natt og dag.

På sildekontoret, der nede på buda
 trongst det å vera litt tjukk i huda.
 Og vart det av og til ein vanskeleg dag,
 så bryggja det opp til det reine sjøslag.
 Der fall nok mangt eit uvenleg ord,
 litt kjeftbruk, og av og til slag i bord.
 Men dagen etter slike sener,
 så var vi oftast gode vener.

Men denne prologen vart flat som ei fjøl.

No vil eg til slutt skriva litt om meg «sjøl».
 No er sesongen slutt for i år, for denne gong.
 Men kor vil det verta til neste sesong.
 Då vert her andre som då tek tonen.
 De høyrer ikkje meg då i telefonen.
 Vil nokon spørje «*Kvar er eg i år*».
 Jau aldersgrensa, og tida ho går.
 Eg er som de ser nokså kvit i håret,
 men er no byrja på syttiande året.
 Eg får då vone, at folk må ha funne.
 Eg prøvde å gjera det så godt eg kunne.

Kvar gong eg høyrer vinden tute,
 eg minnast så væl, då eg ferdast der ute.
 Eg hugsar så mange, frå vi var i lag.
 Kvar vart det av dei? Kvar er dei i dag.
 Dei finst ikkje att i fiskaryrkja.
 Men namna finn ein att nedanfor kyrkja.
 Og sume vart att, der ute ei natt.
 Dei spurdest ikkje oppatt, dei fanst ikkje att.
 Havet kan gjeva, og gjeva raust.
 Men stundom så tek det alt som er laust.
 Vi høyrer stundom korleis dei kviskrar.
 «*Han er då berre ein alminneleg fiskar*».
 Fiskar – Han har sine dygder, han har sine lyte,
 men ikkje har han hug til, med lønsslave byte.

Vist er det på havet så mang ein strid,
 men likevel var det ei lukkeleg tid.
 Fri som ein fugl, der ute på havet.
 Gløymt er vonbrota. Gløymt alt kavet.
 Det går som ein leik med liner og garn.
 Ein strevar det ein kan, for kone og barn.
 Og anten det var etter fisk eller sild,
 så vart det gjerne vel lite av kvild.
 Ein kjem seg i køya, sjølv om ein er sein.
 Og straks ein har lagt seg ein søv som ein stein.

Mykje er vunne i tida som svann.
 Fiskarane har verkeleg synt kva dei kan,
 hevda sin plass, sjølv mellom dei store,
 vore med av og til ved forhandlingsborde.
 Men mykje står enno att å læra.
 Kunnskap er makt, og er lett å bera.
 Men underleg er det å tenkja på.
 Mannen vert gamal, lyt gå i frå.
 Han ser dei fær ut, i vind og i bære.
 Stort har eg mista, men stort eg fekk
 Best var det kan hende det gjekk som det gjekk.

Så takk for i vinter i Fiskarheimen.
 Det var ei kvild i alle denne sveimen,
 og sjå inn for døra, og varme seg litt.
 Takk alle saman for at dykk kom hit.
 Takk til dei som har skaffa pengane.
 Ungdom, fiskar, lossargjengane.
 Eg tvilar ikkje på, at både mann og kvinne,
 frå prestemøta har gode minne.
 No lid det med vinteren, snart er det vår,
 til prestane seier eg: Takk for i år.

Personleg vil eg takke, enno ein gong.
 Eg lånar ei line or Støylen sin song,
 og det er mi helsing til alle om bord:
 «Gud signe vårt folk der dei sigler og ror».

Petter J. Bringsvor d.e.

(Info: Trykt i Vestlandsnytt 26 april 1951. Finnes i Nasjonalbiblioteket sitt arkiv.)

Prolog – Opplere ved bryllaupsbordet i Jon-Martins bryllaup i Dravlausbygda i juni 1952. (Info: Sande N 20.)

Eg veit det brukast ved bryllaupsbordet,
 at sume av gjestane bed om ordet.
 Maten var god, dei er mette og runde,
 så reinskar dei halsen, så godt dei kunne.
 Dei slår på glaset, og ser seg i kring,
 og så endeleg kjem dei i sving.
 Så held dei ein tale, som før er sett saman,
 og i talen skal det helst vera alvor og gaman.
 Men eg vågar meg ikkje bort i noko slikt,
 og prøver derfor med eit heimelaga dikt.

Vi sleit oss då laus, frå det daglege kavet,
 vi som bur langt der ute med havet.
 Det var ikkje berre for å sjå på ei brud,
 men også sjå Dravlausbygda i midtsommars skrud.
 Fager er bygda, den er kledd som til fest.
 Men for oss ut frå havet, så er det vel best,
 å minnast korleis vi har det der ute,
 under kuling og storm, kanskje sjødrev mot rute.
 Vi fekk vår plass på ein hardbalen stad.
 Er det bris andre stadar, er det kuling ved Stad.

Korleis vil ho Oddrunn vel trivast der ute,
 når stormen skjek stova, og regn driv mot ruta?
 Men underleg nok, kvar dei kjem i frå
 så trivst dei. Det vil nok Oddrunn også få sjå.

Innflyttarar er der frå nord og frå sør
og litt Dalsfjordingar, er der også frå før.

Eg tvilar ikkje på, her er mange gitar,
her inne i fjorden bak dei høge nutar.
Og ute på Sandsøy er jenter nok,
dei skulle berre sjå, når dei møter i flokk.
Men Amor skyt, når det høver seg han,
og underleg er det, kva den karen kan.
Men at han har treft midt i hjartekråa,
sjå berre på brurfolket, så kan du det sjå.

Frå Sandsøy til Dalsfjord går ikkje bil.
Men lett er det no å kome frå og til.
Telefon er det i mest kvar ein gard,
om heim ho vil ringe til mor eller far.
Og om ho flytter, etter ekteskapsbandet,
så fær ho då ikkje ut av landet.

Så takk for meg då, alle saman i laget.
Det var ei avkopling frå kvardagsjaget.
Sommaren fær sigande, dagane dei går,
og dette er vel all sommarferien eg får.

Så ynskjer eg brudeparet alt godt i framtida.
Ikkje berre «kveitebrødsdagane», men lenge sidan.
Gode ynskjer, om det så var eit tonn,
og helsing frå tjukkaste farbroren hans Jon.

Petter J. Bringsvor d.e.

**Prolog på Steinar og Solveig sin bryllaupsdag. 13. desember
1952: (Info: Sande N 12.)**

No er dei gifte, Solveig og Steinar.
Eg held ikkje bordtale, eg berre meiner,
å lesa for laget dette her, noko slikt,
som eit heimelaga, ufullkome bryllaupsdikt.
Diktet er slett ikkje eit av dei gode.
Også som skribent er eg gått av mode.

Eit ordtøke seier: «*Det vert ikkje fred før
ein finn den ein skal gifta seg med*».
Og sidan, det seiest, vert det aldri fred.
For då vert det så mykje å kjempa med.
Men desse liner, eg har skrive no,
er ikkje meint til å skræma dei to,
som no har vore for altaret i lag,
og no skal vera saman sin levedag.

No er eg gammal, og hugsar så mangt.
 Det gjer ein gjerne, når livet er langt.
 Og når ein har levd, såpass lenge ein bolk,
 så kjem ein saman med mange slags folk.
 Eg kjende mange som heim skulle stifte,
 og titt gjekk det fort. Så var dei gifte.
 Men det dei hadde tent i ungdomstide,
 det for som agner for vinden vide.
 Dei lånte til kleder, og middag, og til festen,
 ja, lånte endå til for å betale presten.

Visst var det smått, i den første bolk,
 men sidan vart dei ordelege folk.
 No var dei retteleg mann og kone.
 No sparte dei saman, krone til krone.
 Dei greidde skulda, og etter nokre år,
 kunne ein treffa dei att, i bra romslege kår.

Vår bestefar, på Bringsvor, der sør,
 han sa det ein gong han var i godt humør.
*«Eg har kjørt inn i løa, så mange lass,
 at i år må det vel verta såpass,
 at for fornaud er vi heilt uredde.
 Men ho Gjertrud (Info 1) ber det ut att i forklede.»*
 Det han bestefar sa var eit visdomsord,
 som godt kan passe ved eit bryllaupsbord,
 at mannen og kona, i kvardagssveimen,
 trengst like mykje til å bygge opp heimen.
 Dei to skal prøve å utfylle ein annan,
 så begge dei trengst, både kone og mannen.

(Info 1: Gjertrud var kona til bestefaren til Petter J. Bringsvor d.e. Bringsvor 4. Fødd 3.3.1831. Gjertrud bar ut alt høyet i små deler i forkledet sitt når ho gav krøttera.)

Mannen han strevar med liner og garn,
 prøver tene pengar åt kone og barn.
 Han fyller løa med mat åt dyra.
 Kona er den, som skal det styra.
 Han kjøper til heimen, det han kan klara.
 Kona skal prøve få det til å vara.

Mat nok skal dei ha, men det ville vera ille
 om mat eller anna skulle gå til spille.
 Mannen han kjøper inn, til skåp og til kister.
 Kona er heimen sin finansminister.
 Og fyrst når dei to dreg lasset saman,
 kan samlivet verta både alvor og gaman.

Så ynskjer eg då, alt godt for dei to
 som vel eg byrja på samlivet no.
 Og at dette i framtida såleis det seg ordnar,
 at roser dei finn seg, men lite av tornar.
 Og at der må kome litt småfolk i heimen,
 som liver opp i den kvardagslege sveimen.

Som gjer ugagn, og slåst litt, og grin i blant,
 og trivest som ugras, ja det er sant,
 at då først er samlivet vorte som det skal,
 sjølv om det då vert meir strid og bal.
 Til lykke då brudepar. De forstå kva eg meiner.
 Beste helsing frå tjukkaste farbroren hans Steinar.

Petter J. Bringsvor d.e.

Prolog – På festen for arbeidarane ved vatnverket 1952.

Tida den gjeng med sin snøggtofsfart.
 Best ein er ung er ein gamal snart.
 Veker og år, dei går sin kos.
«Tida ho renn som elv mot os.»
 Mangt eg har opplevd er ute av sinnet.
 Men sumt har festa seg betre i minnet.

Eg hugsar dei mange seglbåtar kome inn,
 frå Sande, og Syvde, ja heilt i frå Kinn.
 Slitsamt var fisket, på mange måtar.
 Flåten var berre opne *«storebåtar»*.
 Sørvesten var tung, når dei heimatt skulle.
 Våtsamt var det, og vinters kulde.
 Ingen omn til varme seg på,
 ikkje ei krus varm kaffi å få.
 Tørre brødsiver, eller kavring kan hende,
 og atti skuten ein kagge skyrblende.
 Såleis dreiv dei, etter vårsild og skrei,
 lenger til havs dei aldri for, dei.
 No ville slike båtar vera berre til ap.
 Men lystig var det når dei siglde om kapp.
 Då trengtest det vel, å passe på endane.
 Det var ein siglas, med livet i hendene.

Frå den tid til no er temmeleg langt.
 Og i denne tida har det hendt så mangt.
 Ei veldig utvikling, på alle måtar.
 Tenk berre på skilnaden mot notidas båtar.
 Motoren som dei fleste trudde ville skræme fisken.
 No er det alle som vil våge den *«risken»*.
 Større motorar, meir og meir fart.

Kva tid vert det fort nok? Det vert ikkje snart.

Men ikkje berre motoren og båten,
 som skil seg ut i frå gamle måten.
 No er det hydrauliske spel og vinsjar.
 Om sendar og ekkolodd, samtalen krinsar.
 Til lenger sjøturar, til større tankar,
 trengst det på turen til framande bankar.
 Men ferskvatnstanken høyrer også til om bord,
 på dei lange turar i vest og i nord.
 Vasstanken er stor no med pumpe og kran.
 Reinsemda har også auka ein grann.

Å fylle vasstanken dei aldri gløymer.
 Berre gamlingen, om kaggen i skuten drøymer.
 Når ein skal vera på havet så lenge,
 må ein leva som folk, det kan ein trenge.
 Fiskarane fær fort no i nord og i sør.
 Ein frettar langt snarare no enn før.
 Ein stad på kysten, der fisket slår til,
 der vert det folksamt, dit skal alle til.

Utanfor her, mellom Stad og Runde,
 har silda årvisst vore oppunde.
 Hit kjem kvart år ei mengd med folk,
 som ville prøva etter sild ein godversbolck.
 Men godvêr her er det sjeldan ein får,
 dersom han seg ikkje på sørausten går.
 Med sørausten og frost, vert på vatnet ein snytt,
 og flåten den veks. Kvar skulle ein få nytt?
 Vi tykte det var vondt, når dei vatnalaust for.
 Men kvar skal ein ta det, når ingenting er?

I åra som gjekk, har vi gjort det vi kunne.
 Men løysing på saka, vi ikkje har funne.
 Røyrene kom, men der kom ikkje folk.
 Det såg ut å verta ein langdryg bolck.
 Men i vår dei samlast, frå mange kantar,
 då kom han Ytrebø, med sine drabantar.
 Dei har greitt arbeidet, det er litt av ein seier,
 for i sommar har det vore eit ufyseleg ver.
 No renn vatnet til Molokaia fort,
 og ingen skal lenger fara vatnlaus bort.

Mellom bygdefolk, har det støtt vore draumen,
 at røra vart lengda heilt bort i Straumen.
 Men når vi ikkje så langt kan det få,
 så må vi nok takke for det som er då.
 Ha takk då alle som med vatnverket stræva.
 Det vart ei god betring, for dei som skal her leva.

Takk til kontorfolk og overingeniøren.
 Og send ei takk til sjølve Hamnedirektøren.
 Takk til Stortinget som gav si «bevilgning».
 For var ikkje den vart det heile ingenting.
 Glade for betringa, er sanneleg vi.
 Ha takk for at de ikkje gjekk oss forbi.

Petter J. Bringsvor d.e.

Prolog – Slutfesten i Fiskarheimen, mars 1952

Fiskja er slutt no for denne gongen,
 i all fall lid det med sildesesongen.
 No får fiskerane take att kvilda.
 Og sume grundar: «Kvar vart det av silda».
 Mange båtar har no ekkolodd og sendar.
 Men svart vart det alle stad no.
 For silda ho greidde å lura dei ho.

På Fiskarheimen i år vart nye folk,
 og sanneleg fekk dei ein travel bolck.
 Lossarar og fiskarar møttest der borte,
 trøyte og svoltne, så dei kunne styrte.
 Men alt som oftast så hende vel dette,
 at mykje skulle til, før dei kjende seg mette.

Motorane dura både dag og natt.
 Skuter for lasta, og tome kom att.
 I vinter gjekk 70 skuter her i frå.
 Mange var store, men sume var små.
 Dei mindre gjekk til Troms og Harstad med last.
 Men til Egersund for då mesteparten.
 Mange dialektar der høyrdes om bord,
 frå Hvaler i Østfold til Nordkapp i nord.

Også i år var her ulukker ute.
 Skade på folk, verdiar og skute.
 «Speidaren» først, og «Linesøy» sidan.
 Ulukker hender også no for tida.
 Visstnok har dei radio, ekkolodd og meir.
 Men fisket skal drivast i mest alle slags ver.
 Når dei så i tjukne og kave skal bale,
 det er ikkje rart at det stundom går gale.
 Mange sit att i saknad og sut,
 sørger så tungt på mann eller gut.
 Det er berre havet, som krev sin tribut (*Info 1*).

(Info 1: Tributt er ei yting ein er skuldig nokon, men kva Petter egentleg har tenkt på her trur eg vi får overlate til kvar enkelt lesar.)

I Veøy soknekall, i midtre Romsdal,
 har dei mellom søkjarane halde eit utval.
 Og øvst på lista står Skiftun sitt namn.
 Vi tvilar ikkje på at dette kjem i hamn.
 Vi veit kva det tyder, det kan ikkje døljust.
 Om nokre veker så lyt vi nok skiljast.
 Her er det vêrhardt, med kuling og storm,
 langt lunare er det i Veøy og Hølen.
 Her er det berre motorbåt å ta til.
 Der er det bussar, ferje og bil.
 Vi unner han Skiftun, at kallet han får.
 Men sanneleg vert nok sagnaden sår.
 Vi går nok for mykje opp i vårt yrke,
 og er altfor slakke å fara til kyrkje.
 Til lukke då Skiftun, om kallet du får.
 Og send no ein tanke til oss som bur her.
 Takk for preiker, og dei gilde foredrag,
 og hugnadleg samvær i lyd og i lag.

Når no Fiskarheimen skal slutte for i år,
 så lat oss då sjå på dei farne år.
 Folk har her vore frå sør og nord,
 og titt vart dei trøtte av å ligge om bord.
 Sandshamn er kjend, så vide om land.
 Her stod silda frå hav til strand.
 Mang ein god garnfangst, og snurpekast.
 Her kunne føringsskutene snarast få last.
 Skuter som lasta på Sandshamn i fjor,
 melde seg også for lasting i år.
 Treffer ein dei att, ein og annan gongen
 har dei berre godt å seie om sesongen.

Når ein skal leva om bord så lenge,
 å koma på land ein også kan trenge.
 Og vert ein så trøytt av å gå ute og drive.
 På Fiskarheimen fekk ein både lese og skrive.
 Fiskarheimen i Sandshamn har svara til sitt namn.
 Når folk har lege for uver i hamn.
 Eg meiner de her har funne rette tonen.
 Så det er rettast å halda på tradisjonen.
 Den trengs så vel her på dette sted,
 i hamnebiletet, der høyrer det med.

Sildefisket er slutt, og vi ser oss attende.
 Vi minnst de mange framande og kjende.
 Kva veret angår, ein skiftande bolck,

men ingen skader hev på båtar og folk.
 Mange lutar nådde ikkje den store høgd.
 Men stort sett, er det grunn til å vera fornøgd.
 Rikeleg var her av havet sitt sølv.
 Og gud hjelper den som vil hjelpe seg sjølv.
 Eg takkar for laget, i år som i fjor,
 og ynskjer Guds signing, i land og ombor.

Petter J. Bringsvor d.e.

(Info: Trykt i Vestlandsnytt våren 1952. Finnes i Nasjonalbiblioteket sitt arkiv.)

Prolog på årsfestmøtet i Sandsøy samyrkelag 1952.

I dag er det helg, og vi held opp med jaget,
 og held årsmøte i samyrkelaget.
 Vi sit her ein flokk, og alle er kjende,
 enn om vi då såg oss noko attende.
 Tenkjer oss om, då vi gamle var unge.
 Tida då var vanskeleg, tilhøva tunge.

Eg minnest så vel, då med klippfisk vi for.
 Vi bar den forsiktig og fekk den om bor *(Info 1)*.
 Breidde den til i den vesle båten.
 Stelte den godt, på den beste måten.
 Så kom vi då fram til handelsmannen.
 Stor, tjukk og med rukkor i panna.
 Fiskestablar, så store vi såg.
 Men prisen den var nok syrgjeleg låg.
 Så la vi på vekta, så fort som vi vann,
 men i tanga holdt han, den tjukk mann.
 Og det skal eg seie til etterslekta.
 Han snytte oss rett kraftig på vekta.

(Info 1: Om bor, med betyding om bord.)

Så for vi då heim, der vi høyrde til.
 Vi sukka: Ein kan slite kva ein vil.
 Så vart nok framtida den same strid.
 Fattige har vi vore, og det skal vi visst bli.
 Dei var takksame dei gamle, for kva «Storemannen gav» *(Info 1)*.
 Så sleit dei og strevde, til dei låg i si grav.

(Info 1: Storemannen er det same som gud.)

I sildefiskja seinare var mang ein kamp.
 Og når ein kom i land var leveringa i stamp.
 Stampane var for store, det vart mindre enn vi trudde.
 At luten vart liten, på det var vi budde.

Den første som kom inn var ein heldiggris,
men ut etter dagen fall silda i pris.

Men tida ho gjekk, og opplysning gjer sitt,
og bonde og fiskar tok til å få vet.
Skal vi få lønsemd i fiskebåten,
så går ikkje lenger på gamlemåten.
For stabilare prisar lyt vi slå eit slag.
Og så vart det byrja med fiskarlag.
Fiskarlag var det som tok opp tonen.
Dei var det som skapte organisasjonen.
For sild kom det først, for fisk etter.
Organisert vart snart alt som fiske heiter.
Men samhald laut til, det kunne dei trenge.
Det var nok dei som prøvde på å laga sprengje.
Då fisket tok til ville kjøparane streike.
Men laga dei heldt, det var mest som ei preike.
At no nyttar det ikkje å gå kvar sin veg.
Nei samhald gjer styrke, no synte det seg.

Sidan då har det gjenge lange tider.
Nye tiltak har kome, etter harde stridar.
No hadde dei nok med å vraka og velja.
Men organisasjon, berre for det ein skal selja.
Det er nok for lite. Det skal meir til.
Innkjøpa vi også organisere vil.
Meir og meir har no kome med.
Og frettast gjer slikt, frå sted til sted.
Prisane kan ein no ikkje stikke under bord.
Samyrkelaga er ein glimrande prisregulator.

På Sandsøya vart det lenge før noko vart gjort,
og det vi har utført, det er nok ikkje stort.
Men vi er då byrja, det er noko med det.
Om meir kan koma etter, til det vi oss gled.
Vi syng så titt om «de tusen hjem».
Men sanneleg trengst det i tida som kjem.
At alle saman, kvar i sitt yrke
lever etter valspråket «Samhald gjer styrke».

Så lukke til då, i komande år
til hugnad og vonbrot i framtida vår.
Å falle frå no, ville vere ei skam.
Nei, fram må vi, vidare fram.
Då kan vi vinne dei små og store slag.
Roma vart heller ikkje bygt på ein dag.
Vi er ikkje missnøgde, eg seier berre:
Det kunne godt ha gått mykje verre.
Vi byrja forsiktig, og tok det med ro.
Men bra har det gjenge til no.

Men eit spørsmål vil gjerne fram seg tvinge.
 Skal tru kva framtida vil oss bringe?
 Det ser ut til, alt som tida lid
 at her er emning ei nedgangstid.
 Med mindre fortene, mindre pengar.
 Kanskje at sume til kredit trenger.
 At vanskar kan kome, at uhell kan finnast.
 Men vanskar er til for å overvinnast.

På bordet eg sit attmed, ligg det eit brev
 frå Noregs sildesalslag. Ei opplysning dei krev.
 Eg vert sitjande og sjå på dette motivet
 som står oppe i hjørne i dette skrivet.
 To fiskarar står der i full mundur.
 Dei helsar i handa, ynskjer visst «god tur».
 Og under står det som gjev laget sitt innhald.
 Lagets telegramadresse som heiter «Samhald».

Dette vesle ordet passar godt nok der.
 Men eg trur det passar like godt her.
 Det står i ein song, og sant er det sagt.
 «at foreinte så er vi den sterkaste makt».
 Mykje er vunne, for mann og for kvinne,
 men mykje står att å vinne.
 Og skal vi greie det, då trengst det nok
 at vi lærer kunsten, å løfte i flokk.

Vist vart her vanskar i komande dagar.
 Men held vi i hop skal du sjå det seg lagar.
 Laget er nyskipa, men godt har det gått.
 Her skal vi handle både stort og smått.
 Her skal ein lære opp etterslekta.
 Her er det ingen som snyter på vekta.
 Lukke til då i den komande bolk.
 Og arbeid og strev gjer nok løn til sitt folk.

Petter J. Bringsvor d. e.

Prolog på distriktslosjefesten på Sandsøy 1953

Kvart år i mai, eller kanskje juni,
 er årsmøtet i distriktslosje «tjuge tre».
 Det er ei ordning som me finn mun i (*Info 1*)
 og før det er over, vert det liksom ikkje fred.
 Møta vert haldne i syd og i nord,
 frå yttarste øyar, til inste fjord.

(*Info 1: Mun i, tyder her en god løysing.*)

No har vi vore inn i fjordane, gong etter gong,
i godvêr, med skoglukt og fuglesong.
Det er som me ikkje kan laus oss rive.
me som er vand med utmed havet å drive.
Men utatt me laut, frå den lune fjord
til skodde og vind frå sør eller nord.

Men av og til vert møta utmed havet.
Det er ei avveksling frå kvardagskavet.
Men alle saman har vel fått lære,
at berre i godvêr går her ann å vere.
Ein stussar, og tenkjer, jente og gut.
Går det verkeleg ann å reise dit ut?
Ein slår på radioen og lyder litegranne:
«Det er vêrvarslinga for Vestlande».

Me er så vand med det gamle kvad:
Bris andre stader, men kuling ved Stad.
Men nokre trufaste tok likevel i veg.
Å, ikkje vere med kan dei ikkje tenkje seg.
Og sumars dag er her lite å frykte.
Sandsøya kan også vera betre enn sitt rykte.

Mange losjar er mellom femti og seksti år.
Dei har stade si prøve i vekslande kår.
Losje «Idrett» her er lite å nemne
sjølv om me tok i mot dette stemne.
På havet veit vi der bylgjegang er.
Såleis også med losje arbeidet her.

Eg minnest så vitt, då Peder Svendsen her for,
og stifta losjar i sør og nor.
Frå kysten og inn til dei innarste dalar.
Han var då Noregs mest dugande talar.
Stundom alvorsam, stundom «kåt» som folen.
Dei kalla han, «Diktatoren på talarstolen».

Sidan eg hørde han mang ein gong tala.
Og støtt var ho fullsett, møtesala.
Han mangla ikkje noko på tungebandet.
Eg hørde han mange stader i landet.
Me sat der som trollbundne alle saman,
medan han svinga frå alvor til gaman.

Tida for rennande som elv mot hav,
og titt var det lite at møtene gav.
Vonbrot har vore, men også gilde stunder,
då alle ville liksom støtte oppunder.
Stundom me kjende oss trøytt og veik.
Men andre tider gjekk arbeidet som ein leik.

Eg ser utover flokken, eg kjenner så mange,
frå møter og festar dei mange gonger.
Velkommen til festen då innbyggjar og gjest.
Det skulle vel verta ein triveleg fest,
som gjev kveik og tru på dette søskenbandet
og verkar til mindre rusdrykk i landet.

Eg minnst så mange frå møtene før.
Dei var liksom Distriktslosja sitt «interiør».
Dei for og dei kom, mange stader i frå.
Ein lovnad frå dei, var å lita på.
Me saknar dei her, saknar dei tungt.
Gamle vart dei, men sinnet var ungt.

Dei gjorde sin innsats, utan tanke på øra,
var med på avhaldsrørsla fram å bera.
Dei kom til møtene i uver og frost.
Inntil vi høyrde dei fall på sin post.
Gjev me aldri må sakne slike menn og kvinner.
Så lyser vi fred over deira minner.

Takk då for at de kom, frå det daglege kavet.
Og tok ein tur til bygda ut med havet.
Her har budd folk, i langsamleg tid.
Stade ute så mange ein uversrid.
Havet hev sunge sin ovelege song (*Info 1*).
Kravt sine offer, gong etter gong.

(Info 1: Dette betyr nok her, sin fine eller vakre song.)

Været kan stundom også her vere bra.
Havet det kan både gjeva og ta.
Og sjølv om vinden titt er i sitt egse,
det er reint utruleg at såpass kan vekse.
Så ynskjer eg då, kvar einaste gjesten eit
velkomne hit. Velkomne til fest.

Petter J. Bringsvor d.e.

Til minne om mannskapet på M/K «Stavenes» S.F. 56. S.
(Lese opp på slutningsfesten i Fiskarheimen 14. mars 1953.)

Kvar gong eg ser båt kome inn frå have.
Eg minnest så vel han Tomas Stave.
Det underlege er, korleis tida går.
Vi kjende kvarandre i mange år.
Om samtalestoff, vi trong ikkje velje.
Eg var frå Sande, og han frå Selje.

Vi var med i kvar si fiskerinemnd,
og visste så vel, kva der balast (*Info 1*) med i den.

(*Info 1: Balast betyr å slitest.*)

Vi møttest så titt ned på Sildekontore,
når fisket var godt, og fangstane store.
Når sume brukte munn, for der ikkje var børt (*Info 1*),
tok han Tomas det roleg, og sa ikkje stort.
Han brukte ikkje fare med ståk og skjenning,
på den måten var han min beste kjenning.

(*Info: Børt/burt betyr min tur i køa.*)

Når eg var i byen, og ville fort attende,
så såg eg meg om etter båtar og kjende.
Og såg eg så S.F 56 frå Selje,
så tvilte eg ikkje på kva båt eg skulle velje.
Og han Tomas var villig å setje meg i land,
og for turen tok han aldri det grand.

Dei andre om bord var eg også kjend med,
men med skipperen har eg hatt mest å gjera med.
Han var ein brytar på sjøen, men ein godlynt mann.
Det er tungt å misse slike karar som han.
No etterpå vert skrive om ulukka og losen,
om kven som har skulda, om skjering av kosen.
Eg kjende også losen, Johan Fiskarstrand,
og veit at på brua, var han som «Ulabrand» (*Info 1*).
Om veret var siktbart, om natta var svart.
På den lange kysten, såg han aldri i eit kart.
Eg vart kjend med han i 1915 i mai,
han førde ein fiskedampar som heitte «Hai».
Seinare vart båten seld, og døypt om til «Kårstein».
På veg til Island, den sokk som ein stein.
Det var der som her, at ingen var med
som kom att og gav oss andre beskjed.

(*Info 1: Anders Jacob Johansen som var ein namngjeten los busett i Ula i Vestfold.*)

Mi meining om «Stavenes» sitt forlis,
det kan godt seiast på dette vis:
Losen har ansvaret for å finna leid og hamn,
men elles om bord, i frå hekk og til stamn,
er det offiserane som har ansvar,
og gjer som dei vil, slik trur eg det var.

Ulukka er hendt, og kan ikkje gjerast om.
Dei åtte mann er for alle tider stum.

«Stavenes» er visst vanskelig å finne.
 og likeeins dei åtte, som i båten var inne.
 Dei fall på sin post, i den djupe fjord.
 Eit ulukkeshende, eit sakn utan ord.
 Eit alvorsord til mann og til kvinne.
 Vi lyser Guds fred, over menneskapet sitt minne.

For dykk som i ettertid les dette, og ikkje hugsar noko om dette forliset skal eg opplyse.
 «Stavenes» vart ned rend i Åramsundet ein laurdagskveld. Dei var på veg heim. Det var
 ein stor fraktesbåt som gjorde det. «Stavenes» sokk rett fram for denne båten, utruleg, og
 uskjøneleg.

Petter J. Bringsvor d.e.

(Info: Trykt i Vestlandsnytt. Finnes i Nasjonalbiblioteket sitt arkiv.)

Prolog på årsfesten i Sande og Rovde helselag på Dollstun 22. mai 1955.

Kvart einaste år om lag som i dag,
 er årsmøte i Sande og Rovde helselag.
 I året er det arbeidet i kvart sitt lag.
 Men det er gildt å koma saman ein dag.
 Legge planar for tida som kjem,
 snakke om våre felles problem.
 Høyre på ein tale av ein eller annan.
 Årsreferat opplese av formannen.
 Oppgåvene er nok mange i tal.
 Her vert budsjett og venteleg val.
 Gamle styremedlem går trøyt og sluttar,
 men nye kjem att, både jenter og gutar.

Eg sit attmed bordet, og hugsar attende,
 då laget vart skipa, eg hugsar kan hende.
 Eg hugsar enno både den og den.
 Men ikkje minst doktor Mehn Andersen.
 Fleire av laga var alt nokre år.
 Men vera åleine, i lengda ikkje går.
 Han samla laga frå mange til eit,
 at det vart strevsamt, ja det er greitt.
 Sjukesyster vert tilsett i by og på land,
 og her kom ordninga også endeleg i stand.

Kven som helst kan bli liggande sjuk.
 Og sjukesøstera sine hender dei var så mjuk,
 og når ein no, ser seg attende, så har nok
 mange fått hjelp i slike hende.
 Det var svært lite pengar, då laget vart til.
 Og ute mellom folk stod utviklinga still.
 Berre den som hadde den beste gard, fekk det til å gå

så som det var.
 Ein fagmann då fekk to kr. dag
 Anten han så brukte spett eller sag.
 Og dagane då var 10-11 timar.
 Samanlikna med no det lite seg rimar.

No er timeløna mellom tre og fire.
 Og arbeidsfolk no treng slett ikkje stire
 etter om nokon averterer etter folk.
 Jau arbeid no er nok av, bolk etter bolk.
 Tok nokon seg ein langtur på sjøen,
 så vart det oftast ikkje betre enn heime på bøen.
 Når turen var slutt, fekk han ikkje feste.
 Det var sjeldan ein fekk legge seg noko til beste.

No derimot er den sorga slutt.
 Til Island og Grønland fær mang ein gut.
 Det er då betre enn gå heime å stura,
 for pengar vert det no av slike tura.

No skulle ein tru når tidene er slike,
 at ungdommen no vart grunnande rike.
 Men rullar gjer kvar ting som er rund.
 Og pengar har lett for å minke kvar stund.
 På alt er det no mangedobbel pris,
 så pengane vil minke på alle vis.
 Om ein i utgiftene gjeve seg katten,
 så må ein ikkje gløyme likningsskatten.

Utpå våren finn folk det best,
 å få unna mest mogeleg av basarar og fest.
 Så no frå basar til basar ein kan vandre,
 og festar, den eine etter den andre.
 Til alt dette trengst det nok mykje mynt.
 Men ut gjennom åra, det har seg synt,
 at om ein gjev til dei ymse misjonar,
 så saknar ein lite slike transaksjonar.

Det renn atti staden for det ein gjev bort.
 Som «krukka til Serepta», vart det aldri turt.
 Ja, Bibelen seier som så,
 at dersom ein gjev, skal ein også få.

Takk for arbeidet då i det gjengne åre,
 for offer og strev i foreiningane våre.
 Hald fram som de stemner i arbeidet her.
 Oppgåvene vil nok melde seg, både her og der.
 Dei som vert sjuke vil i takksemnd finne,
 ein er ikkje gløymd om ein ligg inne.
 Hald laga oppe i kvar si bygd.

Det er for oss all, så god ei trygd.
 Slutt opp om laga då, mann og kvinne,
 då heidrar vi best dr. Mehm Andersens minne.

Petter J. Bringsvor d.e.

Framgang.

(Opplese på ein fest på «Dollstun»)

Det som eg skriv, får du tru som du vill.
 I hundrevis av år stod utviklinga still.
 Så gjekk dei då, dei mange år.
 Fattigdom og slit i dei trongaste kår.
 Og så har dei meldt, dei gamle segn.
 «To kraftige armar, var lite til gagn».
 På sjøen dei dreiv det på gamlemåten.
 Dei brukte den gamle «Sunnmørsbåten».
 Der var nok av fisk, men ei syrgjeleg pris,
 vanskeleg å greia seg på alle vis.
 Men tida ho gjeng, og det hender så mangt rart.
 I dei siste 50 år gjekk utviklinga fort.
 Om dette eg treng ikkje nemne det slag.
 Sjå berre på fiskeflåten i dag.
 På gardane har det vore snudd mang ei torve.
 Mang ein teig der ein slo med stuttorve,
 er no den finaste slåmaskineng.
 Med langhøy så tjukk at det ligg som ei seng.
 Om stover og uthus er same songen.
 Det er ikkje vanskeleg å sjå framgangen.
 No er her veg til mest kvar manns dør.
 Tenk berre etter korleis her var før.
 Då var her ein vegstubbe frå Haugen til Sande.
 Med gangsti og deplar resten av lende.
 No kan ein køyre mest kvar ein vil.
 Veglengda er over halvannan mil.
 No kan ein bruke sykkel og bil.
 Jau, framgang er her, tru kva du vil.
 Men «Dollstun» her, skulle hatt sin song.
 For også her kan ein merke framgang.
 Pengar vart samla, i festar og lag.
 Kva ville dette huset ha kosta i dag?
 No står det her, romsleg og fritt.
 Møter og festar vert haldne her tidt.
 Men frametter såg dei, lenger og lenger.
 Og alt som trongst, kosta mange pengar.
 Målast laut det, både ute og inne.
 Gardiner for glasa, det vov nokre kvinner.
 Så var det, det kostbare seneinteriør.
 Når alt kom til alt, vart det betre enn før.

Orgelet her, det laga han Vestre.
 Men her er berre altfor få, som kan det mestre.
 I turrvêr og i fælaste flaum,
 laut ein rett som det var over «straumen».
 Lite om tid. Ein laut stela ein båt.
 Bra folk og ramp, bar seg like eins åt.
 Når så eigaren kom og skulle ut å ro.
 Så var det oftast det hende så
 at båten var mest på den galne sida.
 Slik var det oftast i den gamle tida.
 Men i nitten hundre og tretti sju,
 Vart her ferdig den staute bru.
 Visst gjekk det mange pliktarbeidsdagar.
 Men det vart gløymt, når det så godt seg lagar.
 No gjekk i oppfylling den gamle draumen,
 at her eingong skulle verta bru over straumen.
 Straumen der vi ofte bala og sleit.
 Brua sveiste folket meir saman til eit.
 Vi trong kvarandre i nord og i sør
 tenk berre etter korleis her var før.
 Eg skal berre så smått slå på den tonen.
 Korleis det var her med telefonen.
 Bud over Straumen, det var eit bal.
 Til Skare kosta bodet kroner to og ei hal.
 Det var eit krafttak, med arbeid og pengar.
 Men å la det gå som før, kunne ikkje gå lenger.
 No er telefon på dei gardar som leid.
 Ein sparer pengar, når ein sparer tid.
 Vi minnst så vel i frå helg og yrke.
 Korleis vi før har og tulla i mørke.
 Medan Brandalselva seg skunda mot hav,
 og ingen kilowatt innbyggjarane gav.
 Kven vågde å tru at det gjekk ann å bygge,
 i så dyre tider, nei vi kjende oss trygge.
 Vi har greitt oss før, vi klarer vel resten.
 «Nei, no må det gjerast», så Vanylvspresten.
 Krigen var slutt, men folk tenkte lenger.
 Korleis vil det gå med våre pengar?
 I denne tida for vi og farta.
 I kvar ein heim for å tekne partar.
 Og enten ein så var dum eller klok,
 fekk ein sanna: Det går når ein lyfter i flokk.
 Det var eit krafttak å fullføre tanken.
 Pengar som var gøymde og pengar i bank.
 No laut dei fram, skulle fram vi vinna.
 Sparing var slutt, med mann og med kvinna.
 No glitrar lyset mest kvar ein ser.
 Og skryter gjer dei både her og der.
 Lettvint og greitt både dag og natt.
 Det er som ein ikkje kan kjenna seg att.

No er det lys i stover og fjøs.
 Også her på Dollstun vart det lys.
 Men dyrt vart det, eg nemner ikkje tal.
 Det er mange pengar som no ut skal.
 Kvar skulle dei takast, jau det er nok best,
 å halde ein dundrande rømegrautfest.
 Dei to Andersen vil nok skaffe det ein treng.
 Og Straumsheim hjelper til, og då veit vi det gjeng.
 Jau, framgang er her på mange måtar.
 Frå elektrisk kraft til stautare båtar.
 Vi høyrer så ofte, dette kjende kvad.
 Bris andre stader, men kuling ved Stad.
 Her fekk vi av Mor Noreg vår arbeidsstad.
 Vêrhardt er her, men i heimen er vi glad.
 Framgang som mange berre har drøymt,
 har no vorte røyndom, og striden er gløymt.
 Berre her vart fred i dei dagar som kjem,
 med lukke rundt i dei «tusen hjem».
 Då kan vi synge og heise vårt flagg.
 «No er det i Noreg atter dag»

Petter J. Bringsvor d.e.

Til Johan Bringsvor sin 70 års dag. (*Info: Bringsvor 1. Fødd 13.06.1883*)

Sjølv om det no er gått mange år,
 så minnest eg nett som det var i går.
 Korleis vi som gutungar leika og dreiv
 med seglbåtar, gardar, bygging, og meir.
 Vi las om då Stanley Livingstone fann
 der enno aldri hadde vore kvite menn.

Om oppdagingsferder frå stad til stad,
 om Lualaba, Kongo og Milere med.
 Men snøfjella dei såg att med Ekvator.
 Og Kilimanjaro, som ruvde så stor.
 Dette var i Afrika høgste fjellet,
 for oss vart det Vaskarhaugen og Elvakrokfjellet.

Den største dammen att med Langdalshaugen,
 der båtane sigle med foss om baugen.
 «Det var den store Tanganika – sjøen».
 Og Tsadsjøen såg vi på Bringsvorbakken.
 Vi drog båtane på elvane Kongo og Mil,
 til Tanganikasjøen dei mange mil.
 Der hadde vi både hamner og brygge,
 og der var vi alltid for båtane trygge.
 Der på «Svedene» vi leika på alle vis.

Det var i grunnen vårt barndomsparadis.
Litt lenger oppe på sletta så lang
der leika ungdomen så mang ein gong.
«Enkeman», «Brandvakt» og «Vassvengen»
Det var så det ljoma av all denne songen.

Der på «Svedene» var gildt å samlast,
men vi som var med, tok no til å gamlast.
Eg minnest då Johan byrja på skulen,
frå heimen der nedfor Vorakulen.
Så vart han i lag med oss gutane her,
til skulestova nedfor Støylehaugen der.

Då vaksen han vart, nokre år lenger,
så reiste han ut for å tene seg pengar.
Han såg etter jentene, eg såg ikkje anna.
Men nord i Sandsbakken tente ho Hanna.
Dei to vart i lag, og vi spådde då,
at her vert snart bryllaup, det var lett å sjå.
Så gifte dei seg, utpå våren ein gong.
Men heimen i Voren vart altfor trong,
og då så han Ola ville garden selje,
slo han til straks. Han trengde ikkje velje.
Folk prata og sladra, om kårfolk og pris
på garden, for «folk» er no alltid så vis.
Men snart tok dei ut på si siste reis.
Mest samstundes, Kirsti og Store Lars.

På sjø og land har han Johan kava.
Borna vart mange, som mat skulle hava.
Dårlege tider på sjø og land.
Jau, sanneleg fekk han røyne seg, han.
Men borna vart vaksne og reiste ut.
Dei skikka seg vel, både jente og gut.

I heimen dei ervde ikkje sylv eller gull,
men dei ervde kunsten, å syrgja for seg sjølv.
Den beste arv ein ungdom kan få.
Så har det vore, så er det endå.
Går du no opp på ein av dei mange kollar,
du ser utover byljande åkrar og vollar.

På «Svedene» der ungdomen likte seg best
er det nok Johan har slite mest.
Der før var den store Tanganikasjøen
der er det no den fagraste bøen.
Dei store elvane «Kongo» og «Mil»
som er under jorda. Dei ser ein ikkje meir til.
Løa vart lita, den skal no verta stor.
Jau, framgangen syner seg godt, der nord.

Og ser du attende, kva du gav og fekk,
 har du grunn å seie. «Best det gjekk som det gjekk.»
 Eg seier det her, prøver seie det pent.
 «No kvil deg borgar, det er fortent».
 Å, sjå framgangen no. Vi alle kan det.
 Du lagde ein stor provins til landet.

Til lukke då, med 70 årsfesten.
 Eg ynskjer alt godt for heidersgjesten.
 Takk for hjelpsemd i grannelage.
 Det har gått bra fredeleg alle våre dage.
 Vi veit ikkje lengda, frå dag til natt.
 Eg ynskjer Guds signing den tid du har att.

Petter J. Bringsvor d.e.

**Til gullbrudeparet Johan og Hanna Bringsvor
 2. juli 1955. (Info: Bringsvor 1. Fødd 13.06.1883)**

Til lukke med dagen! Johan og Hanna.
 Eg skriv nokre linjer, eg kan ikkje anna.
 Det er sjeldan at ektefolk får vera i lag
 så lenge dei kan feire sin gullbryllaupsdag.
 Oftast er det så, at han eller ho,
 får forfall for å feire dagen, som no.
 Men ein og annan, som gifter seg ung
 og greier å samle om seg eit lag
 av born, slekt og vener på sin gullbryllaupsdag.

Det underlige er, korleis tida går.
 Tenk at det alt er femti heile år,
 sidan dei to skulle heimen stifte.
 Ja, femti år i dag sidan dei vart gifte.
 Men i så mange dagar og år,
 har det sjølvsagt vore vekslande kår.
 Ti born har dei fostra, og alle lever
 og kvar på sin post dei kavar og strevar.
 Men det er noko som alle veit.
 Ti born er dyrare å få fram enn eit.
 Så det vart nok av strev og av slit,
 før alle vart vaksne, og for kvar til sitt.
 Men no når paret gullbryllaupsdagen rundar,
 kan dei sjå attende på mange lukkelege stunder.

Tida ho renn som elv mot os.
 Åra fær rennande, dei fær sin kos.
 Men får ein vera frisk, då går tida fort,
 med arbeid og stræv i smått og i stort.
 Om motgangen også, kunne ein snakke,

men stort sett er det mest grunn til å takke.
 Takk for vonde og gode stunder,
 som ein får augo på mest når ein blunkar.
 No ser borna heim og takkar for seg.
 Og dei som ikkje heim kunne fara,
 telegraferer helsing til gullbrudeparet.

Vi som har budd her, som berre er grannar.
 Vi ynskjer til lukke, og ynskjene sannar.
 Vi seier som Ibsen: «Stort de fekk,
 best var det kan hende alt gjekk som det gjekk».
 For oss som er gamle, det ber mot kveld.
 Å minnest med takksemd, er det, det gjeld.
 Takk for alt då i grannelaget,
 for hjelpsemd og stønad i kvardagsjaget.
 Her til har livet gått greitt og glatt.
 Vi ynskjer Guds signing, dei år de har att.
 Og er dagane stundom triste og grå.
 Over skylaget er alltid himmelen blå.

Petter J. Bringsvor d.e.

Til betjeninga på «værelse» 301. Sjukehuset i Volda februar 1953.

Når eg kom inn den lange Voldafjord.
 Eg såg eit stort hus oppe i nord.
 Det ruvde stort, langt der oppe i ei lid.
 Vekk frå ståket, som er alltid.
 Men slikt var for sjuke, ikkje for frisk.
 Og eg var no då så frisk som ein fisk.

Men frå glede til sut, er ikkje langt,
 for det kan i grunnen hende så mangt.
 Best ein er frisk, og kjenner seg sterk,
 så ligg ein der, gagnlaus til fagnadsverk.
 Slik gjekk det med meg, og mange med meg.
 Det vart mest i senga å halda seg.
 Eg laut reisa frå fisket, og alle kjende.
 Og var glad eg fekk sjukehusplass så lenge.

På romet her var det ni mann i seng,
 med ingen av dei var eg større kjend.
 Men å verta kjend ein treng ikkje lenge.
 Å, prata med kvarandre vi godt kan trenge.
 Mest kvar dag, for ein pasient her i frå.
 Dei handhelsa alle, når dei skulle gå.
 På sjukehuset er betjeninga svær,
 men eg kjenner berre dei ti som er her.

Dei er komne hit mange stadar i frå,
 og at dei trivst her er lett å sjå.
 Frå Ulstein er både Marit og Johanne,
 Og heilt frå Danmark er ho kome, søster Hanne.

Ho Gudrun er frå Svolve, langt nord i landet,
 frå søre kanten av Midnattssol landet.
 Ho Inger er frå Haram, frå Finnmark ho Anne.
 Ja, ho er heilt i frå botnen av Tana.
 Frå Ørsta er ho Svanhild. Frå Velsvik Nella.
 Det ser ut som dei trivest, med sjuke å stella.

Frå Hareid Oddny. Ho Hjørdis frå Kile
 Her må dei streve både seint og tidle.
 Pasientane oftast ringjer og masar,
 men systrene skal vere blide, i alle fasar.
 Det er kjærleikens gjerning dei utfører her,
 og oftast er det lite takksemnd dei får.
 Til sjukehuset fær frå bygdene mengda.
 Men det er eit slitsamt yrke i lengda.
 Likevel, på sjukehuset er ikkje berre tragedie.
 Det hender at Amor spelar komedie.
 Og Amor, den luringen, kan skyte og sikte,
 og er langt flinkare til det enn eg til å dikte.

På sjukehusa, så vide om land,
 her mangt eit mannshjarte kome i brand.
 Dei vart så glad i pleierska si at dei ville ha ho til fylgje all si tid.
 Og skulle ein ungar, kome ut for dette,
 er eg viss på han her fin seg til rette.

Ikkje minst, eg beundra søster Hanne
 som er i frå Danmark, grannelande.
 Eg trur nok, at kvar gong ho her skal sove,
 ho drøymmer om dei «danske bøgeskove».
 Underleg, at ho trivest mellom norske fjell.
 Men kjærleik til yrket, det dreiv vel lell.

I morgon skal eg ut, og då vert eg snar,
 heim og vera gutungane sin bestefar.
 Men opphaldet her vil eg minnast titt.
 De stelte meg godt, så det er ikkje fritt,
 at det vert rart, å fare her i frå.
 Men minnet tek eg med, det trur eg no då.
 Sjølv om vi aldri att skal finnast.
 Her i frå har eg berre godt å minnast.
 Ha takk då alle, for alvor og gaman.
 Og lukkeleg framtid alle saman.

Petter J. Bringsvor d. e. (Gamle Petter)

Etterord

(Info: Kjeldene til denne boka har vore fyljande:

- Skriftelege kjelder etter Petter J. Bringsvor d. e. er sjølvsagt den aller viktigaste kjelda til denne boka.
- Bilde frå familie, slekt, Storregjerdesamlinga, postkort, OUS og andre.
- Sandesoga.
- Boka «Båtar i Sande» av Johan Ottesen.
- «Ordsamlinga frå ei anna tid» av Per Sandanger.
- Drift av dampmaskinanlegg. Med utgangspunkt i DS Styrbjørn.
- Fleire enkeltpersonar har bidrege med forklaring av ord og uttrykk som er lite brukt i dag, men som er viktige for å forstå innhaldet i tekstene til Petter J. Bringsvor d.e. osv.)

(Info: Tater-Ingebrikt. Trolldomsdømt omstreifar som i ei periode budde på Sandsøya:
Sjå side 9 i teksta der Tater- Ingebrikt blir skreve om.

«Ingebrikt Størkersen (Tater-Ingebrikt) var blant de siste som fikk dødsdom i forbindelse med hekseprosessene i Norge på 1500- og 1600- tallet. Som mann tilhørte han mindretallet av trolldomsdømte i Norge.

De opplysninger vi har om Ingebrikt stammer fra et rettsmøte på Leikanger i Rovde 2. april 1680. Ingebrikt stod anklaget for trolldom og skulle på rettsmøtet svare på en rekke alvorlige beskyldninger. Under avhøret kom det frem at han var født på Rødberg i Innvik i Nordfjord. Som relativt ung drog han til Sunnmøre, hvor han i 60 år livnærte seg som omstreifer og tigger i område rundt Vanylven og Syvde. En periode budde han på Rovdestranda og senere på Sandsøya.

Tilnavnet «Tater-Ingebrikt» bar han fordi han hadde holdt sammen med et taterfølge som drog omkring i bygdene. Ifølge tilståelsen, slik den er gjengitt i Sunnmøre tingbok, fikk han opplæring i trolldomskunst mens han vanket blant taterne. Trolldomslæren brukte han til å kaste forbannelse over folk og husdyr slik at de ble syke og døde. Under rettsprosessen i april 1680 vitnet en rekke bygdefolk om hvordan nære slektninger og dyr var blitt rammet av trolldomsvirksomheten.

Som fattig omstreifer var Ingebrikt Størkersen blitt en belastning for lokalbefolkningen. Ville de ikke gi ham det han bad om, kom skjellsordene. Han brukte kjeft og forbannelse som ble tatt ille opp. Vi har altså å gjøre med en gammel mann som gjennom et langt liv hadde opparbeidet seg et dårlig rykte på grunn av sin provoserende fremferd. De farlige ordene satte dype spor i minnet til folk. Når plutselig og uforklarlig sykdom og død rammet, gav hendelsene næring til rykteflommen om trolldomsevnene til Ingebrikt. Det gikk bokstavelig talt troll i ord.

Til Herøy presten Hans Andersson Hellekande fortalte Ingebrikt at han praktiserte trolldom i Satans tjeneste. I retten vitnet presten om den djevelpakt Ingebrikt hadde inngått med «den Skidne Mand». Blant annet skjenket Satan en tjenende demon med navn Tollak til Ingebrikt. Denne medhjelperen utførte skadelig trolldom på ordre fra ham. Dessuten kom det frem at Ingebrikt ved høytider som jul, påske og pinse deltok på hekseabbat på Dovrefjell. Her hadde han en fremtredende rolle, da han fungerte som djevlelens trommeslager med to kalverumper som trommestikker.

Av rettsreferatet går det fram at tiltalte selv bekreftet og fortalte mer utførlig om sin omgang med Satan. For lokalmyndighetene var tilståelsen om diabolisme (djevlepakt) særlig alvorlig og sterkt medvirkende til at den gamle mannen ble dømt til ild og bål. I påvente av at en høyere rettsinstans skulle ta stilling til dødsdommen, satt Ingebrikt 21 uker i forvaring. Trolig var det lagmannen i Bergen, Hans Hansen Lilienskiold, som godkjente dødsdommen. Ingebrikt ble brent høsten 1680. Sannsynligvis stod heksebålet på Rovdeskjeret.

Prossessen mot Ingebrikt Størkersson inngikk i en bølge av trolldomssaker på Sunnmøre i perioden 1679-82. De sosiale spenningene i lokalsamfunnene kan ha blitt forsterket av økonomiske nedgangstider på Nordvestlandet og blant annet gitt seg utslag i denne sene fasen av norske hekseprosesser.

Selv om kvinner utgjorde det store flertallet av ofrene i både europeiske og norske trolldomsprosesser, viser saken mot Ingebrikt Størkersson at også menn risikerte å havne på bålet som følge av trolldomsmistanke. I Norge er det registrert nokså nøyaktig 300 dødsdommer i slike saker, og om lag 50 av dem gjelder menn».

Denne artikkelen stod på trykk i Norsk Biografisk leksikon. Utgitt 1999-2005.)




(Info: Ansgar Fiskaa – Forretningsmann med sans for roser:

Ansgar Fiskaa f. 13. februar 1880 vart gift med Dina Olsdotter Lundehaug f. 19. desember 1883. Han fekk skøyte på bnr.16 på Sandshamna og kalla eigedommen Rosenlund. Skøyte vart frådelt frå Abraham Sande, Severin Støle og Peder Koppen med 2/3 av forretningseigedomen Sandshamn, utskilt frå bnr. 10 i 1910. Ansgar hadde frå før forretning i Toftesund (Vorren 2). Broren Olai B. Fiskaa (O. B. Fiskaa) dreiv fiskeforretning og butikkhandel her frå 1901.

I krigsåra 1914-18 kjøpte han sild for vidaresalg til Tyskland og bygde nytt sjøpakk-hus attåt hus som var der. Dette huset vart sidan kalla Tyskebrygga. Etter kjøpet av Rosenlund (1905) vart hovudforretninga hans her. Han innreidde bustadrom i huset som før hadde vore brukt til butikk og kontor, telegrafstasjon og postopneri. Det gamle Naustet (storebåt-naustet) innreidde han til butikk og kontor. Han bygde ny stor sjøbu i tre høgder (Kaibuda) vegg i vegg med Vaskesteinsbuda, bygde kai og hadde rutebåtekspedisjon. Fram for Vaskesteinsbuda bygde han ei lang og smal sjøbu, som folk kalla Frikyrkja, fordi han som bygde henne var frikyrkjemann. I fremste enden var det fiskarstover i 2 høgder og rom til 4 båtlag. På Vaskesteinsbuda innreidde han 2 fiskarstover med rom til 6 båtlag. På naustloftet over butikken var det framleis rom til 6 båtlag. Han bygde nytt bakeri i betong og bygde trandamperi. Han var ein av dei første på Sunnmøre som dreiv omsetning av isafisk.

I 1916 kjøpte han vassfallet i Sørebrandal med tanke på kraftutbygging. I dei tider vart det vanskar med forretninga og han flytte til Ålesund og seinare til Oslo. Ansgar gjorde også investeringar i russiske skogar som han seinare tapte store pengar på. I 1917 gav han orgel til Sande kyrkje.

Ansgar flytte tilbake til Fiskå i Vanylven og budde der frå 1937. Vassfallet i Brandal hadde han selt i 1918 til Sande, Syvde og Vanylven kommunar.)



(Info: Rosenlund, øvst på bildet, slik det såg ut etter Ansgar Fiskaa si tid. T.v. Storbåt-naustet, Bakeriet, Frikyrkja, Vaskesteinsbuda og Kaibuda. Eigedomen vart overteken av Otterlei og Longva som dreiv butikk her fram til 1990. Bilde er frå tidleg 1950-talet.)



(Info: Bildet over viser Sandshamna sett frå Flødesida. Vil tru at bildet er frå 1920 talet ettersom moloen på Sandshamna ikkje viser. Til høgre på bildet er vi budene til H. S. Vorren. Voren, Festetomt 1. På andre sida ser vi budene til Sande N 13 Leina og Sande N 16 Rosenlund.)

(Info: Referat i Sunnmørsposten frå årsmøtet i Sunnmøre Fiskarlag 14.10.1946:

Sjå side 104 og 105 der denne saka blir omtalt.

Stortråling er døden i gryta for fiskarane.

Fiskarane sjølve må ta hand om utviklinga, og drive tråling på samyrkjegrunnlag.

Konsulent Næss: Tråls spørsmålet er det viktigaste spørsmål i fiskeriet si søge.

Det rauk opp til eit lite ordskifte om trålarsaka på årsmøtet i Sunnmøre Fiskarlag i går, trass i at generalsekretær Sunnanå som skulle greie ut saka, ikkje kom.

*Det var **Petter Bringsvor** som kom til å nemne spørsmålet i samband med utgreiinga si om avgrensing og stogg i fisket i visse høve.*

Han gjorde først greie for nemnda sitt arbeid, og heilt fram at ein måtte rekne med auke i fiskemengda etter kvart. Vert trålinga fri vert det snart overproduksjon av fisk. Men jamvel om det ikkje går slik, korleis skal ein verta av med varene når UNRRA sluttar? Rett nok treng verda mat, men det er grunn til å ottast korleis det vert med betalinga.

Bytehandel med land som ikkje eig varer vil heller ikkje vere lønsamt. Det er gjort to freistnader på å avgrense fisket for å halde prisane oppe. Først var det kveitefiskarane på Stillehavskysten og seinare makrellfiske på Sørlandet. Dei siste kasta mykje makrell på sjøen for å halde prisane oppe. Det gjekk bra i båe tilfelle.

Nemnda hadde utarbeidd eit framlegg til kvote på kvar båt etter storleik, om det skulle verte naudsynt å setje i gang avgrensing. Han nemnde vidare at i dette spørsmål måtte ein samarbeide med andre distrikt, og rådde elles til at det vart skipa eit fond som fiskarane kan ty til i fall fisket må stoppast heilt.

Etterpå vart det ordskifte, og alle som hadde ordet gjekk sterkt inn for avgrensing i fisket om det skulle verte naudsynt av omsyn til prisen.

Under ordskiftet kom ein og inn på trålarsaka. Det var Hans Goksøyr, som nemnde det først. Han ville gjerne vite kva ein skulle gjera med alle dei tusen fiskarar som vart arbeidslause om stor-trålinga vart fri.

Sætre: Dei skal sendast på myrane og lage «Ny jord». Dette vart i alle fall sagt sist ein var inne på spørsmålet, og det var på ei tid då det var like ille å vere gardbrukar som fiskar.

Ein ungdom i salen, Håkon Falk, frå Haram, sa med ein gong han fekk ordet, at han var for tråling. Han bad fiskarane tenkje seg vel om i denne saka. Når det vert billegare og ein fiskar meir med trål enn med line, kvifor kan ikkje den som vil det, få høve til å bruke trål? Han var ikkje tilhengar av stortråling, langt i frå, ein måtte fiske ei viss mengd. Og dette fiskekvantum måtte ein få ta på den måten fiskarane sjølv fann det rettast. Line eller trål.

Uksnøy ville ikkje inn på trålsaka, men når det galdt avgrensing av fisket, var det best å setje fast reglane føreåt. Det er betre å vere føre var enn etter snar.

Kvalsund heldt og fram at ein måtte ha rett til å stogge fisket når prisane vart slik at fisket ikkje vart lønsamt.

Lausund sa seg samd med Kvalsund. Nemnda må arbeide vidare med denne saka. Han peika og på kva verd det har at kravet til kvaliteten vert skjerpa. Det er med gode varer

ein sikrar seg marknaden ute i verda. Han bad om at det vart sett ned ei nemnd som tek seg av kvalitetsspørsmålet.

Konsulent Næss: Det vert i dag arbeidt sterkt for stortråling, og vert trålinga fri vil heile strukturen på kysten skifte. Dette er eit spørsmål ein ikkje kan fare lett over. Kvar skal vi gjere av alle fiskarane som vert arbeidslause? Trålararsaka er den viktigaste og mest alvorlege i fiskarane si soge. Vi kan ikkje i lengda halde trålararspørsmålet borte. Det tvingar seg fram og vi kan oppleve at utanlandske trålarar tek fisken i frå oss.

Fiskarane må styre utviklinga sjølv, gjer vi ikkje det er det fare på ferde. Og her er sjølveigarsystemet det beste. Det må verte tråling på samyrkjegrunnlag. Det er grunn til å ottast for at der er fleirtal i fiskerikomiteen for revisjon av trålelova, sa Næss til slutt. Fleire talarar hadde ordet og alle var i mot stortråling. Det vil verte «døden i gryta» for fiskarane.

Uksnøy heldt fram at det ikkje må verte revisjon av trålerlova før ein er komne so langt at berre aktive fiskarar har rett til å eige fiskebåt. Då har fiskarane sjølv utviklinga i si hand. Møtet drøfta til slutt om ein skulle gjere vedtak i saka, men dette vart ikkje gjort.)

(Info: Bilde og beskriving av instrumentet (slynga) som vart brukt under fjerning av polyppane på bestefar i 1894: Sjå teksta om denne saka side 20.

Overlege Rolf Høy fra Rikshospitalet skriv følgande om bruken av slynga: «Jeg kjenner ikke til andre former for slynge. Man skyver fremre hendel fremover slik at slyngen åpner opp og trer den rundt polypper og fører slyngen opp til "roten" og drar det hele ut.» Sjå bildet nedanfor.)



Sluttord:

Vil til slutt takke alle som har gitt sitt bidrag til at denne boka har kome ut. Ta gjerne kontakt dersom noko er feil eller upresist i tekstene, så kan det kanskje endrast ved eit seinare opptrykk av boka, eller formidlast på annan måte.

Karsten Sande